

**Møteinnkalling**

<b>Utval:</b>	<b>Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne</b>
<b>Møtestad:</b>	Fylkeshuset, 3. etg., Fylkesutvalssalen
<b>Dato:</b>	05.12.2018
<b>Tid:</b>	09:00

**Dagsorden:**

- 09:00 - Start.
- 09:05 Orientering: Nye Arna tannklinikk – universell utforming  
Nye Nesttun tannklinikk – universell utforming  
Ved Ragnhild Aak Skajaa, seniorrådgjevar, eigedomsavd.
- 09:35 Orientering: Fylkesrådmannen sitt budsjettframlegg for 2019, med spesiell vekt på universell utforming.  
Ved direktør for økonomi og organisasjon, Nils Egil Vetlesand.
- 10:05 - 12:00 Sakshandsaming
- 12:00 - Julelunsj på Hotell Ørnen.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall).

Innkallinga gjeld valde medlemer i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Kjell Gitton Håland  
utvalsleiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 37/18	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 38/18	Godkjenning av sakliste		
PS 39/18	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 40/18	Referatsak (meldingar)		
RS 32/18	Omgjering av psykologstillingane i psykologteamet i Hordaland til faste stillingar	2018/15146	
RS 33/18	Møtereferat frå RMNF-AU den 20.11.2018.	2017/485	
RS 34/18	Oppfølging av Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	2018/15154	
RS 35/18	Notat om bruk spesialundervisning i bedrift	2018/16539	
RS 36/18	Henvendelse vedk. saka "Framtidig opplæringstilbod for elevar med psykiske vanskar"	2018/16671	
RS 37/18	Løypemelding frå mobbeombodet vår 2018	2016/10915	
PS 41/18	Ymse		
PS 42/18	Status for arbeidet med likestilling og likeverd i Hordaland Fylkeskommune	2018/12797	
PS 43/18	Høyring - Etablering av nasjonalt Eldre- , pasient- og brukarombod	2017/485	
PS 44/18	Årsbudsjett 2019 / økonomiplan 2019-2022	2018/11459	

**PS 37/18 Godkjenning av møteinnkalling**

**PS 38/18 Godkjenning av sakliste**

**PS 39/18 Godkjenning av møtebok forrige møte**

**PS 40/18 Referatsak (meldingar)**



## Notat

Dato: 22.10.2018  
Arkivsak: 2018/15146-1  
Saksbehandlar: oydziem

---

**Til:** Utval for opplæring og helse

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Omgjering av psykologstillingane i psykologteamet i Hordaland til faste stillingar - Oversendingsforslag til Administrasjonsutvalet frå Utval for opplæring og helse**

Utval for opplæring og helse behandla i sak PS 81/18 i møte 05.09.18 Satsing for betre psykisk helse for elevane i vidaregåande skule - evaluering av Psykologteamet i Hordaland. Representanten Jeanette Syversen (Rødt) fremja slikt oversendingsforslag:

«For å ivareta det gode arbeidet med elevane si psykiske helse blir psykologteamet i Hordaland på seks årsverk forlenga med (faste stillingar) permanent ansettelse».

Oversendingsforslaget vart oversendt administrasjonen etter røysting.

I samråd med fylkesrådmannen har HR-direktøren avgjort at dei seks stillingane vert omgjorde til faste stillingar. Nye tilsetjingsforhold vert formaliserte så snøgt som det er praktisk mogleg.



## **Notat**

Dato: 27.11.2018  
Arkivsak: 2017/485-65  
Saksbehandlar: mernord

---

**Til:** Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Møtereferat frå RMNF-AU den 20.11.2018.**

Vedlagt sendes referat frå møte i RMNF-AU den 20.11.2018, til info.  
Sjå vedlegg.

Vedlegg:

1. Møtereferat frå RMNF-AU den 20.11.2018.

## Møtereferat

Dato: 27.11.2018

Emne:	<b>Møtereferat frå møte i RMNF-AU den 20.11.2018</b>	
Til stades:	Kjell Håland, leiar Kjell Søvik, nestleiar Bjørng Larsen, kulturavdelinga ( frå kl. 14.00) Merethe Helland Nordnæs, møtesekretær	
Forfall:	Ingen	Sak: 2016/34506-14
Møtetid:	Kl. 13:00-15:00	Møtestad: Møterom 523

**Møteleiar: Kjell Håland****Referent: Merethe Helland Nordnæs****Agenda for møtet:**

1. Agenda for møtet den 05.12.2018.
2. Planlegging Temadagen 2019
3. Oppretting av et nasjonalt Eldre,- Pasient,. Og brukarombud. Avgj høyringsuttale ?
4. Ymse

**Agenda for møtet den 05.12.2018:**

Kl. 9:00 Opning av møtet

Kl. 9:05 Orientering frå eigedomsavdelinga, ved Ragnhild Aak Skaja.

Nye Arna Tannklinikk – universell utforming

Nye Nestun tannklinikk – universell utforming

Kl. 9:35 Orientering ved direktør for økonomi og organisasjon: Nils Egil Vetlesand: Fylkesrådmannen sitt budsjettframlegg 2019, med spesiell vekt på RMNF sitt budsjett og universell utforming.

Kl. 10:05 Sakshandsaming.

Kl. 12:00 Julelunsj på Hotell Ørnen.

**Planlegging av Temadagen 2019:**

Temadagen er fastsett til måndag den 18.03.2019.

Stad: Hotell Ørnen, møtesal Storm 2.

Hovudtema: Kultur og tilgjengelegheit.

Med dette vert meint kultur og tilgjengelegheit, både til kulturtilbod og til idrettsaktivitetar.

Ein ønskjer spesielt fokus på tilgjengelegheit for menneske med nedsett funksjonsevne.

RMNF-AU har oppretta kontakt med Bjørng Larsen, seniorrådgjevar ved kulturavdelinga.

Ho vert ein viktig lagspelar framover. Bjørng Larsen deltok på møtet i RMNF-AU frå kl. 14.00.

Dette for å vera med planlegge temadagen 2019.

Opning av konferansen: Forslag: Fylkesdirektør for kultur og idrett, Per Morten Ekerhovd.  
(Bjørg sjekker.)

Møteleiar: Kjell Håland.

Kulturinnslag ved opninga. (Bjørg sjekker.)

Tema 1: Besøk av vinner av Europisk tilgjengelighetspris Borås ?

Tema 2: Besøk fra Handikappens Hus, København ? ( Bjørg sjekker.)

Tema 3: Innlegg ang. Åsane kulturhus. (Bibliotek, konserthus m.m.)

### **Oppretting av nasjonalt Eldre,- pasient og brukarombud. Skal det gjevast høyringsuttale ?**

Høyringsfrist: 02.01.2019. Ein tek sikte på å gje ein høyringsuttale. Uttalen vil bli lagt fram i møte den 05.12.2018.

#### **Ymse:**

Kjell Søvik vil referere frå dei to konferansane han har delteke på:  
Erfaringskonferansen og Smart city på møtet i RMNF den 05.12.2018, under ymse-posten.

RMNF-AU vil ta kontakt med SKYSS angående bussterminalen ved Åsane senter. Kjell Søvik har motteke ein henvendelse frå det kommunale rådet. Ein tek sikte på å ha ein synfaring på terminalen den 08.01.2019 i samband med neste møte i RMNF-AU.

Neste møte i RMNF-AU: 08.01.2019.



## Notat

Dato: 22.10.2018  
Arkivsak: 2018/15154-1  
Saksbehandlar: kriiver

---

<b>Til:</b>	Yrkesopplæringsnemnda, Opplæring og helse, Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### Oppfølging av Regional plan for kompetanse og arbeidskraft

#### Innleiing

Fylkestinget i Hordaland vedtok «Regional plan for kompetanse og arbeidskraft» 4. oktober 2017 med tilhøyrande handlingsprogram. Det overordna målet med planen er å sikre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i fylket. Planen har tre hovudmål:

- Arbeidslivet i Hordaland skal ha naudsynt kompetanse for å kunne møte framtidige omstillingsbehov
- Arbeidslivet skal ha tilgang til tilstrekkeleg og relevant arbeidskraft for å kunne oppretthalde drifta og ekspandere etter behov:
- Innbyggjarane i Hordaland skal ha tilstrekkeleg tilgang til profesjonell, offentleg og gratis karriererettleiing, med vekt på karrierelæring, i den livsfasen dei er i.

I planen står det at det målsettinga om betre samsvar mellom tilbod og etterspurnad etter arbeidskraft i fylket skal løysast i eit forpliktande samarbeid med relevante aktørar. Rådmannen har sidan fylkestingsvedtaket arbeidd med å få på plass eit slikt samarbeid. Parallelt med dette arbeidet har Hordaland fylkeskommune leia eit nasjonalt pilotprosjekt om utvikling av regional kompetansepolitikk på oppdrag av Kunnskapsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

I fortsetjinga blir det gjort greie for arbeidet med etablering av samarbeidsmodell og status for tiltaka i handlingsprogrammet.

#### 1. Status for etablering av samarbeidsmodell

Planen legg visse føringar på korleis dette samarbeidet skal utformast. Mellom anna skal samarbeidsmodellen dekke dei viktigaste sektorane i fylket men også ta omsyn til geografiske skilnader. Planen seier vidare at modellen bør bygge vidare på allereie eksisterande samarbeidskonstellasjonar. Samarbeidsmodellen skal omfatte både dei som tilbyr og dei som etterspør kompetanse og arbeidskraft, dvs. utdanningsaktørane, næringslivet og kommunane, men også statlige regionale aktørar som har verkemidlar på feltet. I tillegg er det viktig å inkludere dei som jobbar med karriererettleiing. Samarbeidet skal vere gjensidig forpliktande og må byggjast på en til kvar tid mest mogleg oppdatert kunnskapsgrunnlag om kompetansebehovet i fylket.

I etterkant av fylkestingsvedtaket vart det satt ned ei ad-hoc referanse- og styringsgruppe som ga innspel til, og vedtok modellen for samarbeid på kompetansefeltet i Hordaland. Følgjande modell for samarbeid vart vedteke av styringsgruppa 12. januar 2018:





### Kompetanseforum Hordaland

I Kompetanseforum Hordaland sit følgjande aktørar: Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet Norges Handelshøyskole, Hordaland fylkeskommune ved Opplæringsavdelinga og Regionalavdelinga, LO, NHO, Bergen kommune og Helse Vest. Alle institusjonane/organisasjonane i forumet er representert ved direktør/leiarnivå og har beslutningsmynde i sin organisasjon. Forumet vert leia av direktør for regional utvikling og direktør for opplæring i samarbeid. Kompetanseforum Hordaland hadde sitt konstituerande møte 20. mars 2018.

UiB og HVL har søkt i etterkant av dette møtet KD om å få leggje sine RSA (Råd for samarbeid med arbeidslivet) til Kompetanseforum Hordaland og departementet meiner at dette er ei hensiktsmessig organisering. Det er utarbeidd eit mandat for arbeidet i kompetanseforumet. Den viktigaste oppgåva til forumet er å sikre oppfølging av tiltaka i den regionale planen sitt handlingsprogram.

### Lokale samarbeidsarenaer

Det er ein ambisjon og i størst mogleg grad basere arbeidet på allereie eksisterande samarbeidskonstellasjonar. I dei lokale samarbeidsarenaene ønsker man å legge ansvaret for arbeidet til ein aktør som allereie er aktive på feltet. Det skal også takast omsyn til geografiske skilnader Det vil seie at det ikkje nødvendigvis er den same aktøren som skal leie arbeidet i de ulike regionane i fylket. Dette er for å trekke vekslar på dei ressursane som finst lokalt og jobbe på en mest mogleg effektiv måte. Sentrale aktørar i dei lokale samarbeidsarenaene er mellom anna regionråd, lokale NAV-kontor, regionale karrieresenter og næringslag/foreiningar. Arbeidet med å organisere dei lokale samarbeida er i gang. Det er utarbeidd eit mandat for arbeidet i dei lokale samarbeidsarenaene.

Status – lokale samarbeidsarenaer:

- **Nordhordland:** Kompetanseforum NORD. Etablert mai 2018.  
Leiar: Baste Tveito, Nordhordland Næringslag
- **Sunnhordland:** Under etablering. Medlemane er plukka ut.
- **Hardanger/Voss:** Under etablering. Medlemane er plukka ut.  
Leiar: Jostein Eitrheim, Hardangerrådet IKS
- **Vest:** Under etablering.
- **Bergen:** Under etablering: Leiar: Michelle Green, Utdanning i Bergen

### **Kontaktpunkt i utvalde bransjar**

Når det gjeld kontaktpunkt i dei utvalde bransjane, tek vi utgangspunkt i NCE/GCE-klynga på dei områda som har det. Hordaland fylkeskommune er i prosess med å skrive partnerskapsavtalar med NCE/GCE-klyngene. I denne avtalen vil samarbeid på kompetansefeltet vere eit eige punkt. For dei andre utvalde bransjane blir det halde eigne møte med moglege kontaktpunkt for å bli einige om ei god samarbeidsform. Dette arbeidet er i gang.

Førebels oversikt over kontaktpunkt – utvalde bransjar:

- **Design:** Design Arena
- **Reiseliv:** NCE Tourism
- **Media:** NCE Media
- **Finans:** Finance Innovation
- **Marin:** NCE Seafood Innovation
- **Energi:** GCE Subsea
- **Maritim:** NCE Maritime Clean Tech
- **Industri:** Industrikonsulenten på Osterøy
- **Bygg og anlegg:** Entreprenørforeningen Bygg og anlegg og Byggmesterforbundet Region Vest
- **Utdanning:** Fylkesmannen, Utdanningsdirektøren
- **Helse:** Kunnskapskommunen Helse Omsorg Vest
- **Landbruk:** Samarbeidsrådet for landbruksorganisasjonene

## 2. Status for handlingsprogram

### KAPITTEL 4: Nye krav til kompetanse

Tiltak	Ansvar	Kommentar
<b>4.1 Utvikle etter- og videreutdanningar</b>		
4.1.1 Fremje ordningar for å identifisere kompetansebehov i arbeidslivet som grunnlag for utvikling av EVU og nye utdanningar	HFK, Universitet, høgskule	Nordhordland industrilag og Regionrådet i Nordhordland har fått tildelt midlar frå Hordaland fylkeskommune, HNH, for å kartlegge kompetansebehovet i næringslivet i regionen. Institutt for Geografi ved UiB skal gjennomføre kartlegginga. Prosjektet blei starta opp i mars 2018 og skal vere ferdig februar 2019.  Kompetanseforum Hordaland har vedtatt å gjennomføre eit pilotprosjekt knytt til regional EVU
4.1.2 Samordne moglege finansieringsordningar for å sikre arbeidstakarar i små og mellomstore bedrifter relevant EVU	HFK, NAV	Ekspertutvalet for oppgåver til dei nye fylkeskommunane tilrår at ei rekkje tilskotsordningar knytt til kompetanseutvikling blir overførte til dei nye fylkeskommunane. Avventar utfallet av dette før tiltaket startar opp.
<b>4.2 Tilrettelegge for auka deltaking i arbeidslivet</b>		
4.2.1 Samordne relevante verkemidlar og støtteordningar med utdanningstilbod for dei som har falle ut av arbeidsmarknaden og dei som ikkje har fullført vidaregåande utdanning	HFK, NAV	Sjå førre pkt.
<b>4.3 Kompetanse tilpassa eit samfunn i endring</b>		
4.3.1 Leggje til rette for at entreprenørskap, innovasjon og ferdigheiter for framtidens arbeidsliv får større fokus i heile utdanningsløpet	HFK (vgs og fagskule)/ Universitet og høgskule	Ungt entreprenørskap og ungdomsbedrifter er etablerte tiltak som bidrar til dette. Det er behov for å leggje inn enda meir innsats på dette feltet og integrere det i utdanninga på alle nivå. Oppstart 2019.
4.3.2 Etablere pilotprosjekt for framtidens utdanningstilbod som legg vekt på berekraft, miljøkrav og klimaomsyn på utvalde skular og institusjonar	HFK	Pilotprosjekt ved Slåtthaug vidaregåande skule for å utvikle framtidens utdanningstilbod innan yrkesfag i lys av den pågåande omstillinga i norsk økonomi og det nye arbeidslivet lærlingane vil møte. Prosjektet starta hausten 2018. 5 timar teknologi og forskingslære som 5 timars programfag på vg3. Undervisninga finn stad på verkstad. Skulen er og i gang med eit tverrfaglig prosjekt på bygg, TIP og elektro som omhandlar både el-bil og solcellepanel.

4.3.3 Etablere eit prosjekt for å kartlegge kompetansebehovet i arbeidslivet knytt til digitalisering	HFK	Ikkje starta opp
---	-----	------------------

## KAPITTEL 5: Tilstrekkeleg arbeidskraft

### Dimensjonering av fag- og yrkesopplæring

Tiltak	Ansvar	Kommentar
<b>5.1 Samarbeid mellom arbeidsliv og vidaregåande skule</b>		
5.1.1 Etablere lokale samarbeidsavtalar mellom dei vidaregåande skulane og arbeidslivet som er gjensidig forpliktande	HFK	Seks skular deltek i eit pågåande pilotprosjekt med YFK (yrkesfagskoordinatorar). Desse skulane skal mellom anna etablere samarbeidsavtalar med bedriftene i sin region. Til no er det etablert 112 avtalar i prosjektet.
5.1.2 Utreie nye løysingar der samarbeidspartane vurderer felles investeringar og drift av yrkesfaglege utdanningstilbod i ulike delar av fylket, særskilt innan tema industriutvikling, forskning og kompetanseutvikling knytt til det grøne skiftet	HFK	FT vedtok hausten 2017 å etablere to samarbeidsprosjekt skule-næringsliv i Sunnhordland og i Nordhordland. Prosjekta er oppfølging av skulebruksplanen. Vurdering av felles investeringar og drift av yrkesfaglege utdanningstilbod er ein del av desse prosjekta. Begge prosjekta er starta opp. I Sunnhordland starta arbeidet med å kartlegge eksisterande samhandling mellom skule og arbeidsliv. I Nordhordland har skulane i samarbeid med bedriftene vedteke opplæringsmodellar basert på at elevar har periodevis opplæring på skulen og i bedrift.
<b>5.2 Kunnskapsgrunnlag for dimensjonering av fag- og yrkesopplæring</b>		
5.2.1 Regelmessige analysar av dei viktigaste næringane/dei største bedriftene (lokomotiva) sine kompetansebehov på lokalt nivå	HFK	Dei vidaregåande skulane skal gjere regelmessige kartleggingar av bedriftene sine behov for fagarbeidarar. HFK vil utarbeide ein mal for arbeidet. Dette vil bli gjort etter at Nordhordlandsprosjektet er ferdig (sjå pkt 4.1)
5.2.2 Evaluere korleis dagens breidde i opplæringsmodellar verkar inn på dimensjonering og gjennomføring	HFK	Det er gjennomført ei evaluering av vekslingsmodellen i 2017/2018. Behovet for nye evalueringar vil bli fortløpande vurdert
<b>5.3 Auke opplæringskapasitet</b>		
5.3.1 Etablere støttetiltak som gjer det lettare for bedrifter å ta imot og følgje opp lærlingar fram til avlagt fagbrev	HFK	Samarbeid mellom fagopplæring og OT. Etablere ressursteam. Oppstart ikkje avklart

5.3.2 Gjennomføre prosjektet «Fleire ut i lære» der bruk av yrkesfagkoordinatorar skal bidra til å skaffe fleire læreplassar lokalt	HFK	Prosjektet er starta opp. Prosjektet er også styrka med midlar til gjennomføring av prosjektet. «Aksjon Læreplassjeger» er starta opp. 1000 bedrifter i Hordaland som ikkje er lærebedrifter, får brev om moglegheiter.
<b>5.4 Handtere konjunktursvingingar</b>		
5.4.1 Utarbeide beredskapsplan for tiltak som kan kompensere for vanskar som konjunktursvingingar medfører for gjennomføring av vidaregåande opplæring	HFK	Det er prøvd ut fleire tiltak for å kompensere for manglande læreplassar i økonomiske nedgangstider. Oppstart for arbeidet med beredskapsplan ikkje avklart

## Dimensjonering av fagskuleutdanninga

Tiltak	Ansvar	Kommentar
<b>5.5 Kunnskapsgrunnlag for dimensjonering av fagskuleutdanninga</b>		
5.5.1 Dokumentere behovet for auka utdanningskapasitet i Hordaland og melde dette til sentrale myndigheiter	HFK	HFK vil ta initiativ til å få etablert ei gruppe i 2018 som skal leggje fram plan for arbeidet innan desember 2018 og gjennomføring i 2019. Arbeidet er ikkje starta
5.5.2 Gjennomføre jamlege kandidatundersøkingar blant uteksaminerte kandidatar ved Fagskulane i Hordaland	HFK	HFK vil ta initiativ til å få etablert ei gruppe i 2018 som skal leggje fram plan for arbeidet innan desember 2018 og gjennomføring i 2019. Dei to tiltaka innan mål 5 skal sjåast i samanheng innleiingsvis i arbeidet. Arbeidet er ikkje starta
<b>5.6 Kjennskap til fagskulen som eit tydeleg skuleslag</b>		
5.6.1 Styrke kjennskapen til fagskuleutdanningane i rådgjevartenesta både i ungdomskulen og i vidaregåande skule	HFK	Opplæringsavdelinga i HFK vil samarbeide med fagskulen om ein strategi for å nå ungdomskoleelevar. Arbeidet starta hausten 2018.
5.6.2 Styrke informasjon til elevar på ungdomsskular og vidaregåande skular om fagskule som vidare utdanningsveg og som overgang til universitet og høgskule	HFK	Inn i årshjulet for rådgivarverksemda. Arbeidet starta hausten 2018.

## Tilpassing av storleiken på utdanningstilboda på universitets- og høgskulenivå

Tiltak	Ansvar	Kommentar
<b>5.7 Kunnskapsgrunnlag for tilpassing av utdanningstilboda</b>		

5.7.1 Etablere betre oversikt over på kva fagområde arbeidslivet har problem med å rekruttere arbeidskraft	Universitet og høgskule / HFK	Oppstart ikkje fastsett
<b>5.8 Behalde kompetansen i regionen</b>		
5.8.1 Etablere og vidareutvikle ordningar for å behalde kompetanse i regionen	Universitet og høgskule/ næringslivs-organisasjon ar	Oppstart ikkje fastsett
<b>5.9 Auke samhandling mellom studentar og arbeidsliv</b>		
5.9.1 Utarbeide eit opplegg for praksis i arbeidslivet for studentar innan alle utdanningsretningar som dekkjer heile fylket	Universitet og høgskule	Oppstart ikkje fastsett. Pilotprosjekt vedteke i Kompetanseforum Hordaland

## Eit heilskapleg utdanningssystem

Tiltak	Ansvar	Kommentar
<b>5.10 Overgangar mellom utdanningsnivåa</b>		
5.10.1 Etablere fleire gode overgangar mellom yrkesfagleg utdanning, fagskule og høgskule/universitet der fagbrev er fyrste steg mot ein bachelor eller mastergrad	HFK, Universitet og høgskule	Oppstart ikkje fastsett.
<b>5.11 Samhandling mellom utdanningsnivåa</b>		
5.11.1 Etablere fleire samarbeidsaktivitetar mellom vidaregåande skule/ studiespesialiserande program og universitet/høgskule for å gjere elevane meir budde på studiar på dette nivået.	HFK, Universitet og høgskule	Dette tiltaket skal i 2018 forankrast i universitetsskuleavtaler. Opplæringsavd v/seksjon skule vil i 2018 gå i dialog med UIB og skular med universitetsskuleavtale for å undersøke moglege modellar for samarbeid. Arbeidet er starta

**KAPITTEL 6: Utdanningsval og karriere- og utdanningsretteiing**

Tiltak	Ansvar	Kommentar
<b>6.1 Gjere karriereretteiing tilgjengeleg for alle</b>		
6.1 Etablere fleire karrieresenter i fylket.	HFK	Etablert i Bergen, Nordhordland og Sunnhordland. Etablering av nye sentre er

		avhengig av nasjonal finansiering.
6.2 Gjere rådgjevingstenesta tilgjengeleg for lærlingar,	HFK	Opne rettleiingstenesta i vidaregåande skule for lærlingar. Oppstart ikkje fastsett
6.3 Karriererettleiing for alle studentar på høgare utdanning	Universitet og høgskule	Oppstart ikkje fastsett.
<b>6.2 Kompetanse i karriererettleiing</b>		
6.2.1 Styrke undervisningskompetansen i faget utdanningsval gjennom vidareutvikling av etter- og vidareutdanningstilbod	HFK, kommunar, Univ og høgskule	Følgje opp samarbeid med Utdanning i Bergen på feltet. Påverke nasjonale myndigheiter (kompetansekrav for å undervise i faget).
6.2.2 Utforske modellar for å involvere foreldregruppa som ressurs	HFK	Tilby dialogprega opplæring (Foreldrekurs for rådgjevarar –for rådgjevarar, føresette og elevar om vidaregåande opplæring og karrielæring –Produsera nettbasert Rådgjeving. Oppstart ikkje fastsett.
6.2.3 Styrke kompetansen om karrierelæring i vidaregåande opplæring	HFK	Oppstart ikkje fastsett
<b>6.3 Sikre ei heilskapleg tilnærming til karriererettleiing</b>		
6.3.1 Utvikle modellar for meir samarbeid om karriererettleiing mellom utdanningsnivåa	HFK, Univ og høgskule,	Oppstart ikkje fastsett.
<b>6.4 Koordinere aktivitetar for dei som driv karriererettleiing</b>		
6.4.1 Utarbeide felles årshjul for å koordinere praksis i bedrift, samt aktivitetar knytt til nettverksbygging og kompetanseheving	HFK, Univ og høgskule, Utdanning i Bergen	Oppstart ikkje fastsett
<b>6.5 Marknadsføring av opplæringstilbod</b>		
6.5.1 Hordaland fylkeskommune skal utvikle ein eigen strategi knytt til marknadsføring av opplæringstilboda, også med tanke på å betre kjønnsbalansen innan yrkesfaga	HFK	Oppstart ikkje fastsett



## Notat

Dato: 13.11.2018  
Arkivsak: 2018/16539-1  
Saksbehandlar: tormje

---

**Til:** Utval for opplæring og helse

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Notat om bruk av spesialundervisning i bedrift

Fylkesrådmannen viser til forslag frå Dan Femoen i møte i Utval for opplæring og helse 14.08.2018:

«Ad. skole og opplæring for kandidatar med rett på spesialundervisning.

Dagens elevar vert haldne lengre i skolen, då det ikkje er læreplass for dei i bedrifter. Dei har same rettar til opplæring som alle andre ungdomar, men får ikkje anna tilbod enn undervisning i skole, evt. utplassering eit par dagar i veka i vekstbedrifter. Både Øst- og Vestfold har starta opp med spesialundervisning.

Ber om ei sak der det vert vurdert å starte opp prosjekt med spesialundervisning i bedrift i Hordaland.»

Fylkesrådmannen har vurdert dette forslaget og vil foreslå at dette vert lagt inn i DPO 1.0 *Opplæring* som ein del av prosessen med å etablere Vestland fylkeskommune. Sogn og Fjordane har over lang tid gjennomført spesialundervisning i bedrift for lærekandidatar, og det er naturleg at vi i samanslåingsprosessen vurderer spesialundervisning i bedrift for ein framtidig Vestland fylkeskommune.

Spesialundervisning i bedrift er forankra i opplæringslova § 5-1. Ordninga har ikkje vore i bruk i Hordaland, då ein har prioritert å bruke midlar som vert tildelt av UDIR. I tillegg har Hordaland fylkeskommune brukt stimuleringsmidlar til bedrifter med ei løyving på kr 30 000 ekstra dersom dei tar inn lærekandidatar.





## Notat

Dato: 16.11.2018  
Arkivsak: 2018/16671-2  
Saksbehandlar: birhau

---

**Til:** Utval for opplæring og helse

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Henvendelse vedrørende saka «Framtidige opplæringstilbod for elevar med psykiske vanskar

Fylkesutvalet fatta 19. 9.18 i sak PS-239/18 «Framtidige opplæringstilbod for elevar med psykiske vanskar» vedtak om:

«Fylkesutvalet sluttar seg til tilrådingane som arbeidsgruppa har gitt i rapporten «Framtidige opplæringstilbod for elevar med psykiske vanskar», slik det går fram av saka her.

Retningslinjer vert utarbeidde for å sikre at rettane til elevar med omfattande psykiske vanskar vert ivaretekne m.a. ved at tilbodet vert gitt på bakgrunn av sakkunnig vurdering frå OT/PPT der lov og forskrift krev det.

Den lokale inntaksforskrifta vert revidert slik at inntak for elevar med omfattande psykiske vanskar skjer sentralt, med unnatak av elevar som får opplæring etter oppl.love § 13-3 a.»

Fylkesrådmannen og medlemmer av Utval for opplæring og helse mottok 19. oktober eit brev frå dei tilsette ved Bergen katedralskole avdeling Kyrre der det vert gitt uttrykk for misnøye med at saka om framtidige opplæringstilbod for elevar med psykiske vanskar ikkje konkluderer om tilbodet til elevane ved avd. Kyrre.

#### Lokala til avd. Kyrre

Lokala som avd. Kyrre disponerer i Øvregaten, er ikkje tenlege for undervisning. Lokala er gamle, og dei har ikkje helseverngodkjenning. I sak PS- 95/17 i fylkesutvalet 04.05.17 fremma difor fylkesrådmannen forslag om å flytte aktiviteten ved avd. Kyrre til Solheimsgaten. Dette framlegget vart ikkje vedteke. Samstundes vart det vedteke at det skulle gjerast ei utgreiing av opplæringstilbodet for elevar med psykiske vanskar. For å sikre forsvarleg drift i Øvregaten gjorde eigedomsavdelinga naudsynte oppgraderingar slik at lokala kunne nyttast i 1-2 år til.

#### Vidare arbeid

I sak PS-239/18 vert det konkludert med at framtidig tilbod bør utviklast vidare slik at:

- Elevane i målgruppa får tilbod innanfor alle utdanningsprogram.
- Elevane i større grad får tilbod nærmare eigen bustad (ikkje geografisk avhengig av om du får tilbod) – tilbod for grupper ved fleire skular
- Tilboda er sterkare knytt til dei vidaregåande skulane i HFK

- der ein styrkar kompetanse og rammer for tilrettelegging og inkludering
- der enkelte skular vert utvikla som «baseskular» (omgrepet er nytta i sak om oppretting og evaluering av psykologteamet)
- der det vert organisert eit forpliktande samarbeid/nettverk mellom avdelingar/skular som har spesielt tilrettelagte tilbod, og mellom skulane og skuleeigar. Samarbeidet skal sikre gode og fleksible tilbod for elevane etter lov og forskrift.

Når det gjeld avd. Kyrre, har fylkesrådmannen sett i gang eit arbeid for å finne eigna lokale både på kort sikt og på lang sikt. Ulike alternativ vert vurdert i dialog med Bergen Katedralskole.

På kort sikt er det mest aktuelt å finne eit eigna leigeareal i Bergen med sikte på flytting ved årsskiftet 2019/2020. Alternativt er det mogleg for avd. Kyrre å halde fram i Øvregaten i ytterlegare 1 – 2 år.

Fylkesrådmannen arbeider vidare med kartlegging av det langsiktige behovet for undervisningstilbod til elevgruppa. I kartlegginga vil fylkesrådmannen vurdere:

1. Dimensjoneringa på tilbodet.
2. Om det finst kapasitet i eksisterande fylkeskommunale skulebygg eller om det er naudsynt å finne anna eigna lokale, t.d leigelokale.
3. Korleis det er tenleg å organisere tilbod innan alle utdanningsprogram for dei såkalla nivå 3-elevane, skjerma tilbod ein eller fleire stader i fylket.

Øvrige vedtakspunkt i PS –sak 239/18 vert og følgt opp. Mellom anna vert det gjort tilpasningar slik at elevane ved avd. Kyrre og elevane ved Kvinnherad vgs avd. Valekrossen skal søkje om inntak til 1. februar.

**Notat**Dato: 17.10.2018  
Arkivsak: 2016/10915-7  
Saksbehandlar: torrutl

---

**Til:** Yrkesopplæringsnemnda  
Ungdommens fylkesutval  
Utval for opplæring og helse  
Fylkesutvalet  
Fylkestinget

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Løypemelding frå mobbeombodet vår 2018**

Dette er ei løypemelding frå mobbeombodet til fylkestinget i Hordaland. Meldinga gjeld for tidsrommet januar 2018 til juli 2018. Etter vedtak i fylkestinget i juni 2018 har mobbeombodet fått eit utvida mandat. Mobbeombodet er no ombod for alle barn i barnehage og alle elevar i Hordaland. Frå hausten 2018 vil mobbeombodet rapportere på skuleår, slik at rapporten kan leggjast fram på fylkestinget i desember og sjåast i samanheng med kvalitetsmeldinga. Løypemeldinga er ei oppsummering av prioriteringane og arbeidet som er gjort av mobbeombodet i perioden. I tillegg fremmar mobbeombodet her råd til opplæringsavdelinga og politikarane på bakgrunn av informasjon frå elevundersøkinga, samtaler med elevar og tilsette, samt dei spørsmåla og sakene som mobbeombodet har fått inn. De fleste tilrådingane frå førre årsrapport står ved lag. I tillegg har ombodet to nye tilrådingar.

Vedlegg: Løypemelding vår 2018



# Løypemelding frå mobbeombodet i Hordaland

Januar-juli 2018.

## **OM LØYPEMELDINGA**

Ansvarleg avdeling/eining: Mobbeombodet i Hordaland  
Kontaktinformasjon/ e-post: Mari-Kristine Morberg, mobbeombod@hfk.no  
Dato: 15.10.2018

# INNHALD

<b>FORORD</b>	<b>4</b>
<b>TILRÅDINGAR</b>	<b>5</b>
<b>MOBBEOMBODET I HORDALAND</b>	<b>5</b>
<b>SAKER OG FØRESPURNADER</b>	<b>6</b>
Saker – kven gjeld saka?	6
Førespurnader – korleis og kven tar kontakt med ombodet?	7
<b>INFORMASJONSARBEID OG AKTIVITETER VÅREN 2018</b>	<b>8</b>
Informasjonsarbeid: Nettsider, sosiale medium og media	8
Informasjonsarbeid: Workshop, innlegg og føredrag	8
Tilrådingar	8
Kompetanseheving for tilsette	9
Tilrådingar	9
Andre aktiviteter	10
<b>SAMARBEID OG SYSTEMARBEID</b>	<b>10</b>
Skulane	10
Opplæringsavdelinga	10
Tilrådingar	11
Tilrådingar	12
<b>VEGEN VIDARE</b>	<b>12</b>

# Forord

Dette er ei løypemelding frå mobbeombodet til fylkestinget i Hordaland. Meldinga gjeld for tidsrommet januar 2018 til juli 2018. Frå hausten 2018 har mobbeombodet fått utvida stilling og er no i tillegg mobbeombod for barnehagebarn og elevar i grunnskulen. Frå hausten 2018 vil mobbeombodet rapportere på skuleår, slik at rapporten kan leggjast fram på fylkestinget i desember og sjåast i samanheng med kvalitetsmeldinga.

Løypemeldinga utfyller årsrapporten gjort for 2017 og må sjåast i samanheng med denne. Løypemeldinga er ei oppsummering av arbeidet som er gjort av mobbeombodet i perioden. I tillegg fremmar mobbeombodet råd til opplæringsavdelinga og politikarane.

Eg får vere med på mykje godt samarbeid med dei som jobbar kring elevar og lærlingar. Det er mange engasjerte og dyktige menneske som jobbar hardt for å skape gode læringsmiljø for elevane og lærlingane, både i fylkeskommunen og ute i bedriftene.

Eg vil takke alle gode samarbeidspartnarar og ikkje minst alle dei som tar kontakt og delar sine historier og erfaringar med meg.

Helsing

Mari-Kristine Morberg  
Mobbeombod i Hordaland

15.10.2018

# Tilrådingar

Her følger ei oppsummering av tilrådingane frå mobbeombodet i Hordaland. Tilrådingane er gitt med bakgrunn i spørsmål og saker ombodet har jobba med, erfaringar ombodet har gjort i møte med elevar, lærlingar og tilsette i Hordaland fylkeskommune, samt tall frå Elevundersøkinga og Lærlingundersøkinga. Ombodet har sida sist fått vite at Opplæringsavdelinga jobbar med å få plass interne rutinar for kapittel 9A-saker, som inkluderer risikobasert tilsyn. Dei fleste tilrådingane frå førre årsrapport står ved lag, i tillegg kommer det fram to nye råd.

Bakgrunn og grunngjeving for tilrådingane er gitt i denne løypemeldinga og årsrapporten for 2017.

Mobbeombodet tilrår at:

- Hordaland fylkeskommune opprettar ei informasjonsside på [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no) om elevar og lærlingar sine rettar og kva dei kan forvente av skulen/fagopplæring i skulemiljø/arbeidsmiljø-saker.
- Hordaland fylkeskommune sørgjer for systematisk kompetanseheving for alle tilsette med arbeidsstad skule om førebygging og handtering av saker etter kapittel 9A.
- Opplæringsavdelinga har ein eigen person (skulemiljørådgjever) som har ansvar for skulemiljø, kapittel 9A og ansvar for det interne kvalitetssystemet på dette feltet.
- det blir gjennomført tilsynsbesøk etter prosedyren «Retningslinjer for tilsynsbesøk i tråd med krav i lov og forskrift – kapitla 9A og 11».
- det opprettast eit innsatsteam mot mobbing, som kan gå inn i konkrete saker og støtte skulane. Dette kan gjerne opprettast i samarbeid med Sogn og Fjordane, slik at det er klart til samanslåinga.
- nettverksgruppa for psykososialt miljø (OT/PPT) hjelper skulane med handteringskompetanse på kapittel 9A.
- OT/PPT jobbar vidare med betre metodar for å avdekke mobbing i avklaringsamtalen når ein elev planlegg å slutte på skulen.

## Mobbeombodet i Hordaland

Mobbeombodet er ein uavhengig instans som skal sikre at elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring får ivaretatt rettane sine til eit godt læringsmiljø. Mobbeombodet har mellom anna som oppgåve å:

- vere eit lågterskeltilbod for lærlingar og elevar i vidaregåande utdanning
- formidle kunnskap og informasjon om elevane/lærlingane sine rettar til eit godt skule/arbeidsmiljø
- vere døroppnar for hjelpetenester og rettleie i lover, prosedyrar og saksgang
- jobbe aktivt for å spreie kunnskap om førebygging og handtering av mobbing og krenkingar
- vere oppdatert på aktuell forskning og bidra til å gjere forskinga kjend, blant anna gjennom sosiale medium

Mobbeombodet jobbar opp mot kapittel 9A<sup>1</sup> i opplæringsloven (elevane si rett til eit trygt og godt skulemiljø). Ombodet er ikkje ein sakshandsamar, men ein koordinerande aktør, pådrivar og rettleiar i skulemiljø saker. Mobbeombodet har ikkje mynde til å pålegge skulane tiltak, men kan rettleie og påverke gjennom Opplæringsavdelinga og andre instansar om naudsynt. Ombodet har teieplikt.



Frå 01.01.2018 er ombodet plassert i økonomi- og organisasjonsavdelinga.

<sup>1</sup> Kapittel 9A i opplæringsloven er det kapitlet som omhandlar elevane er oppdatert frå 1.8.2017. Sjå [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL\\_11#KAPITTEL\\_11](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL_11#KAPITTEL_11) for heile kapitlet.

Foto: Atle Kold Hansen, HFKelet



Prioriterte innsatsområde våren 2018 har vore vaksne som krenker/mobbar, samt «blinde flekker» - til dømes gutar og relasjonell mobbing, digitale krenkingar og identitetsbasert mobbing.

## Saker og førespurnader

Det er ei stadig auke i mengd saker og førespurnader mobbeombodet mottar. Det tyder på at ordninga stadig blir betre kjend. Frå august 2018 har det vore ein stor auke i førespurnader, dette heng saman med at mobbeombodet har fått utvida målgruppe.

Når det gjeld vidaregåande opplæring, så var det våren 2018 i hovudsak tilsette i skulane som tar kontakt med mobbeombodet og ønskjer rettleiing i 9A-saker. Nokre saker gjeld klassemiljø og fleire involverte elevar, nokre gjeld oppfølging på bakgrunn av resultat i elevundersøkinga. Tilsette tek hovudsakleg kontakt via telefon, men òg på e-post eller i samband med føredrag/kurs.

Når det gjeld grunnskule er det først og fremst føresette som tar kontakt via telefon, så via e-post, på sosiale medium eller etter føredrag/kurs, i den rekkefylgja. Desse sakene har som regel gått føre seg over lang tid og familien opplever at dei ikkje får hjelp på skulen eller av skuleeigar.


Når elevar eller lærlingar tar kontakt er det i direkte møte (til dømes på skulebesøk) eller på Snapchat. Dei unge spør om korleis dei kan gå fram for å få hjelp eller dei fortel at det skjer ting på skulen som ikkje er greitt og at skulen ikkje gjer noko med det. Andre som tar kontakt fortel om skular dei har gått på tidlegare, dei er bekymra for at andre skal oppleve det same som dei har gått gjennom og lurar på kva dei kan gjere med det.

### SAKER – KVEN GJELD SAKA?

År	VGS	Lærlingar	Grunnskule	Barnehage	Andre	Generell	Totalt
<b>2015</b> (frå 1.8.15)	6	1	6	-*	1	-	14
<b>2016</b>	25	2	6	-*	4	-	37
<b>2017</b>	38	5	11	-*	1	-	55
<b>2018</b> (1.1.18- 31.7.18)	18	2	12	0	4	-	36
<b>2018</b> (t.o.m. 15.10.18)	10	0	42	1	5	3	61

\*Barnehage har vært kategorisert som «andre» dei tre første årene.

### Kven gjeld saka? (vår 2018)




For våren 2018 har 13 saker omhandla jenter, 10 saker omhandlar gutar og tre saker involverer elevar av begge kjønn. I 12 saker har kjønn vore ukjend.

### FØRESPURNADER – KORLEIS OG KVEN TAR KONTAKT MED OMBODET?

Mobbeombodet har fått 14 førespurnader via Snapchat våren 2018. 4 av desse har blitt definert om til saker. Dei er ein del av statistikken over. Totalt (inkludert sakene) er det registrerte 46 førespurnader.

### Kven tok kontakt?



Førespurnadene på Snap er anonyme, så det er ikkje alltid mogleg å kategorisere om dei kjem frå elevar på vidaregåande, i ungdomsskulen eller om dei er utanfor opplæring.

Frå august 2018 har begge omboda begynt å dele førespurnadane inn i tre kategoriar etter arbeidsomfang. Kategorien saker vil då ikkje lengre eksistere.

# Informasjonsarbeid og aktiviteter våren 2018

## INFORMASJONSARBEID: NETTSIDER, SOSIALE MEDIUM OG MEDIA

På nettsida <https://www.hordaland.no/mobbeombod> fann ein våren 2018 informasjon om kva ombodet gjer og korleis ein kan få hjelp av ombodet. I tillegg hadde sida to undersider. Her fann ein ei «oppskrift» på korleis ein kan gå fram om ein ikkje har eit godt skule/arbeidsmiljø. Sida blei oppdatert august 2018 for å spegle nye arbeidsoppgåver.



Mobbeombodet er på facebook under [www.facebook.com/mobbeombodet](http://www.facebook.com/mobbeombodet). Her delast relevant informasjon, tips og nyhende.

Frå januar 2018 har mobbeombodet i tillegg valt å satse på Snapchat (søk på «mobbeombod») som ein informasjonsskanal for å nå ut til fleire unge.

Mobbeombodet har ei intranettside som er tilgjengeleg for alle tilsette i Hordaland fylkeskommune. Her delast aktuelle saker, litteratur og filmtips, undervisningstips, samt presentasjonar frå kurs.

Mobbeombodet har skrevet eller bidratt til tre kronikker og debattinnlegg våren 2018. Ho har vore intervjuet til minst tre artiklar og nyhendesaker hos NRK Hordaland, Bergens Tidende og Bergensavisen. I tillegg har ho blitt intervjuet på «Hordaland i dag» (NRK Radio) og det har vært publisert en rekke notisar i ulike lokalaviser. Ombodet har og vore intervjuet av podcasten til «Lektor Lomsdalen» saman med utdanningsjurist.

## INFORMASJONSARBEID: WORKSHOP, INNLEGG OG FØREDRAG

Arbeidet med å gjere ordninga kjent held fram våren 2018.

År	Workshop med elevråd	Foredrag/workshop elevar	Foredrag/workshop lærlingar	Foredrag for tilsette i skulen	Foredrag ulike interne samlingar	Eksterne foredrag/innlegg	Totalt
2017	22	7	5	10	10	8	62
Vår 2018	1	2	1	2	3	8	17

På skulane informerer ombodet om ombodsordninga, om rettane til eit god skulemiljø og mobbing. Mange elevar fortell at dei ikkje kjente til kapittel 9A og rettane sine. Ombodet opplever likevel at skulane har meir fokus på å formidle denne informasjonen enn tidlegare.

Eksterne foredrag og innlegg har vore til dømes for lærarstudentar, på SLT-konferansen til Bergen kommune, på Trygg i Fjell-konferansen, osv.

## TILRÅDINGAR

- Hordaland fylkeskommune opprettar ei informasjonsside på [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no) om elevar og lærlingar sine rettar og kva dei kan forvente av skulen/fagopplæring i slike saker.

Mobbeombodet informerer mykje om kapittel 9A. Skular har ei informasjonsplikt etter § 9 A-9 «Skolen skal informere elevane og foreldra om rettane i dette kapitlet. Skolane skal òg informere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 og om høvet til å melde saka til Fylkesmannen etter § 9 A-6.»

Mobbeombodet anbefaler at Hordaland fylkeskommune har ei felles informasjonsside på [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no), om elevar og lærlingar sine rettar og kva dei kan forvente av skulen/fagopplæringskontoret i slike saker. I samanheng med ei slik side må ein og gå gjennom informasjonen på kvar seksjon og alle skular sine nettsider. Alle skular bør i tillegg lenke til omboda sine sider og kontaktinformasjon.

Sida må alltid vere oppdatert og mellom anna innehalde:

- Elevar sin rett til eit trygt og godt skulemiljø, korleis dei kan få hjelp, kva dei kan forvente av eigen skule, samt informasjon om Hordaland fylkeskommune sine rutinar for handsaming av brott på kapittel 9A.
- Informasjon om korleis ein klager på lærar og kva som skjer når ein gjer det.
- Eit sikkert skjema der ein enkelt kan melde til skulen/opplæringsavdelinga/ mobbeombodet.
- Lærlingane må finne informasjon om rettane sine til eit godt arbeidsmiljø, korleis dei kan få hjelp, kva fagopplæringskontoret sine rutinar er når lærlingar ikkje har det bra i lære og kva dei kan forvente av fagopplæringskontoret og Hordaland fylkeskommune i slike saker.

Ei anna måte å informere lærlingane på er å lage ein app, med informasjon om rettar og plikter i arbeidslivet, samt ein enkel måte for lærlingane å komme i kontakt med fagopplæringskontoret på.<sup>2</sup>

## KOMPETANSEHEVING FOR TILSETTE

Mobbeombodet har jobba med kompetanseheving gjennom å alltid takke ja til å halde innlegg for tilsette på til dømes rådgjevarsamlingar og føredrag på den enkelte skule. Våren 2018 har det òg vore gjennomført to kursdagar gjennom kursrekka «Slik handterer vi mobbing» samt ein eigen open kursdag «Utsette grupper og universelle tiltak».

## TILRÅDINGAR

- **Hordaland fylkeskommune sørgjer for systematisk kompetanseheving for alle tilsette med arbeidsstad skule, til dømes gjennom det nye nettkurset frå Kunnskapsdepartementet som blir tilgjengeleg for vidaregåande opplæring i 2019.<sup>3</sup>**

Rett kompetanse er heilt naudsynt for å handtere sakene om skulemiljø og mobbing skikkeleg. Mobbeombodet ser at det er behov for ytterlegare kompetanseheving. Viktige område ombodet meiner skulane bør få auka kompetanse på er mellom anna: observasjons-kompetanse (relasjonell og skjult mobbing) og identitetsbasert mobbing, deriblant mobbing på tilrettelagte grupper. Kunnskap og kompetanse om handtering av kapittel 9A er som all anna kunnskap, ein må nytte den jamleg for å vere god på dette arbeidet.

Hordaland fylkeskommune må følge opplæringslova og sørgje for at alle som jobbar på skulane kjennar til sine plikter etter kapittel 9A. Dette er uavhengig av kva rolle ein har, om ein er lærar, tilsett i kantine eller reinhaldsoperatør, og kva avdeling ein er tilsett i. Denne kompetanseutviklinga må vere systematisk og jamleg.

Ombodet meiner alle skulane bør nytte seg av tilbodet frå Kunnskapsdepartementet om skulebasert kompetanseheving. Andre måte å sørge for at skulane har tilstrekkeleg kompetanse på er jamlege obligatoriske kurs for leiing med ressurspersonar om handtering av kapittel 9A-saker, her iblant § 9A-5-saker (vaksne som krenker). Ombodet meiner at kvar skule bør har ei ressursgruppe som er ekspertar på kapittel 9A, som blir følgt opp av opplæringsavdelinga og som får fagleg påfyll kvart semester. Det bør vere

<sup>2</sup> Det er mogleg at det er i ferd med å utviklast ein slik app i Oslo. Hordaland fylkeskommune må i så fall vise interesse for å få tilgang til appen/bidra inn i arbeidet.

<sup>3</sup> <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/nasjonale-satsinger/tilbud-om-kompetanseutvikling-miljo-og-mobbing/nettkurs-om-miljo-og-mobbing/>. Dette er eit nettkurs for å støtte skular som ønskjer å vidareutvikle kompetansen i å førebygge krenkelsar, og fremme gode og trygge miljø. Kurset varer i 1,5 år.

ressurspersonar i avdelinga som har særskilt kompetanse på kapittel 9A-saker. Vidare bør ein legge til rette for praksisutveksling når det gjeld tiltak i 9A-saker mellom skuleleiingar.

## ANDRE AKTIVITETER

### Prosjekt digital dømmekraft

Hausten 2017 inviterte mobbeombodet dei fylkeskommunale skulane i Hordaland og Ungdommens fylkesutval til å delta i eit prosjekt om digital dømmekraft.

Prosjektet starta opp på bakgrunn av

- 1) Skulane melder at dei har mange krevjande digitale (mobbe)saker på skulane
- 2) Ungdata og elevundersøkinga viser at mange unge har negative opplevingar på nett
- 3) NORSIS-rapport<sup>4</sup> (2017) fortel at unge ikkje får eller ikkje veit om dei får opplæring i informasjonstryggleik

#### Mål:

- Utvikle eit opplegg som hjelper elevar på VG1 til å ta gode og kloke digitale val.
- Opplegget kan gjennomførast i VG1 av og med elevar på alle dei vidaregåande skulane i Hordaland.
- Lærarar og leingi vil auke kompetansen om digital dømmekraft og nettvett.
- Klart til å gjennomførast på skulane hausten 2018.

Prosjektgruppa bestod av tre-fire elevar frå fire vidaregåande skular i Hordaland. Prosjektet blei utforma av elevane. Dei bestemte sjølve problemstillinga og korleis dei ville løysa problemet. Elevane har utforma to opplegg, ein del består av undervisningsopplegg i klassen for elevane, ei anna del av undervisning for lærarane. Prosjektet blei avslutta juni 2018 og presentert for elevråd og skuleleiing på skulemiljøkonferansen september 2018. Ressursane som elevane utvikla er tilgjengelege på [www.laringihordaland.no](http://www.laringihordaland.no).

## Samarbeid og systemarbeid

For ombodet har det vore viktig å samarbeide med alle partar i vidaregåande opplæring, både interne samarbeidspartnarar som seksjonar i opplæringsavdelinga og vidaregåande skular, men også eksterne samarbeidspartnarar som til dømes opplæringskontor og Elevorganisasjonen. Mobbeombodet har eit tett og godt samarbeid med elev- og lærlingombodet gjennom våren 2018.

## SKULANE

Mobbeombodet opplever eit godt samarbeid med skulane, både når det gjeld det førebyggjande arbeidet og i arbeid med konkrete saker. Elevinspektøren ved den enkelte skule har vore ein god og viktig samarbeidspartnar for mobbeombodet, i samband med skulebesøk, men og om enkeltsaker. Dei vidaregåande skulane tar i stor grad kontakt med ombodet og ønskjer å drøfte saker eller få rettleiing.

## OPPLÆRINGSAVDELINGA

Mobbeombodet var frå 1.8.15 til 31.12.17 ein del av Opplæringsavdelinga og har opplevd samarbeidet som godt. Ombodet blei flytta ut av Opplæringsavdelinga frå 1.1.2018, det er no færre både formelle og uformelle møtepunkt. I enkeltsaker opplever ombodet eit svært godt samarbeid.

### Seksjon skule

Skuleeigar er ansvarleg for krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er naudsynlege for at krava skal kunne oppfyllest (etter § 13-10 «Ansvarsomfang» i opplæringslova). Fylkeskommunen skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune er i gang med å oppdatere det interne systemet etter nytt kapittel 9A. Dette arbeidet er viktig og bør ha høg prioritet i avdelinga.

---

<sup>4</sup> <https://norsis.no/ungdom-digital-sikkerhetskultur/>

Mobbeombodet har vore involvert i arbeidet med nye rutinar og prosedyrar for kapittel 9A og har også sørgja for kompetanseheving på området. No som ombodet har gått ut av seksjonen er det viktig at det administrativt er nokon som får eit særskilt og tydeleg definert ansvar på dette området. Det kan til dømes vere ein skulemiljørådgjevar<sup>5</sup> som har som oppgåve å

- sørge for at kvalitetssystemet er oppdatert
- at skulene har handlingsplanar på plass
- at skulane veit kor dei finn rutinane i kvalitetssystemet og følgjer dei.
- at skulane sender kopi av aktivitetsplan til opplæringsavdelinga, slik at ein har ei full oversikt over kor mange 9A-saker ein har og korleis desse blir handtert på skulane
- det må rapporterast på dette i den årlege kvalitetsmeldinga
- kjenne til kva som blir gjort på den enkelte skule av til dømes førebyggjande arbeid og ha samla oversikt over om det er nokon skular som treng rettleiing og støtte på feltet
- rettleie og kurse skulane i enkelt saker og ved behov

Mobbeombodet kjenner til at Opplæringsavdelinga no jobbar med å utvikle det interne kvalitetssystemet på kapittel 9A. Ombodet vil bli invitert inn i det systematiske arbeidet med dette, dette ser ombodet fram til.

## TILRÅDINGAR

- **Opplæringsavdelinga bør ha ein eigen person (skulemiljørådgjevar) som har ansvar for skulemiljø, kapittel 9A og ansvar for det interne kvalitetssystemet på dette feltet.**
- **Det blir gjennomført tilsynsbesøk etter prosedyren «Retningslinjer for tilsynsbesøk i tråd med krav i lov og forskrift – kapitla 9A og 11».**<sup>6</sup>

## Seksjon OT/PPT (Oppfølgingstenesta og Pedagogisk-psykologisk teneste)

Ombodet deltar i OT/PPT si nettverksgruppe for psykososialt miljø. Gruppa arbeidar med ein intern rutineperm, samt kompetanseheving på kartleggingsverktøy. Mobbeombodet og nettverksgruppa fremma januar 2017 ei sak om etablering av eit tverrfagleg «innsatsteam» for leiargruppa ved opplæringsavdelinga. Innsatsteamet skal ha brei kompetanse og mandat til å gå inn i særleg kompliserte saker ved dei vidaregåande skulane og sikre god og effektiv handtering av mobbesaker.

Mobbeombodet meiner framleis at eit slikt innsatsteam ville vere nyttig. Eit slikt team kan gjerne byggjast saman med Sogn og Fjordane. Utdanningsdirektoratet har no lagt ut ei rettleiing<sup>7</sup> for korleis eit slikt team bør sjå ut og kva ein må tenkje på.

MISA tek saka til orientering og kjem tilbake med endelig budsjettframlegg i fylkesutval og fylkesting.

### Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.11.2018

**Kjell Gitton Håland (A)** sette på vegner av A, Sp, KrF, H, V og FrP fram slikt forslag:

«Utval for kultur, idrett og regional utvikling tek saka til orientering og kjem tilbake til endeleg budsjettframlegg i fylkesutval og fylkesting».

### Røysting

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag.

### Innstilling

Utval for kultur, idrett og regional utvikling tek saka til orientering og kjem tilbake til endeleg budsjettframlegg i fylkesutval og fylkesting.

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.og 22.11.2018

**Roald Kvamme (A)** sette på vegner av A, Sp, KrF og SV fram slikt forslag til endringar:

	Inntekter	Utgifter
Rådmannen sitt budsjettframlegg vert vedteke med desse endringane		
<b>KVA</b>	<b>2019</b>	<b>2019</b>
<b>Udisponert</b>		
Udisponert i rådmannen sitt budsjettframlegg	-15 000 000	
<b>ØKONOMI OG ORGANISASJON</b>		
Konsulentbruk	-3 000 000	
Nedtrekk administrasjon generelt (Utsette planer og diverse, følges opp med verbalpunkt)	-5 000 000	
Driftsfinansiert investering	-25 300 000	
Utsatt tilbakebetaling, refusjoner fylkesveger	-6 000 000	
Redusert avdrag, lån	-29 000 000	
<b>OPPLÆRING OG HELSE</b>		
Manger folkehøgskule		600 000
Vilvite		500 000
Etter- og viderutdanning – omstilling med særskilt satsing på tiltak som kan sikra vaksne fagbrev		300 000
Havrom, fagskole		300 000

Ekstern spesialundervisning		2 100 000
Grunnfinansiering av skulane		9 000 000
Helsesenter for papirlause		300 000
Robin Hood-huset		200 000
Søkbar pott, utstyr yrkesfag		4 000 000
Skulefrukost		2 000 000
Helseforebygging, Meningekokkvaksine for alle for 1. og 2. klasse, omlegging slik at 1. klasse får årlig		3 000 000
<b>MILJØ OG SAMFERDSEL</b>		
Auka kollektivinntekter som følge av fleire reisande	-8 000 000	
Trygg skuleveg og punktutbetring søkbar pott (kvamsbrekko, Langhøyane, Matre bru (Kvinnherad) og hjertesone)		42 000 000
Auka ruteproduksjon på Bybanen/buss BERGEN (Følges opp med verbalpunkt)		10 000 000
Plastopprydning, søkbar pott		1 000 000
Gratis å ta med sykkel på båtutene (innenfor rammen)		
Gratis å reise kollektivt med born opp til 6 år		800 000
Takstfrys periodebillett barn (385 til 365)		500 000
Takstfrys periodebillett ungdom (385 til 365)		4 000 000
Reduksjon periodebillett student (frå 500 til 460)		3 700 000
Reduksjon periodebillett voksen (frå 830 til 780)		17 700 000
Barnebillett til 18år		1 800 000
Betre korrespondanse mellom buss, ferge og båt (Følges opp med verbalpunkt)		1 000 000
Vidareføring av sambandet Rekstern-Våge-Os		1 850 000
Energi Vestland		350 000
Askøybåten, ingen kutt i ruteavganger		1 500 000
Takstharmonisering Buss/Båt/Tog		3 000 000
Breistein Valestrand Prosjektstøtte elektrifisering		850 000
Kvandal-Utne, sommarrute vert oppretthalden		3 000 000
Økte billettkontroller skal dekkas innan budsjetttrammen (følges opp med verbalpunkt)	-7 000 000	
Auke dekkelegging		45 000 000
Båtrute Ølen		1 450 000
<b>TANNHELSE</b>		
Nedtrekk TK Vest/forskning (følges opp med verbalpunkt)	-1 000 000	
<b>REGIONAL</b>		
Næringsutvikling,fornybarsatsing, søkbare midler (følges opp med verbalpunkt)		10 000 000
<b>KULTUR OG IDRETT</b>		
Ny tilskotsordning for regionale og nasjonale kulturminne (følges opp med verbalpunkt)	-800 000	
Espelend fangeleir		350 000
Bullahuset		200 000
Fjellberg gamle prestegard		250 000
Rosendal kammermusikkfestival		300 000
Det akademiske kvarter		200 000

KODE		500 000
Fyllingsdalen teater		200 000
Hordaland kunstsenter	-350 000	
Bymuseet		500 000
Døvesenter		300 000
Moster amfi		100 000
Museum Vest - konsolidering		1 000 000
Fartøyvernkonsulent	-300 000	
Rafto		75 000
Kirkens SOS engangssum. Jubileumsgave 2019		40 000
Friluftsliv (følges opp med verbalpunkt)		150 000
Kup-midler		100 000
Tilskot barne- og ungdomsorg		200 000
Tilskot til historielag		100 000
Vestnorsk kulturakademi		100 000
FFO		70 000
Statsraad Lemkuhl		1 300 000
<b>Fellesfunksjoner</b>		-
Redusert ekstraløyving (region)	-4 000 000	-
<b>TOTALT</b>	<b>-104 750 000</b>	<b>177 835 000</b>
<b>INVESTERINGER</b>		
Disponering overskot 2017	-3 085 341	
Konsesjonskraft	-10 000 000	
Havbruksfondet	-60 000 000	
<b>TOTALT</b>	<b>-73 085 341</b>	

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette fram slikt forslag til endringer:

<b>Driftsbudsjett</b>	<b>Økte kostander/reduerte inn.</b>	<b>Reduserte kostander/økte inn.</b>
<b>Udisponert</b>		
<b>Fylkesutvalget</b>		
Effektivisering administrasjon		10000000
Tilbakestille natt-takst		10000000
By/kollektiv reklame		5000000
Effektivisering og administrasjon skolesektor		5000000
Ufordelte løyvinger		15000000
Redusere reisevirksomhet/mer bruk av videokonferanse		200000



Mindre konsulenter		250000	
<b>Opplæring og helse</b>			
Økning til 6% egenandel under tannhelse		1500000	
Hvor mange elever går på skoleskipet gann, hvor mange elever og kostander		500000	
TK Vest		1000000	
Manger folkehøyskole	900000		
Vaksine for alle elever (meningokokk)	3300000		
Reduksjon skolefrokost		6500000	
Hjeltnes (halvtårsvirkning)		2400000	
Skolebøker for VGS elever			
Helsesøstre – prosjekt med kommunene	5000000		
<b>Samferdsel</b>			
Effektivisering drift samferdsel		1000000	
Rekstern-Våge-Os, ikke nedlegge ruten	1850000		
Innfartsparkering	4000000		
Dekkelegging	68285000		
Generell styrking av kollektivtiltak	15000000		
Kaianlegg		18200000	<b>Merknad:</b> Flyttes til dekkelegging
<b>Kultur og idrett</b>			
Bokbåten		500000	
Cornerteateret?		500000	
Det akademiske kvarter	100000		
Kunstnerstipend		200000	
Skrivekunst akademiet		300000	
Vestlandsutstillingen og visp		300000	
Hordaland teater			
Hordaland kunstsenter		200000	
Espeland fangeleir	315000		
Driftstilskudd til regionale kulturminner		200000	
<b>Regional utvikling</b>			
Havbruksfond		20000000	
<b>Investeringsbudsjett</b>			
Investering i kaianlegg	18200000		
Investering Hjeltnes		18200000	<b>Merknad:</b> Flyttes til kaianlegg.
	116950000	116950000	

**Verbal:** vurdere en sentrumstakst

**Verbal:** Gå i dialog med eksterne aktører med tanke på å vurdere alternativ driftsform for Manger folkehøyskole.



Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt forslag til endringer:

## Hordaland fylkeskommune

### Budsjett 2019 Økonomiplan 2019-22

#### Innledning

Fremskrittspartiet sitt budsjett har utgangspunkt i fylkesrådmannens framlegg til Budsjett 2019 og Økonomiplan 2019-22. I løpet av denne valgperioden har Hordaland fylkeskommune pådratt seg betydelig økte kostnader, og dermed mistet økonomisk handlingsfrihet.

Fremskrittspartiet legger til grunn at fylkeskommunen har en anstrengt økonomi, og tar hensyn til dette i vårt framlegg til 2019-budsjett. Det er derfor bare gjort mindre endringer i drift- og investeringsbudsjettet for 2019.

Den store utfordringen ligger i økonomiplanperioden 2020-22. Fylkesrådmannen peker på en underdekning i driftsbudsjettet på 350-400 mill kr pr år i perioden, - hovedsakelig knyttet til økte kostnader knyttet til ferge drift og kollektivtilbud. Dette skaper store utfordringer knytt til etableringen av Vestland fylkeskommune fra 01.01.20.

Fremskrittspartiet mener 1.halvår 2019 bør brukes til en full gjennomgang av alle tiltak som kan bringe økonomien i Vestland fylkeskommune i balanse fra 2020, se verbalforslag A. Prosjektleder for nye Vestland fylkeskommune må koordinere denne gjennomgangen med de to fylkesrådmennene slik at grunnlaget for budsjettprosessen 2020 blir best mulig.

#### Driftsbudsjettet Miljø og samferdsel

Fremskrittspartiet vil benytte inntekspotensialet som ligger i reklame knytt til kollektivtrafikken. I dag er det vanlig med reklame i samfunnet, - både i ulike medier og i det offentlige rom. Hordaland fylkeskommune er ikke i en økonomisk posisjon som tilsier at vi kan si nei til denne inntektsmuligheten.

Fremskrittspartiet tar innover seg etterslepet på fylkesveivedlikeholdet, og setter av ekstra midler til asfaltering. Slik fylkesrådmannens budsjett er presentert vil midler til dekkelegging på fylkesvei gå fra 75 til 22 mill kr fra 2018 til 2019, dvs. en reduksjon 70%! Dette står i skarp kontrast til det innmeldte behovet på 100 mill kr årlig til dekkelegging og veioppmerking for å stoppe forfallet. Vi vil også satse ytterligere på innfartsparkering.

Fremskrittspartiet vil også opprettholde båtrutene Rekstern-Våge-Os, Askøysambandet og Ølen, Fjelbergøy/Borgundøy. Evt. Justeringer av båtrutetilbudet må vurderes som del av en samlet gjennomgang av fylkesøkonomien i 2019, ref. avsnittet over.

#### Opplæring og helse

Fremskrittspartiet vil satse videre på produksjonskoler, men er av den oppfatning at Hjeltnes ikke er rett sted. Vi registrerer også at det ikke er realistisk å hente ut et statlig tilskudd til Hjeltnes på 9 mill kr pr år slik flertallet i fylkestinget tidligere har forutsatt. Fremskrittspartiet vil derfor selge bygningene på Hjeltnes. Tilsvarende vil vi selge Manger folkehøyskole.

Vi ønsker også å videreføre arbeidet for høyere oppfyllingsgrad i klassene i videregående skoler. P.t. er det 140 klasser som har lavere oppfyllingsgrad enn 85%. Videre satser Fremskrittspartiet på ytterligere styrking av yrkesretta utdanning gjennom innkjøp av nytt utstyr og maskiner.

Fremskrittspartiet mener alle vgs-elever i Hordaland, uavhengig av om de velger et offentlig eller privat skoletilbud, må være del av vaksinasjonsprogrammet mot meningokokk. Dette er et folkehelseiltak som ikke bare kan forbeholdes elever i fylkeskommunens egne skoler. Effekten av vaksinasjonsprogrammet vil også bli svekket ved en slik avgrensning. FrP fremmer derfor et eget verbalforslag om at også elever i private videregående skoler skal være en del av vaksinasjonsprogrammet.

### **Kultur, idrett og regional utvikling**

Fremskrittspartiet gjør bare mindre endringer på dette området for neste år, men signaliserer at også kulturfeltet må ta kostnadsreduksjoner i gjennomgangen vi skisserer i 2019. Nye tilskudd uten bindinger, som f.eks Sentralbadet Scenekunst, må vurderes spesielt.

Ordningen med fylkesmusikere avvikles og frigjorte midler overføres til en tilskuddspost for regionale private museumssamlinger, - spesielt rettet mot maritime samlinger.

Fyllingsdalen teater er et viktig kulturtilbud for barn og unge, og det avsettes midler til teateret. Tilsvarende økes tilskuddet til Museum Vest.

FrPs framlegg til endringer i driftsbudsjettet for 2019 går fram av tabellen under;

Udisponerte midler i fylkesrådmannens innstilling	-15 000
---	---------

#### **Miljø og samferdsel**

Inntekter reklame Bybane/Skyss	-30 000
Økt fylkesveivedlikehold - reasfaltering	50 000
Aktivt kontroll på kollektiv - flere betalene	-5 000
Ikke reduksjon i båtruter i 2019	4 000

#### **Opplæring og helse**

Ytterligere klasseoppfylling	-5 000
Avvikling Hjeltnes (1/2 årsvirkning)	-2 400
Pøbelprosjekt	500
Vaksinasjonsprogram også for elever i private vgs	200

#### **Kultur, idrett og regional utvikling**

Avvikle ordning med fylkesmusikere	-1 500
Tilskuddsordning regionale private samlinger, maritim	1 000
Fyllingsdalen teater	500
Museum Vest	500
Tilskudd HOG Energi	400

<b>Sum (mindreforbruk)</b>	<b>-1 800</b>
----------------------------	---------------

### **Investeringsbudsjettet**

For Fremskrittspartiet er det viktig å styrke fagskolen og de videregående skolene med moderne maskiner og utstyr. Vi vil også trykke skoleveien og setter av midler til dette formålet.

Fremskrittspartiet vil også intensivere eiendomssalget, se eget verbalforslag B.

FrPs framlegg til endringer i investeringsbudsjettet for 2019 går fram av tabellen under;

Investeringer i utstyr og maskiner - VGS	5 000
Investeringer i utstyr og maskiner - Fagskole	5 000
Trygg skolevei - investeringer i mindre prosjekt	10 000
Pendlerparkering	10 000
Ikke investeringer Hjeltnes	-18 000
Salg av eiendom	-20 000
<b>Sum</b>	<b>- 8000</b>

## Verbalforslag

FrP setter frem følgende verbalforslag som vi ønsker separat votering over ved behandling av budsjettet i fylkestinget.

### A. Full gjennomgang av fylkesøkonomien

Hordaland fylkeskommune er i en alvorlig økonomisk situasjon året før sammenslåing med Sogn & Fjordane fylkeskommune til Vestland fylkeskommune fra 01.01.20.

Driftsbudsjettene til Hordaland fylkeskommune har en ubalanse på 350-400 mill kr pr år i økonomiplanperioden 2020-22. I hovedsak skyldes dette økte kostnader knytt til nye og høye miljøkrav for fergedrift og kollektivtransport. P.t. er det usikkerhet knyttet til justeringene i inntektssystemet for fylkeskommunene våren 2019, men det er grunn til å tro at fylkeskommunen må dekke en vesentlig del av ubalansen gjennom egne tiltak. I

Fylkestinget ber derfor fylkesrådmannen om å bruke 1.halvår 2019 til en full gjennomgang av alle tiltak i Hordaland som kan bidra til å bringe økonomien i Vestland fylkeskommune i balanse fra 2020.

Det er naturlig at prosjektleder for nye Vestland fylkeskommune får en overordnet koordineringsrolle i prosjektet, slik at vi får parallelle prosesser i begge fylker.

Alle tiltak som kan bedre balansen i driftsbudsjettene må vurderes (listen er ikke uttømmende);

- Strukturelle og organisatoriske tiltak
- Digitalisering og endrede arbeidsprosesser
- Nedbemanning (naturlig avgang, stillingsstopp, vakanser)
- Konkurransen som virkemiddel i tjenesteproduksjonen
- Gjennomgang av alle tilskuddsordninger
- Utsette enkeltinvesteringer / investeringsstopp for en periode
- Forlenget avdragstid på lån
- Salg av eiendommer og eiendeler som ikke fylkeskommunen benytter i tjenesteproduksjonen

#### Framlegg til vedtak:

**Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å bruke 1.halvår 2019 til en full gjennomgang av alle tiltak i Hordaland som kan bidra til å bringe økonomien Vestland fylkeskommune i balanse fra 2020.**

**Fylkestinget oppfordrer fylkesrådmannen til å koordinere prosjektet med fylkesrådmannen i Sogn & Fjordane og prosjektleder for Vestland fylkeskommune.**

## **B. Aktiv utvikling og salg av fylkeskommunale eiendommer**

Hordaland fylkeskommune sitter på en rekke eiendommer som en ikke har planer om å bruke i egen tjenesteproduksjon. Eksempel på dette er eiendom v/Kysthospitalet i Hagavik (Os), Fana Gymnas, Hjeltnes vgs- Manger Folkehøyskole

Eiendommer, og evt. selskap, som fylkeskommunen ikke skal bruke til egen tjenesteproduksjon bør vurderes solgt. I enkelte tilfeller vil det være aktuelt å utvikle eiendommene for å maksimere verdiene før salg, f. eks. gjennom omregulering til bolig - eller næringsformål.

Fylkestinget ber på denne bakgrunn om å få seg forelagt en politisk sak med oppstilling av eiendommer som er aktuelle for salg, og eventuelle tiltak for å utvikle eiendommene for salg.

### **Framlegg til vedtak;**

**Hordaland fylkesting ber fylkesrådmannen legge frem en samlet oversikt over eiendommer/selskap som ikke skal brukes i den fylkeskommunale tjenesteproduksjonen. Saken må inneholde beskrivelse av eiendommene, verdivurdering og eventuelle utviklingstiltak for å maksimere verdien før salg**

## **C. Vaksinasjonsprogram også for elever i private videregående skoler**

Fylkestinget mener alle vgs-elever i Hordaland, uavhengig av om de velger et offentlig eller privat skoletilbud, må være del av vaksinasjonsprogrammet mot meningokokk. Dette er et folkehelseiltak som ikke bare kan forbeholdes elever i fylkeskommunens egne skoler. Effekten av vaksinasjonsprogrammet vil også bli svekket ved en slik avgrensning.

### **Framlegg til vedtak;**

**Også elever i private videregående skal være en del av vaksinasjonsprogrammet for videregående skoler i Hordaland.»**

Anne Beth Njærheim (V) sette fram slikt forslag til endringar:

Endring i driftsbudsjett – inntekster	2019	2020	2021	2022	Kommentar
Ikkje delegera havbruksfond	20,00				
Disposisjonsfond	15,00				
Redusert innsats handlingsprogram for innfartsparkering	0,70				
Innfartsparkering brukarbetalign	8,70				Halvtårseffekt. Verbalpunkt, døgnpris 10% av bygarasjen
Takst ferjer	9,00				2 kr i snitt. Går det med autopass-direktivet?
Auka skatteanslaget	-				Tar sjansen på auka skatteanslaget?
Reklameinntekter busstur, mm.	5,00				Venstre har gått inn for dette i flere år.
Sum	58,40				
Endring driftsbudsjett – utgifter	2019	2020	2021	2022	Kommentar
<b>Kultur</b>					
konsolidering av Bergen sjøfartsmuseum og museumvest	0,26				Underfinansiert i budsjettet
Kraftmuseum	0,10				Pluss 100.000,- for det er det dei ber om.
Det akademiske kvarter	0,10				Mistar Bergen ein del småkulturscenar som garage og chagalle, studentdugnad
Fyllingsdalen teater	0,05				
Bømlo teater	0,05				Begge teaterene her
Kristenretten	0,10				Må sjekka beløp og behov
Friluftsrådet vest	0,80				Styrka til plastoppyrdding
Bergen og omland friluftsråd	0,80				+++
Geopark sunnhordland/Moster	0,30	0,70			
<b>Samferdsle</b>					
Ølen fjellbergøy borgundøy	1,45				
Båtruta reksteren-våge-os	1,85				
Innfartsparkering					
Styrking vegvedlikehald av fylkesvegar	10,00				Tunneldirektivet som vårt forslag i 2018
Gratis buss frem til skulestart	1,00				1,0 mill etter svar 09.11
Takst frys på alle bussprisar	19,70				
Styrka ruteproduksjon i heile Hordaland	10,00				Styrking av ruteproduksjon i Hordaland for 2019, handlingsplan for kollektivtrafikk
Oppstart planarbeid gang- og sykkelveg i Litlabøvegen	0,40				
Klimaplan for Hordaland	5,00				
Ferje Valestrans Breistein	1,60				
<b>Oppvekst og helse</b>					10,37 i 2018, føreslått 10 i 2019

Manger Folkehøgskule	1,00				Er egentleg eit kulturtiltak
Stord Folkehøgskule	0,20				200.000,- driftsstøtte, 300.000,- evt. Verbalpunkt eigarsida.
Helsesøstre	2,00				
<b>Endring i høve til rådmannen sitt opprinnelige budsjett</b>	56,76	0,70	-	-	
<b>Endring driftsbudsjett – utgifter</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>Kommentar</b>
Sum drift	1,64	0,70	-	-	
<b>Endring investeringsbudsjett</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	
Sum endringar i høve til opprinneleg budsjett	-	-	-	-	
Effekt driftsbudsjett	-	-	-	-	

## Verbalforslag:

- Fylkestinget ber om at det vert lagt fram ei sak på brukarbetaling på innfartsparkeringsplassane i Hordaland frå og med 1. august 2019.
- Fylkestinget ønskjer ikkje prioritera tiltaka for innfartsparkering i handlingsplan for innfartsparkering som går på å investera og etablera fleire innfartsparkeringsplassar innanfor ytre bomring i Bergen.
- Fylkestinget ber om at sykkelinnfartsparkeringsplassar vert prioritert innanfor bevilga ramma (600.000,- ned frå 1 200 000,-)
- Ferjeutgifter og belønningsordning for miljøtiltak
- Trafikksikker fylkeskommune
- Gangbar tettstad fokus
- Hordaland Fylkeskommune bevilger 200.000,- til driftsstøtte til Stord Folkehøgskule, og ønskjer å gå i dialog med Stord Kommune og Atheno Prosjektutvikling AS om prosjektet, og ein eventuell inntreden og eigenkapitaløyving på 300.000,-.
- sykkelbyen fleire kommunar blir dette stord, fjell, bergen ++

**Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart lagt til grunn for røystinga.

Njærheim sitt forslag fekk 1 røyst (V) og fall.

Søviknes sitt forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Bjørkly sitt forslag fekk 3 røyster (H) og fall.

Kvamme sitt forslag fekk 9 røyster (A, Sp, Krf og SV) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

**Innstilling til fylkestinget**

	Inntekter	Utgifter
Rådmannen sitt budsjettframlegg vert vedteke med desse endringane		
<b>KVA</b>	<b>2019</b>	<b>2019</b>
<b>Udisponert</b>		
Udisponert i rådmannen sitt budsjettframlegg	-15 000 000	
<b>ØKONOMI OG ORGANISASJON</b>		



Konsulentbruk	-3 000 000	
Nedtrekk administrasjon generelt (Utsette planer og diverse, følges opp med verbalpunkt)	-5 000 000	
Driftsfinansiert investering	-25 300 000	
Utsatt tilbakebetaling, refusjoner fylkesveger	-6 000 000	
Redusert avdrag, lån	-29 000 000	
<b>OPPLÆRING OG HELSE</b>		
Manger folkehøgskule		600 000
Vilvite		500 000
Etter- og viderutdanning – omstilling med særskilt satsing på tiltak som kan sikra vaksne fagbrev		300 000
Havrom, fagskole		300 000
Ekstern spesialundervisning		2 100 000
Grunnfinansiering av skulane		9 000 000
Helsesenter for papirlause		300 000
Robin Hood-huset		200 000
Søkbar pott, utstyr yrkesfag		4 000 000
Skulefrukost		2 000 000
Helseforebygging, Meningekokkvaksine for alle for 1. og 2. klasse, omlegging slik at 1. klasse får årlig		3 000 000
<b>MILJØ OG SAMFERDSEL</b>		
Auka kollektivinntekter som følge av fleire reisande	-8 000 000	
Trygg skuleveg og punktutbetring søkbar pott (kvamsbrekko, Langhøyane, Matre bru (Kvinnherad) og hjertesone)		42 000 000
Auka ruteproduksjon på Bybanen/buss BERGEN (Følges opp med verbalpunkt)		10 000 000
Plastoppyrning, søkbar pott		1 000 000
Gratis å ta med sykkel på båtrotene (innenfor rammen)		
Gratis å reise kollektivt med born opp til 6 år		800 000
Takstfrys periodebillett barn (385 til 365)		500 000
Takstfrys periodebillett ungdom (385 til 365)		4 000 000
Reduksjon periodebillett student (frå 500 til 460)		3 700 000
Reduksjon periodebillett voksen (frå 830 til 780)		17 700 000
Barnebillett til 18år		1 800 000
Betre korrespondanse mellom buss, ferge og båt (Følges opp med verbalpunkt)		1 000 000
Vidareføring av sambandet Rekstern-Våge-Os		1 850 000
Energi Vestland		350 000
Askøybåten, ingen kutt i ruteavganger		1 500 000
Takstharmonisering Buss/Båt/Tog		3 000 000
Breistein Valestrand Prosjektstøtte elektrifisering		850 000
Kvandal-Utne, sommarrute vert oppretthalden		3 000 000
Økte billettkontroller skal dekkes innen budsjetttrammen (følges opp med verbalpunkt)	-7 000 000	
Auke dekkelegging		45 000 000
Båtrute Ølen		1 450 000
<b>TANNHELSE</b>		

Nedtrekk TK Vest/forskning (følges opp med verbalpunkt)	-1 000 000	
<b>REGIONAL</b>		
Næringsutvikling, fornybarsatsing, søkbare midler (følges opp med verbalpunkt)		10 000 000
<b>KULTUR OG IDRETT</b>		
Ny tilskotsordning for regionale og nasjonale kulturminne (følges opp med verbalpunkt)	-800 000	
Espelend fangeleir		350 000
Bullahuset		200 000
Fjellberg gamle prestegard		250 000
Rosendal kammermusikkfestival		300 000
Det akademiske kvarter		200 000
KODE		500 000
Fyllingsdalen teater		200 000
Hordaland kunstsenter	-350 000	
Bymuseet		500 000
Døvesenter		300 000
Moster amfi		100 000
Museum Vest - konsolidering		1 000 000
Fartøyvernkonsulent	-300 000	
Rafto		75 000
Kirkens SOS engangssum. Jubileumsgave 2019		40 000
Friluftsliv (følges opp med verbalpunkt)		150 000
Kup-midler		100 000
Tilskot barne- og ungdomsorg		200 000
Tilskot til historielag		100 000
Vestnorsk kulturakademi		100 000
FFO		70 000
Statsraad Lemkuhl		1 300 000
<b>Fellesfunksjoner</b>		-
Redusert ekstraløyving (region)	-4 000 000	-
<b>TOTALT</b>	<b>-104 750 000</b>	<b>177 835 000</b>
<b>INVESTERINGER</b>		
Disponering overskot 2017	-3 085 341	
Konsesjonskraft	-10 000 000	
Havbruksfondet	-60 000 000	
<b>TOTALT</b>	<b>-73 085 341</b>	

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Nils Egil Vetlesand  
kst. fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Årsbudsjett 2019 / økonomiplan 2019-2022

### **Fylkesrådmannen, 26.10.2018**

Fylkesrådmannen la fram budsjett for 2019 og økonomiplan for perioden 2019-2022 den 24. oktober 2018.

Budsjettet byggjer på inntektsføresetnadene ein finn i framlegget til statsbudsjett for 2019. Det er lagt opp til tronge driftsrammer, og dei fleste sektorane har fått reduksjonar i høve til budsjettet for 2018. Etter fylkesrådmannen si vurdering har ein likevel unngått dramatiske kutt i 2019. utfordringane ser ut til å bli større dei følgjande åra.

Fylkesrådmannen viser elles til det vedlagte budsjettdokumentet.



# Budsjett 2019

Økonomiplan 2019–2022

**Forsidefoto:** Den flotte rytteren på framsida av budsjett-dokumentet er hestelærling Vilde Årnot Bjelland (Voss vgs), ein av Hordaland fylkeskommune sine 50 lærlingar.

Fylkeskommunen lærlingar innanfor ti ulike lærefag, mellom anna hestefaget.

**Fotograf:** Morten Wanvik.

# FØREORD

Fylkesrådmannen sitt budsjettforslag for 2019 og økonomiplan for 2019–2022 er inndelt i samsvar med organisasjonsstrukturen i fylkeskommunen.

## **Budsjettet er inndelt slik:**

- Innleiing
- Driftsbudsjett 2019
- Økonomiplan 2019–2022
- Investeringsbudsjett
- Talbudsjett

## **Budsjett og økonomiplan skal handsamast slik i dei ulike politiske utvala:**

- Utval for opplæring og helse 6. november
- Utval for miljø og samferdsel 7. november
- Utval kultur, idrett og regional utvikling 13. november
- Fylkesutvalet 21.–22. november
- Fylkestinget 11.–12. desember

Budsjettforslaget skal i tillegg handsamast i administrasjonsutvalet, hovudarbeidsmiljøutvalet m.fl.

Til handsaminga i dei politiske utvala vil det ligge føre sak med forslag til vedtak.





# INNHALD

## INNLEIING

Innleiing. Årsbudsjett 2019 – økonomiplan 2019–2022.....	6
Hovudpunkt i budsjettforslaget.....	10
Klare mål og tydeleg retning.....	13
Klimabudsjett. Grønt skifte.....	17

## DRIFTSBUDSJETT 2019

Politiske organ og kontrollorgan.....	25
Økonomi og organisasjon. God og effektiv drift i ny fylkeskommune.....	29
Eigedom. Klart for nytt fylkeshus.....	35
Opplæring. Framtidsretta kompetanseutvikling.....	43
Samferdsel. Satsinga på kollektiv gjev resultat.....	67
Tannhelse. Tannhelsetenesta skal sikre likeverdige tilbod til alle i Hordaland.....	91
Regional. Pådrivar for dialog og samordning.....	103
Kultur og idrett. Ein ny kulturregion veks fram.....	129
Fellesfunksjonar.....	159
Frie inntekter og kraftinntekter.....	165

## ØKONOMIPLAN 2019–2022

Uviss totaløkonomi krev måtehald, effektivisering og brems i investeringstakten.....	171
--	-----

## INVESTERINGSBUDSJETT

Investeringar.....	183
--------------------	-----

## TALBUDSJETT

Talbudsjett.....	207
------------------	-----

## ÅRSBUDSJETT 2019 – ØKONOMIPLAN 2019–2022

# INNLEIING

### Utfordringar i økonomiplanperioden

Budsjettforslaget for 2019 er det siste for Hordaland fylkeskommune. Frå 2020 kjem Vestland fylkeskommune i drift slik at alle åra i økonomiplanperioden omfattar den nye eininga.

Budsjettforslaget for 2019 har i hovudsak følgt opplegget som var skissert i sak om budsjetttrammer, som fylkesutvalet handsama i juni. Alle avdelingar har fått reduserte budsjetttrammer i 2019 samanlikna med 2018. Med tanke på dei økonomiske utfordringane ein står overfor i økonomiplanperioden, er dette heilt nødvendig.

Dei nye ferjekontraktane, der hovudtyngda startar frå 2020, medfører sterk kostnadsvekst. Ingen vekst i dei frie inntektene, kombinert med auka kapitalkostnader, gjer det svært krevjande å tilpasse det nye driftsnivået innanfor tilgjengelege rammer.

Ein del av auken i driftskostnadene må skje gjennom effektivisering og omdisponering innanfor samferdselssektoren, men auken er så stor at det ikkje er mogeleg å dekke dette i denne sektoren åleine, utan at det vil få drastiske konsekvensar. Tilpassing av driftsbudsjettet må difor løysast med ein kombinasjon av tiltak i sektorane og innanfor den fylkeskommunale økonomien totalt.

Høge investeringar har ført Hordaland fylkeskommune på topp mellom fylkeskommunane målt i gjeldsgrad – lånegjeld i høve til driftsinntekter. Fylkestinget har sett tak på gjeldsgraden på 115% og forslaget til investeringsbudsjett for 2019 og åra i økonomiplanperioden er innanfor denne grensa, sjølv med dei høge miljøinvesteringane på ferjekalane i 2019 og 2020.

I budsjettet for 2018 peika fylkesrådmannen på tre punkt som særleg viktige for komande økonomiplanperiode:

- Gjennomføring av skulebruksplanen
- Nye ferjekontraktar
- Regionreforma – Vestland fylkeskommune

Desse punkta har framleis i seg essensen av det som må til for å makte utfordringane ein står overfor i komande økonomiplanperiode.

#### Gjennomføring av skulebruksplanen

Fylkestinget har ved fleire høve følgt opp tilrådingane i skulebruksplanen. Dette gjeld vedtak om skulesamanslåingar

og auka fokus på utnytting av kapasiteten i skulane ved å ha klasseoppfylling på minimum 85%.

Dette har vore medverkande til at skuletilbodet i Hordaland er oppretthalde innanfor tronge driftsrammer. I budsjettet for 2019 er det fleire døme på at vedtak om kostnadsreduksjonar som er gjort tidlegare år, først får full verknad frå 2019.

Vidare oppfølging av tiltaka i skulebruksplanen er viktig for å få eit framtidretta utdanningstilbod i Hordaland og seinare Vestland fylkeskommune. Dei økonomiske utsiktene for fylkeskommunen totalt, gjer det nødvendig at oppfølginga av tilrådingane i skulebruksplanen held fram.

I komande periode vil fylkesrådmannen ha fokus på tiltak som kan gje reduserte kostnader i alle sektorar. Stikkord i denne samanhengen er å utnytte dei teknologiske endringane som pågår og ta konsekvensen av endringane ved at arbeidsprosessar vert endra og effektivisert.

#### Nye ferjekontraktar

Fylkesrådmannen har peika på at dei nye ferjekontraktane har vesentlege økonomiske konsekvensar både for drifts- og investeringsbudsjettet.

Auken i driftsbudsjettet frå 2019 til 2020 på 285 mill. kr er så stor at den ikkje kan løysast innanfor samferdselssektoren åleine. Med så godt som ingen vekst i dei frie inntektene, vert det svært vanskeleg å makte den sterke auken innanfor den fylkeskommunale økonomien i det heile.

I økonomiplandelen har fylkesrådmannen peika på moglege måtar å finansiere veksten i driftsbudsjettet på. Sidan heile økonomiplandelen omfattar Vestland fylkeskommune, er det så langt skissert løysingar som det må arbeidast vidare med i budsjettet for 2020 når totaløkonomien for den nye fylkeskommunen er kjend.

#### Regionreforma – Vestland fylkeskommune

Stortinget har vedteke å slå saman fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland med verknad frå 2020. Arbeidet med å førebu samanslåinga, slik at den nye fylkeskommunen vert ei operativ eining frå starten av, er godt i gang.

Det føreliggjande økonomiplanforslaget er å rekne som ei skisse sidan oppstarten at Vestland fylkeskommune frå 2020 krev ein samla gjennomgang av den nye fylkeskommunen sin økonomi. Det medfører sjølv sagt omarbeiding

både av investerings- og driftsbudsjetta som er foreslått i økonomiplandelen.

Særleg utfordrande er det at det nye inntektssystemet for fylkeskommunane ikkje vert kjent før våren 2019 – vel eit halvår før samanslåinga trer i kraft. Før verknadene av det nye systemet er kjent, er det vanskeleg å ha ei sikker meining om kva ein kan makte innanfor totaløkonomien til Vestland fylkeskommune.

Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar har mange likskapar, men skil seg særleg med at Hordaland har ein storby. I kva grad det nye inntektssystemet tek betre omsyn til dette enn det systemet som gjeld i dag, vil vere viktig for den samla økonomien. Det same gjeld om ein i systemet får inn kriterium som gjer at miljøsatsinga ein skal gjennomføre på ferjesida viser att i løyvingane frå sentralt hald. Endeleg vert det viktig å få kriterium som fangar opp at Vestland fylkeskommune vert ein stor vegeigar med om lag 5 000 km fylkesveg.

### Nye oppgåver

Regjeringa kom 19. oktober med Meld. St. 6 Oppgaver til nye regioner. I meldinga er det varsla nye oppgåver til fylkeskommunane innanfor næringsutvikling og næringsretta forskning, landbruk, samferdsel, kompetanse og integrering og folkehelse. I tillegg er det varsla eit større fylkeskommunalt ansvar for kulturoppgåver i kulturmeldinga som kjem seinare.

Fylkesrådmannen har særleg merka seg at regjeringa følger opp Stortinget sitt vedtak om overføring av fylkesdelen av sams vegadministrasjon til dei nye fylkeskommunane. I første rekkje vil dette vere ei overføring av tilsette frå stat til fylkeskommune i og med at fylkeskommunane også før 2020 har det økonomiske ansvaret for fylkesvegane. Overføringa vil likevel styrke det fylkeskommunale ansvaret og vert ein viktig faktor i arbeidet framover. Fylkesrådmannen kjem attende til verknadene av dette, og dei andre oppgåveendringane, i arbeidet med budsjettet for 2020.

## VIKTIGE PUNKT I BUDSJETTFORSLAGET

Fylkesrådmannen sitt budsjettforslag for 2019 er stramt og tilpassa den økonomiske situasjonen fylkeskommunen er i. Driftsbudsjettet er redusert med om lag 54 mill. kr og reduksjonen er fordelt på alle sektorane. Dette er nødvendig for å makte dei aukande kapitalutgiftene, slik at veksten i gjeldsutviklinga kan bremsast.

Driftsbudsjettet for Hordaland fylkeskommune for 2019 er på vel 8,7 mrd. kr, der driftsutgiftene er knapt 7,8 mrd. kr, kapitalutgiftene knapt 0,9 mrd. kr og avsetjingar på 0,1 mrd. kr.

### Frie inntekter i 2019

Regjeringa varsla i kommuneproposisjonen ein realvekst i dei frie inntektene til fylkeskommunane samla på mellom -100 mill. kr og + 100 mill. kr. I statsbudsjettet er det lagt til grunn nullvekst – altså midt i det varsla intervallet.

Statsbudsjettet sitt overslag over frie inntekter for Hordaland fylkeskommune er 6 631,5 mill. kr. Dette er ein auke på 2,3 % frå 2018. Statsbudsjettet legg til grunn løns- og prisvekst på 2,8 %. Når ein samanliknar 2018 og 2019 i same prisnivå, går frie inntekter dermed ned med 0,5 %.

Dei frie inntektene – skatt og rammetilskot – står for om lag ¾ av fylkeskommunen sine inntekter. Storleiken på veksten i desse inntektene, er difor avgjerande for den økonomiske utviklinga.

### Netto driftsresultat – økonomimål

Rekneskapa for 2017 vart gjort opp med netto driftsresultat på 2,0%.

Netto driftsresultat er det mest sentrale nøkkeltalet i kommunale rekneskap og viser kva ein har igjen etter at alle drifts- og kapitalutgifter er dekkja. For å ha ein sunn og berekraftig økonomi er det tilrådd å ha netto driftsresultat på 4% av driftsinntektene.

Netto driftsresultat i budsjettforslaget for 2019 er 0,75%. Fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett og økonomiplan er dermed svakt og vesentleg svakare enn nivået som er tilrådd av sentrale fagmiljø.

Etter fylkesrådmannen sitt syn er summen på 95 mill. kr som er sett av til driftsfinansiering av investeringar ein minimumsbuffer mot endringar som kan oppstå gjennom budsjettåret. Totaløkonomien til Hordaland fylkeskommune gjer at driftsfinansieringa av investeringane bør ha eit visst nivå, men knappe budsjetttrammer set grenser for kva ein maktar å få til.

### Rekneskapsutviklinga i 2018

Til fylkestinget i oktober la fylkesrådmannen fram tertialrapport etter 2. tertial 2018. Samla er prognosen eit meirforbruk på 34 mill. kr.

### Høgt investeringsnivå

Bruttobudsjettet for investeringane er 4,3 mrd. kr i 2019. Dette er om lag 2 mrd. kr høgare enn i 2018 og skuldast at bybanebygginga til Fyllingsdalen i 2019 vil vere i full gang. Dei store investeringsprosjekta m.a. innanfor Miljøløftet og i ulike bompengepakkar, gjer at fylkeskommunen sitt brutto investeringsbudsjett vert svært høgt. Ein stor del av samferdselsinvesteringane vert finansierte med bompengar og statstilskot. Desse kjem som inntekt i investeringsbudsjettet og reduserer med det fylkeskommunen sitt finansieringsbehov.

Skulebruksplanen som fylkestinget har vedteke, har framdriftsplan for investeringane i opplæringssektoren. Fylkesrådmannen sitt forslag til investeringsbudsjett følgjer opplegget i skulebruksplanen.

### Sektorforslag

Innanfor dei to store sektorane opplæring og samferdsel, legg fylkesrådmannen i stor grad opp til å vidareføre driftsnivået frå 2018.

Innanfor opplæring får fleire tiltak som er vedtekne i 2018 heilårseffekt i 2019. Elevtalet hausten 2018 er noko lågare enn året før og dette gjev utslag i vårhalvåret 2019. Det er vidare venta ytterlegare reduksjon i elevtalet hausten 2019.

På samferdselssektoren foreslår fylkesrådmannen, med eit unnatak, uendra ferjetilbod frå 2018 til 2019. Det same gjeld for båtrotene utanom forslaget om å leggje ned ruta mellom Tysnes og Os og justeringar av tilbodet i Sunnhordlandsruta og ruta til Askøy. For bussrutene er det også i

stor grad vidareføring av tilbodet som er i dag. Det er lagt opp til gjennomsnittleg auke av takstane på 2,7%.

Kulturbudsjettet har forslag om 1 mill. kr i auka tilskot til Hordaland teater. Det er vidare forslag om auke for Skrivekunstakademiet og Hordaland Kunstsenter. Tilskot til Sentralbadet scenkunsthushus er ført opp i samsvar med fylkestinget sitt vedtak om tilskot på 5 mill. kr årleg.

Innanfor regional utvikling foreslår regjeringa monaleg reduksjon i dei statlege tilskota også frå 2018 til 2019. Fylkesrådmannen foreslår å setje av 20 mill. kr av midlane frå Havbruksfondet der fordeling av midlane skal skje etter drøfting i ei eiga sak.

I tannhelsesektoren er det forslag om takstauke for betalende kundar på 4,5% for å harmonisere takstnivået i Hordaland mot nivået i Sogn og Fjordane. Det er vidare forslag om ei budsjetteknisk endring av finansieringa for kompetansesenteret der det frå 2019 vert foreslått at kostnadene går gjennom dei ulike tannhelsedistrikta.

Innan økonomi- og organisasjonsavdelinga og eigedomsavdelinga er det fokus på vidare effektivisering av den administrative drifta. I 2019 er det forslag om at ansvaret for husleigeavtalane i tannhelsetenesta vert overført til eigedomsavdelinga som då vil ha ansvaret for alle leigeavtalar i fylkeskommunen. Til arbeidet med regionreformen er det sett av 25 mill. kr i IT-kostnader og 8 mill. kr til andre tiltak som Hordaland sin del av det felles arbeidet som skal gjerast fram mot etablering av Vestland fylkeskommune frå 2020.

## UTVIKLING I NØKKELTAL I ØKONOMIPLANPERIODEN

Oppstillinga nedanfor viser ulike nøkkeltal i 2019 – første året i perioden og tilsvarande tal i 2022.

2019	NØKKELTAL ØKONOMIPLANPERIODEN	2022
------	-------------------------------	------

### OPPSUMMERING NØKKELTAL

Nøkkeltala er samla meint å gje oversikt over utviklinga i økonomien i planperioden frå 2019 til 2022. Samla sett viser dei innretninga på budsjettet. Målet er best mogleg økonomisk stilling på slutten av planperioden. Frå 2020 vil HFK vere del av Vestland fylkeskommune, og det vil vere uvisst korleis nøkkeltala for den samanslåtte kommunen vil vere. Denne tabellen viser nøkkeltal for HFK som sjølvstendig fylke. I denne planen vert lagt opp til årlege budsjett som bremsar auken i gjeldsgraden, som reduserer driftskostnadar og det vert framleis lagt opp til positive årlege driftsresultat.

2019	NØKKELTAL ØKONOMIPLANPERIODEN	2022
<b>GJELDSGRAD</b>		
114 %	Stabilisering av gjeldsgraden til HFK har prioritet i planperioden fram til og med 2022. Framlegget krev sterk investeringsdisiplin. Dette vil stabilisera gjeldsgraden; gjeld delt på inntekter, på i underkant av 115 %.	115 %
<b>TOTALGJELD</b>		
11 255 mill. kr	Med skissert økonomiplan vil den totale gjelda til HFK i perioden auke tilsvarende løns- og prisstigninga. Omrekna til faste prisar vert auken berre 55 mill. kr. Den totale gjeldsbyrda er tyngande i seg sjølv, men kor mykje det påverkar økonomisituasjonen til HFK kjem an på fleire tilhøve; mellom anna inntektsvekst og rentenivå.	11 310 mill. kr
<b>NETTO DRIFTSKOSTNADER</b>		
5 661 mill. kr.	Effektiv drift og kontroll på utvikling i driftskostnadane i planperioden er heilt nødvendig. Målet er reduserte driftskostnader, og framleis gode tenester og omstillingsevne. Frå 2019 til 2022 er det lagt opp til ein reduksjon av netto driftskostnader på 133 mill. kr.	5 528 mill. kr
<b>RENTEUTGIFTER</b>		
242 mill. kr	Det er lagt til grunn at renta vil stige i tråd med Norges Bank si rentebane. HFK har bunde renta på om lag halvparten av låneporteføljen. Likevel går renteutgiftene opp med 73 mill. kr i perioden (rekna i faste prisar).	315 mill. kr.
<b>AVDRAG</b>		
650 mill. kr.	Det er gjeve høg prioritet til nedbetaling av lån. Opptrappinga av avdragsbetaling i perioden er på 86 mill. kr frå 2019 til 2022 (rekna i faste prisar).	736 mill. kr.
<b>ÅRLEGE INVESTERINGAR</b>		
4 291 mill. kr	Investeringsnivået er høgt, med godt over 4 mrd. kr dei to første åra, for så å falle noko dei siste åra i perioden. Samferdselsektoren har i perioden om lag 84 % av det totale investeringsnivået i HFK	2 544 mill. kr
<b>LÅNEFINANSIERING</b>		
1 177 mill. kr	Den delen av investeringane som vert finansiert med lån er betydeleg. Dette påverkar gjeldsgraden til HFK. I 2019 vert det lagt opp til 1 177 mill. kr i lånefinansiering. Dei følgjande åra er lånefinansieringa litt lågare, men kvart år over 1 mrd. kr.	1 019 mill. kr
<b>FRIE INNTEKTER</b>		
6 632 mill. kr	Dei frie inntektene for fylkeskommunen omfattar fylkesskatt og rammetilskot. Ein har ikkje lagt inn nokon vekst i perioden.	6 632 mill. kr.
<b>NETTO DRIFTSRESULTAT</b>		
0,75 %	Eit positivt årleg driftsresultat er ein viktig føresetnad for ein betra økonomisituasjon og eventuell eigenfinansiering av investeringar. Tilrådd mål for fylkeskommunane er 4 %. HFK er langt frå dette målet. I 2019 er det budsjettert med netto driftsresultat på 0,75 %. I 2020 kan ein bli nøydd til å bruke av fondsmidlar for å klare utgiftstoppen ved innføring av elektriske ferjer. Netto driftsresultat kan då bli om lag 0. Dei to siste åra er det lagt opp til netto driftsresultat på om lag 0,5 %.	0,50 %

# HOVUDPUNKT I BUDSJETTFORSLAGET

## Samferdsel

- Ferjetilbodet tilnærma uendra
- Takstauke gjennomsnittleg 2,7%
- Ny ferjekontrakt vert sett i drift i Masfjorden
- Redusert tilbod for nokre båtruter
- Nedlegging båtrute Reksteren–Våge–Os

## Opplæring

- Oppfølging av skulebruksplanen gjev resultat
- Fokus på klasseoppfylling
- Lågare elevtal
- Gratis meningokokkvaksine til VG3
- Åsane videregående skole under bygging

## Kultur

- Satsing på Hordaland teater  
– auka tilskot på 1 mill. kr
- 5 mill. kr til Sentralbadet scenekunsthuss
- Auke for Skrivekunstakademiet og Hordaland Kunstsenter
- Første løyving til 1000-års jubileet av Kristenretten 2024

## Regional

- Kraftig reduksjon i regionale utviklingsmidlar frå staten også i 2019
- 20 mill. kr til Hordaland Havbruksfond  
– kriterium og fordeling i eiga sak
- 40 mill. kr frå havbruksfondet til delfinansiering av miljøopprusting av ferjekaiar

## Tannhelse

- Vidareføring av økonomisk snuoperasjon
- Takstauke for betalande – 4,5%  
– tilpassing til nivået i Sogn og Fjordane
- Ny finansieringsmodell for kompetansesenteret

## Eigedom / Økonomi og organisasjon

- Eigedom ansvar for alle leigeavtalar  
– også tannhelseavtalar frå 2019
- Ekstramidlar til arbeid med etablering av Vestland fylkeskommune
- 50 lærlingar i Hordaland fylkeskommune

## Frie inntekter

- Ingen vekst i frie inntekter for fylkeskommunane frå 2018 til 2019

## Økonomiplan

- Heile økonomiplanen gjeld Vestland fylkeskommune  
– ny økonomi fører til endringar
- Budsjett 2020  
– skal utarbeidast i samarbeid mellom Sogn og Fjordane og Hordaland

## Endring frå 2018 til 2019

Mill. kr		Budsjett 2018	Budsjett 2019	Endring
<b>Eigedom</b>	Netto driftsutgifter	296,5	296,0	-0,5
	2019-kroner	302,0	296,0	-6,0
<b>Kultur</b>	Netto driftsutgifter	212,6	216,0	3,4
	2019-kroner	218,0	216,0	-2,0
<b>Opplæring</b>	Netto driftsutgifter	2 602,9	2 614,0	11,1
	2019-kroner	2 654,0	2 614,0	-40,0
<b>Regional</b>	Netto driftsutgifter	99,5	98,8	-0,7
	2019-kroner	100,8	98,8	-2,0
<b>Samferdsel</b>	Netto driftsutgifter	1 977,5	1 978,9	1,4
	2019-kroner	2 032,9	1 978,9	-53,9
<b>Tannhelse</b>	Netto driftsutgifter	193,2	194,0	0,8
	2019-kroner	199,0	194,0	-5,0
<b>Økonomi og organisasjon</b>	Netto driftsutgifter	187,6	187,6	-0,0
	2019-kroner	191,6	187,6	-4,0
<b>Politisk verksemd, kontrollorgan og fylkesrådmann*</b>	Netto driftsutgifter	58,7	70,1	11,4
	2019-kroner	60,1	70,1	10,0
<b>Fellesfunksjoner</b>	Netto driftsutgifter	-42,6	5,3	47,9
	2019-kroner	-43,6	5,3	48,9
<b>Totalt</b>	Netto driftsutgifter	5 585,9	5 660,7	74,8
	2019-kroner	5 714,7	5 660,7	-54,0

\* Auken skuldast 8 mill. kr til arbeid med regionreform og 2 mill. kr til fylkestingsvalet







REGIONAL PLANSTRATEGI 2016–2020

# Klære mål og tydeleg retning

*Regional planstrategi 2016–2020 vart vedteken av fylkestinget i desember 2016. Planstrategien er ein utviklingsplan for heile Hordaland og gjeld dermed stat, fylkeskommune og kommunane si felles verksemd i fylket. Saman med den administrative verksemdstrategien til fylkeskommunen gjev planstrategien mål og retning for arbeidet med å utvikle hordalandssamfunnet.*

## PLANSTRATEGI – VERKSEMDSTRATEGI – AVDELINGSMÅL

Mål og strategiar i den regionale planstrategien er grunnlaget for prioriteringane i fylkeskommunen. Dette er fanga opp i fylkeskommunen sin verksemdsstrategi der målsetjingane for dei ulike avdelingane sitt arbeid er forankra. I budsjettdokumentet er samanhengen mellom planstrategi og verksemdsstrategi vist ved denne innleiande omtalen og omtale av målsetjingane i avdelingsbudsjetta.

Fylkesrådmannen meiner tydeleg målsetjing og prioritering av aktiviteten er avgjerande både for å løyse sjølve

samfunnsoppdraget og dei økonomiske utfordringane Hordaland fylkeskommune står overfor. Det er difor utarbeidd målsetjingar for å vise kva retning ein må gå for å nå avdelingsmåla i økonomiplanperioden.

I 2019 vil det starte opp eit arbeid med å leggje grunnlaget for ein ny regional planstrategi for Vestland fylkeskommune.

## REGIONAL PLANSTRATEGI – MÅL OG STRATEGIAR

Den regionale planstrategien har følgjande målsetjing for langsiktig utvikling:

Hordaland skal vera berekraftig, attraktivt og nyskapande.

I fireårsperioden 2016–2020 gjeld følgjande hovudmål og strategiar for heile fylket:

*Hordaland skal ha:*

### Høg sysselsetjing

- Auke nyetablering og framtidsetta verdiskaping i næringslivet
- Betre samhandlinga innan utdanningssektoren og mellom utdanningssektoren og regionalt næringsliv
- Auke forskning som verktøy for marknadsretta innovasjonar i arbeids- og næringsliv

### Eit inkluderande samfunn

- Betre trivsel og kvalitet i grunnskule og vidaregåande skule for å auke gjennomføringa

- Styrke inkludering gjennom frivillige organisasjonar i nærmiljø
- Utvikle meir attraktive og funksjonelle regionale senter

### Ei klima- og miljøvenleg utvikling

- Redusere klimagassutslepp og anna luftforureining frå transportsektoren og energiforsyning i bygningar
- Styrke samordning av areal- og transportplanlegging i Bergensområdet
- Tydelegare planstyrt og meir langsiktig og balansert forvaltning av areal, natur- og kulturminneressursar

### Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion

- Utvikle ein framtidsetta folkevald region
- Styrke gjennomslagskraft i Europa
- Styrke regionale transportsamband og digital infrastruktur

## FYLKESKOMMUNEN SIN VERKSEMDSTRATEGI

Verksemdsstrategien for Hordaland fylkeskommune vart vedteken av fylkestinget i oktober 2016. I budsjettforslaget for 2019 følgjer fylkesrådmannen opp den regionale planstrategien og verksemdsstrategien for å sikre tydeleg prioritering og koordinering av aktivitetar og tenester. Til saman er dei to strategiane viktige i arbeidet med å utvikle Hordaland.

Fylkeskommunen si oppfølging av regional planstrategi er nedfelt i og operasjonalisert gjennom verksemdsstrategien. Målsetjingane i verksemdsstrategien er – i tillegg til overordna mål – inndelt i avdelingsvise målsetjingar.



## REGIONALE PLANAR OG TEMAPLANAR

Utover desse overordna planane er det utarbeidd regionale planar for område og tema. Døme på dette er skulebruksplanen, plan for attraktive senter, regional transportplan m.fl. Desse planane er viktige tiltak for å oppfylle måla i

planstrategien. Status for desse planane er nærare omtalt i avdelingsbudsjetta.

## SAMANHENG MELLOM MÅL OG STRATEGIAR

Tabellen nedanfor viser samanhengen mellom målsetjingane og strategiane i den regionale planstrategien og avdelingsmål i fylkeskommunen.

	Overordna mål i regional planstrategi	Strategiar i regional planstrategi	Støtta av følgjande avdelingsvise mål
1	Høg sysselsetjing	Auke nyetablering og framtidretta verdiskaping i næringslivet	Regionalavdelinga skal medverke til eit robust og framtidretta næringsliv (Regional mål 2) Opplæring skal setje regional kompetanseutvikling på dagsorden og ruste innbyggjarane i Hordaland til å møte framtidige kompetansebehov (Opplæring mål 1)
		Betre samhandlinga innan utdanningssektoren og mellom utdanningssektoren og regionalt arbeidsliv	Opplæring skal utvikle og sikre utdanningstilbod som er kjenneteikna av heilskap, kvalitet og tenleg organisering og som svarar på behova i arbeids- og næringsliv (Opplæring mål 2) Saman med samarbeidspartnarar skal Bybanen utbygging vere ein effektiv planleggjar og utbyggjar for å skape ein framtidretta infrastruktur (BU mål 1)
		Auke forskning som verktøy for marknadsretta innovasjonar i arbeids- og næringsliv	
			Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal leggje til rette for å rekruttere, utvikle og halde på den kompetansen som Hordaland fylkeskommune til ei kvar tid treng for å kunne utføre samfunnsoppdraget sitt (Økonomi og organisasjon mål 3)
			Kultur- og idrettsavdelinga skal gjennom fagleg og økonomisk medverknad støtte opp under eit sterkt, profesjonelt og friviljug kulturliv i Hordaland (KIA mål 2)

Tabellen held fram på neste side

2	Eit inkluderande samfunn	Betre trivsel og kvalitet i grunnskule og vidaregåande skule for å auke gjennomføringa	Opplæring skal medverke til at elevane og lærlingane utviklar kunnskap, dugleik og haldningar som gjer at dei kan meistre liva sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet (Opplæring mål 3)
		Styrke inkludering gjennom frivillige organisasjonar i nærmiljø	Tannhelsetenesta skal ha fokus på førebyggjande arbeid og på den måten bidra til betre folkehelse (Tannhelse mål 4)
		Utvikle meir attraktive og funksjonelle regionale senter	Kultur- og idrettsavdelinga skal vere ein samfunnsutviklar og arbeide for å sikre eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv med tilgang og deltaking for alle (KIA mål 3)
			Tannhelsetenesta skal sikre likeverdig tilbod til alle innbyggjarar i Hordaland (Tannhelse mål 1)
			Eigedomsavdelinga skal utøve profesjonell forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling som sikrar at heile eigedomsmassen fyller lovpålagte krav, politiske vedtak og brukarbehov (Eigedom mål 1)
Bybanen utbygging skal utvikle og byggje ein framtidretta infrastruktur som skapar tilgjenge, openheit og framkome for alle (BU mål 3)			
3	Ei klima- og miljøvenleg utvikling	Redusera klimagassutslepp og anna luftforureining frå transportsektoren og energiforsyning i bygningar	Samferdsel skal forvalte og utvikle fylkesvegnettet med vekt på standardheving og klimatilpassa drift og vedlikehald (Samferdsel mål 3)
		Styrke samordning av areal- og transportplanlegging i bergensområdet	Eigedomsavdelinga skal utøve ei offensiv og målretta utvikling av eigedomsmassen som på sikt gjev ein miljøvennlig og kostnadseffektiv bygningsmasse, tilpassa dei tenestene Hordaland fylkeskommune skal yte (Eigedom mål 3)
		Tydelegare planstyrt og meir langsiktig og balansert forvaltning av areal, natur- og kulturminneressursar	Bybanen utbygging skal bidra aktivt som premissleverandør og kompetansebank i utbygjarrolla, og innanfor kollektiv- og infrastrukturutvikling (BU mål 2)
			Samferdsel skal arbeide for at veksten i persontrafikk i Bergensområdet skal skje ved hjelp av gang, sykkel og kollektivtrafikk (Samferdsel mål 4)
Regionalavdelinga skal medverke til ei heilskapleg og berekraftig utvikling og ressursforvaltning gjennom handlingsretta planar (Regional mål 1)			
4	Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion	Utvikle ein framtidretta folkevald region	HFK skal vere pådrivar for regional utvikling i Hordaland og sikre nyskaping, berekraft og gode levevilkår (Overordna konsernmål 1)
			HFK skal setje viktige samfunnstema på dagsorden, og fremje regionale interesser og lokaldemokrati. (Overordna konsernmål 4)
			Regionalavdelinga skal, internt i HFK og ut mot kommunane i Hordaland, bidra til god kunnskaps- og kompetanseutvikling som over tid skal tene heile hordalandsamfunnet (Regional mål 3)
		Styrke gjennomslagskraft i Europa	
		Styrke regionale transportsamband og digital infrastruktur	Samferdsel skal fremje regionale interesser i dialog med kommunane og andre viktige aktørar innan samferdselsområdet (Samferdsel mål 1)



KLIMABUDSJETT

# Grønt skifte

*Hordaland fylkeskommune har høge ambisjonar i arbeidet med klima og miljø. Planlagde utsleppskutt som følgje av nye ferjeanbod vil halvere utsleppa frå Hordaland fylkeskommune innan 2022. Klimabudsjettet synleggjer og legg grunnlag for interne prioriteringar, styring og oppfølging av aktuelle tiltak. Målet er å stimulere til eit ytterlegare taktskifte i klima- og miljøarbeidet i Hordaland.*

## KLIMABUDSJETT SOM PROSESS

Klimabudsjettet omfattar CO<sub>2</sub>-utsleppa i dag, venta utvikling i utsleppa og potensielle utsleppskutt med tilhøyrande kostnader for moglege tiltak. Budsjettet er grunnlag for prioriteringar på førehand og styringsverktøy for oppfølging

av vedtak i ettertid. Dette krev at budsjettprosessen koplart tiltaksvurdering med økonomiske prioriteringar. Denne prosessen bør i dei komande åra leggast til grunn for utarbeidinga av klimaprosnosen.

Tabell 1: Oversikt over prioriterte mål og tiltak, forankring og estimert kostnad.

1	Klimamål	Prioriterte tiltak	Kostnads-effektivitet (kostnad/utslippsreduksjon)	Budsjett	Ansvarleg for gjennomføring	Frist for gjennomføring	Status
1.	Redusere klimagassutslepp frå innkjøpte transporttenester i HFK	Låg-/nullutslepps bussruter i regi av HFK/Skyss	Biodiesel: kr 1 100-2 300,-/tonn, Trolleybatteri kr 3 000-5 000,-/tonn		Skyss/politisk	2019	Pågår
		Arbeide for låg-/nullutslepps båtruter i regi av HFK	Batteri: kr 300-1 200,-/tonn Hydrogen: kr 4 500-9 600,-/tonn		Skyss/politisk	2022/2023 for bybåt	Utgreiing laga for Askøy-ruta, Sogn og Fjordane jobbar med hurtigbåt for lengre strekk
		Låg-/nullutslepps ferjeruter i regi av HFK	Kr 1 100,-/tonn		Skyss	2020	Pågår
		Låg-/nullutslepps drosjetenester i regi av HFK			Skyss	2018	Nullutslepps-drosjer får 1 kr meir pr km til skoleskyss i anbod frå aug 2018.
2.	Redusere klimagassutslepp frå bygg og infrastruktur i HFK	Fossilfrie/Lågutslepp byggeplassar			Eigedomsavdelinga		
		Klima- og miljøvenleg energi til fylkeskommunale bygg			Eigedomsavdelinga		
		Grønare bybaneutbygging			Bybanen utbygging AS		
		Lågutslepps fylkesvegutbygging			Samferdselsavdelinga		Utgreiing
3.	Hordaland på veg mot lågutslepps-samfunnet	Klimaplan for Hordaland	Samansett	10 000 000	Regionalavdelinga - Klima og naturressurs koordinerer	Årleg rullering	Sjå klimaplanens handlingsprogram for detaljar
4.	Grønare konkurransekraft	Handlingsprogram for Næringsutvikling i Hordaland	Samansett	2 500 000	Regionalavdelinga - Næringsseksjonen koordinerer	Årleg rullering	HFK fordeler midlar etter søknad


## PROGNOSE FOR CO<sub>2</sub>-UTSLEPP

Prognosen for CO<sub>2</sub>-utslepp for Hordaland fylkeskommune tek utgangspunkt i tala frå miljørekneskapen. Den omfattar utsleppa frå fossile brensel og drivstoff i eiga verksemd og frå transporttenestene buss, båt og ferje. Elektrisitetsforbruket er ikkje inkludert fordi CO<sub>2</sub>-utsleppet varierer sterkt avhengig av CO<sub>2</sub>-faktorar. Fylkeskommunen arbeider også med tiltak på andre område som ikkje gjev direkte utsleppskutt, men som legg til rette for framtidige utsleppskutt.

### Fylkeskommunal drift

For klimagassutsleppa frå eiga verksemd er det venta ein reduksjon på 37 % mellom 2016 og 2022, jf. figur 1.

Reduksjonen skal gjerast ved fullstendig overgang til biobrensel til oppvarming, samt fortsatt elektrifisering og overgang til biodrivstoff for køyretøy og maskinar. Det er venta at utsleppa frå flyreiser heldt seg stabilt i prognoseperioden fram mot 2022 (Figur 1). I 2020 vil flyreiser utgjere brorparten av klimagassutsleppa frå eiga verksemd. Hordaland fylkeskommune kjøper klimavoter for flyreiser. Det er likevel naudsynt med ytterlegare fokus på tiltak retta mot flyreiser om ein skal oppnå vedtekne mål om reduksjon av klimagassutslepp frå mobile kjelder.



Figur 1: Prognose for årlege klimagassutslepp frå energibruk i eiga verksemd

### Fylkeskommunalt kjøpte tenester


Gjennom handlingsprogrammet for Klimaplan for Hordaland set fylkeskommunen fokus på å nytte offentlig innkjøpsmakt til å påverke leverandører og tilbydarar på ein effektiv måte. Erfaring frå mellom anna ferjeanboda viser at sær store utsléppskutt er mogleg ved å krevje det i anbudsprosessen.

### Kjøp av transporttenester

For transporttenestene ventar fylkeskommunen reduksjon i CO<sub>2</sub>-utsleppa på om lag 55 % mellom 2017 og 2022 (Figur 2). Tiltaka som vert gjennomført har langt større effekt på sikt.

Innanfor ferjesektoren medfører dei nye kontraktane reduserte CO<sub>2</sub>-utslepp med 90 %.

Temaplan for låg- og nullutsleppsbusar omtalar omlegging til biodrivstoff og gradvis elektrifisering i perioden fram mot 2025. Utsleppsreduksjonen i bussektoren avheng av dei nye kontraktane som er under arbeid. Om ein lukkast med finansiering av nullutsleppsløysingar, slik det er lagt opp til i temaplanen, vil den samla reduksjonen i CO<sub>2</sub>-utslepp innfor transportsektoren vere 55% i 2022 samanlikna med 2017.



Figur 2: Prognose for klimagassutslepp (tonn CO<sub>2</sub> – frå fossil oppvarming, transport og transporttenester). 99% av utsleppa kjem frå transporttenestene.

## CO<sub>2</sub>-UTSLEPPA I DAG

Fylkeskommunen utarbeider årleg miljørekneskap. Rekneskapen er basert på rapporterte forbrukstal og omfattar CO<sub>2</sub>-utslepp frå den fylkeskommunale drifta og transporttenestene fylkeskommunen kjøper. Det samla direkteutsleppet av CO<sub>2</sub> i miljørekneskapen er om lag 129 000 tonn og kjøpte transporttenester står for opp mot 99% av dette (Figur 2).

### Bereknar klimafotavtrykk frå bygg og anlegg

Det samla klimafotavtrykket til Hordaland fylkeskommune

vert berekna til om lag 306 000 tonn CO<sub>2</sub> i 2017 (tabell 2). Det dekkar direkte utslepp frå fylkeskommunal drift (kjøretøy, maskinar og oppvarming), innkjøpt energi (varme og strøm) og indirekte utslepp frå innkjøpte varer og tenester (transport, bygg og infrastruktur, forbruksmateriell og utstyr). Berekninga er basert på generelle utsleppsverdiar knytt til fylkeskommunale utgifter rapportert i KOSTRA og vil variere frå år til år i tråd med eingongsinvesteringar i utbyggingar.



Tabell 2: Klimafotavtrykket til Hordaland fylkeskommune 2017 (tonn CO2) – berekna med generelle faktorar basert på utgifter rapportert i KOSTRA. Farga celler svarer til fargekoda i figur 4.


	Forbruksmateri- ell og utstyr	Transport eigne køyretøy	Energi	Bygg og infra- struktur	Kjøp private tenester	Kjøp andre tenester	SUM
Administrasjon	1 839	424	496	1037	9	470	4 275
Opplæring	13 603	3 225	6 400	14 661	4 493	3 012	45 393
Tannhelse	1 120	328	305	1060	137	140	3 090
Kultur, idrett, næring og fysisk planleg- ging	548	723	409	845	3	386	2 914
Fylkesvegar	18	6	0	45 641	0	1	45 665
Bilruter	1 016	2 838	224	1 495	73 423	1 060	80 056
Fylkesvegferjer	0	0	0	15	75 412	29	75 456
Båtruter	0	0	0	24	30 803	1	30 827
Bybanen	2 979	82	52	103	7 380	4 933	15 529
<b>SUM</b>	<b>21 123</b>	<b>7 635</b>	<b>7 886</b>	<b>64 880</b>	<b>195 074</b>	<b>10 032</b>	<b>306 630</b>

Samanlikna med dei føregåande åra, er det ein monaleg reduksjon i klimafotavtrykket frå bygg og infrastruktur knytt til bybanen, fylkesvegar og skulebygg (Figur 3). Bygge- og anleggsverksemd er hovudforklaringa på denne utsleppsreduksjonen. Grunna auka bussrutetilbod i Hordaland, har kjøp av private tenester knytt til bilruter eit auka klimafotavtrykk i 2017 samanlikna med 2015.

Klimafotavtrykket for bygg og infrastruktur varierer frå år til år og er avhengig av fylkeskommunen sin verksemd med bygg og anlegg. Dette er derfor døme på utslepp som ikkje er inkludert i miljørekneskapen.

## BEREKNA KLIMAFOTAVTRYKK FOR HORDALAND FYLKESKOMMUNE 2015–2017

Figur 3: Klimafotavtrykket til Hordaland fylkeskommune 2015–2017 (tonn CO2) – berekna med generelle faktorar basert på utgifter rapportert i KOSTRA




### Rapporterte utslepp frå drifta

Utsleppa frå eiga verksemd inkluderer køyring med tenes-tebil, km-godgjøring for bruk av eigen bil, flyreiser, fjernvarme og fossilt brensel i bygg. Desse kjeldene står for om lag 1 700 tonn CO<sub>2</sub> årleg eller om lag 1,3% av totalen.

Forbruk av elektrisitet utgjer omlag 47 MWh. Klimafotavtrykket varierer mellom 750 og 25 000 tonn avhengig av kva CO<sub>2</sub>-faktor ein nyttar. Derfor er elektrisitetsforbruket ikkje inkludert i føreliggjande prognose.

### Rapporterte utslepp frå transporttenester

Rapporterte utslepp frå transporttenestene omfattar buss, båt og ferje. Desse tenestene omfattar nær 99% av det totale klimagassutsleppet. Kjøp av drosjetenester til individuelt tilrettelagt skuleskyss er per i dag ikkje inkludert i miljørekneskapan. Elektrisitetsforbruket til bybanen er ikkje inkludert fordi klimafotavtrykket varierer sterkt avhengig av CO<sub>2</sub>-faktorar.



Figur 4: Samanlikning av direkte klimagassutslepp frå transporttenester, klimafotavtrykket frå eiga verksemd og bygg og infrastruktur. Klimafotavtrykket for bygg og infrastruktur varierer frå år til år og er avhengig av fylkeskommunen sin verksemd med bygg og anlegg. Dette er døme på utslepp som ikkje er inkludert i miljørekneskapen. Farga celler svarer til fargekoda i Tabell 2.





# Politiske organ og kontrollorgan

## POLITISKE ORGAN

1	Brutto driftsutgifter	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Endring %
	Fylkesting	9 715	10 000	2,9 %
	Fylkesutval	3 750	4 100	9,3 %
	Ymse møte, utval og råd	1 140	1 270	11,4 %
	Utval for kultur, idrett og regional utvikling	1 200	1 220	1,7 %
	Utval for opplæring og helse	1 400	1 410	0,7 %
	Utval for miljø og samferdsel	1 400	1 410	0,7 %
	Fylkeseldrerådet	420	500	19,0 %
	Rådet for m. m. nedsett funksj.evne	420	430	2,4 %
	Ungdommens fylkesting	310	360	16,1 %
	Frikjøp av representantar	2 471	2 551	3,2 %
	Stønad til politiske parti	6 578	6 766	2,9 %
	Tilskot til opposisjonsgrupper	700	723	3,3 %
	Val		2 000	
	<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>29 504</b>	<b>32 740</b>	<b>11,0 %</b>
	Sum driftsinntekter			
	<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>29 504</b>	<b>32 740</b>	<b>11,0 %</b>
	Netto driftsutgifter i 2019-kr	30 082	32 740	8,8 %

Det er lagt inn 2 mill. kr til fylkestingsval i 2019. Dette vert eit felles val til Vestland fylkeskommune, og det er uvisst i kva grad endra organisering vil påverke kostnadene ved valet. Erfaringa frå siste stortingsvalet tilseier at ein bør rekne med auka ressursar til kontrollteljing.

Til fylkeseldrerådet er det utover årleg justering sett av kr 75 000 til å arrangere Vestlandskonferansen i 2019. Dette er ei samling for fylkeseldreråda på Vestlandet.

Ungdommens fylkesutval har søkt om auke på kr 50 000 til arbeidet fram mot Vestland fylkeskommune. Mykje av arbeidet vert gjort i helgene og sidan fleire av medlemmene er under 18 år må det vere vaksne med på samlingane. Dette krev noko meir ressursar. Fylkesrådmannen fører opp kr 360 000 i samsvar med søknaden.

Elles er det berre gjort mindre justeringar i summene, ut frå observert forbruk dei siste åra. Fylkesutvalet og posten «Ymse møter, utval og råd» har fått ei reell styrking, ut over løns- og prisstigning.

### Frikjøp av fylkestingsrepresentantar

I 2018 vart frikjøpsbeløpet fastsett til kr 44 920 pr.

representant. Ved reglementsrevisjonen i fylkestingsak 42/07 vart det bestemt at beløpet pr. fylkestingsrepresentant skal regulerast i samsvar med tariffjusteringar.

Det er lagt til grunn ein lønsvekst frå 2018 til 2019 på 3,25 %. Oppjustert med denne prosentsetsatsen vert frikjøpsbeløpet kr 46 380. Summen for 55 representantar utgjør kr 2 551 000.

### Stønad til fylkestingsgruppene

Dei politiske partia sine grupper i fylkestinget får ein årleg sum som dei kan disponere til arbeidet sitt.

Frå 2007 har ein regulert stønadssatsane med same prosentsetsats som statsbudsjettet nyttar for løns- og prisvekst i kommunesektoren (kommunal deflator).

### I 2018 vart det nytta følgjande satsar:

Stønad til fylkestingsgruppene kr 81 720  
Stønad pr. representant kr 45 890

### Oppjustert med 2,8 %, får ein følgjande satsar i 2019:

Grunnstønad kr 84 010  
Stønad pr. representant kr 47 170

**Stemmestøtte**

I 2018 vart det budsjettert med kr 2 527 000 til stemmestøtte. Justert med 2,8 % i 2019 vert summen kr 2 598 000.

Fylkesutvalet gjorde i sak 57/92 vedtak om at summen skulle delast på dei politiske partia som var representerte i fylkestinget.

**Tilskot til opposisjonsgruppene**

I fylkestingsak 75/11 vart det innført eit tilskot til opposisjonsgruppene innanfor ei ramme på kr 600 000.

Kr 30 000 skulle gå til støtte til kvar gruppe i opposisjonen, og resten skulle fordelast i høve til talet representantar.

Fylkesrådmannen legg til grunn at beløpa vert justert i samsvar med forventa lønsvekst. I 2019 fører ein opp eit samla tilskot på kr 723 000. Grunntilskotet til kvar opposisjonsgruppe vert kr 36 000.

Tilsvarande sum, kr 723 000, vert ført opp til politisk rådgjevar. Summen er teken med under stønad til politiske parti.

## KONTROLL OG REVISJON

1	Brutto driftsutgifter	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Endring %
	Sekretariat for kontrollutvalet	4 600	4 750	3,3 %
	Kontrollutvalet	1 096	1 156	5,5 %
	Ekstern revisor	2 990	3 091	3,4 %
	Sum brutto driftsutgifter	8 686	8 997	3,6 %
	Sum driftsinntekter	-2 300	-2 450	6,5 %
	Sum netto driftsutgifter	6 386	6 547	2,5 %
	Netto driftsutgifter i 2019-kr	6 532	6 547	0,2 %

Sekretariat for kontrollutvalet har 5 stillingar. 4,8 årsverk er for tida i bruk.

Sekretariatet har pr. i dag avtale med 17 kommunar og med Bergen Kirkelige Fellesråd om å vere sekretariat for deira kontrollutval.

Kontrollutvalet har behov for noko midlar i reserve dersom det dukkar opp saker som gjer det nødvendig å kjøpe meir

ekstern bistand. I budsjettforslaget for 2019 er det ført opp 0,475 mill. kr til kjøp av tenester.

Avtalen med Deloitte AS gjeld fram til 30.06.21. Deloitte reviderer frå og med 2017 også rekneskapen for vegsektoren, eit arbeid som tidlegare har vorte utført av Riksrevisjonen.

Budsjettforslaget er i samsvar med det som vart tilrådd av kontrollutvalet i sak 73/2018.







ØKONOMI OG ORGANISASJON

# God og effektiv drift i ny fylkeskommune

*Økonomi- og organisasjonsavdelinga har ei sentral rolle i arbeidet med å leggje til rette for nye Vestland fylkeskommune. Ein vesentleg del av ressursane vil i 2019 vere retta inn mot dette arbeidet for å sikre at viktige fellessystem, reglement og rutinar er på plass til oppstarten i 2020. Samstundes held ein fram med å hente ut gevinstar for å forenkle og forbetre arbeidsprosessar som følgje av nye system, standardisering og digitalisering.*

## UTFORDRINGAR I ØKONOMIPLANPERIODEN

Økonomi- og organisasjonsavdelinga har ansvar for å halde oversyn over totaløkonomien i fylkeskommunen. Dei økonomiske utsiktene som det er gjort greie for innleiingsvis, set rammene for avdelinga sitt arbeid.

Økonomi- og organisasjonsavdelinga har ei sentral rolle i arbeidet med regionreforma. Det er sett i gang ei rekke delprosjekt for å samkøyre dei to organisasjonane til Hordaland og Sogn og Fjordane. Dette er ressurs- og tidkrevjande og må prioriterast framfor andre drifts- og utviklingsrelaterte aktivitetar i 2019. For å sikre tilfredstillande kapasitet både i prosjekta og i den daglege drifta vil ein måtte supplere med kjøp av noko konsulenttenester.

Økonomi- og organisasjonsavdelinga har óg ei viktig koordinerande rolle i samband med utflyttinga frå fylkeshuset ved årsskiftet 2018/2019. Datasenteret skal flyttast ut av bygget alt tidleg i 2019 for å redusere risiko og sårbarheit i drifta.

Arbeidet med implementeringa av vedteken IT-strategi er godt i gang. I åra framover vil det vere ytterlegare behov for å styrke fokuset på arbeidet med digitalisering og e-forvaltning. Ny teknologi og automatisering av arbeidsprosessar vil påverke innhaldet i og utforminga av fylkeskommunen sine tenester til brukarane. Dette stiller nye krav til endringskapasitet, kompetanseutvikling og organisasjonskultur.

## OVERSYNSTABELL

Økonomi- og organisasjonsavdelinga har ansvar for dei sentrale stabstenestene i fylkeskommunen. Tabellen viser dei ulike arbeidsfeltene til avdelinga. Til saman er det 146 årsverk i avdelinga, ein reduksjon på 2,4 i høve til 2018. I tillegg er det 20 lærlingar tilknytt IT-seksjonen og 11,9 årsverk til frikjøpte hovudtillitsvalde. Frikjøpet er auka med 2,6 årsverk i samband med regionreforma.

Det vert arbeidd med effektivisering innanfor alle stabsområda. Om lag halvparten av stillingstalet gjeld IT-sektoren sine tenester ved dei vidaregåande skulane. IKT-konsulentane vart frå 2018 organisatorisk lagt under IT-seksjonen. Fylkesrådmannen vurderer dette som ei vellukka endring, der IKT-konsulentane kjem inn i eit felles fagmiljø med større samordning av ressursane på tvers og redusert sårbarheit i den daglege drifta.

1	Budsjett	2018	2019	%
Stab	Brutto driftsutgifter	7 220	6 960	-3,6 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	7 220	6 960	-3,6 %
HR	Brutto driftsutgifter	63 123	68 750	8,9 %
	Driftsinntekter	-5 500	-8 900	61,8 %
	Netto driftsutgifter	57 623	59 850	3,9 %
IT	Brutto driftsutgifter	84 922	85 380	0,5 %
	Driftsinntekter	-6 500	-7 000	7,7 %
	Netto driftsutgifter	78 422	78 380	-0,1 %
Kommunikasjon/fylkessekretariatet	Brutto driftsutgifter	16 212	15 550	-4,1 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	16 212	15 550	-4,1 %

Tabellen held fram på neste side

1 Budsjett		2018	2019	%
Budsjett	Brutto driftsutgifter	4 782	3 800	-20,5 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	4 782	3 800	-20,5 %
Fylkeskassen	Brutto driftsutgifter	11 648	11 610	-0,3 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	11 648	11 610	-0,3 %
Innkjøp	Brutto driftsutgifter	12 577	12 250	-2,6 %
	Driftsinntekter	-850	-800	-5,9 %
	Netto driftsutgifter	11 727	11 450	-2,4 %
<b>Totalt</b>	<b>Brutto driftsutgifter</b>	<b>200 484</b>	<b>204 300</b>	<b>1,9 %</b>
	<b>Driftsinntekter</b>	<b>-12 850</b>	<b>-16 700</b>	<b>30,0 %</b>
	<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>187 634</b>	<b>187 600</b>	<b>0,0 %</b>
	<b>Netto driftsutg. i 2019-kr</b>	<b>191 566</b>	<b>187 600</b>	<b>-2,1 %</b>

I tabellen over er driftsbudsjettet for 2018 justert for IKT-konsulentar med + 3 mill. kr. Budsjettet er dessutan redusert med økonomi- og organisasjonsavdelinga sin del av den administrative innsparinga på 15 mill. kr som vart vedteke av fylkestinget for 2018.

## ENDRINGAR

Endringar frå 2018 til 2019		Mill. kr
Endring budsjettramme		-4,0
Tiltak og endringar for å nå balanse:		
Auka behov lærlingar i HFK		0,3
Auka frikjøp hovudtillitsvalde		1,9
Innsparing vakante leiarstillingar		-1,2
Innsparing IKT		-1,5
Innsparing redusert konsulentbruk innkjøp		-0,5
Innsparing/gevinstrealisering økonomisystem		-0,5
Innsparing adm. effektivitet		-1,5
Generell innsparing/underkompensert prisvekst		-1,0
Sum		-4,0

Talet på lærlingar er no komen opp i 50. Målsettinga er i første omgang å stabilisere drifta på dette nivået. Det er difor lagt inn ein mindre auke i budsjettet.

I samband med regionreforma er det avtalt auka frikjøp av hovudtillitsvalde. Dette utgjer ein meirkostnad på 1,9 mill. kr.

Som følge av fleire konstitueringar på leiarnivå i avdelinga vert stillingar haldne vakante i 2019. Dette gjev ei innsparing på 1,2 mill. kr.

Innanfor IKT-området vert det arbeidd med effektivisering og standardisering. Det er venta at dette vil medføre ei innsparing på 1,5 mill. kr i 2019.

Det vert lagt til grunn ei innsparing på 0,5 mill. kr knytt til mindre kjøp av konsulenttenester innanfor innkjøpsområdet.

Vidare arbeid med gevinstrealisering knytt til nytt, integrert økonomisystem vil gje ei innsparing på 0,5 mill. kr.

Økonomi- og organisasjonsavdelinga sin del av den administrative effektiviseringa som vart vedteke i budsjett 2018 gjev ytterlegare effekt på 1,5 mill. kr i 2019.

Det er lagt til grunn ei generell innsparing i avdelinga på 1,0 mill. kr i form av underkompensert prisvekst.

## MÅL OG TILTAK

Den vedtekte verksemdstrategien til HFK legg føringar for avdelinga sitt arbeid. Målsetjingane går fram nedanfor.

Mål	Tiltak 2019	Resultatmål 2019	Resultatmål 2022
M1: Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal vere ein aktiv samarbeidspartnar for fagavdelingane i Hordaland fylkeskommune ved å fremje internt samarbeid, søke heilskapelege løysingar og levere kunnskapsbaserte tenester gjennom profesjonell og effektiv drift.	Arbeid med regionreforma	Gjennomføre alle delprosjekt i tråd med mandat	
	Klargjere rolle/ansvar hos stabane		Alle seksjonar skal skåre minst 4,2 i brukarundersøking
M2: Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal sikre at Hordaland fylkeskommune har ein sunn og berekraftig økonomi basert på tenlege styringsverktøy og god økonomiforståing i heile organisasjonen	Tilretteleggje budsjettprosessen i nye Vestland fylkeskommune	Felles budsjett for drift og investering	
	Vidareutvikle økonomikurs for leiarar	Minst 80 % av alle leiarar skal ha gjennomført økonomikurs	Minst 95 % av alle leiarar skal ha gjennomført økonomikurs
M3: Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal leggje til rette for å rekruttere, utvikle og ta vare på den kompetansen som Hordaland fylkeskommune til ei kvar tid treng for å kunne utføre sitt samfunnsoppdrag.	Følgje opp aktuelle tiltak frå medarbeidarundersøkinga 2018		Auke del tilsette med svært høg jobbtrivsel til minst 40 %
	Styrke grunnopplæringa i HMS for leiarar	Stabilisere del nærvær blant tilsette på minst 95 %	Auke del nærvær blant tilsette til minst 96 %
M4: Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal vere ein pådrivar for å utvikle og modernisere Hordaland fylkeskommune gjennom effektive og framtidssretta fellessystem og arbeidsprosessar med særleg merksemd på kontinuerleg forbetring og gevinstrealisering.	Følgje opp IT-strategi med tilhøyrande aktivitetar	Realisere minst 3 mill. kr i gevinst nytt økonomisystem (akkumulert)	Realisere minst 5 mill. kr i gevinst nytt økonomisystem (akkumulert)
	Effektivisere innkjøpsprosessar/fakturahandsaming		
M5: Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal leggje til rette for og sikre bruk av effektive avtalar med profesjonelle leverandørar av varer og tenester på alle verksemdområda i Hordaland fylkeskommune.	Opplæring i og oppfølging av innkjøpspolitikken	Auke bruken av eHandel til minst 55 % for varekjøp	Auke bruken for varekjøp av eHandel til minst 75 %
	Auke bruken av rammeavtalene i organisasjonen	Auke del kjøp innanfor rammeavtale til minst 90 %	Auke del kjøp innanfor rammeavtale til minst 95 %
M 6: Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal medverke til å styrke omdømet til Hordaland fylkeskommune og arbeide for god intern og ekstern informasjonsflyt gjennom målretta og verdibasert kommunikasjon.	Vidareutvikle internt kommunikasjonsarbeid	Minst 10 utgåver av "Treffpunkt Vestland"	
	Styrke tilrettelegging for lokale og brukarorienterte forteljingar i relevante kanalar		
	Utvikle innhald/funksjonalitet på nye nettsider for Vestland fylkeskommune		Snittskår for tilfredse brukarar av nye nettsider minst 4,0



## PRIORITERINGAR I 2019

Økonomi- og organisasjonsavdelinga har ei sentral rolle i arbeidet med regionreforma. Innanfor stabsområda er det sett i gang ca. 30 ulike delprosjekt for å samkøyre dei to organisasjonane til Hordaland og Sogn og Fjordane. Som ledd i dette er det også naturleg å arbeide vidare med å klargjere kva rolle og ansvar dei sentrale stabsfunksjonane i organisasjonen skal ha og korleis samhandlinga med fagavdelingane kan utviklast i åra framover. Arbeidet med regionreforma vil ha høg prioritet. For å sikre tilfredstillande kapasitet både i prosjekta og i den dagleg drifta må ein supplere med konsulenttenester av noko omfang.

HR-seksjonen har ei nøkkelrolle i arbeidet med å koordinere rekruttering og innplassering av tilsette i nye Vestland fylkeskommune i tråd med vedteken omstillingsavtale. Arbeid med ny organisasjonsstruktur vil vere ein prioritert aktivitet saman med revisjon av reglement og rutinar inn mot 2020. Vidare vil det vere betydeleg arbeid knytt til oppsett og implementering av nytt felles løns- og persoonsystem.

God økonomistyring krev tenlege styringsverktøy og god økonomiforståing hos leiarane i organisasjonen. For å støtte ytterlegare opp om dette, er det i Hordaland fylkeskommune implementert ein BI-modul (Business intelligence) i økonomisystemet, der sentrale styringsdata vert samla og strukturert slik at kvar leiar raskt og enkelt får oversyn over viktige nøkkeltal og økonomisk status for si eining. Fylkesrådmannen meiner dette verktøyet vil gjere økonomistyringa enklare og meir oversiktleg for leiarane og på sikt medverke til betra budsjett disiplin. Det vert difor lagt opp til å vidareføre og vidareutvikle dette systemet i den nye fylkeskommunen.

Det integrerte økonomisystemet vil over tid gje gevinstar i form av meir effektive arbeidsoperasjonar, som kan løysast på ein enklare måte. I 2019 er det rekna med ytterlegare 0,5 mill. kr (akkumulert 3 mill. kr frå 2017) i

gevinstrealisering som følgje av dette i avdelinga – auka til 5 mill. kr (akkumulert) i 2022 på overordna nivå. For å hente ut desse gevinstane vil økonomi- og organisasjonsavdelinga særleg fokusere på å forenkla og forbetre prosessane knytt til innkjøp og fakturahandsaming. Arbeidet med å inngå nye, felles innkjøpsavtalar med Sogn og Fjordane er godt i gang og vert intensivert i tida framover.

Det vil bli arbeid med oppsett og implementering av felles system for budsjettering, innkjøp og rekneskap i Vestland fylkeskommune i 2019 basert på reviderte reglement og nye fullmaktstrukturar. Vidare vil budsjettprosessen for 2020 starte opp tidleg i 2019 med samanstilling av og oversikt over budsjett og økonomisk status for Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar. Dette vil vere ein omfattande aktivitet som vil gå føre seg gjennom heile året.

Vidare implementering av IT-strategien med merksemd på mellom anna overordna IT-styring, arkitektur og infrastruktur, prosjekt- og porteføljestyling og personvern vil halde fram i 2019, parallelt med omfattande arbeid knytt til tilrettelegging for trygg og sikker IT-drift i den nye fylkeskommunen.

På kommunikasjonsområdet har arbeid med nye internett-sider for Vestland fylkeskommune høg prioritet.

Målretta og systematisk arbeid med HMS (helse, miljø og sikkerheit) er framleis eit satsingsområde. Det er som tidlegare år sett av 1,3 mill. kr i fellesmidlar til personalopp-læring, 1,5 mill. kr til leiarskapsutvikling og 1 mill. kr til generell organisasjonsutvikling.

Hordaland fylkeskommune legg stor vekt på å gjennomføre naudsynte omstillingar i organisasjonen på ein god og mest mogleg føreseieleg måte. Det er sett av til saman 9 mill. kr til aktuelle omstillingstiltak og intern mobilitet.



## STYRINGSDOKUMENT – REGIONALE PLANAR OG TEMAPLANAR

Temaplanar	Vedtaksår	Utval	Revisjon
Likeverdsplan	2017	FT	2021

Temaplanen for likeverd i Hordaland fylkeskommune er følgd opp gjennom medlemskapen i det europeiske chartret for likestilling og gjennom vidareføring av arbeidet med inkludering av kjønns- og seksualitetsmangfald på arbeidsplassen, mellom anna gjennom arbeid med sertifisering

som LHBT-verksemd (lesbiske, homofile, bifile og transpersonar). Dette arbeidet vil også gå føre seg i 2019. Aktuelle planar som støttar opp om arbeidet med likeverd i organisasjonen skal reviderast.



## FOLKEHELSE

Med rundt 4400 tilsette er Hordaland fylkeskommune ein av dei største arbeidsgjevarane i fylket.

Måltal for jobbtrivsel og nærvær er relevante indikatorar for folkehelsa blant tilsette:

- Hordaland fylkeskommune har mål om eit nærvær på minst 95 %. I 2017 var nærværet i organisasjonen samla på 94,3 %, men det er variasjonar

mellom dei ulike fagavdelingane. Det vert arbeid med ulike tiltak for å auke nærværet i dei ulike einingane. Sentralt er det som tidlegare sett av 1 mill. kr til internt folkehelsearbeid i organisasjonen.

- Jobbtrivselen hos dei tilsette vert målt gjennom eigne medarbeidarundersøkingar. I målinga i 2018 svarte 87 % at dei hadde god jobbtrivsel. Målet er å auke delen som opplev svært høg jobbtrivsel med to prosentpoeng til 35 % i neste undersøking.

## LÆRLINGAR

Økonomi- og organisasjonsavdelinga vil i 2019 ha om lag 20 IKT-lærlingar, i tillegg til å inngå som praksisplass for andre lærlingar i organisasjonen innanfor kontor- og administrasjonsfaget. På sikt er ambisjonen å ha ein IKT-lærling ved kvar vidaregåande skule. Gjennom målretta

arbeid har Hordaland fylkeskommune lukkast med å auke talet på lærlingar i eigen organisasjon frå rundt 20 i 2015 til totalt 50 lærlingar i 2018. Som følgje av dette er det budsjettert med ein liten auke på 0,3 mill. kr i 2019, til totalt 5,4 mill. kr.



## EIGEDOM

# Klart for nytt fylkeshus

*Fylkestinget har gjeve klarsignal for å byggje eit nytt og framtidsretta fylkeshus i Bergen. Bygget vil bli eit regionalt knutepunkt for utviklinga av nye Vestland fylkeskommune. Arbeidet går inn i ein ny fase i 2019 med arkitektkonkurranse og førebuing av utflytting til mellombelse lokale på Sandsli. Også på andre område vil det vere stor aktivitet knytt til utbygging og investeringar i gode bygg for framtida, mellom anna nye skulebygg i Åsane, på Askøy og Stord samt oppgradering av bussanlegget i Knarvik.*

Etter fleire år med stor auke i oppgåver og driftsbudsjett vil 2019 på driftssida i større grad handle om å vidareføre eksisterande aktivitet og følgje opp mål og vedtak frå tidlegare år. Ei sentral oppgåve i dette vil vere å få til ein god prosess fram mot etablering av Vestland fylkeskommune frå 2020. I dette ligg og at ein skal gjere vidare vurderingar av kva oppgåver som naturleg høyrer heime i avdelinga. Ytterlegare auka ansvar for drift og forvaltning av bygg er mellom dei forhold som vil bli vurdert.

Det høge investeringsnivået held fram. I investeringsplanen ligg mellom anna ny vidaregåande skule i Åsane og nytt/totalrenovert fylkesbygg inne som to, av mange, store oppgåver.

Storleiken på fleire av desse prosjekta gjer at dei økonomiske konsekvensane, sjølv med relativt små avvik, vert store. Fokus på aktiv bruk og utvikling av styringssystemet er difor viktig også dei komande åra.

Innan bygningsdrift vert det viktig å optimalisere ressursbruken, både kvalitets- og kostnadmessig. Dette gjeld for område som energi, reinhald og teknisk drift av bygg. Det er etablert nokre måltal som skal nyttast i arbeidet, men etablering av gode måltal vil likevel bli jobba vidare med i planperioden.

## OVERSYNSTABELL

Tal i tusen

1	Område	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Endring %
	Sentral eigedomsforvaltning			
	Brutto driftsutgifter	25 990	29 690	14,2 %
	Driftsinntekter	-5 250	-6 000	14,3 %
	Netto driftsutgifter	20 740	23 790	14,7 %
	Administrasjonsbygg			
	Brutto driftsutgifter	10 335	10 236	-1,0 %
	Driftsinntekter	-45	-50	11,1 %
	Netto driftsutgifter	10 290	10 186	-1,0 %
	Byggdrift vidaregåande skular			
	Brutto driftsutgifter	178 937	179 848	0,5 %
	Driftsinntekter	-3 270	-3 767	15,2 %
	Netto driftsutgifter	175 667	176 081	0,2 %
	Byggdrift kulturbygg			
	Brutto driftsutgifter	1 050	1 500	42,9 %
	Driftsinntekter	0	0	0 %
	Netto driftsutgifter	1 050	1 500	42,9 %
	Byggdrift tannhelse			
	Brutto driftsutgifter	327	332	1,5 %
	Driftsinntekter	0	0	0 %
	Netto driftsutgifter	327	332	1,5 %
	Byggdrift samferdsel/kollektiv			
	Brutto driftsutgifter	18 324	18 416	0,5 %
	Driftsinntekter	-754	-1 055	39,9 %
	Netto driftsutgifter	17 570	17 361	-1,2 %



1	Område	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Endring %	
	Leige/utleige av bygg	Brutto driftsutgifter	103 532	97 395	-5,9 %
		Driftsinntekter	-37 476	-35 345	-5,7 %
		Netto driftsutgifter	46 056	61 950	34,5 %
	Anna verksemd	Brutto driftsutgifter	4 800	4 800	0 %
		Driftsinntekter	0	0	0 %
		Netto driftsutgifter	4 800	4 800	0 %
	Sum brutto driftsutgifter		343 295	342 217	-0,3 %
	Sum driftsinntekter		-46 795	-46 217	-1,2 %
	Netto driftsutgifter		296 500	296 000	-0,2 %
	Netto driftsutgifter i 2019 kr.		302 000	296 000	-2,0 %

I tabellen over er budsjetta for 2018 justert for følgjande organisatoriske endringer sidan det vart vedteke i desember 2017:

1	Endring	Budsjett
	Overført ansvar knytt til leigeavtalar tannhelse	20 000

Tal i tusen

### Ansvarsjusteringar

Avdelinga overtar frå 2019 ansvaret for oppfølging av og betaling for husleige knytt til tannklinikkar. Avdelinga har vidare i løpet av 2018 fått auka ansvar knytt til det gamle hovudhuset, representasjonsbustaden på Stend. Endringa knytt til tannhelse er innarbeidd i ramma med ein årleg konsekvens på 20 mill. kr.

Som følge av fylkeskommunen sine stramme økonomiske rammer, er avdelinga si ramme justert ned med 6 mill. kr. Dette kravet er dekt inn gjennom innsparing i leige og omorganisering knytt til drift av bygg som har gjeve grunnlag for redusert stillingstal. Vidare er det gjort einskilde interne justeringar, som ikkje påverkar samla ramme, men gir utslag i budsjetta for dei ulike formåla/områda.

## ENDRINGAR

1	Endringar frå 2018 til 2019	Tal i tusen
	Endring budsjettramme	-6 000
	<b>Tiltak og endringer for å nå balanse:</b>	
	Byggdrift vidaregåande skular	-2 500
	Leige/utleige av bygg	-4 500
	Interne justeringar	1 000
	Sum	-6 000

## MÅL OG TILTAK

Mål	Tiltak	Resultatmål 2019	Resultatmål 2022
Eigedomsavdelinga skal utøve profesjonell forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling som sikrar at heile eigedomsmassen fyller lovpålagte krav, politiske vedtak og brukarbehov	Årlege brukarundersøkingar	Få betre score enn 4 på meir enn 50 % av målepunkta. På ein skala 1-5 med 5 som best	Få betre score enn 4 på minimum 90 % av målepunkta
Eigedomsavdelinga skal sikre forsvarleg og strukturert forvaltning av eigedomar som fylkeskommunen nyttar	Sikre eigarforhold til relevante byggdatab	Velje system og metode for registrering av data	Utvalte data registrert i eige system med fullt eigarskap for fylkeskommunen
Eigedomsavdelinga skal utøve forsvarleg og verdibasert drift og vedlikehald av eigedomsmassen	Måle driftskostnader pr. m <sup>2</sup>  Forbetre byggteknisk standard på eigedom fylkeskommunen nyttar	2 % reduksjon målt mot nullpunkt som var forbruk i 2016.  Lage tiltaksplan basert på kartlagde behov  Oppnå gjennomsnittlig tilstandsgrad på under 1,4. Basis er 1,42*	Samla reduksjon på 5% målt mot nullpunkt i 2016 Oppnå gjennomsnittleg tilstandsgrad på 1,28
Eigedomsavdelinga skal utøve ei offensiv og målretta utvikling av eigedomsmassen som på sikt gjev ein miljøvennleg og kostnadseffektiv bygningsmasse, tilpassa dei tenestene fylkeskommunen skal yte	Vere offensiv med omsyn på å fremje miljøvenlege løysinga: BRE-EAM klassifisering av nybygg  Sikre at dei fylkeskommunale skular og kontorbygg blir meir optimale med omsyn på areal ved å:  Måle areal pr. kontorarbeidsplass  Måle areal pr. elev  Sannering av heilt uegna bygg. Bygge nytt Ombygging av areal	Redusere temperaturkorrigert forbruk med 2,2 %  1 % reduksjon av areal målt mot nullpunkt haust 2017	Redusert totalt temperaturkorrigert forbruk av energi med 8,8 % målt mot nullpunkt i 2016  Samla reduksjon av areal med 3% målt mot nullpunkt haust 2017

\* Skalaen går frå 0-3 med 0 (nybygg) som best.



## PRIORITERINGAR I 2019

Avdelinga har tre hovudpilarar for verksemda – forvalting, drift og utbygging.

Innan forvalting og drift har avdelinga i åra 2016–2018 overteke store oppgåver frå opplæringsavdelinga.

I 2018 er det gjennomført kartlegging av bygningsteknisk standard i hovudsak på skulebygg og bygg knytt til samferdsle/kollektiv. Dette vil gje grunnlag for prioritering med gjennomføring av tiltak og utvikling av vedlikehaldsplanar fram i tid. Utarbeiding av prioriteringslister for skulesektoren vil bli fokusert på i 2019.

For kollektivdelen er det utarbeidd prioritert liste. Ein ser at eigedomane organisert som eigne aksjeselskap har størst behov og ein har starta opp arbeidet med å oppgradere bussanlegget i Knarvik. Dette er venta fullført tidleg i 2019. Prioriteringane her fylgjer i hovudsak framdriftsplanane som Skyss har knytt til anbudsprosessar.

Arbeidet for betre og billigare byggdrift, med energieffektivisering vil halde fram i heile planperioden. For å nå måla må ein mellom anna sikre seg naudsynt ny spisskompetanse og gje fagleg utvikling til tilsette ein alt har.

Når det gjeld utbygging/investering, er det stor aktivitet i heile perioden.

Nye Åsane vgs hadde byggjearbeid i 2018 og for skulane Askøy vgs og Stord vgs, avd Vabakken, vil ein vidareføre planleggingsarbeidet. Desse skulane er planlagde ferdigstilte i 2022 i samsvar med den vedtekne skulebruksplanen.

Totalrenovering/nybygg av fylkehuset er vedteke, med utflytting til mellombels lokale på Sandsli frå årsskiftet 2019/2020. Byggeprosessen er planlagt å ta tre år. Både bygginga og flyttinga åleine vil krevje store ressursar og leggje beslag på mykje kapasitet også i 2019.



## FOLKEHELSEPERSPEKTIVET

Regional plan for folkehelse har «fleire gode leveår» for alle som undertittel. Barn og unge og eit universelt samfunn der alle kan delta på like vilkår, er sentrale satsingsområde.

Eigedomsavdelinga har gjennom mange år hatt målretta fokus på at alle nye bygg skal vere universelt utforma. For eksisterande bygningsmasse har skulebygg vore prioritert. Arbeidet med dette held fram i planperioden.

Fylkeskommunen har dei siste åra bygd fleire idrettshallar som del av nye skulebygg. I budsjettet for 2018 var det

lagt opp til å etablere nye rutinar for bruk av desse hallane, spesielt på ettermiddag og kveld.

Dette arbeidet kom ein ikkje i mål med, men det vil bli jobba vidare med dette i 2019. Premissen for arbeidet vil framleis vere at omsynet til folkehelse, særleg blant barn og unge, vert lagt vekt på. Ein vil og sjå på om det er råd å få avsett noko tid til grupper som tradisjonelt har vore mindre fysisk aktive, i von om å få til ei større samla deltaking.



## STYRINGSDOKUMENT – REGIONALE PLANAR OG TEMAPLANAR

Dei mest sentrale planane i avdelinga sitt arbeid er

Plan	Mål	Strategiar
Skulebruksplan	Gode læringsmiljø	Oppgradere eksisterande bygg med tekniske anlegg Nybygg og avhending av eldre bygg og bygg som ikkje er helseverngodkjent Etablering av nye skular og tannklinikkar i tilknytning til lokale knutepunkt
Klimaplan	Ei klima- og miljøvenleg utvikling	Redusere og helst fase ut bruken av fossilt brennstoff Styrkje ressursbruken knytt til drift av tekniske anlegg og installasjonar med mål om redusert energibruk Ha eit nybyggprosjekt med sterkt fokus på miljøperspektiv ved etablering og bygging ( "Bream" modell og måling). Redusere bruk av fossilt drivstoff på byggeplassar
Tannklinikkk strukturplan		Etablering av nye klinikkar i tilknytning til lokale knutepunkt
Folkehelse	Eit inkluderande samfunn	Krav om universell utforming av nye bygg Vurdere bruk av ledig tid i fylkeskommunale bygg
Temaplan for likeverd	Eit inkluderande samfunn	Krav om universell utforming av nye bygg
Regional planstrategi	Utvikle meir attraktive og funksjonelle regionale sentre Eit inkluderande samfunn	Krav om universell utforming av nye bygg Vurdere bruk for andre av ledig tid i fylkeskommunale bygg

## NÆRARE OM AKTIVITETSOMRÅDA

### Sentral eigedomsforvaltning

Dette budsjettområdet omfattar eigedomsavdelinga sentralt som ikkje er direkte knytt opp mot ulike tenesteområde. Det er budsjettert med 28 årsverk i 2019. Dette er to stillingar meir enn i 2018 og skuldast auka ansvar for forvaltning av avtalar/innkjøp og styrking av arbeidet opp mot prosessstyring /utviklingsarbeid samt styrking av eigen prosjektleiarkompetanse. Hovuddelen av desse kostnadane vil bli belasta konkrete utbyggingsprosjekt.

### Administrasjonslokale

Budsjettområdet omfattar drift av fylkeshuset og områda rundt, utanom leigekostnad.

Det er vedteke flytting til mellombels lokale frå januar 2020. Det er naturleg at ein skilde kostnader knytt til flytteprosess vert budsjetterte her. Ein legg og til grunn at vedlikehaldskostnadane på eksisterande fylkesbygg skal avgrensast til eit minimum før flyttinga.

Leigeavtalen for mellombels lokale på Sandsli gjev fylkeskommunen som leigetakar omfattande driftsansvar. Vidare vil det og vere nokre driftskostnader knytt til dagens fylkesbygg i byggeperioden. I økonomiplanperioden er det difor lagt til grunn om lag ei vidareføring av gjeldande budsjettramme.

### Byggdrift vidaregåande skular

Posten utgjer den største delen av avdelinga sitt driftsbudsjett og omfattar driftsleiarsteneste og reinhaldsteneste ved vidaregåande skular, og ekstraordinært vedlikehald og midlar til kartlegging. Det er lagt til grunn ein reell nedgang i ramma på litt over 2,5 mill. kr frå 2018 og ut økonomiplanperioden.

For å nå vedtekne mål knytt til energiøkonomisering og betre byggdrift er det behov for meir kompetanse knytt til drift av bygg. Dette er eit felt ein har styrka dei siste åra, med gode resultat. Avdelinga vil, innanfor eksisterande budsjettrammer, jobbe for ytterlegare styrking av dette arbeidet i planperioden.

### Byggdrift kulturbygg

Posten omhandlar drift av lokala til bevaringstenesta i Salhus og Kabuso i Øystese. I 2018 vart det utvida til også å omfatte driftskostnader for Stend Hovudgard. Drifta har samla vore noko underfinansiert dei siste åra. Budsjettramma for planperioden har difor ei lita styrking i høve til vedteke budsjett for 2018.

### Byggdrift tannhelse

I samband med endringa av reinhaldet for vidaregåande skular vart og ansvaret for reinhald ved Askøy tannklinikk overført til eigedomsavdelinga.

Vidare vert ein skilde kostnader knytt til bygningsmessig vedlikehald og drift av tannklinikkar som fylkeskommunen eig, budsjettert her. Budsjettposten er vidareført om lag på same nivå som i budsjettet for 2018.

### Byggdrift samferdsel/kollektiv

Posten omfattar kollektivanlegg, som fylkeskommunen nyttar sjølv eller har stilt til rådvelde for andre. I hovudsak gjeld dette Bystasjonen og bybaneanlegget på Kokstad i Bergen. Vidare gjeld budsjettposten parkeringsanlegga ved Birkelandskryssset, Åsane, Loddefjord, Knarvik og Straume bussterminal. I tillegg kjem drift av sjåførfasilitetar.

Budsjettposten er vidareført på om lag same nivå som i 2018.

### Leige/utleige av bygg

Eigedomsavdelinga overtok i løpet av 2017 det økonomiske ansvaret knytt til innleige av undervisningslokale. Ansvaret for kroppsøvningslokale vart overteke frå 2018. Frå 2019 overtar avdelinga og ansvaret knytt til leigeavtaler innom tannhelse.

Posten omfattar og leigekostnader knytt til mellombels lokale og utleige av grunnareal. Vidare omfattar posten det meste av utleige av bygg /grunnareal.

Det samla budsjettert med reell nedgang i forhold til 2018. Dette skuldast heilårseffekt knytt til leigeavtaler som vart avslutta i løpet av 2018, og då i hovudsak på Voss. Det er også avtala lågare leige for administrasjonslokale i 2019. For tannhelse får ein noko høgare leigekostnad i 2019 enn kva ein hadde i 2018. Dette skuldast nye leigavtaler for Arna, Fana og Øygarden.

### Anna verksemd

Posten omfattar forsikring av fylkeskommunale eigedomar, innbu og leigelokale med budsjett på 3,8 mill. kr, og fylkeskommunen si interne forsikringsordning knytt til bygg/eigedomsrelaterte skader. Intern forsikringsordning dekkjer eigenandelar over kr 10 000 ved forsikringssskadar, og tilskot til førebyggjande tiltak. For 2018 fekk ein innsparing i forhold til budsjett og sjølv om skadetetal og byggkostnader auka, legg ein difor til grunn ei vidareføring av budsjett for 2018 med same kronebeløp.





## OPPLÆRING

# Framtidsretta kompetanse- utvikling

*Hordaland fylkeskommune arbeider for å ruste innbyggjarane til å møte framtidige kompetansebehov i samarbeid med kommunane, næringslivet og partane i arbeidslivet. Det vert arbeidd målretta med ulike tiltak som står opp om denne satsinga, mellom anna knytt til nye modellar innanfor fag- og yrkesopplæringa. Hovudmålet for alle opplæringstiltak er auka læringsutbytte og fullføring. Resultatoppfølginga skjer i tett dialog med skulane, der god kvalitet i undervisninga, samarbeid og utvikling i fellesskap skal bidra til betre måloppnåing.*

## UTFORDRINGAR I ØKONOMIPLANPERIODEN

Opplæringssektoren skal gje utdanningstilbod som er kjenneteikna av heilskap, kvalitet, tilstrekkeleg kapasitet og tenleg organisering. Dette skal sikrast innanfor ein skule- og tilbodsstruktur som er økonomisk berekraftig. Målsetjinga er auka læringsutbytte og fullføring.

I 2016 vart skulebruksplanen for 2017–2030 vedteken. Planen slår fast at det er for mange elevplassar i Hordaland i høve til venta elevtal i planperioden. Arbeidet med å implementere vedtaka i planen er godt i gang. Talet på vidaregåande skular er redusert frå 39 i 2016 til 33 i 2018.

I økonomiplanperioden opnar nye Åsane vidaregåande skole i 2020. Laksevåg vidaregåande skole sitt studieførebuande tilbod vart flytta til Bergen Katedralskole i 2018, og yrkesfagtilboda ved Laksevåg og Bergen maritime vidaregåande skole vert slått saman i 2020. Skulane vert samlokalisert i Bergen maritime vidaregåande skole sine lokale fram til nytt bygg er klart på Laksevåg i 2023. Fagskulen i Hordaland skal samlokalisert med den nye vidaregåande skulen på Laksevåg. Nytt bygg for kroppsøving og delar av musikktilbodet ved Langhaugen vidaregåande skole opnar i 2022. Rehabilitering og tilbygg på Askøy vidaregåande skole skal ferdigstillast i 2023. Nytt bygg for TIP og EL i ein fleksibel opplæringsmodell vil bli ferdigstilt ved Bømlo vidaregåande skole i 2022 og dei to skulane på Bømlo vert slått saman til ein skule. Rehabiliteringa av Stord vidaregåande skole avd. Vabakkjen er planlagt ferdigstilt i 2022.

Samstundes med alle desse strukturelle grepa skal sektoren halde fram med å gje tilbod som har høg kvalitet. Dei komande åra vil ein gå tettare inn på den enkelte skule og følgje opp resultatane. Tiltak som er sett i gang for å auke fullføring og kvalitet, vert følgd opp og korrigert der det er

trong for det. Arbeidslivet har behov for kvalifiserte fagarbeidarar. I Hordaland er målsettinga at 50 % av ungdommen skal velje yrkesfagleg utdanning (Vg1). Samstundes slit fag- og yrkesopplæringa i heile landet med låg gjennomføring. Hordaland fylkeskommune har sett i verk fleire tiltak og prosjekt for å betre på dette. Mellom anna er det innført ei forsøksordning med yrkesfaglege koordinatorar, og denne ordninga vert vidareført i 2019. Det er og sett i gang prosjekt for å utvikle nye modellar for fag- og yrkesopplæringa. Det er konflikt mellom behova i arbeidslivet og kva elevane ønskjer av fagtilbod.

Hordaland er eit av dei største fagskulefylka. Tilbodet skal sikre regional tilgang på kompetanse og arbeidskraft. Endringar i finansieringsordninga frå staten gjev fylkeskommunen eit meir sjølvstendig ansvar for å utvikle nye tilbod og prioritere strategisk innanfor økonomiske rammer.

I heile landet er det ei stor utfordring å ta i bruk det potensialet som ligg i å kvalifisere vaksne til å delta i framtidig arbeidsliv. Oppgåva omfattar både å sikre allmenn grunnopplæring og å tilby relevant kompetanse i eit arbeidsliv som heile tida endrar seg. Utvida rett til opplæring for vaksne vil bety høgare ressursbruk i åra framover.

Produksjonsskulen er eit tilbakeførnde tiltak for ungdom som har falle ut av både yrkesfagleg og studieførebuande utdanningsprogram på vidaregåande skule. Tiltaket rettar seg mot målgruppa ungdom mellom 15 og 21 år som står utan opplæring og arbeid, eller som treng å kome ut av sin daglege kontekst. I Hordaland er det etablert ein produksjonsskule i Bergen med kapasitet til å ta imot 45 ungdommar. Frå hausten 2018 er det tilsvarande tilbod i Hardanger i lokala der Hjeltnes vidaregåande skule tidlegare heldt til.

## OVERSYNSTABELL

1		Bud 2018	Bud 2018	% Endring
Vidaregåande skule	Driftsutgifter	2 095 985	2 096 390	0,0 %
	Driftsinntekter	-97 531	-96 221	-1,3 %
	Netto driftsutgifter	1 998 454	2 000 169	0,1 %
Fagskule	Driftsutgifter	110 435	112 658	2,0%
	Driftsinntekter	-96 369	-100 477	4,3 %
	Netto driftsutgifter	14 066	12 182	-13,4 %
OT/PPT	Driftsutgifter	43 627	44 543	2,1 %



1		Bud 2018	Bud 2018	% Endring
	Driftsinntekter	-1 675	-1 704	1,8 %
	Netto driftsutgifter	41 952	42 839	2,1 %
Vaksenopplæring	Driftsutgifter	63 495	64 554	1,7 %
	Driftsinntekter	-40	-40	0,0 %
	Netto driftsutgifter	63 455	64 514	1,7 %
Produksjonsskule	Driftsutgifter	8 811	13 878	57,5 %
	Driftsinntekter	-800	-1 800	125,0 %
	Netto driftsutgifter	8 011	12 078	50,8 %
Fagopplæring	Driftsutgifter	406 471	410 502	1,0 %
	Driftsinntekter	-25 548	-25 989	1,7 %
	Netto driftsutgifter	380 923	384 513	0,9 %
Manger folkehøgskule	Driftsutgifter	1 903	1 061	-44,2 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	1 903	1 061	-44,2 %
Andre postar	Driftsutgifter	130 187	135 980	4,4 %
	Driftsinntekter	-36 004	-39 335	9,3 %
	Netto driftsutgifter	94 183	96 645	2,6 %
<b>Totalt</b>	<b>Driftsutgifter</b>	<b>2 860 915</b>	<b>2 879 566</b>	<b>0,7 %</b>
	<b>Driftsinntekter</b>	<b>-257 967</b>	<b>-265 566</b>	<b>2,9 %</b>
	<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>2 602 947</b>	<b>2 614 000</b>	<b>0,4 %</b>
	<b>Netto driftsutgifter i 2019 kr</b>	<b>2 654 000</b>	<b>2 614 000</b>	<b>-1,5 %</b>

## ENDRINGAR

Tal i tusen

1	Endringar frå 2018 til 2019
Endring budsjettramme	-40 000
Tiltak og endringar for å nå balanse	
Vidaregåande skule	-37 500
Fagskule	-2 200
Manger folkehøgskule	-900
Produksjonsskule	3 900
Fagopplæring	-3 900
Andre postar – inkl. opplæringsavdelinga	600
<b>Sum</b>	<b>-40 000</b>

## MÅL OG TILTAK

Mål	Tiltak	Resultatmål 2019	Resultatmål 2022
Opplæringsavdelinga skal setje regional kompetanseutvikling på dagsorden og ruste innbyggjarane i Hordaland til å møte framtidige kompetansebehov	Sikre at utdanningstilboda samsvarer med behova i næringslivet	50 % av elevane vel yrkesfag på vg1  50 % av elevane frå vg2 yrkesfag får læreplass	50 % av elevane vel yrkesfag på vg1  50 % av elevane frå vg2 yrkesfag får læreplass
Opplæringsavdelinga skal utvikle og sikre utdanningstilbod som er kjenteikna av heilskap, kvalitet og tenleg organisering og som svarar på behova i arbeids- og næringsliv	Gjennomføre tiltak i SBP som sikrer teneleg organisering	Redusere overkapasitet elevplassar ihht. vedtak i skulebruksplanen  Snitt kapasitetsutnytting kl 92%	Redusere overkapasitet elevplassar ihht. vedtak i skulebruksplanen  Snitt kapasitetsutnytting kl 94 %
Opplæringsavdelinga skal bidra til at elevane og lærlingane utviklar kunnskap, dugleik og haldningar som gjer at dei kan meistre liva sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet	Vi skal styrke skulane sin implementeringskompetanse ved å profesjonalisere arbeidet med å gjøre opplæringa relevant og yrkesretta.  Vi skal arbeide systemtisk for å sikre eit trygt og helsefremjande skulemiljø.	Andel elevar som fullfører vgs (består vgs) normert tid Yrkesfag: 38,5% Studieføreb.: 77,5%  Andel elevar som fullfører vgs (består vgs) 5 år etter oppstart Yrkesfag: 59% Studieføreb.fag: 88%  Andel elevar som sluttar i vgs: Yrkesfag 7% Studieføreb.fag 4%  Elevar utan vurderingsgrunnlag (IV) IV- i minst eit fag Yrkesfag: 3,0% Studieføreb.fag: 2,5% Herav IV i kun eit fag Yrkesfag: 1.5% Studieføreb.fag: 1%  Halde fråværstala låge: (medianverdiar) – Yrkesfag 3 dagar, 6 timar Studieføreb.fag: 3 dagar, 9 timar	Andel elevar som fullfører vgs (består vgs) normert tid Yrkesfag: 41,0% Studieføreb.fag: 80%  Andel elevar som fullfører vgs (består vgs) 5 år etter oppstart Yrkesfag: 62% Studieføreb.fag: 90%  Andel elevar som sluttar i vgs: Yrkesfag 5,5% Studieføreb.fag 3%  Elevar utan vurderingsgrunnlag (IV) IV- i minst eit fag Yrkesfag: 3,0% Studieføreb.fag: 1,5%  Herav IV i kun eit fag Yrkesfag: 1.0% Studieføreb.fag 0,5%  Halde fråværstala låge: (medianverdiar) – Yrkesfag 3 dagar, 6 timar  Studieføreb.fag: 3 dagar, 9 timar



## PRIORITERINGAR

**Vidaregåande skule – mindreutgift 37,5 mill. kr**

Hausten 2018 driv Hordaland fylkeskommune 33 vidaregåande skular. Dei strukturelle og organisatoriske grepa som er gjort i skulebruksplanen og oppfølging av kravet om 85% oppfyljing i klassane resulterer i at talet på klassar går ned. Totalt er denne innsparinga rekna til 20,0 mill. kr i 2019.

Statistikk for årsverk i vidaregåande skule og reduserte lønskostnader dei siste åra syner at endringane som er gjort i skulestrukturen har effekt.

Talet på elevar er 186 lågare hausten 2018 enn det var hausten 2017. Det er 9 færre klassar hausten 2018 samanlikna

med hausten 2017. I 2018-budsjettet var det lagt inn ei innsparing på 7,0 mill. kr basert på forventningane om lågare klassetal hausten 2018. Faktisk innsparing hausten 2018 er rekna til om lag 4,5 mill. kr, det gjev ei heilårseffekt på om lag 10 mill. kr, og ei venta innsparing på 5,5 mill. kr våren 2019.

Elevtalsprognosane syner at det kan verte ytterlegare reduksjon i elevtalet hausten 2019. Det kan vere grunnlag for å leggje ned 5–10 klassar hausten 2019.

Hausten 2018 vert det sett gang eit arbeid for å sjå på organisering av og elevtal i klassane. Målsetjinga er at dette skal føre til høgare oppfylingsgrad. Arbeidet vert gjort i samarbeid med skulane og tillitsvalde.

Det er rekna at dei to tiltaka over vil gje ei innsparing på mellom 8 og 10 mill. kr hausten 2019. Utover dette vil det vere trong for eit generelt nedtrekk på om lag 4,5 – 6,5 mill. kr for å få budsjetttramma til vidaregåande skule i balanse.

Fylkestinget vedtok i desember 2017 å oppheve pålegget om at kvar vidaregåande skule skal ha elevinspektør i 50% stilling. Endringa hadde budsjettmessig effekt frå hausten 2018. Innsparinga hausten 2018 var ein del av dei strukturelle og organisatoriske grepa i 2018-budsjettet. Resteffekten er rekna til 7,9 mill. kr i 2019.

For oversikt over dei andre tiltaka innan vidaregåande skule vert det vist til kapittelet vidaregåande skule.

#### **Fagskule – mindreutgift 2,2 mill. kr**

Det fylkeskommunale tilskotet til fagskule er redusert med om lag 2,0 mill. kr, og det tilsvavar reduksjonen som er gjort for dei vidaregåande skulane. Vidare er det budsjettert med 0,2 mill. kr mindre til administrasjon fagskule.

#### **Manger folkehøgskule – mindreutgift 0,9 mill. kr**

Manger folkehøgskule er finansiert med statstilskot, eigenbetaling og fylkeskommunalt tilskot. Det fylkeskommunale tilskotet var på om lag 1,9 mill. kr i 2018, det er budsjettert med ein reduksjon på om lag 0,9 mill. kr i høve 2018. Drift av folkehøgskular er ikkje ei lovpålagd oppgåve.

#### **Produksjonsskule – meirutgift 3,9 mill. kr**

Hovudgrepet innan produksjonsskule er opprettinga av produksjonsskulen i Hardanger. Det er budsjettert med 4,8 mill. kr som fylkeskommunal del av driftsmidlane i 2019. Prosjektet Hardanger produksjonsskule opna for elevar hausten 2018. Tilbodet er lokalisert ved tidlegare Hjeltnes vidaregåande skule. I første omgang er det lagt opp til tre verkstader innan Mat & Grønt (gardsbruk), Natur & Miljø og Mekanisk verkstad. Skulen planlegg oppstart av ein Digital verkstad på nyåret 2019. Ved Hardanger produksjonsskule bur elevane på internat.

I tillegg er det gjort korreksjonar for husleigekostnad på Hyssingen produksjonsskule. Budsjetttramma til skulen er redusert med 0,9 mill. kr.

#### **Fagopplæring – mindreutgift 3,9 mill. kr**

Størst endring innan fagopplæring er reduksjon i tal stillingar på fagopplæringskontoret, overføring av årsverk til andre seksjonar på opplæringsavdelinga og justeringar av driftskostnader. Samla endring er 2,1 mill. kr og av desse er 1,4 mill. kr knytt til reduksjon i tal stillingar, medan 0,7 mill. kr utgjør overføring av stillingar til andre seksjonar. Denne summen må sjåast i samanheng med budsjetttramma til opplæringsavdelinga under kapittelet Andre postar.

Posten samarbeid skule/næringsliv er redusert med om lag 0,7 mill. kr i høve 2018. Reduksjonen er gjort basert på rekneskapstal frå 2017 og prognose for forbruk i 2018.

Innan yrkesfaga har elevane fleire opplæringsløp å velje mellom. Hovudløpet er to år i skule og to år i bedrift. Det er også alternative opplæringsløp der ungdomane saman med bedriftene kan avtale anten tre år i skule og eit år i bedrift eller at alle fire åra skal vere i bedrift. Om lag 70% av lærlingane følgjer hovudløpet. På grunn av venta låg prisvekst er budsjettet redusert med 0,7 mill. kr.

Lærlingar som går ut i lære før dei har fullført Vg2 i skule, må ofte ta teori ved ein vidaregåande skule parallelt med læreløpet. Bedriftene får trekk i tilskotet for det timetalet lærlingen er på skule. På grunn av auka eigenbetaling for teoriopplæringa er budsjettet redusert med 0,4 mill. kr.

#### **Andre postar – meirutgift 0,6 mill. kr**

Hovudgrepet her er at det er budsjettert med prosjektkostnader for innføring av nytt skuleadministrativt system VIS. Det skal etter planen innførast i løpet av 2019. Det er budsjettert med prosjektkostnader på om lag 3,0 mill. kr i 2019.

Vidare er kostnaden til stillingar i mobilitet auka med 1,2 mill. kr. Denne kontoen vert nytta ved overtal og omplassering av personale.

Budsjettet til dei to seksjonane fellestenester og skule er redusert med om lag 0,2 mill. kr i høve 2018. Denne posten må sjåast i samanheng med fagopplæring.

Vidare er posten ekstern spesialundervisning redusert med 2,1 mill. kr ut frå erfaringstal dei siste åra.

Privatistane må betale gebyr for å melde seg opp til eksamen. Gebyrsatsane er fastsatt nasjonalt. Gebyret skal dekkje utgiftene fylkeskommunen har til avvikling av privatisteksamen. Utgiftene til tilsette på eksamenskontoret er ført på opplæringsavdelinga. Rekneskapstal for 2018 syner at det kan ventast ei meirinntekt. Inntektsbudsjettet for 2019 vert difor auka med 1,3 mill. kr.



## FOLKEHELSEPERSPEKTIVET

Utdanningsnivået i befolkninga er ein avgjerande indikator for folkehelse, og sosial ulikskap i helse. Difor er skulen ein viktig arena for folkehelse, noko som vert understreka i opplæringslova §§ 1-1 og 9a. I tillegg set folkehelselova § 20 krav til fylkeskommunen om å fremje folkehelse.

I den nye generelle læreplanen «Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen», er folkehelse og livsmeistring eit nytt tema som skal fremje både fysisk og psykisk helse. Livsmeistring som tema skal hjelpe dei unge til å forstå kva som påverkar eige liv og opparbeide evne til å ta dei rette vala for å vere best mogleg rusta for livet. Folkehelse skal inkluderast som eit tverrfagleg tema og skal vere universelt retta: Aktuelle område innanfor temaet er fysisk og psykisk helse, levevanar, seksualitet og kjønn, rusmidlar, mediebruk, forbruk og personleg økonomi. Gjennom den nye, generelle læreplanen blir krava til fylkeskommunen forsterka.

### Tiltak i 2019

Styrke kompetansen om folkehelse og livsmeistring i vidaregåande skular. Vidareføring av ordning med psykologteam i vidaregåande opplæring.

Innsats for å betre psykososialt miljø for elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram gjennom kompetanseheving for lærarar i samarbeid med elev- og lærlingombod.

Kompetanseheving knytt til positiv seksuell helse for elevar i vidaregåande skule.

Vaksinasjon mot hjernehinnebetennelse for elevar i vg1.

Vidareføre tilbod med gratis skulefrukost.



## REGIONALE PLANAR OG TEMAPLANAR

Regionale planar	Vedtaksår	Utval	Revisjon
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	2017	FT	2019
<b>Temaplanar</b>			
Skulebruksplan 2017–2030, Skule- og tilbodsstruktur for framtida	2016	FT	2020
Styringsdokument for pedagogisk utviklingsarbeid i vidaregåande skule 2016–2019*	2016	FUV	2020?

\* Styringsdokumentet er vedteke vidareført fram til overgangen til Vestland fylkeskommune 1.1.20

### Regional plan for kompetanse og arbeidskraft

Regional plan for kompetanse og arbeidskraft vart vedteken i fylkestinget i oktober 2017.

Planen skal vere eit verktøy for å setje retning og samordne arbeidet med kompetanseutvikling i fylket. Hordaland står overfor store endringar i samfunns- og arbeidsliv på lik line med andre regionar både i Noreg og elles i verda. Dei store endringsdrivarane som globalisering, eldrebølgja, det

grøne skiftet og automatisering og robotisering vil setje nye krav til kompetanse.

Regional plan for kompetanse og arbeidskraft skal ruste Hordalandssamfunnet til å møte desse endringane. Nasjonale styresmakter ønskjer å styrke regionalt folkevald nivå sitt kompetansepolitiske ansvar og samordningsrolle. Det betyr at Hordaland fylkeskommune må ta ei koordinerande rolle i dette arbeidet framover. Det overordna målet med

planen er betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i Hordaland gjennom eit forplikande samarbeid mellom næringslivet, offentleg sektor og utdanningsaktørane.

I det vidare arbeidet er utvikling av lokale nettverk sentralt. Det bør etablerast minimum tre slike nettverk i fylkeskommunen; eit sør i fylket, eit i indre delar av fylket og eit knytt til Stor-Bergen. Slike nettverk vil både svare på utfordringane i nasjonal samfunnskontrakt 2016–2020 og fylkeskommunens eigen Regional plan for kompetanse og arbeidskraft. Målsetjingane i desse planane kan best nåast gjennom å utvikle lokale nettverk som har merksemd på:

- Gje alle kvalifiserte søkjarar tilbod om læreplass ved at partane i arbeidslivet og fylkeskommunen forpliktar seg til å gjere fag- og yrkesopplæringa meir føreseieleg.
- Betre samarbeid mellom dei vidaregåande skulane og arbeidslivet lokalt slik at talet på elevplassar samsvarer med talet på læreplassar.
- Auke opplæringskapasiteten i arbeidslivet ved å få fleire bedrifter til å bli lærebedrifter.
- Minimum 60% av Vg 2 elevar på yrkesfag skal finnast igjen i lære påfølgjande haust.

Dei fem yrkesfaglege koordinatorene har starta arbeidet med å byggje nettverk, men arbeidet må styrkast, særleg retta inn mot Stor-Bergen, der både ein stor arbeidsmarknad og mange utdanningsinstitusjonar gjer at det er vanskeleg for aktørane å orientere seg.

### Skulebruksplan 2017–2030 – Skule og tilbodsstruktur for framtida

Skulebruksplanen for perioden 2017–2030 vart handsama i fylkestinget i oktober 2016. Einskilde saker knytt til handsaminga i oktober 2016 vart òg følgt opp med vedtak i fylkestinga i desember 2016 og i mars 2017.

Gjennomføringa av vedtaka i skulebruksplanen vert koordinert gjennom prosjektet «Varige og gode verknader av skulebruksplanen». Prosjektet skal bidra til at HFK følgjer opp og koordinerer dei ulike tiltaka i skulebruksplanen fram mot 2030. Gjennomføring av tiltaka skjer i linja. Fylkesrådmannen rapporterer status i arbeidet med gjennomføring av vedtaka i skulebruksplanen gjennom løypemelding til fylkesutvalet i juni kvart år. I desember kvart år handsamar fylkesutvalet sak om justering av tilbodsstrukturen for neste skuleår. Denne saka baserer seg også på vedtaka i skulebruksplanen. Gjennom skulebruksplanen tek HFK sterkare grep om skule- og tilbodsstrukturen. Ved å samle fagmiljøa på færre einingar vert fagmiljøa robuste og kan lettare tilpasse seg til behova i næringslivet og i samfunnet generelt i åra framover.

### Styringsdokument for pedagogisk utviklingsarbeid i vidaregåande skule 2016–2019

I styringsdokumentet gir skuleeigar føringar for kva mål og prioriterte tiltaksområde skulane skal leggje til grunn for det verksemdbaserte vurderingsarbeidet.

Styringsdokumentet inngår i «System for verksemdbasert vurdering "(VBV). Den pedagogiske verksemda skal vere forankra i overordna mål i den generelle del av læreplanen og prinsipp for opplæringa, kompetansemål for fag i Læreplanverket, samt opplæringslova og forskrift til opplæringslova. Skuleeigar vil på grunnlag av ei heilskapleg vurdering styrke skulane sin handlefridom når det gjeld val av tiltaksområde i perioden 2018–20. Det overordna målet auka læringsutbytte og fullføring står fast. Skuleeigar vil dei komande åra gå tettare inn på den enkelte skule og følgje opp resultatane. Skulane har ansvar for å vurdere eigen organisasjon og eigne resultat i lys av sentrale og lokale styringsdokument. På grunnlag av vurderinga skal skulen utarbeide kunnskapsbaserte mål og tiltak. Det er skulane som skal definere tiltaksområde for det pedagogiske utviklingsarbeidet i perioden og grunnngi valet ut frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap.

## OVERSYNSTABELL

Tal i tusen

1		Bud 2018	Bud 2019	endring
Vidaregåande skule	Driftsutgifter	2 095 985	2 096 390	0,0 %
	Driftsinntekter	-97 531	-96 221	-1,3 %
	Netto driftsutgifter	1 998 454	2 000 169	0,1 %
Fagskule	Driftsutgifter	110 435	112 658	2,0%
	Driftsinntekter	-96 369	-100 477	4,3 %
	Netto driftsutgifter	14 066	12 182	-13,4 %
OT/PPT	Driftsutgifter	43 627	44 543	2,1 %
	Driftsinntekter	-1 675	-1 704	1,8 %

	Netto driftsutgifter	41 952	42 839	2,1 %
Vaksenopplæring	Driftsutgifter	63 495	64 554	1,7 %
	Driftsinntekter	-40	-40	0,0 %
	Netto driftsutgifter	63 455	64 514	1,7 %
Produksjonsskule	Driftsutgifter	8 811	13 878	57,5 %
	Driftsinntekter	-800	-1 800	125,0 %
	Netto driftsutgifter	8 011	12 078	50,8 %
Fagopplæring	Driftsutgifter	406 471	410 502	1,0 %
	Driftsinntekter	-25 548	-25 989	1,7 %
	Netto driftsutgifter	380 923	384 513	0,9 %
Manger folkehøgskule	Driftsutgifter	1 903	1 061	-44,2 %
	Driftsinntekter	0	0	
	Netto driftsutgifter	1 903	1 061	-44,2 %
Andre postar	Driftsutgifter	130 187	135 980	4,4 %
	Driftsinntekter	-36 004	-39 335	9,3 %
	Netto driftsutgifter	94 183	96 645	2,6 %
<b>Totalt</b>	<b>Driftsutgifter</b>	<b>2 860 915</b>	<b>2 879 566</b>	<b>0,7 %</b>
	<b>Driftsinntekter</b>	<b>-257 967</b>	<b>-265 566</b>	<b>2,9 %</b>
	<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>2 602 947</b>	<b>2 614 000</b>	<b>0,4 %</b>
	<b>Netto driftsutgifter i 2019 kr</b>	<b>2 654 000</b>	<b>2 614 000</b>	<b>-1,5 %</b>

Ei framskriving av budsjettramma for 2018 til 2019– såkal- la nullvekstramme – er på 2 654 000 mill. kr.

I 2019 er budsjettramma til opplæring redusert med totalt 40 mill. kr. Budsjettramma for 2019 vert etter nedtrekket 2 614 000 mill. kr.

Opplæringssektoren består av opplæringsavdelinga, dei vidaregåande skulane, Fagskulen i Hordaland, Manger

folkehøgskule og produksjonsskuleverkssemd i Bergen og i Ulvik.

Opplæringsavdelinga er organisert i fire seksjonar. Desse er seksjon for fagopplæring, seksjon for skule, seksjon OT/PPT og seksjon fellestenester. I tillegg kjem leiging for dei tre regionane: Region Sør/Voss/Hardanger, region Sentrum/Nord og region Vest/Sunnhordland.

## VIDAREGÅANDE SKULAR

Totalt er det budsjettert med 2,000 mill. kr til drift av dei vidaregåande skulane. Gjennom tiltak er budsjettramma til vidaregåande skular redusert med 37,5 mill. kr.

Av samla endringar utgjer 18,4 mill. kr effekt frå 2018 som også får virkning i 2019. Dette gjeld redusert antal klassar

hausten 2018 som får effekt våren 2019, det gjeld rest årsverknad endring av elevinspektørordninga og det gjeld energi-og økonomiseringstiltak som eigedomsavdelinga har satt i verk ved skulane.

Tal i tusen

2		Bud 2018	Bud 2019
Utdanningsprogramma vgs inkl. tilrettelagt og driftsutgifter	Driftsutgifter	1 799 358	1 811 166
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	1 799 358	1 811 166
Kostnader vgs utenom utdanningsprogramma	Driftsutgifter	296 627	285 225
	Driftsinntekter	-97 531	-96 221
	Netto driftsutgifter	199 097	189 004
	Driftsutgifter	2 095 985	2 096 390
	Driftsinntekter	-97 531	-96 221
	Netto driftsutgifter	1 998 454	2 000 169
	<b>Netto driftsutgifter i 2019 kr</b>	<b>2 037 669</b>	<b>2 000 169</b>

## Endringer vidaregåande skular i 2019-kr

Tal i tusen

Endringer vidaregåande skular	
Vaksinemeningokk	1 200
Teiknspråktolk	500
Sosialpedagogisk tilbod Knutepunkt internat Nordahl Grieg vidaregåande skule	500
Ekstra språkopplæring	1 000
Strukturelle og organisatoriske grep vgs	-20 000
Rest årsverknad ending av elevinspektørordninga	-7 900
Grunnutdanning yrkesfaglærarar	-1 000
Internatdrift	-350
Gardsdrift	-500
Skulehelseteneste	-2 000
Sjølvforsvarskurs	-250
Landslinje	-700
Nettskule	-1 000
Fråfallsmidlar	-1 000
Energi- og økonomiseringstiltak	-5 000
Tiltak tilrettelagt opplæring	-1 000
Sum tiltak	-37 500

**Vaksine meningokk – meirutgift 1,2 mill. kr**

Det er gjort framlegg om å innføre eit gratis vaksinasjonsprogram for elevar i vidaregåande skule.

I første omgang er det lagt opp til at elevar i vg3 som ikkje har tatt vaksine dei siste åra skal få tilbod om gratis vaksine.

**Teiknspråktolk – meirutgift 0,5 mill. kr**

Det er trong for å auke budsjettposten til teiknspråktolk med om lag 0,5 mill. kr på grunn av trong for fleire tolketimar pr år og auka lønskostnader.

Når høyrslhemma deltek i undervisninga, kan det vere trong for teiknspråktolk. Nordahl Grieg vidaregåande skule er knutepunktskule for høyrslhemma og tilbyr tolketenester på sine utdanningsprogram. Skulen har samarbeidsavtalar med Slåtthaug vidaregåande skule og Stend vidaregåande skule for å gje tilbod innan dei utdanningsprogramma skulen ikkje tilbyr sjølv. Høyrslhemma elevar har same rettar som andre til å velje kva skule dei vil gå på, og nokre elevar vel å gå på skular som ikkje er tilrettelagde for høyrslhemma.

**Ekstra språkopplæring – meirutgift 1,0 mill. kr**

I 2018 vart det gjennomført ein forvaltningsrevisjon på området Opplæringstiltak til minoritetsspråklege elevar. Eit av tiltakspunkta etter revisjonen er at ein må vurdere om elevar med enkeltvedtak om særskild norskopplæring også blir vurdert med tanke på behov for morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring, jf. opplæringslova § 3-12 første ledd. Fylkesrådmannen reknar med at utgiftene til desse tiltaka vil auke med om lag 1,0 mill. kr i 2019.

## STRUKTURELLE OG ORGANISATORISKE GREP VIDAREGÅANDE SKULAR – MINDREUTGIFT 20,0 MILL. KR

Hausten 2018 driv Hordaland fylkeskommune 33 vidaregåande skular. Dei strukturelle og organisatoriske grepa som er gjort i skulebruksplanen og oppfølging av kravet om 85% oppfylling i klassane, gjev seg utslag i at talet på klassar går ned. Totalt er denne innsparinga rekna til 20,0 mill. kr i 2019. Statistikk for årsverk i vidaregåande skule og reduserte lønskostnader dei siste åra syner at endringane som er gjort i skulestrukturen, har effekt.

Talet på elevar er 186 lågare hausten 2018 enn det var hausten 2017. Det er 9 færre klassar hausten 2018 samanlikna med hausten 2017. I 2018-budsjettet var det lagt inn ei innsparing på 7,0 mill. kr basert på forventningane om lågare klassetal hausten 2018. Faktisk innsparing hausten 2018 er rekna til om lag 4,5 mill. kr, det gjev ein heilårseffekt på om lag 10 mill. kr, og ei venta innsparing på 5,5 mill. kr våren 2019.

Elevtalsprognosane syner at det kan verte ytterlegare reduksjon i elevtalet hausten 2019. Det kan vere grunnlag for å leggje ned 5–10 klassar hausten 2019.

Hausten 2018 vart det sett i gang eit arbeid for å sjå på organisering av og elevtal i klassane. Målsetjinga er at dette skal føre til høgare oppfyllingsgrad. Arbeidet vert gjort i samarbeid med skulane og tillitsvalde.

Det er rekna at dei to tiltaka over vil gje ei innsparing på mellom 8 og 10 mill. kr hausten 2019.

Utover dette vil det vere trong for eit generelt nedtrekk på omlag 4,5 – 6,5 mill. kr for å få budsjettamma til vidaregåande skule i balanse.

### Endring av elevinspektørordninga – mindreutgift 7,9 mill. kr

Fylkestinget oppheva i desember pålegget om at kvar vidaregåande skule skal ha elevinspektør i 50% stilling. Skulane skal likevel framleis syte for at det viktige arbeidet som elevinspektørane gjer, vert vidareført. Endringane i ordninga hadde budsjetteffekt frå hausten 2018. Innsparinga hausten 2018 var ein del av dei strukturelle og organisatoriske grepa i 2018-budsjettet. Resteffekten er rekna til 7,9 mill. kr i 2019.

### Nettskule – mindreutgift 1,0 mill. kr

Nettskulen tilbyr nettbasert undervisning. Tilboda er tilgjengelege for elevar frå alle dei vidaregåande skulane. Tanken bak nettskulen er at smale tilbod som Vg3 fordjuping i språk ol. kan tilbydast ved nettundervisning til alle skular. På bakgrunn av forbruk i 2018 er budsjettet redusert. Det er sett av 1 mill. kr til nettskule i 2019. Det er venta at det vil verte trong for å auke budsjettet til nettskule i åra som kjem.

### Grunnutdanning yrkesfag – mindreutgift 1,0 mill. kr

Prosjektet som har som mål å gje lærarar grunnutdanning, er avslutta. Budsjettet for 2018 vart redusert med 1 mill. kr,

og budsjettet for 2019 kan reduserast med ytterlegare 1 mill. kr.

### Internatdrift – mindreutgift 0,35 mill. kr

Internatet ved gamle Rogne vidaregåande skule har 75 plassar. Noko lågare kostnader enn venta gjev grunnlag for å redusere budsjettet med 0,35 mill. kr.

### Gardsdrift – mindreutgift 0,5 mill. kr

Løyvingane til gardsdrifta ved Voss vidaregåande skule og Stend vidaregåande skule vert redusert med 0,5 mill. kr.

### Tiltak for betre gjennomføring – mindreutgift 1,0 mill. kr

Fylkeskommunen har sett inn store ressursar dei siste åra for å bidra til at fleire står. Tiltaka er finansiert gjennom overføringar frå Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet, i tillegg til midlar over fylkesbudsjettet. Dei viktigaste innsatsområda og dei som har fått dei største tilskota dei siste åra, blir i 2019:

- Tydeleggjering av skulane sitt ansvar for å identifisere, kartleggje og følgje opp elevar som kan vere i faresona for å slutte.
- Samarbeid med kommunane om dei kommunevise gjennomføringstala.
- Systematisk bruk av innkjøpt programvare for å få gode data, noko som gjer det mogleg for skulane å følgje elevane tettare opp.
- Kurs for lærarar i grunnleggjande ferdigheiter.
- Skulering av lærarar frå yrkesfaglege programområde for å gjere fellesfaga meir yrkesretta.
- Ekstra tiltak for å styrke opplæringa i overgangen Vg2 –Vg3/lære.
- Tilbod om studieverkstad til elevar som treng ekstra tilpassa opplæring.
- Eige fylkeskommunalt opplæringskontor for å styrke samarbeidet skulearbeidsliv for dei som treng ekstra støtte for å skaffe seg læreplass.
- Avklaringsamtalar med elevar som er på veg til å slutte, for å gje dei eit tilbod, og få dei tilbake til skulen.
- Styrking av tilbodet til OT-ungdommar gjennom full kapasitetsutnytting på Hyssingen produksjonsskule.
- Arbeidet med kvalitet og gjennomføring i fag- og yrkesopplæringa held fram.
- Prøveordninga med skulefrukost held fram.
- Prøveordninga med skulepsykologar vert vidareført i 2019.
- Gjennom prosjektet «Auka gjennomføring fleire ut i lære» er det etablert ei forsøksordning med yrkesfaglege koordinatører ved fem vidaregåande skular.



Rekneskapstal pr. september 2018 syner at det er rom for å redusere med 1,0 mill. kr i 2019. Årsaka er at prosjekt med øymerka midlar som skulefrukost og skulepsykologar gjer at det er rom for å redusere den generelle tiltakspotten.

**Energijøkonomiseringstiltak – mindreutgift 5,0 mill. kr**  
Eigedomsavdelinga jobbar målretta for å redusere energiforbruket i fylkeskommunale bygg. Det er berekna at tiltak gjennomført ved vidaregåande skular i 2018 vil gje ei innsparing på om lag 5,0 mill. kr i 2019.

**Skulehelseteneste – mindreutgift 2,0 mill. kr**  
Skulehelseteneste i grunnskule og vidaregåande skule er ei kommunal oppgåve. Løyvinga til skulehelseteneste er ikkje vidareført i 2019. I 2018 vart dei budsjetterte midlane gitt som løyving til Bergen kommune som tilskot til utgreiingsarbeid

**Sjølvsvars kurs – mindreutgift 0,25 mill. kr**  
Sjølvsvars kurs for jenter er ikkje er fylkeskommunal oppgåve. Løyvinga til sjølvsvars kurs er ikkje vidareført i 2019.

**Landslinje – mindreutgift 0,7 mill. kr**  
Landslinjer får i hovudsak finansiering gjennom øymerka tilskot. Finansieringa av landslinjetilboda innan yrkessjåførfaget og anleggsmaskinførarfaget er ikkje tilstrekkeleg til å dekkje alle kostnader. Dei siste åra har det fylkeskommunale bidraget til desse tilboda vore på om lag 7,0 mill. kr. Rekneskapstal for 2017 og hittil i 2018 tyder på at det er grunnlag for å redusere det fylkeskommunale tilskotet med om lag 0,7 mill. kr.

## SKULEBUDSJETTA

I sak 59/2017 vedtok fylkestinget prinsippa for ny budsjettmodell for finansiering av dei vidaregåande skulane. Hovudprinsippet i den nye modellen er at budsjett til undervisning vert tildelt basert på tal klassar. Den nye modellen vart innført frå hausten 2018, og 2019 vil vere første heile året med ny modell.

Inneverande skuleår er det 791 klassar ved dei vidaregåande skulane, skuleåret 2017/18 var det 803 klassar. Om lag 15% av klassene har mindre enn 85% oppfyllingsgrad. Det er spesielt i distrikta at oppfyllingsgraden i enkelte klasser er låg. I skule- og tilbodsstruktursaka (klassemåla) i november 2018 vert grunnlaget for tilbodsstrukturen skuleåret 2019/20 lagt. Det er den vedtekte strukturen som vert gjort søkbar i søknadssystemet Vigo. Etter inntaket i mars vert tilbodsstrukturen justert etter søkjemønster. I tilbodsstruktursakene for komande skuleår vil fylkesrådmannen leggje vekt på at tilboda berre unntaksvis skal ha mindre enn 85% oppfyllingsgrad.

Skulane vert tildelt eit rammebudsjett, og rektor kan om-disponere midlar innanfor budsjettamma.

**Utdanningsprogramma ved dei vidaregåande skulane (521–532)**  
Vidaregåande opplæring består av 14 ulike utdanningsprogram; 5 studieførebuande og 9 yrkesfaglege.


Tabellen under syner del av lønsbudsjett til dei ulike utdanningsprogramma og del av totalt elevtal. Nedst i tabellen er utgifter til skuleadministrasjon og skulebygg m.m. tekne med, slik at summen syner det totale skulebudsjettet, og kan samanliknast med tabellen som syner budsjett pr skule i oppstillinga i kapittelet spesifikasjonar.

Budsjettsum til fordeling til ordinær drift for dei vidaregåande skulane er 1 811 mill. kr inkludert leiar skulen (meis-terbrevutdanninga ved Fagskolen i Hordaland).

3	Totalt i 1000	Del av budsjett	Elevtal	Del av elevtal
Studiespesialisering	428 884	31 %	7 177	45 %
Bygg- og anleggsteknikk	60 903	4 %	757	5 %
Elektrofag	91 106	7 %	990	6 %
Design og handverk	17 842	1 %	209	1 %
Restaurant- og matfag	22 667	2 %	214	1 %
Helse- og oppvekstfag	152 016	11 %	1 857	12 %

3	Totalt i 1000	Del av budsjett	Elevtal	Del av elevtal
Idrettsfag	57 824	4 %	713	4 %
Teknikk og industriell produksjon	114 921	8 %	1 295	8 %
Kunst, design og arkitektur	22 721	2 %	251	2 %
Musikk, dans og drama	46 196	3 %	380	2 %
Medium og kommunikasjon	29 121	2 %	380	2 %
Naturbruk	57 382	4 %	516	3 %
Service og samferdsel	44 697	3 %	485	3 %
Tilrettelagt opplæring	222 080	16 %	757	5 %
<b>Totalt</b>	<b>1 368 361</b>	<b>100 %</b>	<b>15 981</b>	<b>100 %</b>

Driftsutgifter, skulelokale Pedagogisk leining, merkantil støtte m.m	442 226
Leiarskule	579
<b>Totalt</b>	<b>1 811 166</b>



Diagrammet syner budsjettmessig fordeling mellom utdanningsprogramma.

Totalt er det budsjettet med 1 811 mill. kr til ordinær drift av utdanningsprogramma ved dei vidaregåande skulane. Av dette er om lag 4,0 mill. kr som høyrer til utdanningsprogramma som vedrører landslinjer, utanlandsklassar og meisterbrevutdanninga.

Tabellen under syner budsjett pr skule, elevtal, andel av totalt budsjett og andel av elevtal. For å få samanliknbare tal er ikkje budsjettal og elevtal for landslinjer, utanlandsklassar og meisterbrevutdanninga med.

3	Org. nr	Budsjett 2019	Elevtal	Budsjett pr/elev	Andel av elevtal	Andel av budsjett
Os gymnas	611	19 261	220	88	1 %	1 %
Kvam vgs	615	31 940	234	136	1 %	2 %
Tertnes vidaregåande skole	617	55 620	684	81	4 %	3 %
Langhaugen vidaregåande skole	620	56 636	625	91	4 %	3 %
Bergen Katedralskole	621	67 212	759	89	5 %	4 %
Bømlo vidaregåande skule	623	31 163	271	115	2 %	2 %
Osterøy vidaregåande skule	625	29 058	176	165	1 %	2 %
Sandsli vidaregåande skole	626	48 928	524	93	3 %	3 %
Odda vidaregåande skule	628	39 930	259	154	2 %	2 %
Kvinnherad vidaregåande skule	630	45 496	387	118	2 %	3 %
Rubbestadnes vidaregåande skule	631	17 506	146	120	1 %	1 %
Slåtthaug vidaregåande skole	633	58 019	544	107	3 %	3 %
Knarvik vidaregåande skule	634	115 882	974	119	6 %	6 %
Laksevåg vidaregåande skole	636	55 991	382	147	2 %	3 %
Arna vidaregåande skule	637	29 401	283	104	2 %	2 %
Åsane vidaregåande skole	638	49 598	430	115	3 %	3 %
Årstad vidaregåande skole	639	118 099	933	127	6 %	7 %
Austrheim vidaregåande skule	641	26 438	222	119	1 %	1 %
Askøy vidaregåande skole	643	56 041	513	109	3 %	3 %
Fusa vidaregåande skule	644	41 522	300	138	2 %	2 %
Sotra vidaregåande skule	645	97 174	821	118	5 %	5 %
Os vidaregåande skule	646	50 029	395	127	2 %	3 %
Fyllingsdalen vidaregåande skole	647	55 489	555	100	3 %	3 %
Austevoll vidaregåande skule	648	21 662	136	159	1 %	1 %
Fitjar vidaregåande skule	652	26 350	228	116	1 %	1 %
Bergen maritime vidaregåande skole	655	31 618	254	124	2 %	2 %
Stend vidaregåande skule	658	91 071	541	168	3 %	5 %
Olsvikåsen vidaregåande skole	661	56 693	570	99	4 %	3 %
Nordahl Grieg vidaregåande skole	663	91 350	924	99	6 %	5 %

3	Org. nr	Budsjett 2019	Elevtal	Budsjett pr/elev	Andel av elevtal	Andel av budsjett
Stord vidaregåande skule	665	89 442	747	120	5 %	5 %
Amalie Skram vgs	667	85 158	1006	85	6 %	5 %
Nye Voss vidaregåande skule	668	57 589	377	153	2 %	3 %
Nye Voss gymnas	669	59 432	561	106	4 %	3 %
<b>Totalt</b>		<b>1 806 795</b>	<b>15 981</b>	<b>3 908</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>

## FAGSKULE

Tal i tusen

2		Bud 2018	Bud 2019
Fagskolen i Hordaland	Driftsutgifter	93 619	97 295
	Driftsinntekter	-81 999	-87 414
	Netto driftsutgifter	11 620	9 881
Fagskuleadm og fellesutg	Driftsutgifter	2 446	2 300
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	2 446	2 300
Helsefag tilskot	Driftsutgifter	8 370	6 844
	Driftsinntekter	-8 370	-6 844
	Netto driftsutgifter	0	0
Kunstskolen i Bergen	Driftsutgifter	6 000	6 219
	Driftsinntekter	-6 000	-6 219
	Netto driftsutgifter	0	0
	Driftsutgifter	110 435	112 658
	Driftsinntekter	-96 369	-100 477
	Netto driftsutgifter	14 066	12 182
	Netto driftsutgifter i 2019 kr	14 382	12 182

Totalt er det budsjettert med 12,2 mill. kr til fagskuleverksemda. Budsjettramma til fagskule er redusert med 2,2

mill. kr. Det er i tråd med reduksjonen til dei vidaregåande skulane.

## Endringar fagskule i 2019-kr

<i>Tal i tusen</i>	
<b>Endringar fagskule</b>	
Fagskulen i Hordaland	-2 000
Fagskuleadm og fellesutg	- 200
<b>Sum tiltak</b>	<b>-2 200</b>

Finansieringa av fagskuleutdanninga vart lagt om til øyremerka statstilskot frå 01.01.18.

Det resultatbaserte tilskotet vert justert etter tal på produserte studiepoeng i 2017, og grunntilskotet vil også verte justert mellom fylkeskommunane i 2019 i samband med overgangsordninga for ny finansieringsordning i 2018.

I tillegg til statstilskott gjev fylkeskommunen midlar til drift av fagskulen. I 2018 er løyvinga til drift om lag 14,0 mill. kr, i 2019 er det fylkeskommunale driftstilskottet redusert med 2,0 mill. kr i høve til 2018.

Fagskuleutdanningane er høgare yrkesfagleg utdanning på nivået over vidaregåande opplæring eller tilsvarande realkompetanse, og som har eit omfang tilsvarande minimum eit halvt studieår og maksimum to studieår. Fagskuleutdanningane skal gje naudsynt kompetanseheving lokalt, regionalt og nasjonalt. Dette er nedfelt i fagskulelova, og det er difor viktig med god næringslivskontakt og høve for å kunne tilby fagskuleutdanningar både i sentrale område og i distrikta.

Hordaland fylkeskommune er eigar av den fylkeskommunale fagskolen, medan styret for Fagskolen i Hordaland er

øvste styringsorgan. Fagskulestyret har fullmakt og mynde innanfor den årlege økonomiske ramma.

Opplæringsavdelinga har sekretariatsfunksjon for fagskulestyret. Nasjonalt organ for kvalitet i utdanning (NOKUT) er tilsynsorgan for fagskulane, og Database for høgere utdanning (DBH) ved Norsk samfunnsvitskapleg datateneste (NSD) mottar statistikk på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet.

Om lag 1 200 studentar får tilbod om fagskuleutdanning ved Fagskolen i Hordaland.

Frå 01.01.18 er all fagskuleverksemd i Hordaland organisert under Fagskolen i Hordaland. Sjølv om tilbodet er organisert under éin skule, føregår undervisninga desentralisert der studentane er. I år er det fagskuletilbod innan tekniske fag, maritime fag, petroleumstekniske fag, arborist og helsefag.

Etter vedtak i samsvar med skulebruksplanen skal fagskulen samlokaliseras på Laksevåg i 2023.

## OPPFØLGINGSTENESTA/ PEDAGOGISK PSYKOLOGISK TENESTE – OT/PPT

Tal i tusen

2		Bud 2018	Bud 2019
OT/PPT	Driftsutgifter	38 627	39 543
	Driftsinntekter	-1 675	-1 704
	Netto driftsutgifter	36 952	37 839
Psykologar i skule	Driftsutgifter	5 000	5 000
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	5 000	5 000
	Driftsutgifter	43 627	44 543
	Driftsinntekter	-1 675	-1 704
	Netto driftsutgifter	41 952	42 839
	Netto driftsutgifter i 2019 kr	42 775	42 839

Totalt er det budsjettert med om lag 42,8 mill. kr til OT/PPT. Budsjettet er vidareført på same nivå som i 2018.

OT/PPT er ein seksjon i opplæringsavdelinga. OT/PPT sine tenester er retta mot ungdom utanfor vidaregåande opplæring, elevar i vidaregåande opplæring og dei vidaregåande skulane i fylket.

Oppfølgingstenesta og pedagogisk psykologisk teneste er lovpålagte tenester etter opplæringslova §§ 3-6, 5-6.

På bakgrunn av vedtak fatta av fylkestinget under handsaminga av budsjett 2016 vart det hausten 2016 etablert eit

team sett saman av seks psykologar. Målet er å styrke arbeidet med elevane si psykiske helse. Tenesta skal vere eit lågterskeltilbod for elevane og hjelpe skulane i enkeltsaker og med elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø. Psykologane skal samarbeide tett med kommunane gjennom skulehelsetenesta. Ordninga med psykologar i skule er eit forsøksprosjekt. I PS 87/2018 «Satsing for betre psykisk helse for elevane i vidaregåande skule – eevaluering av psykologteamet i Hordaland», vart ordninga vedteke forlenga.

## VAKSENOPPLÆRING

Tal i tusen

2		Bud 2018	Bud 2019
Kurs og administrasjon	Driftsutgifter	61 720	62 800
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	61 720	62 800
Sentralt	Driftsutgifter	1 775	1 754
	Driftsinntekter	-40	-40
	Netto driftsutgifter	1 735	1 714
	Driftsutgifter	63 495	64 554
	Driftsinntekter	-40	-40
	Netto driftsutgifter	63 455	64 514
	Netto driftsutgifter i 2019 kr	64 700	64 514

Frå og med 2018 er utgifter til læremiddel lagt inn i kursbudsjetta og kjem difor ikkje fram som ein eigen post i tabellen.

Budsjettet til vaksenopplæring er vidareført på same nivå som i 2018.

Opplæringslova gjev vaksne rett til vidaregåande opplæring frå det året dei fyller 25 år dersom dei ikkje har fullført vidaregåande opplæring tidlegare, jf § 4A-3. Retten til vidaregåande opplæring for vaksne vart monaleg utvida frå 01.08.2017, då alle med ei vidaregåande utdanning frå utlandet som ikkje vert godkjent som norsk studie- eller yrkeskompetanse, fekk rett til ny norsk vidaregåande opplæring. Lova pålegg elles fylkeskommunen å gje eit vidaregåande tilbod til andre vaksne som har gjennomført vidaregåande, men som av ulike grunnar søker ny utdanning, jf § 13-3.

Talet på vaksne som ikkje har fullført vidaregåande skule, i alderen 20 – 49 år, har i Noreg vist seg relativt konstant over tid. Tilbodet om vidaregåande opplæring for vaksne reduserer rett nok talet på vaksne utan yrkes- og studiekompetanse, men gruppa vert samstundes «fylt opp» hovudsakleg gjennom fråfallet frå vidaregåande skule og

innvandring av grupper med låg utdanning. Hordaland hadde i 2017 om lag 39 500 innbyggjarar i nemnde aldersgruppe med berre grunnskulen som gjennomført utdanning. Hordaland fylkeskommune har i 2018 vel 1 535 kursplassar i vidaregåande opplæring organisert for vaksne, jf inntaket for haust 2018 per 01.09.18. Dette er ein monaleg auke i høve til tilsvarande tal for 2017 og skuldast m.a eit styrka samarbeid med arbeidsgjevar om tilbodet til praksiskandidatar. 2018 er samstundes første heile driftsåret, der alle 5 vaksenopplæringssentra er komen i drift og har full bemanning.

Framlegg til tilbodsstruktur innan vaksenopplæringa vert lagt fram for politisk handsaming på same måte som skule- og tilbodsstrukturen (klassesaka) for dei vidaregåande skulane i november året før med justeringssak om våren.

I tråd med politiske vedtak i 2016 er verksemda organisert i fem vaksenopplæringscenter. Tabellen under syner vaksenopplæringscenter, kommunane dei skal yte tenester til og innbyggjartal.

Skule	Kommunar	Innbyggjar- tal	Deltakarar vidaregåande opplæring for vaksne
Stord vidaregåande skule – avdeling senter for vaksenopplæring	Sunnhordland, Etne, Sveio, Bømlo, Stord, Fitjar, Tysnes, Kvinnherad, Austevoll	64 000	194
Voss gymnas – avdeling senter for vaksenopplæring	Voss og Hardanger Jondal, Odda, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Granvin, Voss, Vaksdal og Kvam	41 000	169
Åsane videregående skole – avdeling senter for vaksenopplæring (Industri-, handverk-, helse- og oppvekstfag)	Stor-Bergen Bergen, Osterøy, Meland, Radøy, Lindås, Masfjorden, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen, Fusa, Samnanger og Os	338 000	493
Bergen Katedralskole – avdeling senter for vaksenopplæring (Studiespesialiserande fag)			498
Sotra vidaregåande skule – avdeling senter for vaksenopplæring	Sund, Fjell, Øygarden og Askøy	62 000	181

## PRODUKSJONSSKULE

Tal i tusen

2		Bud 2018	Bud 2019
Prod.skulen Hyssingen	Driftsutgifter	8 811	8 078
	Driftsinntekter	-800	-800
	Netto driftsutgifter	8 011	7 278
Prod.skulen Hardanger	Driftsutgifter	0	5 800
	Driftsinntekter	0	-1 000
	Netto driftsutgifter	0	4 800
	Driftsutgifter	8 811	13 878
	Driftsinntekter	-800	-1 800
	Netto driftsutgifter	8 011	12 078
	Netto driftsutgifter i 2019-kr	8 178	12 078

Budsjettet til produksjonsskulen er auka med 3,9 mill. kr i 2019. I 2018 vart husleigekostnad overført til eigedomsavdelinga og nedtrekket til Hyssingen var om lag 0,9 mill. kr

for lågt. Dette er korrigert i 2019. Hausten 2018 starta Produksjonsskulen opp aktivitet i Hardanger. Det er sett av 4,8 mill. kr til dette i 2019.



**Endringar produksjonsskule i 2019-kr**

Tal i tusen

Endringar produksjonsskule	
Hyssingen prod.skule	- 900
Prod.skulen i Hardanger	4 800
Sum tiltak	3 900

Produksjonsskulen skal vere eit tilbod til ungdom som har trøng for eit alternativt opplæringstilbod for ein kortare periode. Målsettinga er primært å motivere og kvalifisere ungdommar til å gå tilbake og gjennomføre ordinær vidaregåande opplæring, sekundært å kome ut i jobb. Det er sett av 12,1 mill. kr til dette tiltaket i 2019.

Produksjonsskulen er eit tilbod om utprøving av ulike programområde. Elevane skal delta i ein arbeidsfellesskap med produksjon som mål. Dei skal få grunnleggjande samfunnskunnskap, kjennskap til og øving i vanlege rutinar i arbeidslivet, få styrka sosial kompetanse og få rådgjeving med omsyn til val av utdanning og yrke.

Produksjonsskulen har ikkje integrert teoriundervisning, men elevane kan få opplæring i grunnleggjande ferdigheter i eigen pedagogisk verkstad. Inntaket skjer løpande gjennom heile året, deltaking er avgrensa til eitt år.

**Hyssingen produksjonsskule – reduksjon 0,9 mill. kr**

Hyssingen produksjonsskule er lokalisert i Bergen. Hyssingen har tilbod retta mot utdanningsprogramma teknikk og industriell produksjon, bygg- og anleggsgfag og restaurant- og matfag. Tilbodet har kapasitet på 45 plassar pr. år. Reduksjonen er knytt til overført husleigekostnad til eigedomsavdelinga.

**Produksjonsskule i Hardanger – auke 4,8 mill. kr**

Prosjektet Hardanger produksjonsskule opna for elevar hausten 2018. Tilbodet er lokalisert ved tidlegare Hjeltnes

vidaregåande skule. I første omgang er det lagt opp til tre verkstader innan Mat & Grønt (gardsbruk), Natur & Miljø og Mekanisk verkstad.

Fylkestinget vedtok i mars 2018 å etablere produksjonsskule ved tidlegare Hjeltnes vidaregåande skule i Ulvik herad. I vedtaket vart det presisert at permanent produksjonsskuledrift føresette eit årleg statstilskot på 9 mill. kr.

For 2019 er det lagt til grunn eit statstilskot på 5,6 mill. kr som det er gjeve tilsegn om. Med tillegg av ei fylkeskommunal løyving på 5,8 mill. kr er det samla 11,4 mill. kr til disposisjon til produksjonsskulen i Hardanger i 2019. 1 mill. kr av løyvinga er ført på budsjettet for eigedomsavdelinga.

Hausten 2018 er Hardanger produksjonsskule, som nemnt, etablert med tre verkstader. Dette er to verkstader mindre enn det som var planlagt ved full drift med bakgrunn i at den økonomiske ramma som er til disposisjon er lågare.

Ut frå signal frå sentralt hald er det lite sannsynleg at fylkestinget sin føresetnad om årleg statleg tilskot på 9 mill. kr vert oppfylt. Dei statlege midlane vert løyvde over statsbudsjettposten «Forsøk med tiltak for ungdom utenfor opplæring og arbeid» som er eit tre-årig prosjekt. Utdanningsdirektoratet skal evaluere det statlege forsøksprosjektet etter prosjektperioden, og fylkesrådmannen legg til grunn at produksjonsskuletilbodet vert oppretthalde innanfor den fylkeskommunale løyvinga på 5,8 mill. kr fram til evaluering av tilbodet våren 2020.

**FAGOPPLÆRING**

Tal i tusen

2		Bud 2018	Bud 2019
Lærlingtilskott	Driftsutgifter	319 011	323 424
	Driftsinntekter	-24 422	-24 849
	Netto driftsutgifter	294 589	298 574
Vg3 i skule	Driftsutgifter	20 346	21 872
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	20 346	21 872

Tal i tusen

2		Bud 2018	Bud 2019
Fagprøver	Driftsutgifter	28 756	29 259
	Driftsinntekter	-776	-790
	Netto driftsutgifter	27 979	28 469
Lærlingopplæring	Driftsutgifter	12 102	11 934
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	12 102	11 934
Fagopplæringskontoret m.m	Driftsutgifter	24 631	23 012
	Driftsinntekter	-350	-350
	Netto driftsutgifter	24 281	22 662
Samarb skule næringsl	Driftsutgifter	1 624	1 000
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	1 624	1 000
	Driftsutgifter	406 471	410 502
	Driftsinntekter	-25 548	-25 989
	Netto driftsutgifter	380 923	384 513
	Netto driftsutgifter i 2019 kr	388 413	384 513

Budsjettramma til fagopplæring er redusert med 3,9 mill. kr i 2019.

### Endringar fagopplæring i 2019-kr

Tal i tusen

Endringar fagopplæring	
Fagopplæringskontoret m.m	- 2 100
Samarbeid skule/næringsliv	-700
Lærlingopplæring	-400
Lærlingtilskott	-700
Sum tiltak	-3 900

#### Fagopplæringskontoret – mindreutgift 2,1 mill. kr

Reduksjon i tal stillingar, overføring av årsverk til andre seksjonar på opplæringsavdelinga, og justeringar av driftskostnader gjev ei samla innsparing på om lag 2,1 mill. kr. Denne summen må sjåast i samanheng med budsjettramma til opplæringsavdelinga under kapitelet Andre postar.

#### Samarbeid skule/næringsliv – mindreutgift 0,7 mill. kr

Posten samarbeid skule/næringsliv er redusert med om lag 0,7 mill. kr i høve 2018. Reduksjonen er gjort basert på rekneskapstal frå 2017 og prognose for forbruk i 2018.

#### Lærlingtilskott og vg3 i skule – mindreutgift 0,7 mill. kr

Innan yrkesfaga har elevane fleire opplæringsløp å velje

mellom. Hovudløpet er to år i skule og to år i bedrift. Det er også alternative opplæringsløp der ungdomane saman med bedriftene kan avtale anten tre år i skule og eit år i bedrift eller at alle fire åra skal vere i bedrift. Om lag 70% av lærlingane følgjer hovudløpet.

*Tilskottet til lærebedriftene er avhengig av:*

- utdanningsløp
- alderen til lærlingen
- om lærlingen tidlegare har fått oppfylt retten til vidaregåande opplæring
- om det er eit verneverdig fag lærlingen har fått læreplass ved

Tilskottssatsane vert regulert kvart år av departementet, og dei har tilbakeverkande kraft frå 1. januar. Pr 01.01.18 er tilskottet pr lærling kr 153 053. Dei siste åra har lærlingtilskottet vorte auka betydeleg. Auken har kome gjennom statsbudsjettet og revidert statsbudsjett. I revidert statsbudsjett for 2018 var det ikkje lagt inn nye tilskottssatsar. I budsjettet for 2019 vert difor tilskottssatsen pr 01.01.18 justert for prisvekst i 2018 lagt til grunn.

Tal på lærlingar er ikkje lett å prognostisere eksakt. I 2018 ser det ut til at det vert om lag same tal lærlingar som i 2017. Talet på lærlingar avheng av søkjarar til læreplass og tilgang på læreplassar. Det er store regionale forskjellar i arbeidsmarknaden og potensiale for å skaffe læreplassar.

Fylkeskommunen må syte for at elevane med ungdomsrett som ikkje får læreplass, får ei alternativ slutttopplæring, ofte omtala som alternativ Vg3 i skule. Langt frå alle som ønskjer seg læreplass tar imot eit tilbod om slik alternativ

opplæring. Trenden frå dei siste åra syner at fleire takkar ja til eit tilbod om vg3 i skule. Fylkesrådmannen legg til grunn at det vert om lag same tal ungdommar i Vg3 i skule i 2019 som i 2018.

Spesielt innan elektrofaga er det overkapasitet i skuletilbodet. Dette har ført til at det har vore relativt stor trong for Vg3 i skule i dette faget. Det er gjort korrigeringar i skuletilbodet, men det er framleis fleire skuleplassar enn det er læreplassar.

Alternativ slutttopplæring i skule har om lag same kostnad som ein lærekontrakt, men når opplæringa skjer i skule er verdiskapingsleddet fjerna og «læretida» vert komprimert til 12 månader. Vidare er det slik at nokon av dei som byrjar på Vg3 i skule, får tilbod om læreplass etter at dei har starta med eit vg3 løp. Det kan bety dobbel kostnad for fylkeskommunen.

På grunn av venta låg prisvekst er budsjettet redusert med 0,7 mill. kr.

### Fagprøver

Dei siste åra har det vore avlagt om lag 3 100 fag- og sveineprøver i Hordaland, noko som er eit resultat av at det aldri har vore så mange i lære tidlegare. Det er venta om lag same tal fag- og sveineprøver i 2019.

### Lærlingopplæring – mindreutgift 0,4 mill. kr

Lærlingar som går ut i lære før dei har fullført Vg2 i skule, må ofte ta teori ved ein vidaregåande skule parallelt med læreløpet. Bedriftene får trekk i tilskottet for det timetalet lærlingen er på skule. På grunn av auka eigenbetaling for teoriopplæringa er budsjettet redusert med 0,4 mill. kr.

## TILTAK FOR Å BETRE GJENNOMFØRING I FAG OG YRKESOPPLÆRINGA:

### Prosjekt «Auka gjennomføring fleire ut i lære»(yrkesfagleg koordinator – YFK-prosjektet)

Prosjektet skal gjennom arbeidet til dei yrkesfaglege koordinatorane (yfk) få på plass varige strukturar og arbeidsmåtar som fremjar auka formidling og kan overførast til andre skular i fylket.

Ved utgangen av prosjektperioden skal Hordaland fylkeskommune ha utarbeidd ein tydeleg strategi for korleis ein arbeider med den enkelte ungdom som byrjar på ei fagutdanning – ei heilskapleg 4-årig opplæring for alle som vel yrkesfagleg utdanning.

Prosjektet har utarbeidd rutinar og system for arbeidet med å auke gjennomføringa og styrke overgangane for elevar i vidaregåande opplæring. Formidlingsplanar og

læreplassrekneskap som vert teke i bruk, gjev skuleeigar meir robuste skular, og aukar fokuset på å kvalifisere elevane i høve til kva lærebedriftene ønskjer av fagleg og sosial kompetanse.

Prosjektskulane viser via sitt læreplassrekneskap og arbeidet med formidlingsplan at dei har meir informasjon om eleven sin status enn kva fagopplæringskontoret har via sine system.

Mange av måla i prosjektet femner om faget yrkesfagleg fordjuping (YFF). Auka fokus på optimal bruk av YFF har vist seg å vere nyttig. Det gjer at skulane legg meir arbeid i å få elevane utplasserte både i Vg1 og i Vg2. Enkelte bransjar er meir positive til utplassering enn venta.

Prosjektet arbeider regionalt i høve til å spreie erfaringar og dele dei system og metodar som er utvikla. Mellom anna har prosjektskulane arbeid regionvis for elevar som står utan læreplass. Yrkesfagenes år og kampanjen «læreplassjeger» er også tatt i bruk over heile fylket. Her er Hordaland med som pilot saman med fire andre fylke. Nær 600 bedrifter innafor Bilfag, Elektro og Automasjon, Teknikk og industriell produksjon og IKT i Hordaland har motteke brev frå World Skills Norway. Dei yrkesfaglege koordinatorane følgjer systematisk opp bedrifter regionalt.

Gjennom arbeidet i prosjektet ser ein at ein gjennom systematisk arbeid og fokus på relevant og interessedifferensiert opplæring vil ha robuste skular og ein strategi for at elevar som vel fag- og yrkesopplæring, skal kunne kjenne seg trygge på at dei skal få fullføre opplæringa dei startar på. Metodane kan overførast til alle skulane i fylket. Det er ikkje sett av midlar til «Aksjon lærebedrift» i 2019. Årsaka er at HFK ønskjer å spisse satsinga inn mot YFK-prosjektet i 2019 og sjå på moglege modellar for vidareføring av tiltaket.

**Andre tiltak mot fråfall**

Det er fleire faktorar som påverkar moglegheita for at ungdomane får seg læreplass. Tal lærebedrifter er viktig.

Det same er god rettleiing av søkjarane, og ikkje minst at skulane set elevane sine i posisjon gjennom yrkesfagleg fordjuping. I tillegg er det også i nokon tilfelle viktig med ekstra økonomisk bidrag til bedriftene for å ta imot ungdom som ikkje er heilt klår for forpliktingane som ligg i ein lærekontrakt.

HFK har sidan 2012 gitt avviksfaga (3 år i skule+18 månader læretid) basis 2-tilskot. Desse utløyser i utgangspunktet ikkje tilskot fordi ungdommane har brukt opp opplæringsretten sin. Erfaringa viser at tilskotet har hatt god effekt.

I særlopsfaga dvs fag med 3 år i skule, kan dei som ikkje får seg læreplass gå opp til fagprøve. Svært mange av dei som går opp til fagprøve utan å ha vore lærling stryk. Frå skuleåret 2018/19 vil dei få tilbod om ei veke opplæring og førebuing slik at dei skal vere betre rusta for å gå opp til fagprøve. Dette vert dekkja innafor gjeldande budsjetttramme

**MANGER FOLKEHØGSKULE**

Tal i tusen

2		Bud 2018	Bud 2019
Manger folkehøgskule	Driftsutgifter	1 903	1 061
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	1 903	1 061
	Netto driftsutgifter	1 903	1 061
	Netto driftsutgifter i 2019 kr	1 945	1 061

Budsjetttramma er redusert med 0,9 mill. kr i høve 2018.

Hordaland fylkeskommune driv Manger folkehøgskule. Skulen har plass til om lag 60 elevar. Skulen har tilbod om brassband, vokal, musikkproduksjon og band. Skulen har også eit tilrettelagt tilbod – musikk bu og fritid som er finansiert av NAV. Tilbodet ved Manger folkehøgskule rettar seg mot ungdom som har fullført vidaregåande skule.

Manger folkehøgskule er finansiert med statstilskot, eigenbetaling og fylkeskommunalt tilskot. Det fylkeskommunale tilskotet var på om lag 1,9 mill. kr i 2018, det er budsjettert med reduksjon på om lag 0,9 mill. kr i høve 2018. Drift av folkehøgskular er ikkje ei lovpålagd oppgåve. Fylkesrådmannen vil difor setje i gang eit arbeid for å vurdere om aktiviteten ved skulen bør drivast av andre eller om skulen kan drivast utan fylkeskommunalt tilskot.

## ANDRE POSTAR

Tal i tusen

2		Bud 2018	Bud 2019
Opplæringsavdelinga	Driftsutgifter	51 332	53 621
	Driftsinntekter	-8 650	-10 215
	Netto driftsutgifter	42 682	43 406
Skuleadm system m.m	Driftsutgifter	1 885	6 327
	Driftsinntekter	-100	-300
	Netto driftsutgifter	1 785	6 027
Kompetanseplan	Driftsutgifter	18 652	18 955
	Driftsinntekter	-1 566	-1 594
	Netto driftsutgifter	17 085	17 361
Tilskot	Driftsutgifter	712	706
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	712	706
Ekstern spes.underv,	Driftsutgifter	43 723	42 488
	Driftsinntekter	-2 188	-2 226
	Netto driftsutgifter	41 535	40 262
Privatisteksamen	Driftsutgifter	13 884	13 884
	Driftsinntekter	-23 500	-25 000
	Netto driftsutgifter	-9 616	-11 116
	Driftsutgifter	130 187	135 980
	Driftsinntekter	-36 004	-39 335
	Netto driftsutgifter	94 183	96 645
	Netto driftsutgifter i 2019 kr	96 045	96 645

## Endringar Andre postar

Tal i tusen

Endringar Andre postar	
Opplæringsavdelinga årsverk	-200
Opplæringsavdelinga nytt skuleadministrativt system VIS	3 000
Mobilitet	1 200
Ekstern spesialundervisning	- 2 100
Privatist eksamen	- 1 300
Sum endring	600

### **Opplæringsavdelinga – mindretgift 0,2 mill. kr**

Opplæringsavdelinga har om lag 130 tilsette fordelt på 4 seksjonar, leing og stab. Seksjonane fagopplæring og OT/PPT har om lag 75 tilsette. Budsjetta for desse einingane finn ein under høvesvis fagopplæring og OT/PPT. Seksjonane skule og fellestenester samt leing og stab har om lag 55 tilsette. Det er budsjettert med om lag 43,4 mill. kr til drift av desse einingane. Lønsbudsjettet til dei to seksjonane fellestenester og skule er redusert med om lag 0,2 mill. kr i høve 2018.

### **Nytt skuleadministrativt system Visma In School (VIS) m.m. – meirutgift 3,0 mill. kr**

VIS skal etter planen innførast i løpet av 2019. Det er budsjettert med prosjektkostnader på om lag 3,2 mill. kr i 2019.

### **Mobilitet – meirutgift 1,2 mill. kr**

Det er budsjettert med 1,2 mill. kr i auka utgifter til mobilitet i 2019. Denne kontoen vert nytta ved overtal og omplassering av personale.

### **Ekstern spesialundervisning – mindretgift 2,1 mill. kr**

Fylkeskommunen kjøper undervisningstenester frå staten, kommunar, private institusjonar og i nokre tilfelle frå andre fylkeskommunar for nokre elevgrupper.

Tiltaka innanfor slike tenester kan grupperast i desse hovudkategoriane:

- Elevar i grunnskulen i Hordaland med barnevernsvedtak.
- Elevar som er plasserte i barnevernsinstitusjonar i andre fylke, men der opplæringsretten ligg i Hordaland fylkeskommune.
- Elevar i private skular som etter vedtak får spesialundervisning.

Summen til spesialundervisning til elevar i private skular er redusert med 2,1 mill. kr, ut frå erfaringstal dei siste åra.

Totalt er det sett av 40,2 mill. kr i budsjettet for 2019.

### **Privatisteksamen – meirinntekt 1,3 mill. kr**

Privatistane må betale gebyr for å melde seg opp til eksamen. Gebyrsatsane er fastsett nasjonalt. Gebyret skal dekkje utgiftene fylkeskommunen har til avvikling av privatisteksamen. Utgiftene til tilsette på eksamenskontoret er ført på opplæringsavdelinga.

Rekneskapstal for 2018 syner at det kan ventast ei meirinntekt. Inntektsbudsjettet for 2019 vert difor auka med 1,3 mill. kr. Totalt er det budsjettert med ei netto inntekt på om lag 10,6 mil. kr.

### **Kompetanseplan**

Plan for kompetanseutvikling skal medverke til å nå målet om auka læringsutbytte og fullføring. Kompetanseutviklinga blir systematisert, og skal fornye og utvide den faglege og pedagogiske kompetansen hos skuleleiarar, lærarar, andre tilsette og sentrale aktørar i fag- og yrkesopplæringa. HFK skal forankre den nasjonale strategien for vidareutdanning i organisasjonen, og sikre samanhengen mellom statleg satsing og eigne satsingsområde.

I 2019 er det budsjettert med om lag 17 mill. kr i fylkeskommunale midlar til kompetanseheving.

### **Tilskot**

Det er budsjettert med om lag 0,1 mill. kr i tilskot til elevorganisasjonar i 2019. Det er i all hovudsak Elevorganisasjonen i Hordaland som får tilskot. Hordaland fylkeskommune har kvart år elevar plassert på Skuleskipet Gann i Rogaland. Skuleskipet Gann er ein godkjent, privat vidaregåande skule med utvida kristen formålsparagraf. Det er budsjettert med tilskot på 0,5 mill. kr i 2019.



SAMFERDSEL

# Satsinga på kollektiv gjev resultat

*Hordaland fylkeskommune har gjennom fleire år satsa målretta på å styrke kollektivtilbodet i fylket. Dette viser att i reisetala for både buss, bane og båt, som aukar frå år til år. Ruteproduksjonen vert i all hovudsak uendra i 2019, med nokre justeringar. Vidare vil fylkeskommunen arbeide for at billettering og sal av reiser er betre tilpassa turistmarknaden og reiselivet elles gjennom prosjektet Travel like the locals.*

## UTFORDRINGAR I ØKONOMIPLANPERIODEN

### Budsjettramma

Budsjettramma for 2019 for samferdselssektoren er redusert samanlikna med 2018. Dette samstundes med at ein er inne i ein periode med sterk kostnadsvekst på fleire delsektorar innan samferdselsområdet. For kollektivområdet står ein framføre elektrifisering og totalfornyng av ferjeflåten. I tillegg vil det påløpe ekstra kostnader i samband med omleggingar og oppgradering av gater i Bergen sentrum og utbygging av Bybanen. I 2019 får ein heilårs-effekt av soneomlegginga. På vegområdet er det trong for større løyvingar enn budsjettet gjev rom for å redusere vedlikehaldsetterlepet. Den økonomiske situasjonen gjer at budsjettet for 2019 ikkje går i balanse utan forslag om redusert ruteproduksjon og lågare fylkesvegbudsjett enn det som er ønskeleg. Det er lagt inn eit høgt inntektspåslag i budsjettet.

### Kostnadsreduksjon og inntektsbehov

I økonomiplanperioden vert kostnadsutviklinga på kollektivområdet svært utfordrande. Kutt i ruteproduksjon innanfor alle transportområda kan bli naudsynt i økonomiplanperioden, og må gjennomførast der det råkar kundane minst mogleg. Samstundes må ein unngå at slike kutt fører til ineffektiv drift, eller/og stor ubalanse i kontraktane mot operatør.

Fylkesrådmannen vil peike på at det er naudsynt å sikre inntektsutviklinga gjennom langsiktig og føreseieleg takstutvikling. Takstane er eit verkemiddel for å halde oppe og utvikle eit godt tilbod og å få fleire passasjerar.

Fylkeskommunen har gjennom byvekstavtalen for Bergen, Miljøløftet, forplikta seg til nullvekstmålet, der kollektiv skal ta ein stadig høgare del av reisene i Bergen. Vidare utvikling av tilbodet og kapasiteten i kollektivnettet vert utfordrande sett i lys av den stramme økonomien i fylkeskommunen.

### Nye bussanbod og miljøtiltak i Bergen

Temaplan for null- og lågutsleppsbusar, vedteke i fylkestinget i juni 2017, legg opp til elektrisk drift og bruk av biodrivstoff i komande anbud for Bergen. Ambisjonen i planen er fossilfri busstrafikk i Bergen frå 2020. Grunna manglande finansiering er det ikkje lagt opp til å stille spesifikke krav om elektrisk drift i dei nye busskontraktane i Bergen. Eventuelle tiltak må innførast undervegs i kontraktperioden, og vil venteleg gje høgare tiltakskostnader enn tidlegare estimert.

### Nye ferjeambod

Dei to ferjeamboda til/frå Austevoll er starta opp med ny kontrakt i 2018. I 2019 er det oppstart av Masfjordnes-Duesund, og 2020 vert oppstartsåret for alle resterande ferjeambod.

Budsjett for 2020 vil, som tidlegare varsla, bli svært krevjande. Prognosane for 2020 viser netto driftskostnader på om lag 620 mill. kr for ferjeområdet, som er ei auke i høve budsjettet for 2019 på 285 mill. kr. i perioden frå 2021 til 2029 er den gjennomsnittlege nettokostnaden om lag 100 mill. kr lågare enn i oppstartsåret 2020.

Investeringskostnader knytt til nett-oppgraderingar og ladeinfrastruktur er på totalt 671 mill. kr. Fylkeskommunen ber risikoen for meirkostnader knytt til nett-oppgraderingar. Netto investeringskostnad, inklusive Enova-tilskott, er 500 mill. kr fordelt med 200 mill. kr i 2019 og 300 mill. kr i 2020.

### Båtruter

Det er løyst ut opsjon på kontrakten "Bybåtsambanda". Denne dekkar sambanda Kleppestø-Strandkaaien og Knarvik-Frekhaug-Bergen, og kontrakten går då ut 31.12. 2021. Trafikkplan båt, vedteken i fylkesutvalet i november 2017, omhandlar tilrådde løysingar for elektrisk drift for Askøy-ruta. Løysinga inneber også ei kapasitetsauke, og føreset drift med to fartøy. Miljøtiltaka og kapasitetsauken vil medføre vesentlege investeringskostnader og årlege meirkostnader til drift.

### Digitalisering og nye mobilitetstenester

Tenestene Skyss tilbyr kundar og innbyggjarar i Hordaland skal vere saumause, og enkle å nytte seg av og betale for. Derfor pregar digitalisering og implementering av ny teknologi måten Skyss arbeider på.

Utviklinga går i retning av integrerte mobilitetstenester, såkalla kombinert mobilitet, der eit robust kollektivtilbod er kjernen i ein heilskap med bildeling, sykkeldeling, drosjer og bysyklar. Innføring av nye betalings-, bestillings- og informasjonstenester vil påverke tenestene ut mot kunden i åra som kjem.

### Bus as a service

Med innføring av Bus as a Service i nye busskontraktar vil grensesnittet mellom Skyss og operatørselskapa verte vesentleg endra. I dag er det Skyss som kjøper inn, installerar, driftar og held ved like mykje teknisk utstyr i bussane. I dei nye kontraktane vil dette vere definert som ei teneste Skyss kjøper av operatørane.

### Billettinntekter

Takstsonestrukturen for buss og bybane vart forenkla i 2018, og mobilbilletten vart tilgjengeleg for reisande i heile Hordaland. Eksakte effektar av dette på reisetil og inntekter er vanskeleg å føreseie sidan ein ikkje har erfaringstal, men i budsjettet for 2019 det lagt til grunn eit bortfall i inntekter på 29 mill. kr som konsekvens av sonetakstreduksjonen. Ein har tru på at endringa vil gje fleire reisande, men ei eventuell auke i inntektene som følgje av dette må



ein sjå i eit litt lengre perspektiv. Endringa i takstsoner har òg konsekvensar for inntektene frå skuleskyss, og dette er det teke omsyn til i budsjettframlegget.

#### Passasjervekst

I budsjetterte inntekter for 2019 er det lagt til grunn ein passasjervekst på 3,5 %. I tillegg har ein lagt inn auke i billettinntektene som følgje av at tilbodet til dei reisande har vorte styrka dei siste åra både på buss/bybane og båt.

#### Takstauke

Fylkesrådmannen foreslår gjennomsnittleg takstauke på 2,7 % og har lagt til grunn inntektsvekst som ein meiner er realistisk å oppnå som følgje av dette påslaget. I tillegg til at ein reknar med generell auke i talet på reisande, er det hovudelement som ligg til grunn for venta vekst. I tråd med strategi for inntektssikring vert det gjennomført fleire billettkontrollar enn før, noko som vil gje utslag på billettinntektene. I tillegg vert bomringen i Bergen utvida og ein har hatt ein vesentleg auke i bompengetakstane frå juni 2018. Det er lagt til grunn at fleire vil reise kollektivt framfor å køyre eigen bil.

#### Fylkesveg

I desember 2016 vedtok fylkestinget Strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet fram mot 2029. Hovudfokus i strategien er å auke innsatsen på vedlikehaldssida med

eit særskilt fokus på å auke standarden på dei viktigaste vegane i fylket. Samstundes skal ein søkje å oppretthalde drifta på eit forsvarleg nivå, slik at forfallet ikkje aukar ytterlegare.

#### Tunnellar

Det er utfordrande å følgje opp EU-direktivet som er vedteke for å trygge dei lange tunnelane i Hordaland. Dei samla kostnadene for å oppgradere tunnelane til minimumskrava i direktivet, og ta inn vedlikehaldsetterslepet er omlag 3 mrd. kr. Fylkestinget vedtok i budsjettet for 2018 å redusere løyvinga til tunnelvedlikehald frå 100 mill. kr til 60 mill. kr. I samband med 5-års inspeksjon av tunnelar i fylket, har det kome for dagen at det er vedlikehaldsetterslep i ein del tunnelar som ein av trafikktryggleiksomsyn ikkje kan vente med å rette opp i, og det vil gje meirkostnader i åra framover.

#### Bruvedlikehald

I 2018 har bruvedlikehaldet fått auka fokus. Det er store vedlikehaldsbehov for kystbruene som følgje av at dei er utsett for korrosjon. På 1990-talet var det valt fleire dårlege løysingar som no har ført til eit stort vedlikehaldsbehov. I samband med rulleringa av investeringsprogrammet vil ein ta med i vurderinga dei dokumenterte behova som føreligg.

## OVERSYNSTABELL

Driftsbudsjettet på samferdselsområdet skal dekke kollektivdrifta i fylket med ruteproduksjon, skuleskyss og transportordninga for funksjonshemma. Budsjettet gjeld og drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Kollektivtrafikken gjev reisetilbod til heile fylket med båt, ferje, buss og Bybanen.

Samla var det omlag 70 mill. kollektivreiser i 2017, av dette om lag 61,5 mill reiser i bergensområdet. Fylkesvegnettet omfattar omlag 2 900 km fylkesveg og 200 km gang- og sykkelveg.

Tal i tusen

1 Teneste	Inntekter og utgifter	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Endring %
Drift og vedlikehald fylkesvegar	Brutto driftsutgifter	543 163	564 467	3,7 %
	Driftsinntekter	-90 897	-117 488	29,3 %
	Netto driftsutgifter	452 266	446 979	-1,2 %

1	Teneste	Inntekter og utgifter	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Endring %
	<b>Bilruter</b>	Brutto driftsutgifter	1 697 402	1 752 400	3,2 %
		Driftsinntekter	-972 794	-1 015 200	4,4 %
		Netto driftsutgifter	724 608	737 200	1,7 %
	<b>Fylkesvegferjer</b>	Brutto driftsutgifter	411 024	412 300	0,3 %
		Driftsinntekter	-52 036	-55 400	6,5 %
		Netto driftsutgifter	358 988	356 900	-0,6 %
	<b>Båtruter</b>	Brutto driftsutgifter	196 124	203 300	3,7 %
		Driftsinntekter	-53 900	-56 000	3,9 %
		Netto driftsutgifter	142 224	147 300	3,6 %
	<b>Bybanen</b>	Brutto driftsutgifter	243 534	231 200	-5,1 %
		Driftsinntekter	-177 467	-179 300	1,0 %
		Netto driftsutgifter	66 067	51 900	-21,4 %
	<b>Andre kostnader</b>	Brutto driftsutgifter	246 057	258 549	5,1 %
		Driftsinntekter	-12 710	-19 900	56,5 %
		Netto driftsutgifter	233 347	238 649	2,3 %
	<b>Sum</b>	Brutto driftsutgifter	3 337 304	3 422 216	2,5 %
		Driftsinntekter	-1 359 804	-1 443 288	6,1 %
		Netto driftsutgifter	1 977 500	1 978 928	0,1 %
		Netto driftsutgifter i 2019 kr	2 032 870	1 978 928	-2,7 %

## ENDRINGAR

mill. kr

1	Endringer frå 2018 til 2019	
	Endring i netto budsjettramme i 2019 prisar	-53,9
	Endringer for å nå balanse:	
	Fylkesveg	-18,2
	Bilruter	-7,7
	Ferjeruter	-12,1
	Båtruter	1,1
	Bybanen	-15,9
	Andre kostnader	-1,1
	<b>Sum</b>	<b>-53,9</b>

### Oppsummering endringar

Samferdsel har ei endring i budsjetttramma på -53,9 mill. kr frå 2018 til 2019. Dette er ein stor reduksjon som i hovudsak vert løyst ved at dei totale inntektene er 45,4 mill. kr høgare i budsjettet for 2019 enn i 2018; mellom anna stor auke i bruk av statlege belønningssmidlar. Kostnadssida for samferdselsektoren er redusert med 8,5 mill. kr. I endringstabellen over utgjer altså den auka inntektssida i budsjettet for 2019 ein stor del av endringane på dei ulike budsjettområda.

Budsjettet for fylkesvegvedlikehaldet er foreslått redusert med 18,2 mill. kr samanlikna med 2018. Det er dermed på om lag uendra nivå frå forslaget for 2018, men fylkestinget sitt vedtak om auke på 20 mill. kr i 2018, har ein ikkje makta å vidareføre innanfor tronge økonomiske rammer. For bilruter er det lagt inn ein reduksjon på 7,7 mill. kr i hovudsak som følgje av inntektsauke. Det er ikkje gjort framlegg om reduksjonar i tilbodet, men det er lagt inn eit tiltak som aukar kostnadane. Dette tiltaket er knytt til mellombelse omleggingar i bussproduksjonen. Utover det vert det full effekt av ekstraløyvinga til bussproduksjon som kom i 2018-budsjettet.

Områda ferjeruter og båtruter har fått høvesvis ein reduksjon på 12,1 mill. kr og ein auke på 1,1 mill. kr. Tilbodet på desse områda er samla sett haldne oppe uendra i 2019 samanlikna med 2018, men det har likevel vore naudsynt å gjera framlegg om nokre tiltak som reduserer tilbodet. Det vert gjort framlegg om redusert tilbod på eitt ferjesamband med effekt på 3 mill. kr i 2019. For båtruter vert det foreslått tre tiltak; nedlegging av eitt samband og reduksjonar i to andre samband med halvårseffekt på 4,8 mill. kr. Desse tiltaka utgjer ein samla reduksjon på 7,8 mill. kr, og dette er det gjort greie for gjennom tal og tabellar under dei ulike områda.

For bybanen er reduksjonen 15,9 mill. kr. Reduksjonen er knytt til ny kontrakt og endra vognleie. Framlegget inneber ikkje reduksjonar i tilbodet. Budsjettområdet for andre kostnader er redusert med 1,1 mill. kr, og denne reduksjonen er summen av fleire mindre justeringar.

## MÅL

2 Mål	Tiltak	Resultatmål 2018	Resultatmål 2021
1. Samferdsel skal fremje regionale interesser i dialog med kommunane og andre viktige aktørar innan samferdselsområdet	<p>Arbeide for å auke dei statlege løyvingane til rassikring og oppgradering av tunnellar på fylkesvegane som følgje av tunnelsikkerhetsforskrifta</p> <p>Arbeide for å auke statlege løyvingar til å dekkje etterslepet på fylkesvegnettet</p> <p>Arbeide for betre grunnfinansiering for drift av kollektivtrafikk</p>	<p>Fylgje opp NTP ppproses-senarbeid,</p> <p>Fylgje opp NTP</p> <p>Sikre driftsmiddel i miljøløftet</p>	<p>Fått auka løyvingar i forhold til 2018</p> <p>Fått innarbeidd eigen post i NTP for å ta att vedlikehald på vegnettet</p> <p>Sikre driftsmiddel til ferje som ikkje går ut over øvrig kollektivtrafikk</p>
2. Samferdsel skal medverke til å sikre mobilitetsbehovet ved å vidareutvikle og forvalte eit føreseieleg, sikkert, miljøvenleg og framtidsetta transport-system	<p>Prioritere utbygging av gang- og sykkelvegnettet rundt viktige målpunkt for barn og unge, samt eit samanhengande sykkelvegnett rundt regionale knutepunkt</p> <p>Vidareføre arbeidet med trafikksikker kommune</p> <p>Ny kontrakt med miljøløysing for båtsambanda Kleppestø-Bergen og Knarvik-Frekhaug-Bergen</p> <p>Stille miljøkrav til teknologi og drivstoff i nye bussanbod</p>	<p>6 km ny g/s veg</p> <p>1 godkjent kommune</p> <p>Utsleppsreduksjon buss 5 500 tonn CO<sub>2</sub> i forhold til 2017</p>	<p>8 km ny g/s veg</p> <p>2 godkjente kommunar</p> <p>Utsleppsreduksjon buss og ferje 65 400 t CO<sub>2</sub> i forhold til 2017.</p>

2 Mål	Tiltak	Resultatmål 2018	Resultatmål 2021
3. Samferdsel skal forvalte og utvikle fylkesvegnettet med vekt på standardheving og klimatilpassa drift og vedlikehald	Prioritere vedlikehald og utbetring framfor nybygging	80 km dekkelegging	100 km dekkelegging
	Etablere ein planreserve for prioriterte prosjekt	Fylgje opp handlingsprogrammet i RTP	Planreserve for rassikring og øvrig oppgradering er etablert
4. Samferdsel skal arbeide for at veksten i persontrafikk i bergensområdet skal skje ved hjelp av gange, sykkel og kollektivtrafikk	Utvikle og styrke kollektivtilbodet for fleire reisande	3,5 % vekst i talet på påstigande	3,5 % vekst i talet på påstigande.
	Følgje opp strategi for innfartsparkering for bil og sykkel	3485 bilplassar	4170 bilplassar



## PRIORITERINGAR I 2019

### Kollektivområdet

**Bilruiter:** Budsjettposten for bussdrift er styrka i høve prisvekst og avtalefesta reguleringar. Kostnader til individuelt tilrettelagt skuleskyss er uendra i høve til 2018. Det er lagt inn 29,5 mill. kr til kostnader knytt til omlegging av busslinjer i Bergen sentrum

**Bybane:** Budsjettet for bybanen tek høgde for nye kontraktsprisar og oppstart av ny kontrakt for drift av Bybanen, og endringar i ansvarsforhold mellom Skyss og Bybanen AS. Ein vidarefører nøgjedande rutetilbod i 2019.

**Båt:** Budsjettposten for båt er styrka i høve prisvekst og avtalefesta reguleringar. Som ledd i behovet for kostnadsreducerande tiltak, er ruteproduksjonen for båt redusert tilsvarende 4 mill. kr i 2019, med heilårsverknad frå 2020 på 8 mill. kr. Fylkesrådmannen foreslår å leggje ned båtruta Reksten-Våge-Os mellom Tysnes og Os kommunar og redusert opningstid på ruta Kleppstø-Strandkaaien mellom Askøy og Bergen og for ruta til Ølen i Rogaland.

**Ferje:** Ferjetilbodet er i hovudsak uendra frå 2018 til 2019. Posten er redusert med 3,0 mill. kr som følgje av forslag om å leggje ned ekstra sommarferje Kvanndal-Utne etter som vegarbeid ved Deildo no er ferdigstilt.

**Billettinntekter:** I framlegget har ein lagt til grunn prisauke på gjennomsnittleg 2,7 % for buss og bybane. Sidan det

vert gjort til dels store endringar i rabattar og billettypar i 2018, tilrår ikkje fylkesrådmannen vesentlege endringar i 2019, men mindre justeringar i dei ulike billettkategoriene.

**Travel like the locals:** Det vert sett i verk eit prosjekt i samarbeid med Sogn og Fjordane og Rogaland for å tilretteleggje for at billettering og sal av reiser er betre tilpassa turistmarknaden og reiselivet elles. Det vert teke sikte på at ein til turistsesongen 2019 har klar 2-3 ruter/destinasjonar innanfor dette konseptet, og det er budsjettert med ei auka billettinntekt på 2,0 mill. kr.

### Fylkesveg

Løyvingane til vedlikehald har ikkje auka så mykje som ønskjeleg. På same tid har klimautfordringane vorte større med meir flaum, skred og ekstrem nedbør som har alvorlege følgjer for fylkesvegnettet. For å avbøte situasjonen noko, har ein løyvd meir midlar til standardhevings-, fornyings- og opprustingstiltak over investeringsbudsjettet.

I Strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet fram mot 2029 vert det lagt opp til å halde fast på dagens driftsnivå i kontraktane, men at det før kvar kontraktsutlysning vert ein gjennomgang av driftsnivået.



## FOLKEHELSEPERSPEKTIVET

### Nasjonale og regionale føringar

Kvart 4. år legg Stortinget fram sine forventningar til regional og kommunal planlegging, og her vert folkehelse via stadig større merksemd. Folkehelse er noko meir enn summen av den individuelle helsetilstanden i befolkninga. Omgrepet omhandlar og økonomiske, psykiske og miljømessige tilhøve som påverkar helsetilstanden. Tilrettelegging for meir fysisk aktivitet og miljøvennleg transport vil vere folkehelsefremjande tiltak i tråd med dei nasjonale forventningane. Folkehelse vert følgt opp i sentrale regionale styringsdokument, og i februar 2018 vart «Handlingsprogram for folkehelsesatsinga i Hordaland 2018 – 2021» vedteke. I planen er det m. a. tiltak retta mot auka sykkelbruk og trafikktryggleik. Det er eit mål at minst 10 kommunar skal vere godkjent som trafikksikre kommunar innan planperioden, og at Hordaland fylkeskommune skal arbeide for å bli godkjent som trafikksikker fylkeskommune. Ein arbeider systematisk for å nå dette målet. Vidare stiller målsettingar og tiltak i handlingsprogrammet krav til utbetringar av fylkesvegane, og særleg er systematisk arbeid med trygge skulevegane vektlagt.

### Redusere utslepp frå køyretøy ved å fremje miljøvenlege reiser

Transportsektoren er den største kjelda for CO<sub>2</sub>-utslepp i Noreg i dag (31 %). I tillegg gir svevestøv og utslepp av nitrogendioksid lokal luftforureining som medfører helseproblem for innbyggjarar i større byar. Nullvekstmålet for biltrafikk inneber at veksten i trafikken skal takast av dei miljøvenlege reisealternativa. Det inneber å utvide kollektivtilbodet, samt å leggje til rette for gåande og syklande. Indikatorar er bilpasseringar gjennom bompengeringen i Bergen. Utslepp frå lette køyretøy (privatbiler) er redusert dei siste åra i Hordaland. Mykje av dette skuldast auka sal

av nullutslepps-bilar, i tillegg til at trafikken er redusert. I tillegg har det vore ein auke i talet for påstigande passasjerar på buss og bane.

### Aktive reiser

Gange og sykling er dei einaste reisealternativa som gjev gevinst for samfunnet grunna betring av folk si helse gjennom aktivitet. Helsedirektoratet har rekna ut at kvar sykkelkm gjev kr 28,- i gevinst i form av sparde helseutgifter. Tiltak retta mot sykkel og gange har stort potensial for betring av folkehelsa, og difor er det eit aukande fokus på satsing på desse rørslealternativa på alle forvaltningsnivå. Med tanke på folkehelse ligg gevinsten i å leggje til rette for at både unge og eldre kan bevege seg og ha eit aktivt kvardagsliv. Det handlar om enkle tiltak som gjer at alle trygt kan ta seg fram i nærmiljøet. T. d. er god heilårsdrift av gang- og sykkelvegane viktig for å kunne oppretthalde aktivitetsnivået også vinterstid.

### Fokusområde i 2019

- Arbeide med hjertesone-prosjektet i Bergen i regi av Trygg Trafikk, Bergen kommune og fylkeskommunen
- Auka ruteproduksjonen i Bergen slik at enno fleire kan nytte kollektive transportmiddel. Det er lagt til grunn ein passajervekst på 3,5 % i 2019
- Ha fokus på drift av sykkelvegnettet i Bergen, samt vidare utbygging av sykkelvegnettet
- Innføring av fleire bompengesnitt i Bergen. Det vil truleg føre til nedgang i personbiltrafikken med overgang til sykkel, gange og kollektiv
- Arbeide for at fleire kommunar vert godkjende som trafikksikker kommune



## STYRINGSDOKUMENT – REGIONALE PLANAR OG TEMAPLANAR

## 2 Planansvar – samferdselsavdelinga

Regionale planar	Vedtaksår	Utval	Revisjon
Regional transportplan	2017	FT	Kvart 4. år
Temaplanar			
Investeringsprogram for fylkesvegane	2017	FUV	Årleg
Temaplan for låg- og nullutsleppsbusar i Hordaland	2017	FUV	
Kollektivstrategi for Hordaland	2014	FT	
Strategi for innfartsparkering	2016	MISA	
Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænse for riks- og fylkesvegar	2018	FUV	2020

## Plankommentarar

## Regionale planar

- Regional transportplan er det overordna styringsdokument for utvikling av transportsektoren i Hordaland

## Temaplanar

- Investeringsprogram for fylkesvegnettet er handlingsplan for å fylgje opp mål, strategiar, prioriteringar og bindingar i Regional Transportplan
- Temaplan for låg- og nullutsleppsbusar i Hordaland har strategi for gradvis utfasing av fossil energi i bussruteproduksjonen i Hordaland. Tema-plan for låg- og nullutsleppsbusar har vore til handsaming i politiske utval hausten 2017

- Kollektivstrategi for Hordaland er det overordna strategidokumentet som set rammer for utvikling av kollektivdrifta i fylket. Kollektivstrategien er det faglege grunnlaget for prioritering av offentlege midlar
- Strategi for innfartsparkering tek opp sentrale problemstillingar for innfartsparkering. Det er 2018 vedteke ein eigen handlingsplan for å følgje opp strategidokumentet
- Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænse for riks- og fylkesvegar gjev retningsliner/rammer for handsaming av søknader om avkøyrslar og byggjegrænser på fylkesvegnettet. Statens vegvesen handsamar søknadane på vegner av fylkeskommunen. Eventuelle klager går til den fylkeskommunale klagenemnda

## FYLKESVEGAR

### Definisjonar av drift og vedlikehald

Drift av vegnettet omfattar alle oppgåver og rutinar som er naudsynte for at eit veganlegg skal fungere som planlagt. Vedlikehald av vegnettet er tiltak for å oppretthalde standarden på vegen i samsvar med fastsette kvalitetskrav.

#### *Kort om økonomisk ramme, tilstanden på vegnettet og grunnlag for prioriteringar*

Fylkesrådmannen foreslår ei løyving til drift og vedlikehald på fylkesvegnettet på 559,3 mill. kr. I tillegg kjem løyving på 5 mill. kr til trafikkisikringsarbeid i regi av Fylkestrafikkisikringsutvalet (FTU) og 0,167 mill. kr til Trygg Trafikk.

Budsjettet for fylkesvegvedlikehaldet er på same nivå som fylkesrådmannen sitt forslag for 2018. Fylkestinget vedtok å auke vedlikehaldet både i budsjetthandsaminga og i løpet av budsjettåret. Desse tilleggga er ikkje vidareførte i forslaget for 2019.

Kostnadsindeksen for drift og vedlikehald har dei siste åra auka vesentleg meir enn konsumprisindeksen, jfr SSB sin kostnadsindeks for drift og vedlikehald av veganlegg. Dette medfører at ein større del av drift og vedlikehaldsbudsjettet går med til å dekke dei faste driftskontraktane. For å kompensere for utviklinga i rammene til vedlikehald og avgrense forfallet på fylkesvegnettet er posten for Opprusting og fornying på investeringsbudsjettet gradvis auka opp dei siste åra, frå 34 mill. kr i budsjettet for 2013 til 320 mill. kr i 2019-budsjettet.

### Rekneskapstal og prognose

I 2. tertialrapport for 2018 er prognosen at ein vil overskride budsjettet for fylkesvegvedlikehaldet med 34 mill. kr. Prisane på tenester knytt til drift og vedlikehald aukar meir enn løyvingane og mindre normalvær og fleire hendingar med ekstremvær fører til ekstra utgifter. Driftskontraktane er basert på "normale" og ikkje ekstraordinære vêrtilhøve. I tillegg har det dei siste åra vore relativt store utgifter til akutte tiltak i samband med naturhendingar som ras og flaum. Dette har medverka til budsjettoverskridingar.

### Reserve sett av til naturhendingar (ras, flaum mv)

Normalt blir opprydding etter ras og flaum utført av drifts-entreprenør, og utgiftene vert dekkja over vedlikehaldsbudsjettet. Det same gjeld reparasjon på vegen. Derimot blir vidare sikring, bolting, fanggjerdje og tilsvarende sikring for å førebyggje ytterlegare hendingar, ført som rassikring fordi det er ei oppgradering i høve til vegstandarden ein har i dag.

Hordaland fylkeskommune fekk i 2018 utbetalt kr 53,5 mill. kr i statlege rassikringsmidlar der 51,5 mill. kr galdt etterbetaling for rassikringsprosjektet i Lussandberget. Dette prosjektet er avslutta og såleis fullfinansiert. I 2. tertialrapport til fylkestinget i oktober, har fylkesrådmannen foreslått at midlane som er refundert for Lussandberget skal utgjere ein reservesum for påkrevde tiltak på fylkesvegane

i samband med naturhendingar for 2018 og 2019. Denne reserven vil redusere overskridingane på budsjettet i 2018, og redusere risikoen for 2019. Fylkesrådmannen fører ut frå dette for 2019 opp 25 mill. kr til slik reserveløyving som er finansiert med restsummen av dei statlege rassikringsmidlane nemnde ovanfor.

### Prioriteringar i komande planperiode

Prioriteringane og omfanget av vedlikehald, fornying og opprusting tek utgangspunkt i inndelinga av fylkesvegnettet i overordna og øvrig vegnett. Målsetjinga er at det overordna fylkesvegnettet skal utbetrast gjennom strekningsvis arbeid, medan det øvrige fylkesvegnettet får ei langt lågare prioritering gjennom punktutbetring og mindre strekningsutbetring.

Prioriteringane må vere med på å sikre trafikktryggleik og framkomst. Ut frå venta klimaendringar er det naudsynt å prioritere drensssystemet. Andre høgt prioriterte område er sikringstiltak for å hindre jord-, stein- og issprang, og å redusere faren for ras og flaum, og sikre stabiliteten av skjeringar og fyllingar.

På driftsida legg ein i utgangspunktet opp til å halde fast på dagens driftsnivå i kontraktane. Det fører til at mesteparten av den økonomiske ramma går med til å dekke driftskontraktane.

Om det kjem ein ny vinter med høge utgifter til vinterdrift, må reduksjon i driftsopplegget vurderast om ein skal klare å halde seg innanfor budsjettamma.

Innanfor budsjettpostane for vedlikehald vil tiltak verte prioritert slik:

- Rette opp skadar som kan føre til at vegen vert akutt trafikkfarleg, eller at framkomsten vert redusert vesentleg, til dømes ved ras og flaum.
- Rette opp skadar og slitasje som kan få konsekvensar for trafikktryggleiken og framkomsten, til dømes murar og stikkrenner.
- Rette opp skadar som kan vere starten på aukande skadeutvikling der tiltakskostnadene kan vere særst store dersom ingenting vert gjort.
- Gjennomføre tiltak som forlenger levetida og reduserer framtidige vedlikehaldskostnader slik at noverdi av vedlikehaldskostnader vert lågare.

Som vist innleiingsvis er det viktig å sjå vedlikehaldspostane finansiert over driftsbudsjettet i samanheng med dei 320 mill. kr som er foreslått sett av på posten Opprusting og fornying på investeringsbudsjettet. Gjennom prioriteringsprosessane i Investeringsprogram for fylkesvegnettet, meiner fylkesrådmannen ein har fått eit godt system for å kunne prioritere og få gjennomført tiltak som er i samsvar med overordna mål.

## Drift

Tal i tusen

2 Tiltak	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Drift – regulert gjennom faste kontraktar	375 000	408 300
Drift – øvrig	67 500	69 000
Resevepost	-	25 000
Sum brutto driftsutgifter	422 500	502 300
Rasskringsmidlar – etterbetaling		-25 000
Sum netto driftsutgifter		477 300

**Driftskontraktar**

Fylkesvegane i Hordaland vert drifta av private entreprenørar gjennom 8 kontraktar. Desse er som vist i følgjande tabell:

Nemning	Namn	Kontraksperiode	Kontraktsum (mill. kr. )	Entreprenør
DK 1105	Haugesund	09.13–08.18+1år	206,9	Mesta Drift AS
DK 1106	Indre Ryfylke	09.15–08.20	243,3	NCC Roads AS
DK 1201	ASOLA	09.18–08.23	198,0	Mesta Drift AS
DK 1202	Stor-Bergen	09.15–08.20	524,0	Stor-Bergen Vegdrift ANS
DK 1203	Nordhordaland	09.13–08.18+1år	253,7	Prezis vegdrift AS
DK 1205	Voss	09.14–08.19	267,4	Prezis vegdrift AS
DK 1206	Hardanger	09.16–08.21	222,5	Mesta Drift AS
DK 1207	Stord	09.13–08.19	179,3	NCC Roads AS

Kontraktane gjeld normalt for 5 år med opsjon på 1 års forlenging. I 2018 er det inngått ny kontrakt for vegane på Askøy, Sotra, Øygarden og delar av Bergen vest. Frå 1. september 2020 vil kontrakten også inkludere deler av vegnettet som i dag ligg i DK 1202 Stor-Bergen, som Fylingsdalen og Laksevåg. For 2019 skal det lysast ut to nye kontraktar. Desse er DK 1205 Voss og DK 1207 Stord.

I driftskontraktane inngår ikkje legging av asfalt og drift og vedlikehald av tekniske installasjonar i tunnelane. Det

er egne elektrokontraktar som omfattar tekniske installasjonar i tunnelar, ferjekaier og langs vegane. I tillegg er det egne kontraktar som omfattar drift og vedlikehald av tunnelar i Bergensområdet. Når det gjeld elektrokontraktane og tunnelkontraktane er dei bygde opp slik at det vert følgd faste rutinar og gjeremåla vert rapportert inn i eit eige rapporteringssystem.

Drifts og vedlikehaldsstandarden i kontraktane er i samsvar med Drifts og vedlikehaldsstrategien som fylkestinget har



vedteke og Statens vegvesen si Handbok R610– Standard for drift og vedlikehald.

### Vinterdrift

Vinterdrifta, dvs. snørydding, salting og strøing, inngår i driftskontraktane og utgjer mellom 45 % og 60 % av kontraktsummen. Driftskontraktane er utforma slik at det er ein fast del, og ein variabel del som vert gjort opp etter bruk. Som vist til tidlegare har omfanget av vinterdrifta store konsekvensar for utgiftsnivået. Kompetansen og innsatsen til Statens vegvesen og dei einskilde entreprenørane er avgjerande for ei god vinterdrift. Statens vegvesen gjennomfører difor eiga opplæring av entreprenørar.

Etter kvart som satsinga på samanhengande gang- og sykkelvegar har skote fart, har krava til gode standardar på

desse vegane auka. Endringar i standardane for vinterdrifta vil verke direkte på hovudmålsettingane i Strategi for drift og vedlikehald fram mot 2029. Ut frå omsynet til miljø (støvpilager), framkomst og trafikktryggleik for både køyrande, sykklande og gåande er det utfordrande å redusere standarden i vinterdrifta for å redusere kostnader.

### Drift øvrig

I denne posten inngår kostnader til straum/vegljos og betaling til kommunar for vegljøs. I tillegg er det kostnader til kommunale avgifter, servicebygg, diverse mindre driftstiltak, ny skilting, helikopterleige ved inspeksjonar av ras og avtale om reinhald av vegar i Bergen.

## Vedlikehald

Tal i tusen

2 Tiltak	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Bruvedlikehald	15 400	20 000
Vegoppmerking	11 300	5 000
Dekkelegging	39 200	22 000
Trygg skuleveg og punktutbetring	20 000	-
Vedlikehald – øvrig	9 600	10 000
Sum Vedlikehald	95 500	57 000

### Bruvedlikehald/ferjekaier

Alle bruene vert jamleg inspisert og det vert sett i verk naudsynte sikringstiltak der dette er påkravd. Det er ein eigen samlekontrakt for bruvedlikehaldet. Behovet for vedlikehald av bruene er stort og det er mange bruer som er over 20 år. Mange av bruene på kysten er utsett for korrosjon, og dette må følgast opp med jamleg vedlikehald. For 2019 er det ført opp 20 mill. kr til bruvedlikehald.

Det sett av ein eigen pott på Investeringsprogrammet for Opprusting og fornying av bruer. Ved å fornye og gjennomføre større opprustingstiltak kan dette avhjelpe situasjonen noko. Det er utrekna at det vil koste om lag 1,7 mrd. kr å utbetre etterslepet og stoppe forfallet på fylkesvegbruene.

Det er ein eigen kontakt for løpande drift og vedlikehald av ferjekaiane. Av dei 36 fylkesvegferjekaiane er det trong for

å oppgradere fleire av fergekaiane innan nær framtid for å sikre stabil ferjedrift. Statens vegvesen vil stå for vedlikeholdet av snøggbåtkaiane som fylkeskommunen eig. På investeringsbudsjettet er det sett av midlar til oppgradering av to ferjekaiaer i samband med arbeidet som vert gjort for å installere batteriløysing.

### Vegoppmerking/dekkelegging

Oppdaterte utrekningar frå Statens vegvesen viser at det årleg er behov for over 100 mill. kr til dekkelegging og vegoppmerking for å stoppe forfallet. I 2018 vart det budsjettert med 39,2 mill. kr til dekkelegging og 11,3 mill. kr til vegmerking. I samband med den politiske handsaminga av årsoppgjeret for 2017, vart det løyvd eit tillegg på 35 mill. kr til dekke, 4 mill. kr til vegmerking og 1 mill. kr til sinusmerking. Dette vil gje omlag 105 km nytt vegdekke i 2018.

I 2019 vil ein større del av den økonomiske ramma gå med til drift regulert gjennom faste driftskontraktar. Dette gjev rom for å setje av 22 mill. til dekkelegging og 5 mill. kr til vegoppmerking i 2019.

### Vedlikehald – øvrig

Regelmessig vedlikehald av grøfter, kummar, stikkrenner og drenering førebyggjer skader på vegkroppen. Innanfor vedlikehaldsposten er det sett av 10 mill. kr til dette føremålet. Dette er ein liten sum i høve til behova, men det vert lagt opp til at større tiltak vert dekkja over posten Forsterkning på investeringsbudsjettet. Denne posten er auka dei siste åra og i 2018 vart det løyvd 80 mill. kr til Forsterkning.

### Tunnelar

Det er store utfordringar knytt til vedlikehald og opprusting av tunnelar. Det er utrekna at det vil koste opp mot

3 mrd. kr å utbetre etterslepet og stoppe forfallet i fylkesvegtunnelane.

Tunnelar over 500 m og årsdøgntrafikk (ÅDT) over 300 kjem inn under Tunnelsikkerhetsforskriften (TSF). Denne vart gjort gjeldande for fylkesvegane frå 1. januar 2015. Av dei vel 125 fylkesvegtunnelane er det 38 tunnelar (42 innan 2020) i Hordaland som kjem inn under denne forskrifta. For å stetta minimumskrava i TSF er kostandane rekna til om lag 1,1 mrd. kr. Det er sett av midlar på investeringsbudsjettet for oppgradering av tunnelar i samsvar med denne forskrifta. Fylkestinget løyde i 2018 60 mill. kr til tunneloppgradering og denne summen er foreslått vidareført i budsjettet for 2019. Utover krava i forskrifta, er det trøng for ein del strakstiltak for å oppretthalde naudsynt tryggleiksnivå. Det er ikkje rom for å sette av monalege ressursar til vedlikehald av tunnelar under 500 m på driftsbudsjettet i 2019.

Opprusting av tunnelar er føresatt finansiert over investeringsbudsjettet under posten Opprusting og fornying og vert nærare omtalt i Investeringsprogram for fylkesvegnettet.

### Trafikksikring

Det er sett av 5,0 mill. kr til trafikantretta arbeid i regi av Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU). Det vert lagt til grunn at midlane vert nytta til å støtte opp om tilskotsordningane i FTU (mindre fysiske trafikktiltak). I budsjettet elles inngår mange trafikketta tiltak og trafikksikring inkludert driftskostnader til Trygg Trafikk sin distriktsleiar.

## Oppsummering totale brutto drifts- og vedlikehaldsutgifter

Tal i tusen

2 Vedlikehald fylkesvegar brutto driftsutgifter	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Drift	442 500	502 300
Vedlikehald	95 500*	57 000
Trafikksikring	5 000	5 000
Trygg Trafikk	163	167
<b>Sum</b>	<b>543 163</b>	<b>564 467</b>
Driftsutgifter i 2019 kr	558 371	564 467
Netto driftsutgifter i 2019 kr	465 130	446 979

\* Inkl. 20 mill. kr i tilleggsløyving i fylkestinget i desember.

## BILRUTER

Mill. kr

2		Budsjett 2018	Budsjett 2019
Bilruter	Driftsutgifter	1 697,4	1 752,4
	Driftsinntekter	-972,8	-1 015,2
	Netto driftsutgifter	724,6	737,2
	Netto driftsutgifter i 2019 kr	744,9	737,2

Mill. kr

3	Kostnadsstad	Operatør	Kostnader 2019 i mill. kr.
	Bergen sør	Tide Buss AS	250,4
	Bergen nord	Tide Buss AS	270,1
	Bergen sentrum	Tide Buss AS	267,0
	Vest	Nettbuss AS/Tide Buss AS	231,7
	Sunnhordland	Tide Buss AS	77,5
	Hardanger/Voss	Tide Buss AS	183,2
	Nordhordland	Nettbuss AS	123,8
	Austevoll	Tide Buss AS	17,7
	Osterøy	Tide Buss AS	47,1
	Modalen	MEB AS	14,1
	Serviceinjene i Bergen	Osbuss AS	2,5
	Takstkompensasjon buss		11,2
	Takstkompensasjon NSB		26,8
	Diverse kostnader		36,8
	Skuleskyss – særskyss		192,5
	Sum		1 752,4

Tabellen over viser kontraktskostnadene i anbodspakkene og andre kostnader knytt til dette budsjettområdet. Auka kontraktspriser i nye kontraktar Vest og Bergen sør med oppstart i juli og august, samt indeksreguleringar utgjør

største delen av auke i utgifter til bilruter. Auka oljeprisar gjev store utslag i indeksreguleringane. I tillegg utgjør lønnsvekst ein vesentlig del av den totale prisveksten.

3 Nøkkeltal buss Hordaland	2015	2016	2017
Påstigingar	43 352 000	44 741 000	56 161 000
Bussavgangar	2 120 000	2 167 000	2 235 000

Bussdrifta har stort omfang i Hordaland, og på makstimen var det 766 bussar i produksjon i 2018. Nøkkeltala over viser at veksten i tal påstigingar held fram. Frå 2017 tok ein i bruk reisedata frå automatisk passasjerteljingsystem om bord i bussane, og endra metode for berekning av reisetal. Endra metodikk har gitt eit brot i tidsserien for passasjerstatistikk mellom 2016 og 2017.

Budsjettvedtaket for 2018 la til grunn 10 mill. kr til styrka ruteproduksjon, fordelt på områda Bergen, Nordhordland, Sunnhordland og Hardanger/Voss. Før sommaren 2018 vart det sett opp to nye ekspressbussavgangar Straume–Sandsli, for å medverke til å betre trafikksituasjonen på Rv 555 i Fjell. Vidare er det prioritert ressursar i samband med oppstart av nytt bussanbod i Nordhordland, for å kunne setje inn tiltak dersom det oppstår utfordringar på kapasiteten. Det vert arbeidd med tiltak i Bergen og Hardanger/Voss/Sunnhordland.

#### Takstkompensasjon buss/NSB

Takstkompensasjon buss og NSB gjeld kompensasjon for samordning av billetter og bruk av fylkeskommunale takstar på kommersielle bussruter. Dette gjeld hovudsakleg bruk av ungdomskort, men er også eit tilbod til lokalreisande i Nordhordland.

#### Diverse kostnader

I 2019 vert det gjennomført mellombelse omleggingar i bussproduksjonen knytt til infrastrukturtiltak i Olav Kyrresgate og Carl Konowsgate i Bergen og i samband med utbygging av Bybanen til Fyllingsdalen. Omleggingane har ein kalkulert meirkostnad på 29,5 mill. kr og inngår i posten Diverse kostnader. Tiltaket som gjeld Olav Kyrresgate er finansiert over Miljøløftet med 20 mill. kr.

#### Skuleskyss – særskyss

Budsjettområdet dekkjer kostnader til individuelt tilrettelagt skuleskyss i grunn- og vidaregåande skule. Det er budsjettert 192,5 mill. kr til individuelt tilrettelagt skuleskyss for 2019. Budsjettet er med det uendra frå 2018, og basert på at volum og kostnader ikkje vil stige komande år. Det er knytt stor usikkerheit til kostnadsutviklinga for skuleskyss. Tal elevar med rett for individuelt tilrettelagt skuleskyss og tal kilometer mellom skule og heim vil variere frå skuleår til skuleår. Skuleåret følgjer ikkje budsjettåret, og ein har såleis ikkje innsikt i kva som vert behovet gjennom heile budsjettåret.

3 Endringstiltak	Område	Kostnader 2019, mill. kr.
Mellombelse omleggingar pga. infrastrukturtiltak	Bergen	29,5

## FYLKESVEGFERJER

mill. kr

2		Budsjett 2018	Budsjett 2019
Fylkesvegferjer	Driftsutgifter	411,0	412,3
	Driftsinntekter	-52,0	-55,4
	Netto driftsutgifter	359,0	356,9
	Netto driftsutgifter i 2019 kr	369,0	356,9

3 Kostnadsstad	Operatør	Kontraksform	Kostnader 2019
Ferje Rutepakke 1	Fjord 1 AS	Brutto	139,0
Masfjordnes–Duesund	Wergeland AS	Brutto	12,1
Midthordland	FosenNamsos Sjø AS	Netto	38,5
Nordhordland	Norled AS	Netto	60,1
Sunnhordland	Norled AS	Netto	81,9
Hardanger	Norled AS	Netto	52,2
Klokkekarvik–Hjeltestad	GulenSkyss AS	Netto	14,3
Takstkompensasjon			4,0
Komp. vg. skuleskyss ferje			1,0
Diverse kostnader			9,2
<b>Sum total</b>			<b>412,3</b>

I 2018 starta ny kontrakt for austevoll sambanda. Erfaringane frå oppstart viser at drifta av sambanda går som føreset. I 2019 startar ny ferjekontrakt for sambandet Masfjordnes–Duesund. Dette sambandet vil bli drifta med elektrisk ferje frå oppstart. Det er ikkje venta store kostnader i samband med oppstart av anbodet.

Fylkesrådmannen har lukkast med å halde oppe uendra rutetilbod i 2019 samanlikna med 2018. I arbeidet med budsjettet har ein vurdert ulike takstmodellar for å makte dette, men påslaga på einskilde samband vart så høge at fylkesrådmannen for 2019 ikkje har foreslått dette. Som kjent, aukar ferjekostnadene monaleg frå 2020 og dette kan få innverknad på takstnivået.

Fylkestinget har vedteke å følgje AutoPASS-regulativet, men det har vore uvisse når dette regulativet vert innført.

I statsbudsjettet for 2019 er dette avklart i og med at det vert vist til at det frå 2019 skal setjast i drift AutoPASS-brikkebetaling på tre riksvegferjesamband og dei to fylkesvegferjesamband Krokeide–Hufthamar og Husa-vik–Sandvikvåg.

Det har vore sett inn ekstraferje på sambandet Kvann-dal–Utne på grunn av vegarbeid ved Deildo. Vegarbeidet er ferdigstilt, og fylkesrådmannen foreslår difor å ta ut midlar til ekstraferje i 2019. Dette utgjør 3 mill. kr i reduserte kostnader.

Kostnader knytt til avtalar om lærlingetilskot er ein del av kontraktskostnadane.

3 Endringstiltak	Område	Kostnader 2019, mill. kr.
Nedlegging av sommarrute	Hardanger	-3,0

Trafikkstatistikk per ferjesamband	PBE 2016	Passasjerar 2016	PBE 2017	Passasjerar 2017
Masfjordnes–Duesund	66 996	87 408	64 180	85 949
Fedje–Sævrøy	56 534	108 259	57 705	102 574
Leirvåg–Sløvåg	326 246	353 063	327 674	347 918
Langevåg–Buavåg	107 836	136 036	107 429	137 527
Skjersholmane–Ranavik	236 227	268 553	243 835	283 690
Skånevik–Matre–Utåker	126 605	149 606	123 664	147 620
Jektavik–Nordhuglo–Hodnanes	263 340	330 321	256 722	332 410
Fjelbergruta	36 801	46 846	37 903	48 864
Krokeide–Hufthamar	442 221	606 356	421 134	590 104
Husavik–Sandvikvåg	98 057	123 872	97 627	125 201
Halhjem–Våge	230 563	373 662	219 208	367 600
Hatvik–Venjanaset	412 125	676 491	377 116	649 890
Kvandal–Utne	194 273	105 945	198 531	218 855
Kinsarvik–Utne	35 451	38 059	30 813	63 191
Jondal–Tørvikbygd	347 221	469 732	348 008	473 848
Gjermundshamn–Varaldsøy–Årsnes	388 827	509 136	391 808	517 702
Klokkarvik–Hjellestad	21 936	38 138	21 125	36 965
Sum TOTAL	3 391 259	4 421 483	3 324 481	4 529 608

Tal på personbileiningar (PBE) og passasjerar syner små endringar totalt sett frå 2016 til 2017.

## BÅTRUTER

Mill. kr

2		Budsjett 2018	Budsjett 2019
Båtruter	Driftsutgifter	196,1	203,3
	Driftsinntekter	-53,9	-56,0
	Netto driftsutgifter	142,2	147,3
	Netto driftsutgifter i 2019 kr	146,2	147,3

3 Kostnadsstad	Operatør	Kontraksform	Kostnader 2019 i mill. kr
Sunnhordland og Austevoll	Norled AS	Brutto	108,2
Espevær og Hernar	Gulen Skyssbåtservice AS	Netto	18,2
Rosendal–Bergen og Reksteren– Våge–Os	L. Rødne & Sønner AS	Netto	16,5
Nordhordland	Norled AS	Brutto	0,6
Turistrute Hardanger	Norled AS	Netto	6,2
Bybåtsambanda	Norled AS	Brutto	49,3
Mindre båtruter/diverse kostnader			1,2
Takstkompensasjon (Ungdomsbillett)			0,8
Terminalar snøggått			2,0
Komp. vg. skuleskyss			0,3
<b>Sum total</b>			<b>203,3</b>

Kontraktskostnadane for 2019 er indeksregulert i høve 2018. Frå 01.01.2019 inngår Nordhordlandskontrakten i kontrakten Bybåtsambanda, med total kostnad

50,8 mill. kr. Under kostnadsstaden Nordhordland ligg det 0,6 mill. kr, som er slutttoppgjer for denne kontrakten.

3 Endringstiltak	Operatør	Kostnader 2019, mill. kr.
Reduksjon i rutetilbodet Askøysambandet	Norled AS	-1,50
Nedlegging av sambandet Rekstern–Våge–Os	L. Rødne & Sønner AS	-1,85
Reduksjon i rutetilbodet til Ølen, Fjellbergøy/Borgundøy	Norled AS	-1,45

Som ledd i trongen for kostnadsreducerande tiltak ser fylkesrådmannen det naudsynt å redusere ruteproduksjonen for båt. Fylkesrådmannen foreslår å leggje ned sambandet Rekstern–Våge–Os. Dette er ei rute som er lagt opp for arbeids- og skulereisande, og alternativ reiseveg vert då med ferje og buss frå Halhjem. Det inneber at reisetida frå Våge til dei vidaregåande skulane på Os vil auke noko i tillegg vert det foreslått å kutte ut morgonavgangen frå Ølen (inklusive avgangar Fjellbergøy/Borgundøy) og retur om kvelden på Sunnhordlandsruta og å innstille sambandet Kleppstø–Strandkaien midt på dagen. Endringar på Sunnhordlandsruta inneber bortfall av tilskot frå Rogaland fylkeskommune (sjå posten Andre inntekter). Askøy-sambandet har ein tydeleg funksjon som pendlarrute, der hovudtyngda av reisene er knytt til nokre få avgangar morgon og ettermiddag i rushretning. Midt på dagen har ruta relativt få reisande; i gjennomsnitt mellom 20 og 40 passasjerar, og samstundes er det eit parallelt busstilbod som desse passasjerane kan nytte.

Samla er tiltaka estimert til å gje ein reduksjon i kostnadane på vel 8 mill. kr i heilårsverknad. For å sikre naudsynte prosessar fram mot iverksetjing er det budsjettert med halvårsverknad på 4 mill. kr i 2019. Til frådrag frå summen på 4,8 mill. kr i tabellen ovanfor kjem redusert refusjon frå Rogaland fylkeskommune på 0,8 mill. kr for ruta til Ølen for 2. halvår 2019. Nettoeffekten i 2019 vert dermed 4 mill. kr av desse tiltaka. Nedlegging av ruter og større ruteendringar innanfor gjeldande kontraktar krev forhandlingar med operatør.

Det er budsjettert med 0,9 mill. kr til båtrutene i Osterfjorden (i kommunane Vaksdal, Osterøy og Lindås) og Geitaner–Knappskog (i Fjell kommune). Dette vil sikre vidare drift av rutene, under føresetnad av at tilsvarande sum vert tilført frå kommunane.

Oversikt over trafikkutvikling (kjelde: Kollektivstrategi for Hordaland Årsrapport 2017):

Båtsamband	2016	2017	Endring frå 2016
Sunnhordland–Austevoll–Bergen	366 000	392 000	+7 %
Lokalbåt Austevoll	16 000	18 000	+13 %
Espevær–Eidesvik	37 000	35 000	-5 %
Hellesøy–Lyngøy–Hernar	9 000	6 000	-33 %
Rosendal–Bergen	42 000	42 000	0 %
Reksteren–Våge–Os	15 000	15 000	0 %
Kleppeslø–Strandkaien	481 000	563 000	+17 %
Knarvik–Frekhaug–Bergen	121 000	137 000	+13 %
Norheimsund–Eidfjord	26 000	31 000	+19 %

## BYBANEN

Mill. kr

2		Budsjett 2018	Budsjett 2019
Bybanen	Driftsutgifter	243,5	231,2
	Driftsinntekter	-177,5	-179,9
	Netto driftsutgifter	66,0	51,9
	Netto driftsutgifter i 2019 kr	67,8	51,9

Den totale budsjettsummen på 231,2 mill. kr er sett saman av fylgjande hovudpostar:

3	Kostnadsstad	Kostnader 2019 i mill. kr
	Bybanen AS Administrasjon	45,3
	Vogn- og kontraktskostnader	156,5
	Infrastruktur	28,0
	Driftskostnader Bybanebygg	1,4
	Sum total	231,2



Endringar i kostnader frå 2018 til 2019 skuldast at ein har fjerna kostnadane for vognleige i den nye kontrakten som startar 01.07.2019. Tilsvarande reduksjon er gjort på inntektssida. Samstundes har administrasjonsutgiftene til Bybanen AS auka som følgje av endra ansvarsdeling mellom Skyss og Bybanen AS.

Driftsoppgåvene er delt mellom Skyss og Bybanen AS. Tidlegare har Skyss hatt ansvar for kjøp av transporttenesene og rutetilbodet, medan Bybanen AS har hatt ansvaret for å drifte og vedlikehalde infrastrukturen. I tråd med fylkestingsvedtak i 2017 om innføring av konsernmodell for drift av bybanen, har Bybanen AS overteke ansvaret for anbudsutsetting, og skal vidare ta over kontraktsoppfølging

mot operatør når ny kontrakt startar opp i 2019. Skyss har ansvar for å planleggje og spesifisere rutetilbodet. Bybanen AS er heileigd av og vert finansiert av fylkeskommunen.

Driftsbudsjetta for 2018 og 2019 kan ikkje samanliknast direkte grunna endringar i kontraktsinnhald og overføring av oppgåver mellom Bybanen AS og Skyss, jf. omtale ovanfor. Det er lagt til grunn at Bybanen AS får auka kostnader i 2019 knytt til oppstart av ny kontrakt.

Bybanen har gode passasjertal og utviklinga første halvår 2018 viser ein vekst på 10 prosent. Det er lagt opp til same nivå på ruteproduksjonen i 2019 som i inneverande år.

3 Utgifter	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Endring
Bybanen AS Administrasjon	39,8	45,3	5,6
Vogn- og kontraktskostnader	173,4	156,5	-16,9
Infrastruktur	29,3	28,0	-1,3
Driftskostnader Bybanebygg	1,0	1,4	0,4
<b>Sum kostnader</b>	<b>243,5</b>	<b>231,2</b>	<b>-12,3</b>

3 Inntekter	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Endring
Vognleige inntekter	-29,2	-14,6	14,6
<b>Totalt</b>			<b>2,3</b>

## ANDRE KOSTNADER

Mill. kr

2		Budsjett 2018	Budsjett 2019
Andre kostnader	Driftsutgifter	246,1	258,6
	Driftsinntekter	-12,7	-19,9
	<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>233,3</b>	<b>238,7</b>
	<b>Netto driftsutgifter i 2019-kr</b>	<b>239,8</b>	<b>238,7</b>

Posten andre kostnader inneheld ei rekkje kostnader knytt til drifta av Skyss og samferdselsavdelinga og er nærare kommentert nedanfor.

3 Kostnadsstad	Brutto kostnader 2019 i mill. kr
Generell drift, Skyss	75,8
Transportordninga for funksjonshemma	46,0
Diverse kostnader	43,3
Administrasjon samferdselsavdelinga	20,6
Administrasjon Skyss	72,9
Sum TOTAL	258,6

### Generell drift, Skyss

Generell drift i Skyss omfattar kostnader knytt til ulike driftsoppgåver, som kundesentertjenester, kommunikasjon og marknadsføring, inntektssikring, drift- og vedlikehold av IT-system, infrastruktur og tekniske installasjonar, innhenting av kundeinnsikt gjennom ulike undersøkingar, digitale tenester som reiseapp og mobilbillett mv.

Dialogen med kundar og befolkning er svært viktig for Skyss og kollektivtrafikken sitt omdømme. God og tilgjengelig informasjon i forkant av og undervegs på reisa, enkle kanalar for kjøp av billetter, kampanjar knytt til særskilte tema og handsaming av klager er alle heilt sentrale oppgåver for Skyss sin administrasjon.

I tråd med strategi for inntektssikring vert det gjennomført fleire billettkontrollar enn før, noko som skal gje høgare billettinntekter. Det vert budsjettert med ein auke i utgifter på 9 mill. kr på dette området, av desse midlane er 7 mill. kr auke i kjøp av tenester til utføring av billettkontrollar.

Endringar i teknologi og kundeforventningar gjer også at ein ikkje berre kan halde fram med noverande drift. Skyss må heile tida orientere seg både om utviklingstrendar og forventningane hos kundane, slik at tenestene kan fornyast og framstå som enkle og attraktive.

#### Smartare transport i Norge: Prosjektstart for vinnarprosjektet «MUST» i Hordaland

MUST står for «mobilitetslaboratorium for utvikling av smarte transportløysingar», og var Hordaland fylkeskommune sitt vinnarbidrag i konkurransen Smartare transport i Norge – i samarbeid med Bergen kommune. Prosjektet fekk tildelt 12,5 mill. kr, fordelt over ein seksårsperiode frå og med 2018. Eit vilkår for tildeling av midlar er at kommunen/fylkeskommunen går inn med tilsvarende sum slik at fylkeskommunen sin eigendel er 6,25 mill. kr.

For 2019 legg ein opp til å nytte 2,5 mill. kr i eigendel til MUST. Eigendelen vert dekkja innanfor den økonomiske ramma som er sett av til Generell drift, Skyss.

### Transportordninga for funksjonshemma

Transportordninga for funksjonshemma har 12 810 brukarar (august 2018), som er fordelt på tunge brukarar (blinde og rullestolbrukarar) og ordinære brukarar. Etter ei opprydding i brukarregisteret i samband med at fylkeskommunen tok over sakshandsaminga frå kommunane, er brukartalet noko redusert i forhold til 2018, utan at dette påverkar forbruket. Kvar brukar får tildelt ei kvote som kan nyttast til fritidsreiser. Reisene skjer ved bruk av drosje. Nye godkjente søkjarar vert tekne inn i transportordninga etter kvart.

Budsjettområdet dekkar og arbeidskøyring for funksjonshemma som har ein varig tilrettelagt arbeidsplass (VTA-plass). I 2018 er det om lag 180 brukarar i denne ordninga, og omlag 11 mill. kr av budsjettet går med til dette tiltaket. For å kome med i denne ordninga må ein vere godkjent som TT-brukar. Frå 1. juli 2018 vart det gjort endringar i reglementet, noko som vil gje meirkostnader på nokre område og innsparing på andre. Det vert budsjettert med 46,0 mill. kr i 2019.

### Diverse kostnader

#### Plan og tiltaksmidlar

Det vert som tidlegare år sett av ein post til diverse kostnader som fylkesdirektør samferdsel disponerer. Dette skal dekke kostnader til ymse kontingentar til interesseorganisasjonar som fylkeskommunen er med i, og midlar til konsulenthjelp i ulike prosjekt og andre tiltak på samferdselsområdet. Det vert budsjettert med 3,4 mill. kr.

#### Kostnader til leige av innfartsparkeringsplassar

Det vert budsjettert med 2,1 mill. kr til leige av innfartsparkeringsplassar. Dette gjeld innfartsparkeringsplassane på Os, Straume, Skogsskiftet, Flesland kai og Knarvik. Nytt i 2019 er innfartsparkering i Knarvik med omlag 125 plassar.

#### Prosjekt Innfartsparkering

Det er vedteke eit handlingsprogram for gjennomføring av strategi for innfartsparkering. Det vert arbeidd med etablering av nye innfartsparkeringsplassar i Åsane, Arna, Knarvik, Os, Samnanger, Askøy og Fjell. Det vert og arbeidd vidare med å etablere fleire parkeringshus for sykkel ved

kollektivknutepunkt. Det er sett i verk eit opprustingsprogram for eksisterande innfartparkeringsplassar i samarbeid med Statens Vegvesen, Skyss og kommunane. Det vert budsjettert med 1,2 mill. kr.

#### Vidaregåande skuleskyss

Denne budsjettposten dekkar billett-kostnadane til vidaregåande skuleskyss. Posten vert inntektsført i Skyss sin rekneskap og er såleis kun ein rekneskapsmessig disposisjon. Det vert budsjettert med 36,5 mill. kr.

#### Administrasjon samferdselsavdelinga

Hovudarbeidsområda til avdelinga er planlegging innanfor samferdselsområdet, forvaltning av fylkesvegane som veggear og oppfylging av Statens vegvesen som har det operative ansvaret for drift, vedlikehald og tilsyn. I tillegg har avdelinga ansvar for løyveforvaltinga og transportordninga

for funksjonshemma. Det vert budsjettert med 20,6 mill. kr i 2019 og stillingstalet er uendra med 24 stillingar.

#### Administrasjon Skyss

Administrasjon Skyss omfattar i hovudsak lønskostnader. I budsjett 2019 har ein lagt inn ei auke i løn som i hovudsak er knytt til å løyse oppgåver som har kome til som følgje av eit høgare ambisjonsnivå. Nokre oppgåver er nye, medan andre må løysast på nye måtar og krev dermed annan kompetanse.

Alle utgifter til vikartenester vart tidlegare utgiftsført under generell drift, men vert i budsjett 2019 lagt under Administrasjon Skyss slik at ein får samla alle lønsrelaterte utgifter på dette området.

## INNETEKTER OG FINANSIERING – KOLLEKTIVDRIFT

Billettinntekter og belønningsmidlar utgjer ein særskild viktig del av finansieringsgrunnet for kollektivtrafikken.

I budsjettet for 2019 er den samla inntekta i kollektivtrafikken på kr 1 325,8 mill. kr, fordelt slik:

2 Inntekt	
Billettinntekter	916,3 mill. kr
Skuleskyssinntekter	141,2 mill. kr
Andre inntekter	48,3 mill. kr
Belønningsmidlar	220,0 mill. kr
<b>TOTALT</b>	<b>1 325,8 mill. kr</b>

#### Billettinntekter

I budsjettet for 2019 er det lagt til grunn takstauke på 2,7 % for buss og bybane. Med ein forventa passasjervekst på 3,5 %, er det budsjettert med totalt 807,8 mill. kr i billettinntekter for 2019 på buss og bybane.

For båt er det også lagt til grunn takstauke på 2,7 %. Det er budsjettert med 55,2 mill. kr i billettinntekter, som er ei auke på 2,9 mill. kr i høve til budsjettet for 2018.

Tabellen under viser utvikling i samla billettinntekter i perioden 2015–2017, prognose for 2018 og budsjett for 2019 for buss/bybane, båt (brutto) og ferje (brutto).

3 År	2015	2016	2017	Prognose 2018	Budsjett 2019
Billettinntekter buss/bane	667,6	691,7	718,5	760,8	807,7
Båt	44,7	45,0	49,5	52,3	55,2
Ferje	-	-	-	50,0	53,4
Sum	712,3	736,7	768,0	863,1	913,3

I perioden har det vore overgang frå netto- til bruttokontraktar i ferjesektoren slik at sumtala i tabellen ikkje kan samanliknast utan vidare.

Nytt i 2019 er overgang frå netto- til bruttokontrakt på eitt ferjesamband, Masfjordnes–Duesund. Fylkesrådmannen foreslår å følgje statsbudsjettet der det er lagt til grunn 2,7 % takstauke for ferje. Det er teke utgangspunkt i AutoPASS-regulativet ved utrekning av takstane, og for dei

tre bruttosambanda med 53,4 mill. kr i billettinntekter for 2019. Det er usikkert når AutoPASS-regulativ vert innført, men planen er at det skal innførast samstundes med at nye kontraktar tek til å gjelde.

I statsbudsjettet for 2019 er det vist til at AutoPASS-regulativet skal nyttast på tre riksvegferjesamband og på fylkesvegferjesambanda til/frå Austevoll frå 2019.

Tabellen under viser fylkesrådmannen sitt forslag til takstar for 1 sone i sonetakstregulativet, gjeldande frå 1. februar 2019

3 Billett buss/bane	Takst 2018	Takst 2019
Enkeltbillett vaksen, kjøpt på førehand	37	38
Enkeltbillett barn/honnør	19	19
Enkeltbillett kjøpt om bord, vaksen	60	60
Enkeltbillett kjøpt om bord, barn/honnør	30	30
Enkeltbillett betalt med Skyss-kort/mobilkonto	37	38
Periodebillett 30 dg vaksen	810	830
Periodebillett 30 dg barn	365	385
Periodebillett 30 dg honnør	405	415
Periodebillett 30 dg student	485	500
Ungdomsbillett 30 dg	365	385
24-timarsbillett vaksen	95	100
24-timarsbillett barn/honnør	50	50

Periodebillett 30 dg barn er lagt inn med takst kr 385. Det er praksis at barnebillett utgjør 50 % av takst for vaksen. På grunn av takstfrys i 2018 vil spranget frå eitt år til neste bli for stort, slik at auken må takast over fleire år.

#### Sonetakstjustering

Den nye sonestrukturen med sju takstsoner vart innført 1. august 2018. Kundane har teke godt i mot denne forenklinga, ikke minst ved at ein no kan bruka mobilbillett i heile fylket.

#### Skuleskyssinntekter

I tillegg til billettinntektene vist over, er det budsjettert med 141,2 mill. kr i skuleskyssinntekter. Av dette er 104,7

mill. kr knytt til grunnskuleelevar og 36,5 mill. kr til elevar i vidaregåande skule. Totalt sett ligg inntektsbudsjettet for skuleskyss om lag på same nivå som i 2018. Innføringa av ny sonestruktur for buss og bybane påverkar skuleskyssinntektene negativt, spesielt på grunnskule. Ein del kommunar får reduserte kostnader til skuleskyss.

#### Andre inntekter

Andre inntekter inneheld i hovudsak ulike refusjonsinntekter frå kommunar, tilleggstakst og vognleige Bybanen for 1. halvår 2019. Totalt er det budsjettert med 48,3 mill. kr fordelt på desse postane:

3 Andre inntekter	Sum 2019 i mill. kr
Refusjon skuleskyss kommunale vedtak	11,0
Kundesenter og gebyr	2,9
Tilleggstakst	17,0
Refusjon ferje Rogaland	2,0
Refusjon båt Rogaland	0,8
Vognleige Bybanen	14,6
<b>SUM total</b>	<b>48,3</b>

I tråd med strategi for inntektssikring vert det gjennomført fleire billettkontrollar enn før, noko som skal gje høgare billettinntekter. Ei auka satsing på billettkontroll vil også gje fleire inntekter i form av tilleggstakst, og det er lagt inn ein monaleg inntektsauke som følgje av dette tiltaket.

Ved å redusere i båtruta til Ølen vil ein misse refusjonsinntekter frå Rogaland. Det er budsjettert med halvårsverknad på 0,8 mill. kr i refusjon frå Rogaland for 1. halvår.

Vognleigeinntektene til Bybanen AS har ein tilsvarande vognleigekostnad frå operatør for Bybanen. I ny kontrakt frå 01.07.2019 vert denne inntekta og tilsvarande kostnader fjerna. Vognleigeinntekta på 14,6 mill. kr gjeld såleis for første halvår 2019 i dagens kontrakt.

#### Belønningsmidlar

Fylkeskommunen har hatt avtale om belønningsmidlar for perioden 2015–2018, med ei samla løyving på 724 mill. kr. Midlane kan nyttast til både investeringstiltak og drift av kollektivtransporten. I 2017 og 2018 har summen vore 200 mill. kr pr. år. Eventuelle ekstramidlar for 2018 skal inngå i reforhandlinga av byvekstavtalen, som skal skje i løpet av hausten 2018.

I budsjett for 2018 vart det budsjettert med 182 mill. kr av belønningsmidlar til kollektivdrift, inklusive overføring av midlar frå 2017 på 27 mill. kr. Midlane vert nytta i 2018, og det vert såleis ingen overføring til 2019.

Belønningsordninga inngår frå 2018 i byvekstavtalen for Bergen, organisert gjennom Miljøløftet. Vidare midlar til kollektivdrift er ein del av den pågåande reforhandlinga av avtalen, og i inneverande avtale ligg det belønningsmidlar med årleg sum på 200 mill. kr fram til 2023. Midlane vert ikkje indeksregulert. Utan auke i belønningsmidlane er det ikkje rom i avtalen for å styrke rutetilbodet. Belønningsmidlane vil inngå i finansiering av vidare drift av iverksette tiltak.

For 2019 er det lagt opp til å nytte 200 mill. kr i belønningsmidlar til kollektivdrift.

I tillegg er det budsjettert med 20 mill. kr til finansiering av mellombelse omleggingar i bussproduksjonen knytt til infrastrukturtiltak i Olav Kyrresgate. Tiltaket er finansiert med midlar frå Miljøløftet og ført som del av belønningsmidlar i nivå2-tabellen framanfor.





## TANNHELSE

# Tannhelsetenesta skal sikre likeverdige tilbod til alle i Hordaland

*Likeverd er ein føresetnad for at Hordaland skal vere eit godt samfunn for alle. Tannhelsetenesta skal i 2019 ha særleg fokus på personar med rett til vederlagsfri tannbehandling. Samarbeid og god informasjonsflyt med pleie- og omsorgstenesta i kommunane er også sentralt, både med omsyn til innhald i tilbodet og kvalitet i behandlinga.*

## UTFORDRINGAR I ØKONOMIPLANPERIODEN

### Økonomi

Tannhelsetenesta i Hordaland har dei siste åra hatt meirforbruk i driftsrekneskapen. I 2018 vart det sett inn tiltak både på utgift- og inntektssida for å redusere overforbruket. Alle provisjons- og bonusavtalar er sagt opp, og andre kostnadsreducerande tiltak er sette i verk. Desse tiltaka vert vidareført. Mål for tannhelsetenesta dei komande åra er ein økonomi som er i balanse, sjølv med reduksjon i budsjettramma frå 2018 til 2019 på 5 mill. kr.

I tillegg til økonomisk balanse for heile tannhelsetenesta totalt, er det viktig at behandlinga av dei betalande pasientane gjev eit positivt økonomisk bidrag.

### Fagleg nivå og kvalitet

For 2019 og dei komande åra vil hovudutfordringa for tannhelsetenesta vere å sikre gode og stabile økonomiske driftsvilkår for å ivareta eit høgt fagleg nivå på moderne tannklinikkar.

Andre utfordringar i økonomiplanperioden er aukande etterspørsel etter tannhelsetenester fordi tal pasientar med rett til gratis tannpleie aukar. Samstundes vil behovet etter meir avansert og kostnadskrevjande behandling auke.

### Tannhelse i institusjonar

Den fylkeskommunale tannhelsetenesta har over tid også merka auka etterspørsel etter tannhelsetenester i grupper med særskilde behov. Dette gjeld til dømes eldre og sjuke på institusjonar, heimebuande som har vedtak om heime-sjukepleie, personar som er under legemiddelassistert rehabilitering (LAR) eller personar som har vedtak om rusomsorg. Denne gruppa krev avansert og kostnadskrevjande behandling.

### Nasjonale retningslinjer

Helse- og omsorgsdepartementet har fått laga to rapportar som vil få innverknad på drifta innan tannhelse også i Hordaland. Frå og med 2019 vert det vedteke nye

nasjonale retningslinjer for tannhelsetenesta sitt tilbod til barn og unge; kalla TannBarn 1. Målet med retningslinjene er å sikre eit likt tannhelsetilbod i alle fylke. Dette vil innebære nye rapporteringsrutinar, og vil, i det minste i innføringa, også medføre auka kostnader.

Den andre rapporten omhandlar ny organisering av spesialistutdanning av tannlegar. Nye rutinar for spesialistutdanning vil truleg tre i kraft frå hausten 2019. Rapporten legg opp til at Hordaland fylkeskommune sitt kompetansesenter, TkVest/Hordaland, får eit mykje større ansvar i spesialistutdanninga.

### Pasientinntekter

Det vart gjort ei større endring på slutten av 2017, då alle personlege incentivordningar i tannhelsetenesta vart sagt opp. Provisjonsavtalen for tannlegar var knytt til behandlinga av betalande pasientar, men lønsemda ved å behandle desse pasientane var for dårleg til å oppretthalde avtalane. Innsparinga ved å seie opp desse avtalane har vore stor, men inntektene frå betalande pasientar har også gått ned ved nokre klinikkar. Det er framleis uvisse om ein unngår underskot i drifta i 2018. Dersom inntektene held fram med å vise nedgang, vil det vere for stor bemanning på einskilde klinikkar. Dette vil igjen innebære for høge lønskostnader og svekka økonomisk stilling.

### TkVest/Hordaland

I budsjett for 2019 vert budsjetteringa av TkVest/Hordaland lagt om. Då kompetansesenteret opna, skulle det på sikt ha inntekter som dekkja kostnadane. Det er framleis meirforbruk ved kompetansesenteret til tross for at senteret har fått auka budsjettet dei siste åra. Nettoforbruket, det vil seie kostnaden til HFK ved å ha senteret, auka til 11 mill. kr i fjor. I 2018 ligg senteret an til eit nettoforbruk på 12 mill. kr og ser ut til å gå mot budsjettoverskriding også i 2018. Fylkesrådmannen vil ha eit større kostnadsfokus ved kompetansesenteret, og foreslår difor ei endring i budsjetteringa av senteret.



## OVERSYNSTABELL

Under er tabell som syner bruttobudsjett og nettobudsjett for 2018, 2019 og den årlege endringa, for

tannhelseadministrasjonen, teknisk avdeling, tannhelsedistrikt og TkVest/Hordaland.

Tal i heile tusen

1		Budsjett 2018	Budsjett 2019	Endring i %
Tannhelseadministrasjonen	Brutto driftsutgifter	8 100	6 400	-21 %
	Driftsinntekter	-100	-100	0 %
	Netto driftsutgifter	8 000	6 300	-21 %
Teknisk avdeling – Fellesfunksjonar	Brutto driftsutgifter	17 200	18 600	8 %
	Driftsinntekter	-3 000	-3 000	0 %
	Netto driftsutgifter	14 200	15 600	10 %
Sentrum tannhelsedistrikt	Brutto driftsutgifter	76 939	79 500	3 %
	Driftsinntekter	-19 739	-19 900	1 %
	Netto driftsutgifter	57 200	59 600	4 %
Nord tannhelsedistrikt	Brutto driftsutgifter	51 403	54 500	6 %
	Driftsinntekter	-18 803	-19 200	2 %
	Netto driftsutgifter	32 600	35 300	8 %
Vest tannhelsedistrikt	Brutto driftsutgifter	54 588	57 400	5 %
	Driftsinntekter	-17 988	-18 200	1 %
	Netto driftsutgifter	36 600	39 200	7 %
Sør tannhelsedistrikt	Brutto driftsutgifter	29 369	31 600	7 %
	Driftsinntekter	-8 969	-9 000	0 %
	Netto driftsutgifter	20 400	22 600	10 %
Aust tannhelsedistrikt	Brutto driftsutgifter	24 422	25 400	4 %
	Driftsinntekter	-10 222	-10 000	-2 %
	Netto driftsutgifter	14 200	15 400	8 %
TkVest/Hordaland – Spesialistklinikken	Brutto driftsutgifter	28 037	25 500	-9 %
	Driftsinntekter	-18 037	-25 500	41 %
	Netto driftsutgifter	10 000	0	-100 %
TkVest/Hordaland – Statstilskudd til forskning/adm. TOO midler	Brutto driftsutgifter	20 000	25 000	25 %
	Driftsinntekter	-20 000	-25 000	25 %
	Netto driftsutgifter	0	0	0 %
	Sum brutto driftsutgifter	310 058	323 900	5 %
	Sum driftsinntekter	-116 858	-129 900	11 %
	Sum netto driftsutgifter	193 200	194 000	0 %
	Netto driftsutgifter	199 000	194 000	-3 %

## ENDRINGAR SAMANLIKNA MED BUDSJETT 2018

### Fellesmøte 2019 – Hordaland og Sogn og Fjordane

I samband med samanslåing av tannhelsetenesta i Hordaland og Sogn og Fjordane er det planlagt ei fagleg felles-samling for alle dei tilsette. Kostnad for dette tiltaket vil vere 1 mill. kr.

### Lønsutgifter til offentlig Phd-kandidat

På Stord tannklinikk er det starta eit prosjekt i samarbeid med Stord kommune. Dette for å betre tannhelsetilbodet til personar som har psykiatrisk heimesjukepleie. Desse har generelt trong for mykje oppfølging og behandling av tannhelsetenesta. Prosjektet på Stord er utvikla til eit dok-torgradsarbeid, og det vil verte søkt til regionalt forskings-råd om midlar til ein offentlig finansiert PhD. Om regionalt forskingsråd godkjenner prosjektet, må arbeidsgjevar dekke 50 % av lønskostnadene til stipendiaten. Meirkostnaden i 2019 er 0,75 mill. kr.

### Lønsutgifter til ny spesialistkandidat

Det vil i 2019 vere trong for å få ein tannlege til å starte spesialistutdanning i kjeveortopedi (tannregulering). Dette for å sikre rekruttering innanfor fagfeltet. Utdanninga går over tre år, og vedkomande må kvalifisere seg til å bli tatt opp. Meirkostnaden i 2019 er 0,75 mill. kr.

### Nye stillingar, resepsjon

Det er utarbeidd ein rapport om årsakene til høgt sjukefråvær i tannhelse. Rapporten tilrår m.a. eit tiltak der ein opprettar faste resepsjonsstillingar på dei største tannklinikane. Dette er eit særskilt tiltak retta mot det høge sjukefråværet blant tannhelsesekretærar. Som ei prøveordning, er det i budsjett 2019 lagt inn lønsmidlar til to resepsjonsstillingar på to store klinikkar; ein stilling i tannhelsedistrikt Sør og ein i tannhelsedistrikt Sentrum. Dette har ein kostnad på 1 mill. kr i 2019.

### Takstauke

Fylkesrådmannen går inn for å auke tannhelsetenesta sin honorartakst på 4,5 % frå 01.01.2019. Takstauken vil auke inntektene i 2019 med ca. 3 mill. kr. Grunngevinga er at ein gjennom dette grepet utliknar om lag halvparten av skilnaden i takstar mellom Hordaland og Sogn og Fjordane. Den resterande skilnaden i prisar tek ein sikte på å utlikne i 2020. Ein prisauke på 6 % ville gitt same takstar som i Sogn og Fjordane.

### Reduksjon faste stillingar / vikar

Grunna nedgang i pasientinntekter, er det naudsynt å ha

fokus på justeringar av bemanning, om ikkje vil bemanninga og lønskostnadane verte for høge. Ein del klinikkar har brukt om lag 1/3-del av arbeidstida på betalande pasientar. Dei aller fleste klinikane har framleis same produksjon som før, men fylkesrådmannen tilrår å ta ut ressursar ved å justere ned bemanninga på klinikkar som har seinka produksjonen. Det vert budsjettert med at dette tiltaket vil gje ei innsparing på 1,5 mill. kr.

### Auke statleg inntekt – TOO

Tannhelsetenesta er av sentrale helsestyresmakter pålagt å gje eit tannhelsetilbod til personar som har vore utsett for tortur, overgrep eller som har sterk angst for tannbehandling (odontofobi). Utgiftene til denne behandlinga (TOO-tilbodet) vert dekke av statlege midlar. Tannhelsetenesta vil frå årsskiftet 2018/ 2019 ha seks TOO-team fordelt rundt om i fylket. Dette kjem i tillegg til eit behandlingstilbod på kompetansesenteret og inneber ein stor auke i behandlingsskapiteten på dette området. Det vil seie at forbruket av behandlinga er venta å auke frå 4,5 mill. kr i 2018 til 6,5 mill. kr i 2019. Dette gjev eit auka statstilskot på 2 mill. kr.

### TkVest/Hordaland

Fylkesrådmannen vil gjere tiltak for å få eit høgare kostnadsfokus ved TkVest/Hordaland. Då kompetansesenteret opna var målet på sikt at inntektene skulle dekke kostnadane. Det er ikkje tilfelle, og også i 2018 ser det ut til å gå mot meirforbruk samanlikna med budsjettet.

Budsjetteringa av kompetansesenteret vert lagt om frå 2019 slik at alle driftskostnadane på senteret vert dekke anten gjennom pasientinntekter eller gjennom fordeling av kostnadane ved senteret på dei tannhelsedistrikta som brukar senteret («non-profit»-prinsipp). I framlegget for 2019 har senteret eit 0-budsjett, og alle kostnadane er dekke av inntekter. I utgangspunktet har dette ikkje effekt på økonomien til distrikta; gitt at kostnadane ved senteret ikkje endrar seg. Dersom det på slutten av 2019 syner seg at kostnadane går ned, vil det skape eit positivt budsjettavvik hos tannhelsedistrikta.

Forventninga er at dette gjev eit større felles fokus i høve til kva som driv kostnadane på TkVest/Hordaland. Fylkesrådmannen legg til grunn at dette skal gje ein økonomisk innsparing på 1 mill. kr. Under er tabell som summerer opp overgangen til eit 0-budsjett i 2019.

## 3

## Budsjett TkVest/Hordaland

Budsjett 2018 (i 2019-kr)	10,5 mill. kr
Auka kostnader – 2018 til 2019	1,0 mill. kr
Innsparing, auka kostnadsfokus	-1,0 mill. kr
Fordeling av kostnader på distrikta	-10,5 mill. kr
Budsjett TkVest/Hordaland 2019	0

**Omgjering av stillingar**

Fylkesrådmannen tilrår å redusere med to tannlegestillingar, og erstatte desse med to tannpleiarstillingar. Dette tiltaket er venta å gje ei innsparing på 1,0 mill. kr i 2019.

**Husleigekostnader**

Ansvaret for administrasjon av husleigeavtalar for tannklinikkar, og kostnadane i samband med desse vert no

overteke av eigedomsavdelinga. I oversynstabellen er 18 mill. kr difor flytta frå tannhelse til eigedom slik at ramma til tannhelse i 2019 no er 194 mill. kr. Den var tidligare 212 mill. kr når husleigekostnader var medrekna. For samanlikninga si skuld er også 2018 redusert for husleigekostnader i tabellen.

## ENDRINGAR

Tal i tusen

## 1

## Endringar frå 2018 til 2019

Budsjettramme 2019 endring iht 2018	-5 000
<b>Tiltak og endringar for å nå balanse:</b>	
Fellesmøte tannhelsetenesta HFK og SFK	1 000
2 stillingar, spesialistutdanning	1 500
Nye stillingar, resepsjonist på 2 større klinikkar	1 000
Takstauke, 4,5 %	-3 000
Reduksjon faste stillingar / vikarbruk	-1 000
Auka statleg inntekt, TOO-midlar	-2 000
Lågare kostnader TkVest/Hordaland	-1 000
Omgjering av tannlegestillingar	-1 500
Sum endringar	-5 000

**Oppsummering endringar**

Etter fleire år med relativt store underskot, er det for 2018 betre økonomiprognosar, men det er framleis uvisse om ein unngår underskot. For 2019 skal tiltaka i tabellen over gjere at tannhelse samla vil kunne kome ut i økonomisk

balanse på slutten av året, sjølv med eit budsjettnedtrekk på 5 mill. kr.

Takstauke er eit viktig moment. Det same er tiltak i høve til utfordringar kring kostnadane på TkVest/Hordaland, og tiltak knytt til reduksjon av lønskostnadane i sektoren.

## MÅL OG TILTAK

2	Mål	Tiltak	Resultatmål 2019	Resultatmål 2022
1.	Tannhelsetenesta skal sikre likeverdige tilbod til alle innbyggjarar i Hordaland	<p>I 2019 vil samanslåinga av tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane og Hordaland starte.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Anbod EPJ og røntgen</li> <li>- Felles takstar</li> <li>- Implementering av forslag frå dei fem delprosjekta</li> </ul> <p>Revidere samarbeidsavtalar med alle kommunar i Hordaland</p> <p>Gi informasjon til alle kommunar om måltal innan tannhelse for deira kommune</p>	<p>Betere måltal for tannhelsa på nøkkelårskull (3-, 5-, 12-, 15- og 18-åringar)</p> <p>Betere måltal for dekningsgrad i dei lovpålagte gruppene (tal personar som tar imot tilbodet).</p>	<p>Betere måltal for tannhelsa på nøkkelårskull (3-, 5-, 12-, 15- og 18-åringar)</p> <p>Betere måltal for dekningsgrad i dei lovpålagte gruppene (tal personar som tar imot tilbodet)</p>
2.	Tannhelsetenesta skal sikre gode fagmiljø på moderne tannklinikkar	<p>Gjennomføra den vedtekne klinikkstrukturplanen</p> <p>Utarbeide ein opplærings- og kompetanseplan for tannhelsetenesta</p>	<p>Ta i bruk: Øygarden tannklinikk Arna tannklinikk</p> <p>Starte arbeidet med: Ny tannklinikk på Nesttun Åsane tannklinikk Nordhordland tannklinikk</p>	<p>Oppretthalde framdrifta i den vedtekne klinikkstrukturplanen</p>
3.	Tannhelsetenesta skal sikre gode fagmiljø på moderne tannklinikkar	<p>Arbeide for å få god dekning av spesialistar.</p> <p>Utarbeide ein opplærings- og kompetanseplan for tannhelsetenesta</p>	<p>Rekruttere og stabilisere spesialistbemannning</p> <p>Ei doktorgradsavhandling</p>	<p>Innflytting i nye areal – Helsecampus Årstadvollen</p> <p>Ei doktorgradsavhandling kvart år</p>
4.	Tannhelsetenesta skal ha fokus på førebyggjande arbeid og på den måten bidra til betre folkehelse	<p>Tannhelsetenesta skal bli «gode på tall» – dvs utveksle tannhelsedata på grunnkrets til alle kommunar/bydelar.</p>	<p>Signere reviderte samarbeidsavtalar med alle kommunar i Hordaland.</p> <p>Initiere prosjekt for å betre samhandling med den kommunale pleie- og omsorgstenesta</p>	<p>God samhandling med alle aktuelle samarbeidspartar.</p>



## PRIORITERINGAR I 2019

### Økonomistyring

Innanfor ei stram budsjetttramme vil hovudprioriteringa vere å ha balanse i driftsrekneskapen. Tidlegare tiltak blir oppretthaldne, og nye tiltak vil fortløpande verte vurderte.

Budsjett og rekneskap er frå og med 2018 lagt ut på klinknivå, og den enkelte klinikkleiar har fått budsjettansvar

for dagleg drift. Arbeidet med å bevisstgjere klinikkleiarane på økonomistyring vil halde fram.

Ein tek sikte på å betre økonomirapporteringa innan tannhelse. I fyrste rekke vil dette skje gjennom å innføre at einingane sjølv leverer rapportar gjennom bruk av økonomisystemet.

### Ny bonusavtale

Fylkesrådmannen vil leggje til rette for ein resultatbasert bonusavtale innan tannhelse i Hordaland fram til 1.1.2020. Dette er ei oppfølging av budsjett 2018 der fylkesrådmannen avslutta alle individuelle incentivavtalar, og opna opp for ein ny avtale der bonusutbetaling var kopla mot økonomiske resultat.

Bonusavtalen vil gjelde fordeling av eit eventuelt overskot i 2018 og 2019. Bonus vil vere ein eingongsum til tannlegar, tannpleiarar og sekretærar som vert utbetalt etter at rekneskapen for desse åra er gjort opp. Føresetnaden for utbetaling av slik bonus er eit overskot for tannhelse samla. Det skal og vere eit resultat for dei betalande pasientane som er i tråd med lovkravet om ei rimeleg fortjeneste.

Fylkesrådmannen vil tilrå ei fordeling av resultatet der om lag halvparten av eit eventuelt overskot i 2018 og 2019 vert fordelt til dei tilsette. Den resterande delen av eventuelle overskot vil verte overført til disponible fond for tannhelsetenesta. Tannhelseavdelinga og den statlege delen av TkVest/Hordaland er ikkje med i ordninga. Den totale bonusen skal fordelast på tilsette innan dei tre yrkesgruppene, men endelege innretning må det forhandlast med dei tillitsvalde om.



## FOLKEHELSEARBEID

Folkehelsearbeidet vil i 2019 ha hovudfokus på tre område:

- Revisjon av samarbeidsavtalar med alle kommunar i Hordaland.
- Byggje opp eit system med utveksling av aktuelle tannhelsesdata til alle kommunar i Hordaland. Tannhelsesdata kan verte gitt på grunnkrets.

### Samanslåingsprosessen Vestland fylkeskommune

Tannhelsetenestene i Hordaland og Sogn og Fjordane har fem delprosjekt for å førebu samanslåing frå 01.01.2020. Som ein del av desse førebuingane må det gjennomførast ein anbodskonkurranse knytt til felles elektronisk pasientjournal (EPJ) og digitalt røntgensystem. Det er uvisst kor store ekstra kostnader desse nye rammeavtalene vil medføre. Ei fagleg fellessamling som er nemnt under tiltak vert også prioritert.

### TkVest/Hordaland

Som nemnt under utfordringar og tiltak så prioriterer fylkesrådmannen å leggje om budsjetteringa av kompetansesenteret.

### Bidrag frå ikkje-lovpålagt verksemd

Det vert lagt opp til at det økonomiske resultatet når det gjeld den delen av drifta som ikkje er lovpålagt, må gje eit positivt bidrag. Dette er i tråd med lovkrav som tilseier at slik verksemd skal ha ei rimeleg fortjeneste. For 2019 vert det rekna inn at dei betalande pasientane skal gje eit positivt bidrag til tannhelse sin økonomi på minst 3 mill. kr.

- Innføring av nye nasjonale retningslinjer (TannBarn 1) vil ha fokus på førebyggjande arbeid, og vere førande for folkehelsearbeidet i tannhelsetenesta.

Folkehelsearbeid handlar om å fremje og styrkje folk si generelle helse. Lov om tannhelseteneste pålegg tannhelsetenesta å prioritere førebyggjande tiltak føre behandling, og med det medverke til å skape god helse for alle.

## Viktige tannhelseindikatorar

### DMFT (Decayed, missed, filled teeth)

DMFT viser gjennomsnittleg tal tenner med kariesangrep, manglande tenner og tenner med fyllingar. DMFT-tal for 3- og 5-åringar i Hordaland viser at barn i desse årskulla er mellom dei fire beste fylka i landet. Dette gjeld prosent som aldri har hatt hol i tennene; høvesvis 94,7 % for 3-åringar og 83,7 % for 5-åringar.

DMFT-tal for 2017 viser at for 12-, 15- og 18-åringar i Hordaland er det høvesvis 56,7 %, 37,1 % og 22,3 % av årskulla som aldri har hatt hol i tennene. Dette er tal som ligg nokre prosentpoeng under dei beste fylka i Noreg.

*Prosentvis del av 5-åringar utan tannråte eller fylling – og gjennomsnittleg tal tenner med tannråte eller fylling hos 12- og 18-åringane i Hordaland og i Noreg (unntatt Oslo).*

3 Årskull		Hordaland			Noreg		
		2015	2016	2017	2015	2016	2017
5-åringar	% utan tannråte	81,5	81,0	83,7	81,7	80,0	82,4
12-åringar	Gj.snitt tenner med karies eller fylling	1,1	1,0	1,0	0,9	0,9	1,0
18-åringar	Gj.snitt tenner med karies eller fylling	4,2	4,0	3,9	3,9	3,7	3,4

### SiC-indeks

Signifikant karies indeks (SiC) er ein indikator som viser gjennomsnittleg DMFT på den tredelen av ei aldersgruppe som har dårlegast tannhelse og mest karies (tannråte). SiC-indeksen gir eit bilete av sosial helseskilnad – dess lågare tal, dess mindre skilnad i helse. SiC-indeks for 12-åringar i Hordaland i 2017 er 2,8 medan landsgjennomsnittet er 2,6.

Sjølvsagt er tannhelsa til barn og unge generelt god, er det område i Hordaland der tannhelsa er dårlegare enn elles i fylket. Også innanfor Bergen kommune er det skilnader, der ein del av forklaringa er storby-utfordringar knytt til demografi og levekår. For å kunne møte desse utfordringane på ein god og målretta måte er det viktig med meir bakgrunnskunnskap. I regi av TkVest/Hordaland er det difor sett i verk fleire forskingsprosjekt som ser nærare på ulike forklaringsvariablar.

Innføringa av nye nasjonale retningslinjer for tannhelsetilbodet til barn og unge (TannBarn1) inneber mellom anna endring i rutine for innkalling og registrering av nøkkelårskull (3-, 5-, 12-, 15- og 18-åringar) frå 2019. Dette vil i sin tur kunne medføre endringar i indekstalla.

### Bekymringsmelding til barnevern

Den offentlege tannhelsetenesta er den einaste helsetenesta i Noreg som kallar inn alle barn og unge mellom 3 og 18 år til regelmessige undersøkingar. Tannhelsetenesta kan difor oppdage teikn til mishandling eller omsorgssviikt. Tannhelsepersonell pliktar ved mistanke å melde frå om dette til barnevernet. Frå 2011 til 2017 auka talet på bekymringsmeldingar frå tannhelsetenesta i Hordaland til barnevernet frå 22 til 73. Informasjonsbrev til føresette, der pasienten er under 16 år og ikkje har møtt til avtalt time ved fleire høve, har auka frå 29 til 92 i same tidsrom.

3	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Bekymringsmeldingar	22	62	36	83	112	73	73
Brev til føresette	29	87	56	107	88	78	92

Tabell: Tal bekymringsmelding til barnevern og informasjonsbrev til føresette, tannhelsetenesta i Hordaland, 2011–2017



## STYRINGSDOKUMENT – REGIONALE PLANAR OG TEMAPLANAR

### 3 Planansvar – tannhelsetenesta

Temaplanar	Vedtaksår	Utval	Revisjon
Klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta 2016–2030	2016	FT	

### KLINIKKSTRUKTUR

Fylkestinget vedtok i mars 2016 klinikkstrukturplanen for tannhelsetenesta i Hordaland 2016 – 2030. I samsvar med vedteken klinikkstrukturplan vil desse byggeprosjekta pågå – eller starte opp i 2019:

#### *Øygarden tannklinikk*

Ny tannklinikk vil vere ferdig til bruk 1. kvartal 2019. Øygarden tannklinikk er ei samlokalisering av Straume tannklinikk, Ågotnes tannklinikk og Sund tannklinikk.

#### *Arna tannklinikk*

Ny tannklinikk vil etter planen vere klar til innflytting i 2019. Arna tannklinikk er ei samlokalisering av Tysse tannklinikk, Indre Arna tannklinikk og Dalekvam tannklinikk.

#### *Nesttun tannklinikk*

Leiegavtale for aktuelt areal er ikkje signert. Det er aktuelt med byggestart i januar 2019.

#### *Åsane tannklinikk*

Ny klinikk skal byggast i den nye Åsane vgs. Prosjektering pågår og innflytting vil skje ved skulestart august 2020.

#### *Knarvik tannklinikk*

Ny klinikk skal byggast i Helsehuset Nordhordland. Leiegeavtale er signert, og prosjektering pågår. Innflytting når bygget er ferdig i 2020/2021.

#### *Tannhelsetenesta kompetansesenter (TkVest/Hordaland)*

TkVest/Hordaland har spesialistklinikken i det nye odontologibygget i Bergen, og administrasjonen er i nabobygget Årstadveien 21. TkVest/Hordaland har no meir enn 60 tilsette spesialistar og forskarar, og det er trong for å finne løysingar for meir areal.

I fylkestingssaka om ny klinikkstrukturplan vart det vedteke å gjere ny vurdering av følgjande tannklinikkar når kommunesamanslåing og oppgåvefordeling er avklart: Manger tannklinikk, Rosendal tannklinikk, Langevåg tannklinikk, Ulvik tannklinikk og Lofthus tannklinikk. Fylkesrådmannen vil kome attende til dette når framtidig oppgåvefordeling mellom fylkeskommunen og kommunane på tannhelseområdet er nærare avklart.

### TENESTETILBODET

#### Lovpålagde oppgåver

Tannhelsetenesta i Hordland utfører lovpålagde oppgåver i samsvar med lov om tannhelsetenester. I 2019 har tenesta eit ansvar for å gje tilbod til nærare 140 000 innbyggjarar i Hordaland som har ein lovfesta rett til tannhelseteneste.

Fylkeskommunen skal sørge for at tannhelsetenester, også spesialisttenester, i rimeleg grad er tilgjengelege for alle i fylket. Tannhelsetilbodet skal vere regelmessig og oppsøkjande.

Lov om tannhelsetenester § 1-3 definerer dei prioriterte gruppene som:

- barn og unge 0–20 år
- psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon
- eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon eller i heimesjukepleie

Hordaland fylkeskommune har vedteke at innsette i fengsel og personar innan rusomsorg også skal få tilbod om gratis tannbehandling. I tillegg får vaksne, betalende pasientar tilbod om behandling der det er kapasitet og trong. Tannhelsetenesta i Hordaland har og ansvar for Tannlegevakta i Bergen, tannbehandling i narkose på Haukeland universitetssjukehus og Stord sjukehus, i tillegg til eit poliklinisk tilbod om tannbehandling i narkose på Solheimsviken tannklinikk. I tillegg har Hordaland fylkeskommune etablert TkVest/Hordaland på Årstadvollen i Bergen. Senteret skal gje tilbod om spesialistbehandling, drive med fagleg rådgjeving til offentleg og privat tannhelseteneste, ha ansvar for praksisnær klinisk forskning og bidra i spesialistutdanninga. I tillegg gir TkVest/Hordaland behandling til pasientar med angst for tannbehandling og til sjukehuspasientar på Haukeland universitetssjukehus. Leppe-, kjeve-,

ganeteamet har eit utvida regionalt ansvar for å gje tilbod til alle barn født med leppe-, kjeve-, ganespalte i området frå Finnmark i nord til og med Rogaland i sør.

### Betalende pasientar

Om lag 15 000 vaksne betalende pasientar vert ferdigbehandla kvart år. Dei vaksne betalende pasientane står for knapt 20 % av det totale pasienttalet som vert behandla, og for om lag ein 1/4-del av drifta på klinikkane; rekna i tid. Delen av betalende pasientar er om lag den same for både Hordaland, Rogaland og tidlegare Sør-Trøndelag. Sogn og Fjordane har ein lågare del vaksne betalende pasientar enn Hordaland. Fylkesrådmannen vil vurdere om delen av økonomisk verksemd gjennom betalende pasientar innan tannhelse i Hordaland er på eit rimeleg nivå. Bakgrunnen for vurderinga er at det har vore uklart om tenesta generer ei rimeleg fortjeneste. I denne samanhengen er det også naturleg å vurdere om tilbodet til lovpålagde pasientgrupper er på rett nivå.

Under er ein tabell som syner at distrikta og klinikkane i gjennomsnitt brukte 25 % av tida si på pasientar i det private markedet, og dei resterande 75 % på dei lovpålagte gruppene (2017-tal).

3	Behandling / ressursar	Gruppe A–E Lovpålagte	Gruppe F Betalende
	THD Sentrum	80,6 %	19,4 %
	THD Nord	71,8 %	28,2 %
	THD Vest	73,3 %	26,7 %
	THD Sør	78,5 %	21,5 %
	THD Aust	65,9 %	34,1 %
	Sum	75,1 %	24,9 %

## ORGANISERING

Tannhelsetenesta i Hordaland har om lag 400 tilsette. Av desse er 13 tilsette i fylkestannlegen sin stab. Teknisk avdeling har frå hausten 2017 hatt to lærlingar.

Det er pr. august 2018 totalt 42 offentlege tannklinikkar i Hordaland. Klinikstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland vart vedteken av fylkestinget i mars 2016, og i følgje planen skal tal tannklinikkar i tidsrommet fram til 2030 reduserast til 25.

Tannhelsetenesta er organisert i seks tannhelsedistrikt med ein overtannlege som leiar i kvart distrikt. I kvart tannhelsedistrikt er det eit ulikt tal klinikkområde. Kvart klinikkområde vert leia av ein klinikkleiar.

Fem av tannhelsedistrikta gir allmenntannhelsetilbod til innbyggjarane, mens kompetansesenteret (TkVest/Hordaland) gir spesialistbehandling.

### Storleik og produksjon

Tabellen under syner nettobudsjett, årsverk og timeproduksjon (2017-tal). Den seier noko om storleiken på dei ulike tannhelsedistrikta, og omfanget av behandlinga som vert gjennomført. Samla vart det i 2017 produsert 154 724 timar med tannhelsebehandling. Dette omfattar det klinikkan sjølv har registrert av behandling av både lovpålagte og betalende pasientar. TkVest/Hordaland er ikkje med i tala.



3

	mill. kr NTOBUD	Årsverk Tilsette	Timar Produksjon
THD Sentrum	61,5	90,3	47 157
THD Nord	36,2	61,8	35 244
THD Vest	41,2	66,2	36 288
THD Sør	24,2	33,7	19 666
THD Aust	16,5	25,8	16 369
Sum	179,6	277,8	154 724

## FORSKING

Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) publiserte hausten 2017 ein handlingsplan kalla «Sammen om kunnskapsløft for oral helse». I planen står det; «Kartlegging og evaluering viser at forskning og fagutvikling innen oral helse er svak sammenlignet med medisin og andre helsefag, og sammenlignet med de øvrige nordiske land». Gjennom handlingsplanen viser HOD at forskning innan fagfeltet oral helse vil vere eit satsingsområde dei komande

åra. Tannhelsetenesta etablerte frå og med 01.01.2017 ei eiga forskingsavdeling på kompetansesenteret. Forskingsavdelinga har 15 tilsette, og er allereie involvert i fleire viktige forskingsprosjekt. 2 stipendiat tilknytta kompetansesenteret har disputert for PhD-grad; den siste i april 2018. Det vil i 2019 vere tre stipendiatar i eit doktorgradsløp tilknytta TkVest/Hordaland.

## STATISTIKK

*Relativ del av prioritert klientell som er under tilsyn av tannhelsetenesta i Hordaland og Noreg (unntatt Oslo) i 2015, 2016 og 2017. Tal frå KOSTRA*

3

	Hordaland			Noreg		
	2015	2016	2017	2015	2016	2017
Barn og unge 1–18 år	103,9	102,6	99,5	98,1	100	97,6
Psykisk utviklingshemma	90,3	92,9	83,0	93,0	95,1	94,4
Eldre og uføre i institusjon	78,4	76,2	68,5	78,7	80,3	77,6
Eldre og uføre i heimesjukepleie	46,4	48,3	38,5	31,4	33,8	32,0
Ungdom 19–20 år	70,8	72,9	68,3	77,2	80,6	75,4
Alle prioriterte grupper	94,8	94,0	89,5	89,1	90,8	88,0

\*Tal over 100 % betyr at meir enn det som var planlagt i eit år er behandla. Det kan kome av til dømes innvandring eller hyppigare innkalling.

*Netto driftsutgifter for tannhelsetenesta per innbyggjar – og netto driftsutgifter per prioritert klientell under tilsyn i Hordaland og i Noreg (unntatt Oslo) i 2015, 2016 og 2017. Tal frå KOSTRA*

3	År	Hordaland			Noreg		
		2015	2016	2017	2015	2016	2017
	Netto driftsutgifter per innbyggjar i kr	428	437	424	446	487	493
	Netto driftsutgifter per prioritert klientell under tilsyn i kr	1558	1608	1645	1752	1839	1928



REGIONAL

# Pådrivar for dialog og samordning

*Gjennom eit sett med ulike tiltak og verkemiddel skal fylkeskommunen medverke til eit robust og framtidretta næringsliv og auka innovasjonstakta i privat og offentleg sektor i Hordaland. Prioriterte satsingsområde er omstillingsevne i industrien, auka grøn konkurransekraft, meir forskning, betre integrering av flyktningar i arbeidslivet, auka satsing på kompetanse og karriererettleiing og heilskapleg samfunnsutvikling gjennom å utvikle både regionsentre og lokalsamfunn. God dialog med kommunar, næringsliv og andre aktørar kombinert med tydeleg samordning av innsatsen er avgjerande for å lukkast med denne satsinga.*

## UTFORDRINGAR I ØKONOMIPLANPERIODEN

### Innovasjon og omstilling

Hordaland fylkeskommune skal medverke til eit robust og framtidretta næringsliv, og auke innovasjonstakta i privat og offentleg sektor. Dette vert gjort ved å satse på nokre langsiktige tema som omstillingsevne i industrien, auka grøn konkurransekraft, meir forskning, betre integrering av flyktningar i arbeidslivet, auka satsing på kompetanse og karriererettleing og heilskapleg samfunnsutvikling ved både å satse på utvikling av regionsentre og lokalsamfunn. Satsinga på Invest in Bergen og Etablerersenteret i samarbeid med kommunane har gitt moglegheit til auka målretta satsing på etablerarteneste og på arbeidet med å få nye bedrifter til å etablere seg i regionen.

### Planlegging som strategisk verktøy

Regionreforma har som mål å styrke fylkeskommunen som samfunnsutviklar. God planlegging skal nyttast som eit samlande strategisk verktøy for å oppnå dette. Fylkeskommunen må utvikle si pådrivar- og samordningsrolle. Gjennomføring av vedtekne planar og førebuing av nye vil krevje vesentlege ressursar. I 2019 og 2020 vil arbeidet med å utvikle ny planstrategi som skal vere felles for Vestland fylkeskommune krevje stor merksemd. Dette vil

stille store krav til plankompetanse og –kapasitet. Kommunesamanslåingar kan medføre auka planaktivitet dei første åra. Fylkeskommunen som tilretteleggjar for dialog og samordning må styrkast.

### Statlege overføringer

Ei hovudutfordring i dette arbeidet har vore ein kontinuerleg reduksjon av statlege overføringer over fleire år. Om ein held ekstraordinære omstillingsmidlar utanfor, er overføringane redusert frå 72,7 mill. kr i 2013 (ca 81 mill. kr i dagens pengeverdi) til 38 mill. kr i 2018. I perioden 2016 til 2018 har HFK fått tildelt ekstraordinære midlar til omstillingsarbeid for å møte utfordringane i leverandørindustrien til olje/gass sektoren. I forslag til statsbudsjett er overføringane til regional utvikling redusert med ytterlegare 21,5 mill. kr. Vidare er overføringane til Regionalt forskingsfond Vestlandet foreslått redusert med om lag 4,1 mill. kr. I sum vil dette redusere fylkeskommunen sin mogelegheit til å vere pådrivar i utviklingsprosjekt. Kompensasjonsordninga for auka arbeidsgivaravgift, som i 2013 utgjorde 48,3 mill. kr, har også falt bort frå 2017.

## REDUKSJONAR I STATLEGE OVERFØRINGAR TIL HANDLINGSPROGRAM FOR NÆRINGSUTVIKLING I HORDALAND OVER TID:

1 Millionar kr/årstal	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
HNH statleg overføring	72,2	60,7	56,8	47,3	49,1	38,0	25,4

Tabellen syner utviklinga i dei statlege overføringane frå 2013 til 2019 (ikkje stortingshandsama).

Ekstraordinære omstillingsmidlar tildelt i 2016, 2017 og 2018 er trekt frå for relevant samanlikning.

## OVERSYNSTABELL

1	Inntekter og utgifter	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Endring i %
Regional planlegging	Brutto driftsutgifter	8 973	8 973	0,0
	Driftsinntekter	-	-	-
	Netto driftsutgifter	8 973	8 973	0,0
Næringsutvikling	Brutto driftsutgifter	82 054	59 076	-28,0
	Driftsinntekter	-54 370	-31 660	-41,8
	Netto driftsutgifter	27 684	27 416	-1,0

1	Inntekter og utgifter	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Endring i %
Regionsenter- og lokalsamfunnsutvikling	Brutto driftsutgifter	13 383	13 616	1,7
	Driftsinntekter	-	-	-
	Netto driftsutgifter	13 383	13 616	1,7
Rett kompetanse	Brutto driftsutgifter	9 370	9 291	-0,9
	Driftsinntekter	-1 870	-1 750	-6,4
	Netto driftsutgifter	7 500	7 541	0,6
Folkehelse	Brutto driftsutgifter	6 947	13 048	87,8
	Driftsinntekter	-130	-6 100	-
	Netto driftsutgifter	6 817	6 948	1,9
Forskning	Brutto driftsutgifter	42 419	38 323	-9,7
	Driftsinntekter	-41 000	-36 872	-10,1
	Netto driftsutgifter	1 419	1 451	2,3
Statistikk og analyse	Brutto driftsutgifter	3 756	3 790	1,0
	Driftsinntekter	-600	-600	0,0
	Netto driftsutgifter	3 156	3 190	1,1
Internasjonalt samarbeid	Brutto driftsutgifter	4 185	7 023	67,8
	Driftsinntekter	-1 420	-4 235	198,2
	Netto driftsutgifter	2 765	2 788	0,8
Klima og miljø	Brutto driftsutgifter	15 619	14 346	-8,2
	Driftsinntekter	-	-	-
	Netto driftsutgifter	15 619	14 346	-8,2
Naturressursforvaltning	Brutto driftsutgifter	6 857	26 658	288,8
	Driftsinntekter	-2 885	-22 885	693,2
	Netto driftsutgifter	3 972	3 773	-5,0
Administrasjon og leing	Brutto driftsutgifter	8 492	8 758	3,1
	Driftsinntekter	-	-	-
	Netto driftsutgifter	8 492	8 758	3,1
Sum	Sum brutto driftsutgifter	202 055	202 902	0,4
	Sum driftsinntekter	-102 575	-104 102	1,8
	Sum netto driftsutgifter	99 780	98 800	-1,0
	Netto driftsutgifter i 2019-kroner	100 800	98 800	-2,0

## ENDRINGAR

Tal i tusen

1

### Endringar frå 2018 til 2019

<b>Endring budsjettramme</b>	-2 000
<b>Tiltak/endringar i høve redusert netto ramme:</b>	
Bortfall støtte HOG energi	-400
Reduksjon direktør drift og stab	-450
Klimaplanen, prisvekst	-300
Justert fylkeskommunal andel Invest in Bergen	-100
Reduksjon regional og kommunal planlegging	-100
Andre mindre endringar	-650
<b>Sum</b>	<b>-2 000</b>

Budsjettramma til regional er redusert med 2 mill. kr frå 2018 til 2019.

## MÅL OG TILTAK

2

Mål	Tiltak	Resultatmål 2019	Resultatmål 2022
Regionalavdelinga skal medverke til ei heilskapleg og berekraftig utvikling og ressursforvaltning gjennom handlingsretta planar og prosjekt.	Styrke samordning av offentleg verksemd og næringsutvikling i regionsenter	Samarbeidsprosjekt med tilskot frå HFK (HNN/partnarskap) i sju regionsenter	Vidareutvikle den strategiske satsinga på regionsenter inn i Vestland fylke Gjennomføre tiltak i alle regionsenter-kommunane rundt Bergen i samsvar med regional plan
	Samarbeide med kommunane om gjennomføring av Regional areal- og transportplan for bergensområdet	Etablere og gjennomføre avtalar om byvekst i kommunane i bergensområdet	Ein velfungerande bergensregion
	Sikre nok og rett areal til havbruk i kommuneplanar i samsvar med fylkeskommunen sitt ansvar etter akvakulturlova og regionale planar	Nok og rett areal til havbruk i kommuneplanar i samsvar med fylkeskommunen sitt ansvar etter akvakulturlova og regionale planar	Nok og rett areal til havbruk i alle kommuneplanar for sjøareal i samsvar med fylkeskommunen sitt ansvar etter akvakulturlova og regionale planar
	Arbeide fram tiltak for psykisk helse og livskvalitet hos barn og unge	Utvikle tiltak for barn og unge i minst seks kommunar	Utvikle tiltak for barn og unge i dei fleste kommunane
	Arbeide for at det skal vere praktisk å bruke nullutsleppskøyretøy i Hordaland	Hordaland skal ha flest hurtiglade-stasjonar av fylka i Noreg.	Høgast tal hurtiglade-stasjonar av fylka i Noreg. Minst 25 % av bilparken skal vere elektrisk
	Planprogram etter vassforskrifta og vesentlege vassforvaltings spørsmål på høyring innan 1. april	Reint vatn og god økologisk tilstand for vassførekomstar i fylket	Tilpassing til endra klima skal inngå i relevante regionale planar og i alle kommuneplanar.
	Samlingar for å auke kompetansen om klimatilpassing i kommunane	Tilpassing til endra klima skal inngå i relevante regionale planar og i alle kommuneplanar	Nok og rett areal til havbruk i alle kommuneplanar for sjøareal i samsvar med fylkeskommunen sitt ansvar etter akvakulturlova og regionale planar
	Klimasatsprosjekt Klima- og miljøvennleg massehåndtering.	Reduserte utslepp av klimagassar frå byggsektoren i Hordaland	Reduserte utslepp av klimagassar frå byggsektoren i Hordaland
	Klimasatsprosjekt fossilfrie bygg- og anleggsplassar i Hordaland		

2

Mål	Tiltak	Resultatmål 2019	Resultatmål 2022
Regionalavdelinga skal medverke til eit robust og framtidsetta næringsliv.	Gjennomføre fleire etablererkurs og stimulere til gründerkultur og entreprenørskap	Ca. 250 kandidatar har gjennomført etablerarkurs 3200 nye verksemder er etablert 250 gasselverksemder er registrert	Fleire gode gründerar
	Mobilisere til forskning i verksemder  Målretta koordinering og rådgiving for å få etablert fleire nasjonale senter som skal fremje omstilling og innovasjon  Stimulere til prosjekt innan grøn konkurransekraft	Fleire med doktograd i næringslivet  Ha etablert to nye senter for forskingsdrevet innovasjon (SFI) og tre nye klyngeprosjekt  5 nye prosjekt innan grøn konkurransekraft	Tal aktørar som har sett i gang aktiviteter innan framtidsetta næringsutvikling med fylkeskommunal støtte: 150
	Iverksette analysar av kompetansebehov i bransjar  Stimulere til utvikling av utdanningstilbod i tråd med behova i næringslivet	Identifisere bransjar med kompetansegap  Auka tal på personar som tek fagbrev  Auka tal på godkjente lærebedrifter Nye utdanningstilbod i tråd med behov i næringslivet	Etablert system for å halde oversikt over bransjar med kompetansegap  Auka tal på personar som tek fagbrev  Auka tal på godkjente lærebedrifter  Nye utdanningstilbod på alle nivå i tråd med behov i næringslivet
	Styrke lokalsamfunnsutvikling gjennom LivOGLyst-metoden	Få eit fleirtal av kommunane i fylket inn blant dei 50% beste i NHO sitt kommune-NM  Auka næringsarealreserve i kommunane	Halde eit fleirtal av kommunane i fylket inn blant dei 50% beste i NHO sitt kommune-NM  Rett dimensjonert næringsarealreserve
	Arbeide for integrering og inkludering i arbeidslivet for innvandrarar	Auka tal innvandrarar i arbeidslivet	Auka tal innvandrarar i arbeidslivet
	Arbeide med transporttilbod tilpassa reiselivet	Betre offentleg transporttilbod til dei viktigaste reisemåla	Prinsippa for berekraft i tilkomst til reiselivsdestinasjonane er innarbeidd i transport
	Regionalavdelinga skal, internt i HFK og ut mot kommunane i Hordaland, bidra til god kunnskaps- og kompetanseutvikling som over tid skal tene heile Hordalands-samfunnet.	Utvikle og utvide god karriererettleiing på tvers av utdanningsnivå og livsfase	20 forskingsprosjekt med prosjektansvarleg i Hordaland, finansiert av RFF  5 nye kommunar engasjert i systematisk forskings- og innovasjonsarbeid  30 nye bedrifter som satsar på forskningstøtta innovasjon gjennom Mobiforsk
Iverksetje MobiForsk i Hordaland		30 nye bedrifter som satsar på forskingsbasert innovasjon	60 nye bedrifter som satsar på forskingsbasert innovasjon
Mobilisere kommunar og bedrifter til deltaking i internasjonale samarbeidsprosjekt innan Erasmus+, Aktiv Ungdom, Kreativt Europa og EØS-prosjekt		35 mobilitetsprosjekt  2 strategiske partnerskapsprosjekt	140 mobilitetsprosjekt  8 strategiske partnerskapsprosjekt
Formidle statistikk og analyse til kommunane, dialog om fortolkning og bruk		10 kommunar som har fått støtte i sitt analysearbeid	15 kommunar som har fått støtte i sitt analysearbeid



## PRIORITERINGAR I 2019

### Grøn konkurransekraft

Det vert auka aktivitet i leverandørindustrien og olje- og gassektoren i 2019. Likevel vert det trong for å utvikle og omstille store delar av næringslivet i Hordaland og utvikle næringslivet inn i eit «grønt» skifte. Gjennom Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland vil det bli satsa på å styrke grøn konkurransekraft i næringslivet. Mange verksemder i leverandørindustrien er i ferd med å supplere delar av leveransane til petroleumsindustrien med leveransar til havvind, grøn shipping og berekraftig havbruk. Det vert også i 2019 øyremerka midlar til dette.

### Rett kompetanse

Omstillingstakta i samfunnet set store krav til rett kompetanse både i næringslivet og i offentleg sektor. Gjennom den nyetablerte samarbeidsmodellen for kompetanseutvikling i Hordaland, vil kompetanseaktørane vere betre rusta til å fange opp arbeidslivets behov, både i omfang og innhald. Basert på denne kunnskapen vil det bli prioritert å setje i verk tiltak som kan bidra til at dei kandidatane som kjem ut på arbeidsmarknaden har rett kompetanse.

### Forsking

HFK vil prioritere å synleggjere gode resultat av regionale forskingsfond og fremme ordninga ovanfor sentrale styresmakter, samstundes som ein vil styrke mobiliseringa til forskingsstøtta innovasjon i bedrifter og kommunar. Vidare skal mobilisering til forskingsbasert innovasjon i næringslivet samkøyrast med andre regionale aktørar.

Samarbeid om etablering og utvikling av statleg finansierte sentre som til dømes KATAPULT og Senter for forskningsdrevet innovasjon (SFI) vert òg prioritert.

### Regionsenter

I samarbeid med kommunane skal det iverksetjast utviklingsprosjekt i regionsentra i tråd med Regional plan for attraktive senter og for auka folkevekst. Samordning av offentlege tenester og tilrettelegging for næringsutvikling i regionsentra vert prioritert.

### Planarbeid

Regionreforma og samanslåing til Vestland fylkeskommune set større krav til arbeidet med nytt kunnskapsgrunnlag om utfordringar og utvikling av felles identitet og mål. Ei berekraftig utvikling og eit grønt skifte må byggje på langsiktige planar. Gjennomføring av areal- og transportplan for bergensområdet og kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger skal bidra til dette.

### Klima

Klimaplanen sitt handlingsprogram bidrar til at Hordaland er verdas leiande region for overgang til nullutsleppkøyretøy ved å bidra til å bygge landets beste infrastrukturtilbod av hurtigladarar. Å bidra til at kommunane i fylket lykkast i sitt arbeid med klimaomstilling vil ha spesiell merksemd i 2019. Gjennom klimaplanen, ferjeambod og temaplanen låg- og nullutsleppsbusar, skal eige utslepp frå Hordaland fylkeskommune meir enn halverast innan 2025.



## FOLKEHELSE

Innbyggjarane i fylket si helse ligg til grunn for dei fleste planane som styrer aktivitetane i regionalavdelinga. Å ha kontinuerleg oversikt over folkehelsestilstanden i fylket er ei oppgåve for fylkeskommunen. Dette arbeidet viser korleis folkehelse er ein integrert del av verksemda i regionalavdelinga.

Regionalavdelinga følger spesielt med på fire ulike område som har konsekvensar for hordalendingane si helse. Dette er for det første knytt til luftkvalitet. Fylket har oversikt

over kor stor marknadsandelen er for nullutsleppsbusar av talet på nyregistrerte bilar. Problem med luftkvalitet i Hordaland er i hovudsak knytt til Bergen kommune, og tilrettelegging for elbilar, elektrifisering av Bergen hamn og gode kollektivtilbod med låge utslepp er viktige tiltak for å få reinare luft.

Fylkeskommunen følger med på om vassførekomstane har god kjemisk og økologisk tilstand. God vassforvaltning gir reinare mat frå vatn og sjø, og drikkevatt med god kvalitet.



Førebygging av psykiske lidningar er ein viktig del av folkehelsearbeidet til Hordaland fylkeskommune. I den siste Ungdataundersøkinga (frå 2018) oppgir 14 prosent av ungdomsskuleelevane i Hordaland at dei er plaga med depressive symptom – eit nivå som er likt med resten av landet. Forskjellane internt i fylket er likevel store. Hordaland fylkeskommune vart i fjor ein del av «Program for folkehelsearbeid i kommunane 2017–2027». Dette er ei nasjonal satsing som skal fremje barn og unge si psykiske helse og livskvalitet, og fremje lokalt rusførebyggjande arbeid.

Eit anna område som har stor innverknad på folkehelsa er sysselsetting. Tal for Hordaland frå Statistisk sentralbyrå

(frå 2017) viser at 59 prosent av alle mellom 20 og 66 år som har fullført grunnskule er sysselsett. Tilsvarende tal for dei som har fullført vidaregåande skule er 78 prosent. For dei som har mellom eit og fire år med høgare utdanning er talet på sysselsette 85 prosent. Dette kan illustrere kor viktig det er med utdanning i arbeidsmarknaden i dag.

Regionalavdelinga arbeider med karriererettleiing og tilpassing av utdanningstilbod til næringslivet sine behov – tiltak som skal sikre betre studieval og arbeidsmoglegheiter for hordalendingane.



## STYRINGSDOKUMENT – REGIONALE PLANAR OG TEMAPLANAR

### 3 Planansvar – regionalavdelinga

Regionale planar	Vedtaksår	Utval	Revisjon
Regional plan for attraktive senter	2014	FUV	
Regional plan for folkehelse	2014	OPHE	
Regional klima og energiplan 2014–2030	2014	FUV	
Regional plan for Nordfjella 2014–2025	2014	KIRU	
Regional næringsplan 2013–2017	2013	FUV	
Regional plan for Setesdal Vesthei(Heiplanen)	2012	KIRU	
Regional plan for Hardangervidda	2011	FUV	2018
Regional plan for vassregion Hordaland	2015	FUV	2020
Fylkesplan for Hordaland – arealpolitiske retningslinjer	2005	FUV	
Fylkesdelplan for små kraftverk (kraftutbygging)	2009	FUV	
Regional plan for areal og transport på Haugalandet	2016	FUV	
Regional plan for areal og transport i bergensområdet	2017	FUV	
Regional kystzoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger	2017	FUV	
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	2017	OPHE	

### 3 Planansvar – regionalavdelinga

#### Temaplanar

Internasjonal strategi 2013–2016	2013	FUV	
Matstrategi 2013–2017	2014	FUV	
North Sea Region-strategy	2011	FUV	
Næringsshagar i Hordaland	2011	FUV	2020
Regional forskingsstrategi	2014	FUV	2019
Regionalt forskingsfond – bestilling	2014	FUV	2019
Temaplan for landbruket i Hordaland	2018	FUV	

#### UTFYLLANDE INFORMASJON OM FØLGJANDE PLANAR:

##### Regional plan for attraktive senter

Regional plan for attraktive senter skal fremje livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Planen har mål, strategiar, retningslinjer for arealbruk og forvaltning i tillegg til regional føresegn om etablering av handel. Vedtatt handlingsprogram har tiltak som bidrar til å følgje opp måla.

##### Regional plan for folkehelse

Regional plan for folkehelse inneheld visjon og overordna mål for folkehelsearbeidet i Hordaland, og delmål og strategiar for korleis måla skal følgjast opp. Planen skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen. Regional plan for folkehelse 2014–2025 skal gjennomførast ved også å trekkje planen og handlingsprogrammet inn i relevante sektorområde i fylkeskommunen, slik det går fram av regional planstrategi 2016–2020. Handlingsprogrammet vart revidert i 2017.

##### Regional klima og energiplan 2014–2030

Regional klima og energiplan 2014–2030 legg føringar for korleis fylkeskommunen skal arbeide for at klimagassutslappa i fylket skal gå ned og tilpasse seg eit nytt klima. Basert på strategiane i klimaplanen lagar fylkeskommunen kvart år ein detaljert handlingsplan for korleis fylkeskommunen, i samarbeid med kommunar, næringsliv og andre aktørar i fylket, skal nå måla i klimaplanen.

##### Regional næringsplan 2013–2017

Gjennom eit styrka samarbeid med regionale nærings- og FoU-aktørar og kommunar skal fylkeskommunen vere ein pådrivar for ei berekraftig verdiskaping, sterke regionsenter og levande lokalsamfunn.

Planen er forlenga og arbeidet med ny næringsplan vil bli nærare vurdert i samheng med samanslåingsprosessen med Sogn og Fjordane.

Regional næringsplan blir følgt opp gjennom det årlege Handlingsprogram for nærings- og lokalsamfunnsutvikling (HNN). HNN vert revidert årleg og føl opp måla og strategiane i næringsplanen og i Regional Planstrategi.

##### Regional plan for areal og transport i bergensområdet

Regional plan for areal og transport i bergensområdet gjeld for Bergen og ni omegnskommunar. Planen gir strategiske rammer for utviklinga innanfor berekraftige rammer som konsentrert utbyggingsmønster, satsing på kollektiv, sykkel og gange. Planen er eit grunnlag for byvekstavtale og skal fylgjast opp gjennom kommunale arealplanar i området, byvekstavtale, og tiltak i handlingsprogrammet retta mot parkering og bustadforsyning.

##### Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger gjeld for Sunnhordlandskommunane samt Fusa, Kvam, Jondal og sjøareal i Vindafjord

Planen skal sikre berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsone i regionen, gode rammevilkår for havbruksnæringa og maritim sektor. Planen har mål, retningslinjer og rettleiande plankart. Planen er til handsaming i Kommunal- og moderniseringsdepartementet etter vesentlege innvendingar frå nokre av kommunane.

##### Regional plan for kompetanse og arbeidskraft

Planen er eit verktøy for å setje retning og samordne arbeidet med kompetanseutvikling i Hordaland. Det overordna målet er å få betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i Hordaland gjennom eit forpliktande samarbeid mellom næringslivet, offentleg sektor og utdanningsaktørane. Regionalplanen vert følgd opp av ein eigen tiltaksplan der finansiering og ansvar er tydeleggjort.

## TEMAPLANAR

### Regional forskingsstrategi Hordaland 2015 – 2019

Regional forskingsstrategi Hordaland 2015 – 2019 er styringsdokument for å fremje meir forskingsbasert innovasjon innan både privat og offentleg sektor i Hordaland. Ein tiltaksdel med 13 prioriterte innsatsområde med tilhøyrande resultatmål er ein sentral del av strategien. Ansvar og oppfølging er delt mellom organisasjonar innan akademien, forvaltning og næringsliv som møter i Regionalt FoU forum der dei drøftar gjennomføring av strategien.

### «Temaplan for landbruket i Hordaland 2018–2022»

«Temaplan for landbruket i Hordaland 2018–2022» vart vedteke i juni 2018 og erstattar Strategi for rekruttering til

landbruk og Landbruksmelding for Hordaland. Hovudmål i planen er styrka lønsemd i Hordalandslandbruket, auka produksjon på lokale ressursar og betre rekruttering til landbruket. For å nå desse måla fokuserer planen på følgjande tema; auka lønsemd i nåverande produksjonar, areal og ressursgrunnlag, kompetanse og rekruttering, og klima, grønt skifte, bioøkonomi og andre drivarar for endring. Gjennomføring av tiltak vil bli finansiert gjennom statlege midlar. I tillegg vil landbruk framleis vere ein bransje med særskilt fokus under HNH. Det vil også bli lagt opp til at statlege og andre utviklingsaktørar på regionalt nivå, kommunar, næringsorganisasjonar og andre deltar i finansiering og gjennomføring av konkrete tiltak i planen.

## REGIONAL OG KOMMUNAL PLANLEGGING

Tal i tusen

2	2018	2019	Endring i %
Regional og kommunal planlegging	2 450	2 400	- 2,0
Rådgjeving	6 523	6 573	0,2
Sum driftsutgifter	8 973	8 973	-0,4
Driftsutgifter i 2019-kroner	9 161	8 973	-2,4

Det er gjort ein mindre reduksjon på kr 50 000 innanfor regional og kommunal planlegging.

### Faste oppgåver

Oppfølging av regional planstrategi (Utviklingsplan for Hordaland) inkludert utarbeiding og oppfølging av arealretta regionale planar med handlingsprogram. Oppfølging av at mål og retningslinjer i regionale planar vert fanga opp i det kommunale planarbeidet. Samarbeid med kommunane om utviklingsprosjekt i planlegging. Samtykkehandsaming av handelsetablering. Tilby kompetanse i kommunal planlegging til kommunane mellom anna med fagsamlingar, konferansar og informasjon. Leie og drifte Regionalt planforum i dialog med kommunane og regionale sektororgan.

### Prioriterte tiltak

Kunnskapsgrunnlag for ny regional planstrategi 2020-2024 (Utviklingsplan for Vestland fylkeskommune)  
Regional plan for attraktive senter

- Fastsetjing av sentrumsutstrekning i samarbeid med kommunane
- Utgreie handelsnæringa si rolle i sentrumsutvikling
- Modellar for offentleg og privat samarbeid i sentrum
- Sjekkliste for transport og tilgjenge i sentrum

Regional plan for areal og transport i bergensområdet

- Etablering og oppfølging av byvekstavtalar i bergensområdet – arealdelen
- Regionalt bustadbyggeprogram i bergensområdet – hovudprosjekt
- Fortetting med kvalitet i regionsenter – modellar for analyse

Revisjon av regional plan for Hardangervidda

Regional plan for kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger

- Etablering av forum for kystsoneplanlegging i Sunnhordland
- Formidling av mål og retningslinjer i kystsoneplanen til kommunane
- Rettleiar for regional planlegging i strandsona

Oppstart av arbeid med kunnskapsgrunnlag om areal, kulturminne og naturressursar

Bundne fond – regional planlegging	Status per 1.1.2018
Regional areal- og transportplan for bergensområdet: Kommunal- og moderniseringsdepartementet – restmidlar til areal- og transportplanlegging i bergensområdet skal nyttast til prosjektmedarbeidar i eitt årsverk til arbeid med gjennomføring av retningslinjer og prosjekt i planen.	2 372
Tilskotsmidlar BATA: Kommunal- og moderniseringsdepartementet – tilskotsmidlar til bustadbyggeprogram i bergensområdet, sykkelstrategi og kunnskapsgrunnlag for parkeringspolitikk.	1 400

## NÆRINGSUTVIKLING

Tal i tusen

2	2018	2019	Endring i %
HNH statlege overføringer og renter	48 020	26 400	-45,0
HNH fylkesmidlar	4 455	4 515	1,3
Næringsretta utviklingstiltak	2 000	1 000	-50,0
Driftsstøtte/eigarskapsforpliktingar	10 800	10 600	-1,9
Næringsretta partnerskapsmidlar	8 498	8 098	-4,7
Landbruk	1 200	1 200	-
Rådgjeving (faste stillingar, netto)	7 081	7 263	2,6
Sum brutto driftsutgifter	82 054	59 076	-28,0
Driftsinntekter	-54 370	-31 660	-41,8
Sum netto driftsutgifter	27 684	27 416	-1,0
Netto driftsutgifter i 2019-kroner	28 265	27 416	-3,0

### Faste oppgåver

Hordaland fylkeskommune bidrar til næringsutvikling med rådgjeving, prosjektutvikling, omstillingsarbeid, forvaltning av økonomiske verkemidlar og følger opp fylkeskommunen sitt ansvar for eigarskapsforvaltning. I rådgjevingsarbeidet samarbeider fylkeskommunen tett med mellom anna næringsaktørar, utdanningsinstitusjonar og kommunar. Som del av næringsutviklingsarbeidet forvaltar fylkeskommunen også midlar frå ulike støtteordningar til regionale og lokale nærings- og samfunnsutviklingsprosjekt.

### Kommentarar til tabellen

Posten Næringsretta utviklingstiltak syner bruk av renter frå fond. Sjå oversikt over fond nedanfor for meir informasjon. Reduksjon i brutto driftsutgifter skuldast i hovudsak at Kommunal- og moderniseringsdepartementet i statsbudsjettet for 2019 har varsla at Hordaland fylkeskommune får redusert rammene i programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk med 21,5 mill. kr. Reduksjon i netto driftsutgifter er knytt til næringsretta partnerskapsmidlar – driftsstøtte til HOG energi.

### Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNH)

Tal i tusen

3	Rammer HNH 2018	2018	2019	Endring i %
	Fylkesmidlar disponert gjennom HNH	4 455	4 515	1,3
	Statlege midlar disponert gjennom HNH	44 580	23 460	-47,4
	Partnerskapsmidlar HNH	1 900	1 900	-

3 Rammer HNH 2018	2018	2019	Endring i %
Mobiforsk	450	450	-
Forvaltning, fylkeskommunen	1 090	590	-45,9
<b>Brutto driftsutgifter</b>	<b>52 475</b>	<b>30 915</b>	<b>-41,1</b>
Driftsinntekter (statlege overføringer og renter)	-48 020	-26 400	-45,0
<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>4 455</b>	<b>4 515</b>	<b>1,3</b>
<b>Netto driftsutgifter i 2019-kroner</b>	<b>4 549</b>	<b>4 515</b>	<b>-0,7</b>

### Kommentarar til tabellen

I tillegg til statlege overføringer består inntektssida av opptente renter på ikkje utbetalte tilsegn frå 2018 og tidlegare. Desse rentene skal nyttast i tråd med vilkåra for dei statlege midlane.

Brutto driftsutgifter i denne tabellen er lik summen av HNH statlege og HNH fylkesmidlar i tabellen over – næringsutvikling.

Delar av midlane blir overført til Innovasjon Norge, delar blir nytta til regionale etablerarfond og dei resterande midlane blir forvalta av fylkeskommunen i tråd med Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNH). Utgifter til partnarskapsmidlar til inkubatorar (sjå nedanfor) og netto driftsutgifter til Mobiforsk (sjå forskning) vert finansiert over HNH. Ei konkret sak om verkemiddelforvaltning for 2019, med tilråding frå Regionalt næringsforum, vil bli lagt fram for fylkesutvalet tidleg i 2019.

### Prioriterte tiltak

I 2019 vil regionalavdelinga prioritere følgjande tiltaksområde innafor hovudstrategiane i HNH:

- Vidareføre arbeidet med hovudstrategien entreprenørskap og innovasjon:
  - o Bidra til å styrke arbeidet med etablering av dei nye katapultsentra i fylket
  - o Støtte initiativ til utvikling av nye SFI-sentre i fylket
  - o Mobilisere til forskingsbasert innovasjon i bedriftene gjennom MobiFORSK satsinga og RFF Vestlandet
  - o Bidra til å utvikle noverande og nye næringsklynger og koplingar og samarbeid mellom klyngene
- Vidareføre arbeidet med hovudstrategien næringsretta kompetanse:
  - o Involvere næringslivet i utvikling av nye utdanningstilbod, og etter- og vidareutdanning for å sikre bedriftene sitt behov for kompetanse

o Samarbeid mellom skule og næringsliv for å sikre utdanningsval som næringslivet treng og elvane er motiverte til å gjennomføre

- Vidareføre satsinga på hovudstrategien heilskapleg samfunnsutvikling:
  - o Styrke regionsentra gjennom satsing på næringsutvikling, miljøvenlege transport og logistikk-løysingar og berekraftige bu- og arbeidsområde
  - o Gjennom LivOGLyst programmet satse på utvikling av lokalsamfunn gjennom brei medverknad
- Vidareføre arbeidet med hovudstrategien bransjar med særskilt fokus:
  - o Vidareføre arbeidet med å styrke havnæringane (energi, maritim og marin), særleg knytt til auka berekraft og bransjekryssande koplingar og samarbeid
  - o Arbeide for at det kollektive transporttilbodet blir betre tilpassa reiselivet sitt behov til dømes gjennom arbeidet med tiltaket "Travel like the locals"

I 2018 vart det innført nokre gjennomgåande tema i HNH for å ta opp nye viktige utviklingstrekk. Desse vil bli vidareført i 2019 der desse tiltaka vert prioritert:

- Ekstra satsing på integrering av flyktningar i arbeidslivet med øymerking av 1,5 mill. kr
- Prioritere tiltak knytt til langsiktig omstillingsevne i næringslivet særleg knytt til digitalisering, automatisering og Industri 4.0 tankegang med særleg fokus på leverandørindustrien til havnæringane og anna relevant vareproduserande industri
- Vidareføre arbeidet med å styrke grønt konkurransekraft i næringslivet, mellom anna ved å øymerke 1,5 mill. kr til dette pluss 1 mill. kr frå fylkesmidlane til tiltak innan grønt partnarskap

### Driftsstøtte/eigarskapsforpliktingar

Tal i tusen

3 Driftsstøtte/eigarskapsforpliktingar	2018	2019	Endring i %
Fjord Norge	1 500	1 500	-
VilVite	3 000	3 000	-
Invest in Bergen	3 600	3 400	- 5,6
Etablerersenteret	2 700	2 700	-
<b>Brutto driftsutgifter</b>	<b>10 800</b>	<b>10 600</b>	<b>- 1,9</b>
Driftsinntekter	-3 150	-3 050	- 3,2
Netto driftsutgifter	7 650	7 550	- 1,3
Netto driftsutgifter i 2019-kroner	7 811	7 550	- 3,3

#### Kommentarar til tabellen

Budsjettposten inneheld utgifter til Etablerersenteret og Invest in Bergen samt basisstøtte til Bergen vitensenter (VilVite) og FjordNorge. I tillegg får Fjord Norge 1,5 mill. kr i næringsretta partnarskapsmidlar.

Tala i tabellen syner den totale finansieringa av Etablerersenteret og Invest in Bergen. 50% er finansiert av fylkeskommunen og 50% er finansiert av henholdsvis 23/22 kommunar i Hordaland. Utgifter og inntekter knytt til Invest in Bergen er justert noko ned i tråd med avtalar inngått med kommunane.

#### Prioriterte tiltak

- Vidareutvikle tenestetilbodet til Etablerersenteret
- Starte arbeid med felles portal for etablerar-tenesta i det nye fylket
- Få fleire nasjonale og internasjonale investeringar og verksemder til bergensregionen, samt å profesjonalisere arbeidet med å ta imot utanlandske delegasjonar.

Budsjettreduksjon er på kr 200 000 totalt på Invest in Bergen. Av dette er reduksjonen i fylkeskommunale midlar kr 100 000.

### Næringsretta partnarskapsmidlar

Tal i tusen

3 Næringsretta partnarskapsmidlar	Løyving 2018	Løyving 2019	Endring i %
<b>Bransjeorganisasjonar:</b>			
Design Region Bergen	420	420	-
Maritime Bergen	320	320	-
HOG Energi	500	100	-80,0
Matarena	150	150	-
<b>Regionråda:</b>			
Osterfjorden Næringsamarbeid	130	130	-
Nordhordland IKS	230	230	-
Samarbeidsrådet i Sunnhordland	230	230	-
Hardangerrådet IKS	230	230	-

3 Næringsretta partnerskapsmidlar	Løyving 2018	Løyving 2019	Endring i %
Gode Sirklar AS/ Gründerparken Vest	330	330	-
<b>Film:</b>			
Mediefondet Zefyr	800	800	-
Vestnorsk filmkommisjon	588	588	-
<b>Næringshagar:</b>			
Næringshagen på Voss	50	50	-
Næringshagen i Nordhordland	50	50	-
Næringshagen i Gulen og Masfjorden	50	50	-
<b>Nasjonale klynger:</b>			
GCE Subsea	100	100	-
NCE Media	100	100	-
NCE Seafood Innovation Cluster	100	100	-
NCE Maritime Cleantech	300	300	-
<b>Andre aktørar:</b>			
Connect Vest	500	500	-
Mediekuben – BTO	400	400	-
Ungt Entreprenørskap	400	400	-
The Impact Hub Bergen	420	420	-
Fjord Norge	1 500	1 500	-
Destinasjonsselskapa i Hordaland, fellesstilling	600	600	-
<b>Inkubatorar (finansiert over statlege midlar HNH)</b>			
Nyskapingsparken Inkubator	700	700	-
Atheno AS	600	600	-
Industriutvikling Vest	600	600	-
Sum partnerskapsmidlar HNH statlege overføringar	1 900	1 900	-
Brutto utgifter	10 398	9 998	-3,8
Driftsinntekter (HNH statlege overføringar)	-1 900	-1 900	-
Netto driftsutgifter	8 498	8 098	-4,7
Netto driftsutgifter i 2019-kroner	8 676	8 098	-6,7

**Kommentarar til tabellen:**

Fylkesutvalet vedtok i 2017 å opprette ei søknadsbasert tilskotsordning for næringsretta partnerskapsmidlar gjeldande for perioden 2018–2020. Vedtak om partnerskapsmidlar vart gjort av fylkestinget i samband med handsaminga

av fylkesbudsjettet for 2018 og var basert på innkomne søknadar sommaren 2017. Totalt var det 35 søkjarar som søkte om nesten 30 mill. kr. Det er signert avtalar med alle aktørane som mottar midlar for perioden 2018 til 2020. I tillegg til eigarskapsforpliktingane mottek Fjord Norge

tilsvarande beløp i partnerskapsmidlar, noko som gjer at dei totale bidraga er på line med dei andre fylkeskommunane.

HOG Energi er i endring. Det blir lagt opp til at HFK vidarefører medlemskontingenten for 2019, men at omorganiseringsprosessen gjer at det ikkje lenger er behov for driftsstøtte. Dette gjev ein budsjettreduksjon på kr 400 000.

## Landbruk

Tal i tusen

3	Landbruk	2018	2019	Endring i %
	Brutto driftsutgifter	1 200	1 200	-
	Driftsinntekter	-1 200	-1 200	-
	Netto driftsutgifter	0	0	-
	Netto driftsutgifter i 2019-kroner	0	0	-

### Prioriterte tiltak

Arbeide med tiltak for auka kompetanse, lønnsemd og berekraft i landbruket og for å redusere nedbygging av jordbruksareal i tråd med Temaplan for landbruket i Hordaland 2018-2022.

Bundne fond – næringsutvikling	Status per 1.1.2018
HNH – statlege overføringar (Handlingsprogram næring). Midlane er bunde opp i tilsegn og vert utbetalt på bakgrunn av rapportering ved prosjektslutt. Eventuelle unytta og tilbakeførte midlar ved årsskiftet vert lagt til ramma for 2019.	78 367
Landbruksformål. Statlege øyremerkte midlar. Midlane er bunde opp i tilsegn og vert utbetalt på bakgrunn av rapportering.	3 284
Næringsretta utviklingstiltak (kompensasjonsmidlar). Statlege øyremerkte midlar som er bundne opp i tilsegn og som vert følgt opp og utbetalt på bakgrunn av sluttrapportering. Det kjem ikkje nye midlar til fondet. Unytta og tilbakeførte midlar vart omdisponert gjennom vedtak i fylkesutvalet hausten 2018.	109 573
VestMarin. Øymerkt til fellesprosjekt for alle dei fire fylka på Vestlandet. Resterande midlar er nytta i fellesprosjekt i 2018.	545
Næringsbarometeret. Arbeidet med Næringsbarometeret er fullført og det er ikkje behov for midlane til dette føremålet. Etter vedtak i fylkesutvalet 2018 er midlane omdisponert til arbeid med ny regional næringsplan for Vestland fylkeskommune.	313
Omstilling Sør- og Vestlandet. Statlege øymerka midlar frå 2016 som Hordaland fylkeskommune fekk ansvar for å forvalte. Ingen nye midlar etter 2016. Vil bli utbetalt etter kvart som prosjekta blir avslutta og sluttrapportering kjem inn.	12 047
BRB – fondet vert avslutta i løpet av 2018. Etter at kostnader knytt til avvikling av Business Region Bergen AS er utbetalt, gjenstod om lag 3 mill. kr som vert fordelt mellom fonda Invest in Bergen og Etablerersenteret.	3 653
Invest in Bergen. Midlar etter BRB samt unytta prosjektmidlar frå tidligare år finansiert av fylkeskommunen og kommunane i fellesskap.	1 170
Etablerersenteret. Midlar etter BRB samt unytta prosjektmidlar frå tidligare år finansiert av fylkeskommunen og kommunane i fellesskap.	1 534



## REGIONSENTER- OG LOKALSAMFUNNSUTVIKLING

Tal i tusen

2	2018	2019	Endring i %
Lokalsamfunnsutvikling og LivOGLyst	1 000	1 000	-
Unike regionale utviklingsprosjekt	9 435	9 577	1,5
Rådgeving	2 948	3 039	3,1
Sum brutto/netto driftsutgifter	13 383	13 616	1,7
Netto driftsutgifter i 2019-kroner	13 664	13 616	-0,4

**Faste oppgåver**

Hordaland fylkeskommune gjev kommunane råd og prosjektstøtte i arbeidet med å vidareutvikle dei regionale sentera i tråd med Regional plan for attraktive senter.

**Kommentar til tabellen**

Midlar til Unike regionale utviklingsprosjekt er fylkeskommunen sine investeringsmidlar og går til tiltak som er prioritert av kommunane. Midlane vert lyst ut annakvart år og skal gå til investeringar i lokalt forankra initiativ.

**Prioriterte tiltak**

- Rekruttere nye unike utviklingsprosjekt som har positive ringverknader for lokalsamfunna og kommunane
- Rekruttere nye prosjekt til LivOGLyst-programmet gjennom utlysing i oktober og følgje opp nettverket med kompetansetilbod og rettleiing
- Regionsenterforum med samordning av offentleg sektor i regionsenter
- Tilskot til analysar av kvalitetar i regionsenter i høve til mål og retningsliner i senterplanen og foreslå prioritering
- Gjennomføre Erasmus pluss prosjekt om utvikling av regionale senter i samspel mellom utdanningsinstitusjonar og stadutvikling
- Universell utforming – utviklingsprosjekt

Tal i tusen

Bundne fond – regionsenter- og lokalsamfunnsutvikling	Status per 1.1.2018
Breiband for alle i Hordaland. Alle midlane er tildelt og vil bli utbetalt når prosjekt vert avslutta.	15 962
Lokalsamfunnsutvikling. Statlege midlar til programmet Lokalsamfunnsutvikling i kommunane (LUK). Disponert til prosjekt i henhold til vedtak i fylkesutvalet i 2018.	2 923

Tal i tusen

Disposisjonsfond – regionsenter- og lokalsamfunnsutvikling	Status per 1.1.2018
Regionale utviklingsmidlar. Bunde opp i tilsegn til prosjekt frå tidlegare år som enno ikkje er fullført.	24 188

## RETT KOMPETANSE

Tal i tusen

2	2018	2019	Endring i %
Rådgjeving	8290	8 191	-1,2
Driftsmidlar Karriere Hordaland	1 080	1 100	1,9
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>9 370</b>	<b>9 291</b>	<b>-0,8</b>
Driftsinntekter	-1 870	-1 750	-6,4
Netto driftsutgifter	7 500	7 541	0,5
Netto driftsutgifter i 2019-kroner	7 658	7 541	-1,5

### Faste oppgåver

Regional plan for kompetanse og arbeidskraft, vedtatt i fylkestinget i oktober 2017, er rammeverket for arbeidet med kompetanseutvikling i Hordaland. Fylkeskommunen har eit spesielt ansvar for å koordinere arbeidet med den regionale kompetansepolitikken og sjå til at tiltaka i handlingsplanen blir gjennomført. Det er sett av ei stilling til dette arbeidet. Drift av dei tre karrieresentera for vaksne (19+), Knarvik, Stord og Bergen, er lagt til regionalavdelinga og er finansiert av nasjonale midlar.

### Prioriterte tiltak

I 2019 vil følgjande innsatsområde bli prioriterte:

- **Samarbeid i eit samfunn i kontinuerleg endring:** Sikre god informasjonsflyt mellom Kompetanseforum Hordaland, lokale samarbeidsforum og kontaktpunkta i dei viktigaste bransjane. Hordaland fylkeskommune støttar dei fem lokale samarbeidsforuma med kr 50 000 per år for å leie dette arbeidet
- **Nye krav til kompetanse:** Samordne arbeidet i Hordaland med å utvikle relevante etter-

og vidareutdanningstilbod basert på kompetansebehova lokalt og i bransjane

- **Tilstrekkeleg og relevant arbeidskraft:** Etablere eit tettare samarbeid med opplæringsavdelinga om dimensjonering av fag- og yrkesopplæringa basert på prognosar og analysar av utviklinga i arbeidsmarknaden
- **Utdanning- og karriererettleiing:**
  - o Utvikle tilbod om grupperettleiing ved karrieresentera, t.d. rettleiing til ulike aldersgrupper
  - o Utvide karrieresentera sine tilbod gjennom bruk av digitale løysingar, t.d. videoretteleiing, webinar mv. Målsetting er at tilboda skal verte lettare tilgjengelege uavhengig av kor brukarane i bur
  - o Arrangere Vestlandskonferanse om karriererettleiing for tilsette i SIB, skole, NAV, karrieresenter osv som jobbar med karriererettleiing

Tal i tusen

Bundne fond – rett kompetanse	Status per 1.1.2018
Regional kompetansestrategi	633

## FOLKEHELSE

Tal i tusen

2	2018	2019	Endring i %
Tilskot til kommunane	3200	3 200	-
Diverse folkehelseiltak	4 500	4 600	2,2
<b>Delsum – fylkesmidlar folkehelse</b>	<b>4630</b>	<b>4600</b>	<b>-0,6</b>
Nasjonale program	130	6100	-
Rådgjeving, faste stillingar	2 317	2 348	1,3
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>6 947</b>	<b>13 048</b>	<b>87,8</b>
Driftsinntekter	-130	-6100	-
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>6 817</b>	<b>6 948</b>	<b>1,9</b>
<b>Netto driftsutgifter i 2019-kroner</b>	<b>6 960</b>	<b>6 948</b>	<b>0,2</b>

**Faste oppgåver**

Støtte opp om folkehelsearbeidet i kommunane gjennom tilskotsmidlar, prosjekt og møteplassar. Stimulere kommunar til å utvikle frivilligheitspolitikk gjennom eiga tilskotsordning. Programleing nasjonale prosjekt. Utarbeide folkehelseoversikt for Hordaland.

**Kommentarar til tabellen**

Frå 2019 er posten Nasjonale program blitt mykje større. Det meste av desse midlane er knytt til den store nasjonale satsinga Program for folkehelsearbeid i kommunane, og skal vidareutbetalast til kommunane som er tekne opp i programmet i Hordaland.

**Prioriterte tiltak**

Iverksetje og gjennomføre tiltak frå handlingsprogram for folkehelse:

- Slutføre prosjekt nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse
- Hordaland som programfylke – samordne programarbeidet regionalt i Program for folkehelsearbeid i kommunane
- Sikre gode læringsmiljø i skulebygg basert på klima- og miljøvenlege prosessar og materiale
- Støtte kommunane og lokalsamfunna i arbeidet med å integrere flyktningar og innvandrarak
- Utvikle tverrsektorielt arbeid med universell utforming i kommunar og fylkeskommunen
- Utarbeide analysar av folkehelseutfordringar i Hordaland i dialog med kommunane

Tal i tusen

Bundne fond – folkehelse	Status per 1.1.2018
Folkehelsearbeid (Universell utforming). Statlege øyremerkte midlar som vert nytta i samsvar med formåla i tilsegnsbrev.	1 000
Folkehelse. Storparten av midlane er knytt til eit pågåande statleg prosjekt og vert vidarebetalt til kommunar. Det vil også gå ut midlar i 2019 til samlingar med kommunane, knytt til ulike prosjekt.	6 380
Fondsum er auka pga. utbetaling av statlege midlar til program for folkehelsearbeid.	

## FORSKING

Tal i tusen

2	2018	2019	Endring i %
Regionalt forskingsfond Vestlandet	38 875	34 747	-10,6
Mobiforsk	3 544	3 576	0,9
Sum brutto driftsutgifter	42 419	38 323	-9,7
Driftsinntekter	-41 000	-36 872	-10,1
Sum netto driftsutgifter	1 419	1 451	2,3
Netto driftsutgifter i 2019-kroner	1 449	1 451	0,2

**Faste oppgåver**

Fylkeskommunen skal følge opp Regional forskingsstrategi gjennom styrking av privat og offentlig sektor sin bruk av forskingsbasert kunnskap for auka verdiskaping og betre oppgåveløysing. Mobilisere til auka bruk av nasjonale og regionale finansieringsordningar. Forvalte regionalt forskingsfond Vestlandet.

**Kommentarar til tabellen**

Endring i brutto driftsutgifter og inntekter er redusert på bakgrunn av forslag til statsbudsjett der det vert lagt opp til at overføringar til Regionalt forskingsfond Vestlandet vert redusert. Statlege inntekter til Regionalt forskingsfond Vestlandet vert gjevne som tilsegn til forskingsprosjekt. Noko av midlane vert nytta til sekretariatet som ligg hjå Hordaland fylkeskommune. Nærmare om korleis dei statlege midlane til RFF Vestlandet vert nytta er skildra i tabell nedanfor. Gjennom prosjektet MobiFORSK skal Hordaland fylkeskommune bidra til å mobilisere til forskingsbasert innovasjon i bedriftene. Målet er at Hordaland får fleire vekstkraftige bedrifter og fleire innovative næringsmiljø. Prosjektet samarbeider om gjennomføring med Høgskolen på Vestlandet, Bergen Teknologioverføring AS og NORCE (CMR). Totalt vert det budsjettet med 3 mill. kr til MobiForsk. Av dette er 0,45 mill. kr finansiert over HNH.

**Prioriterte tiltak**

I 2019 vil fokus vere spesielt retta mot tiltak innafor følgjande resultatområde i Regional forskingsstrategi:

- Fleire klyngeprosjekt til Hordaland – styrka resultat i nasjonal konkurranse: Få etablert to nasjonale senter for forskning og innovasjon (SFI) i Hordaland
- Samarbeid mellom FoU og bedrifter: Kompetansemekling gjennom prosjektet Mobiforsk Hordaland for å kople forskarar og bedrifter. Arrangere prosjektverkstader, dialogkonferansar og gje individuell rettleiing til bedrifter i samarbeid med Noregs forskingsråd, Regionalt forskingsfond Vestlandet og operatørane i Mobiforsk, som er BTO, CMR og Høgskulen på Vestlandet.
- Samarbeid om forskingsbasert innovasjon i kommunal sektor:
  - o Gjere kommunane kjent med ulike ordningar for finansiering
  - o Gjennomføre verkstader der kommunane får opplæring i prosjektutvikling og søknadsskriving
  - o Legge til rette for kompetansemekling, dialogkonferansar og individuell rettleiing i tett samarbeid med Noregs forskingsråd, KS, Høgskulen på Vestlandet og andre
- Auka deltaking i internasjonalt samarbeid: Sikre auka deltaking i EU sitt store Forskings- og innovasjonsprogram Horisont Europa (tidlegare Horisont 2020)

Tal i tusen

3 Regionalt forskingsfond Vestlandet	2018	2019	Endring i %
Tilskot til forskning	35 092	31 289	-10,8
Administrasjon og styre	3 783	3 458	-8,6
Brutto driftsutgifter	38 875	34 747	-10,6
Driftsinntekter (statleg inntekt og renter)	-38 000	-33 872	-10,9
Netto driftsutgifter	875	875	-
Netto driftsutgifter i 2019-kroner	893	875	-2,1

### Faste oppgåver

Hordaland fylkeskommune er vertsfylke for Regionalt forskingsfond Vestlandet. I 2019 er det tre utlysingstema; 1) Innovasjon basert på teknologi og kompetanse innan hav- og energinæringane, 2) Innovasjon innan berekraftig matproduksjon og bioøkonomi og 3) Innovasjon i kommunal sektor. Kommunar og bedrifter kan anten søkje om kvalifiseringsstøtte eller hovudprosjekt (regionale bedrifts- eller offentlege prosjekt).

### Kommentarar til tabellen

Statlege inntekter til Regionalt forskingsfond Vestlandet vert gjevne som tilsegn til forskingsprosjekt. Tildelingar vert vedteke av eige fondsstyre oppnemnt av fylkestinga i fondsregionen.

### Prioriterte tiltak

- Invitere til fleire søkjarkurs, prosjektverkstader og informasjonsmøte ovanfor bedrifter og kommunar i Hordaland med sikte på å få fleire gode prosjekt frå Hordaland finansiert
- Synleggjere gode resultat av regionale forskingsfond, og posisjonere ordninga ovanfor sentrale styresmakter
- Legge til rette for at regionalt forskingsfond vert vidareutvikla som verktøy for forskingsbasert innovasjon i den nye Vestland fylkeskommune

Tal i tusen

Bunde fond – forskning	Status per 1.1.2018
Regionalt forskingsfond. Midlane er bunde opp i tilsegn og vert utbetalt på bakgrunn av rapportering. Noko vert nytta til administrasjon.	84 047

I regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett er overføringar til Regionalt forskingsfond Vestlandet redusert med 4,13 mill. kr.

## STATISTIKK, KART OG ANALYSE

Tal i tusen

2	2018	2019	Endring i %
Brutto driftsutgifter /rådgjeving	3 756	3 790	0,9
Driftsinntekter	-600	-600	-
Sum brutto/netto driftsutgifter	3 156	3 190	1,1
Netto driftsutgifter i 2019-kroner	3 222	3 190	-1,0

### Faste oppgåver

Hordaland fylkeskommune formidlar statistikk og geografiske data om Hordaland til interne og eksterne aktørar med hovudvekt på kommunane, og analyserer utviklinga i hordalandssamfunnet. Det vert utarbeidd kunnskapsgrunnlag for regionale planar og strategiar, analysar som grunnlag for iverksetting av tiltak og evalueringar av prosjekt, program og samarbeidsrelasjonar internt og eksternt.

### Prioriterte tiltak

I 2019 vil regionalavdelinga prioritere kunnskapsgrunnlag for nye planar og strategiar og for iverksetting av tiltak som skal bidra til å nå måla i desse dokumenta. Kommunane sine behov for statistikk og analysar vil òg bli prioritert.

- Utarbeide kunnskapsgrunnlag til regional planstrategi og folkehelseoversikt – statistikk, kart og analysar
- Kartleggingar av kompetansebehov i næringslivet for å

bidra til ein betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse i den regionale arbeidsmarknaden (jf. Regional plan for kompetanse og arbeidskraft)

- Formidling av statistikk og analyse til kommunane, dialog om fortolking og bruk, med utgangspunkt i Hordaland i tal (befolkningsprognoser, næringsutvikling, etc) og kunnskapsgrunnlag for regional planstrategi og folkehelseoversikt
- Vidareutvikle tilbodet om gjennomføring av analysar til kommunane knytt til mellom anna pendling, arealbruk, folkehelse
- Vurdering og implementering av ny nettbasert løysing for presentasjon og analyse av statistikk om utviklinga i Hordaland

## INTERNASJONALT SAMARBEID

Tal i tusen

2	2018	2019	Endring i %
Erasmus+ VET	800	790	-1,3
Erasmus+ Adult		120	100,0
Erasmus+ Aktiv ungdom	500	650	30,0
Internasjonale prosjekt	360	360	-
Deltaking i EU-prosjekt	0	2 555	-
Nordsjøprogrammet	120	120	-
Rådgjeving, netto	2 405	2 428	1,0
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>4 185</b>	<b>7 023</b>	<b>67,8</b>
EU-prosjekt	0	-2 555	-
Erasmus+ (VET, Adult, Aktiv ungdom)	-1 300	-1 560	20,0
Nordsjøprogrammet	-120	-120	-
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-1 420</b>	<b>-4 235</b>	<b>198,2</b>
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>2 765</b>	<b>2 788</b>	<b>0,8</b>
<b>Netto driftsutgifter i 2019-kroner</b>	<b>2 823</b>	<b>2 788</b>	<b>-1,2</b>

## Faste oppgåver

Koordinere dei internasjonale aktivitetane i Hordaland fylkeskommune relatert til samarbeidsregionar og medlemsskap i Nordsjøkommisjonen og Vest-Norges Brusselkontor. Mobilisering og rådgjeving i samband med deltaking i europeiske program med vekt på Erasmus+, Interreg og Horisont 2020. Aktivitetar på dette området er i stor grad eksternt finansiert.

Hordaland fylkeskommune gjev gjennom programmet Aktiv Ungdom tilbod til ungdom som har falle ut av vidaregåande skule om praksisopphald i Europa knytt til frivillig arbeid for å skape auka meistring og gje høve til å prøve ut sine interesseområde. Målet er at dei skal fullføre vidaregåande eller kome seg ut i arbeid. Kommunar og friviljuge organisasjonar er viktige samarbeidspartnarar.

Innsatsen i regionalavdelinga innanfor Erasmus+ skal mobilisere bedrifter, kommunar og vidaregåande skular til prosjekt. Desse prosjekta har som mål å auke rekrutteringa til og kvaliteten på yrkesfagundervisninga der regionen har særleg behov for kompetent arbeidskraft, og å innrette og påverke yrkesfagundervisninga i tråd med lokale behov, noko som er ei felles europeisk utfordring.

## Kommentarar til tabellen

- Deltaking i EU-prosjekt viser kor mykje midlar Hordaland fylkeskommune får utbetalt frå EU sine programmar i 2019 for å delta i eller leie europeiske samarbeidsprosjekt. Dette omfattar strategiske partnerskapsprosjekt finansiert av Erasmus+ og interregionale samarbeidsprosjekt finansiert av Interreg (RIGHT og ASCENT)
- Nordsjøprogrammet viser administrative kostnader som Hordaland fylkeskommune får deka av Kommunal- og moderniseringsdepartementet for å ivareta funksjonen som nasjonalt kontaktpunkt for Nordsjøprogrammet
- Internasjonale prosjekt viser kor mykje fylkeskommunale midlar som er sett av til koordinering og mobilisering til internasjonale aktivitetar

## Prioriterte tiltak

Følgjande innsatsområde i Internasjonal strategi for Hordaland fylkeskommune vil bli prioritert i 2019:

- Samarbeide internasjonalt for å løyse felles regionale utfordringar:
  - o 2019 skal Hordaland fylkeskommune leie to prosjekt med finansiering frå EU:
    - ▶ "Right skills for the right future" (RIGHT): Hordaland fylkeskommune vil få utbetalt 930 000 kroner årleg i tre år frå og med 2019. Målet med prosjektet er å avdekke kompetansegap i framveksande næringar og teste ut utdannings-/kompetansetilbod som kan fyller dette gapet. Prosjektet er finansiert innafor EU sitt interregionale samarbeidsprogram INTERREG Nordsjøprogrammet
    - ▶ "Clue to Inclusion": Målet med prosjektet er å finne nye modellar for å forebygge fråfall i yrkesopplæringa, basert på ikkje-formelle læringsmetodar. Hordaland fylkeskommune har fått innvilga 1,7 mill. kr til eit strategisk partnerskapsprosjekt med fire europeiske regionar innan EU sitt opplæringsprogram Erasmus+
  - o Utarbeide/utvide samarbeidsavtaler med Edinburgh og Thuringen og etablere samarbeidsprosjekt med Orknøyane og Normandie (jf. (FUV-sak 145/2016)
- Mobilisere sentrale aktørar i Hordaland til å delta i internasjonale aktivitetar
  - o Vidareføre og utvide pilotprosjektet "Kommunnettverk for internasjonalt samarbeid" som starta i 2018 for å få fleire kommunar til å delta i europeiske samarbeidsprosjekt
  - o Delta i arbeidet med å utarbeide Bergen kommune sin søknad til Smart City-utlysinga i EU sitt forskingsprogram Horisont 2020, definere Hordaland fylkeskommune si rolle og oppgåver i prosjektet og bidra til å finne relevante partnarar. Totalbudsjett for prosjektet vil vere om lag 200 mill. kr
- Påverke rammevilkåra for hordalandssamfunnet
  - o Kartlegge næringslivet på Vestlandet sin eksport til Storbritannia og ringverknader av denne handelen. Resultata skal leggast fram for Vestlandsrådet og nyttast i arbeidet med å sikre at regionen sine interesser blir ivaretatt i Brexit-forhandlingar

Tal i tusen

Bundne fond – internasjonalt samarbeid	Status per 1.1.2018
Erasmus. Midlar til godkjente men ikkje gjennomførte prosjekt vert sett på fond. HFK får også overført øyremerkte midlar til administrasjon av ordninga.	1 551
Aktiv ungdom. Midlar til godkjente men ikkje gjennomførte prosjekt vert sett på fond. HFK får også overført øyremerkte midlar til administrasjon av ordninga.	2 166
Nordsjøprogrammet. Øyremerkte tilskot til administrasjon. Midlane kjem på slutten av året, og vert sett på fond for bruk i påfølgjande år.	145

## KLIMA OG MILJØ

Tal i tusen

2	2018	2019	Endring i %
Klimaplan for Hordaland	10 370	10 000	-3,6
Miljø	1 815	825	-54,5
Rådgjeving	3 434	3 521	2,5
Sum brutto/netto driftsutgifter	15 619	14 346	-8,2
Netto driftsutgifter i 2019-kroner	15 947	14 346	-10,0

**Faste oppgåver**

Oppfølging av Klimaplanen og tiltak i handlingsprogrammet. Klimatilpassing. Koordinere miljøstyringa i HFK inkludert miljøsertifisering, resertifisering, miljørekneskap og miljøhandlingsprogram. Miljøtilskot og miljøprisen. Høyringsuttaler vasskraft, vindkraft, kraftnett, petroleum og kontakt med Kraftfylka, Grønt kystfartprogram

**Kommentarar til tabellen**

Ekstraløyving i 2018 på 1 mill. kr til plastrydding vert ikkje vidareført for 2019.

Det er gjort ein reduksjon på 300 000 kr på klimaplanen. Reduksjonen er om lag lik prisveksten på dette området frå 2018 til 2019.

**Prioriterte tiltak**

- Gjennomføre Klimaplanens handlingsprogram 2019 og følge opp vedteke hydrogenstrategi og biogasstrategi
- Bidra til at Hordaland har landets beste

infrastruktur for nullutsleppsøyretøy og er leiande i reduksjon i utslepp frå vegtrafikken. Ladetilbod til drosjenæringa vil ha særleg fokus

- Tilskot og rådgjeving til kommunane sitt arbeid med klimagasskutt og klimatilpassing. Satsinga på klimatilpassing blir styrka ved partnerskap i senter for Klimatilpassing
- Samordne miljøstyringssystem for Vestland fylkeskommune
- Reduserte klimautslepp frå bygg og anlegg blir arbeide med gjennom to Klimasatsprosjekt, eit om betre massehandtering og eit om redusert klimafotavtrykk frå bygg og anlegg
- Klimasatsprosjekt for å utgreie tryggleik for hydrogen i Bergen hamn og arbeide i tråd med tiltaka i vedteke hydrogenstrategi
- Arbeide for at fylkeskommunane får betalt av staten for å levere klimagasskutt i kollektivtrafikken



Tal i tusen

3 Klima	2019
Miljøsertifisering og tiltak for klimaomstilling i kommunane inkl søkbar pott	1 400
Klimasamarbeid med kommunane – stilling 50 % delfinansiert av Klimsatsmidlar	400
Miljøstyring av HFK – tiltak i internt miljøhandlingsprogram 2019	900
Klimaråd Hordaland	30
Ekstraordinær ENØK og energi-tiltak i eksisterande bygg som solceller på kollektivanlegg	800
Forskningsprosjekt, partnerskap og kompetanseheving om klimatilpassing	400
Forskningsprosjekt, partnerskap og kompetanseheving om klimaomstilling inkludert jobbe for betre statlege rammevilkår for klimakutt i kollektivtransport, tilskot til masterstipend om tema i Klimaplanen, landbrukstiltak og møteserie om berekraftige byutvikling	300
Fossilfri/lågutslepps bygge- og anleggsplassar eigendel Klmasatsprosjekt	225
Infrastruktur for nullutsleppskøyretøy – utlysing av hurtiglading, drosjelading, normallading	4 745
Tiltak i vedteke hydrogenstrategi	400
Klimapartner Hordaland – nettverk for private og offentlege verksemdar som samarbeider om klimatiltak og leverer utsleppskutt	400
Sum	10 000

**Kommentarar til tabellen:**

Utfyllande opplysningar og detaljar kjem i Klimaplanen sitt handlingsprogram 2019.

Tal i tusenv

3 Miljø	2018	2019	Endring i %
Miljøprisen	70	70	-
Tilskot demokratiske miljøorganisasjonar med fylkeslag	300	300	-
Tilskot til lokale klima- og miljøprosjekt	445	455	2,2
Plastopprydding	1 000	0	-100,0
Sum driftsutgifter	1 815	825	-54,5
Netto driftsutgifter i 2019-kroner	1 853	825	-55,5

**Faste oppgåver**

Administrerere søknader om tilskot til demokratiske miljøorganisasjonar og tilskot til lokale klima- og miljøprosjekt og sekretariat for Hordaland fylkeskommune sin miljøpris. Søkbar pott til lokale klima- og miljøprosjekt utløyser lokalt engasjement og frivillig miljøarbeid.

**Kommentarar til tabellen**

Midlar til plastopprydding i budsjett 2018 er ikkje vidareført, men det vil bli utarbeidd ein plaststrategi i første halvår av 2019.

## NATURRESSURSFORVALTING

Tall i tusenv

2	2 018	2019	Endring i %
Tilskotsmidlar viltforvaltning (søkbart)	400	400	-
Vassforvaltning	2 385	2 385	-
Skjelsandforvaltning	100	100	-
Rådgjeving, netto	3 972	3 773	-5,0
Regionalt havbruksfond		20 000	
Sum brutto driftsutgifter	6 857	26 658	288,8
Driftsinntekter	-3 185	-22 885	693,2
Sum netto driftsutgifter	3 972	3 773	-5,0
Netto driftsutgifter i 2019-kroner	4 055	3 773	-7,0

**Faste oppgåver**

Lovpålagte forvaltingsoppgåver: havbruk (tildeling av konsesjonar og ivareta havbruksinteressar i plansaker), skjelsand, innlandsfisk, regional forvaltningsplan og tiltaksprogram for vassregion Hordaland, vassforvaltning, kystselforvaltning, viltforvaltning, innlandsfisk, tildeling av undervisningskvotar etter Havressurslova og energisaker. Førbe politiske saker innan fagfelte over. Rådgjeving til kommunar og private. Sekretariat for møte for sektormynde innan

havbruk. Største delen av dei administrative ressursane går til havbruksforvaltning.

**Prioriterte tiltak**

- Oppstart rullering av regional plan etter vassforskrifta.
- Første strategi for arbeidet med marint avfall til politisk handsaming første halvår av 2019.

**Havbruksfond**

Havbruksfondet som Stortinget har oppretta inneheld midlar som kjem frå vederlaget oppdrettsselskap betalar for løyve til auka produksjon og frå sal av nye konsesjonar. Inntektene i fondet vert delt; 70 % til kommunane, 20 % til staten og 10 % til fylkeskommunane.

Overslag tyder på at Hordaland fylkeskommune kan få i underkant av 60 mill. kr frå Havbruksfondet i 2018, og desse midlane vert sett på fond og kan brukast i 2019. Utbetaling av midlar frå fondet er venta annakvart år framover, men storleiken på tilskotet til Vestland fylkeskommune for 2020, og kommande år, er ikkje kjent. Fylkesrådmannen meiner difor at desse midlane i stor grad må handsamast som eingongsinntekter som ikkje kan gå til inndekking av ordinær drift.

I budsjettet for 2019 er det planlagt for bruken av desse midlane på to område. Det er sett av 40 mill. kr i midlar til oppgraderingar av ferjekaiar i samband med elektrifisering av ferjedrifta. Oppgraderingane vert gjennomført i mange av kommunane som har havbrukslokalitetar. Dei resterande 20 mill. kr går inn i eit regionalt havbruksfond for Hordaland. Dette fondet er omtala under.

**Havbruksfond Hordaland**

Fylkesrådmannen gjer framlegg om å opprette eit regionalt Havbruksfond. Bakgrunnen for dette er at akvakultur er ein hjørnestein for verdiskaping i Hordaland. Havbruksfondet i Hordaland skal saman med næringa og kunnskapsmiljøa finansiere konkrete prosjekt. Fokuset er auka berekraft som bidreg i høve til miljø- og kostnadsutfordringar. Prosjekta skal blant anna sikre betre kontroll med

sjukdom og lakselus. Næringa skal også gjerast mindre sårbar ved ei satsing på andre artar enn laks, og i dette ligg ei meir effektiv arealforvaltning i sjø. Til slutt skal ein utvikle vidaregåande skule og fagopplæring slik at fylkeskommunen står fram som eit «blått kompetansesenter» ved å tilby næringa relevant arbeidskraft.

Det vert sett av 20 mill. kr til fondet i 2019, og fylkesrådmannen kjem første kvartal 2019 tilbake til fylkesutvalet med eiga sak, med forslag til fordeling av fondet.

Tal i tusenv

Bundne fond – naturressursforvaltning	Status per 1.1.2018
Tilskotsmidlar jakt og fiske. Tilskotsmidlar til viltforvaltning er søkbare og vert fordelt av fagutvalet. Statlege øyremerka midlar til føremålet. Fondet gjeld tilsegn som avventar rapportering før utbetaling.	942
Vassforvaltning etter Vassforskrifta. Statlege øyremerka midlar til føremålet Den statlege vassløyvinga dekkjer ei stilling i HFK og vert også fordelt ut til dei fem vassområda i Hordaland. Fondet gjeld og øyremerka statlege prosjektmidlar HFK har søkt om for å hjelpe kommunane i arbeidet med landbrukstiltak og avlaupstiltak.	5 344
Skjelsandkonsesjonar. Inntekter frå skjelsandkonsesjonar vert nytta til kartlegging av ressursar og miljøovervaking.	106

Disposisjonsfond – naturressursforvaltning	Status per 1.1.2018
Marint utviklingsfond. Fylkesutvalet vedtok disponering av 15 mill. kr i havbrukskonsesjonsinntekter i 2009. Midlane vert nytta i tråd med vedtaket. I 2018 vert noko nytta til sakshandsaming av havbrukskonsesjonar.	1 661

## LEIING OG ADMINISTRASJON

Tal i tusenv

2	2018	2019	Endring i %
Leiing og administrasjon regionalavdelinga	5 517	5 854	6,1
Driftsmidlar regionalavdelinga	2 475	2 404	-2,9
Vestlandsrådet (medlemsavgift)	500	500	-
Sum brutto/netto driftsutgifter	8 492	8 758	3,1
Netto driftsutgifter i 2019-kroner	8 670	8 758	1,0

### Kommentarar til tabellen

Driftsmidlar regionalavdelinga dekkjer naudsynte utgifter til seksjonane i regionalavdelinga knytt til arbeidsutstyr, kompetansehevingstiltak med meir. 50 000 kroner til Årets hordalending ligg også i denne posten. Utgifter til fylkesdirektør og stab er redusert med 0,45 mill. kr samanlikna med 2018. Samstundes er ei stilling overført frå økonomi- og organisasjonsavdelinga.

### Faste oppgåver

Staben i regionalavdelinga yt administrativ støtte i avdelinga, med særleg vekt på økonomiarbeid og personaladministrasjon. Rådgjeving knytt til økonomi, kommunikasjon og leiing inngår også i staben.





Frå «Aradvake» produksjonen til Hordaland Teater frå 2018. Foto: David Zedig



KULTUR OG IDRETT

# Ein ny kulturregion veks fram

*Nye Vestland fylkeskommune er i ferd med å ta form. I tråd med dette arbeidet vil det bli lagt større vekt på løysing av regionale oppgåver innanfor kultur-og idrettsfeltet og samordning i høve statlege eller kommunale ansvarsområde. Stram fylkeskommunal økonomi krev streng prioritering og god balanse mellom det etablerte og det nye som kjem til budsjettet for 2019 er det særleg prioritert å gje eit løft til utviklinga av viktige kulturinstitusjonar med regionale funksjonar.*

## UTFORDRINGAR I ØKONOMIPLANPERIODEN

### Gode samfunn

Sterke og livskraftige byar og lokalsamfunn gjev einskildmenneska rammer til å realisere seg sjølv, leve meningsfulle liv, samhandle og ta del i fellesskapen. I alle slike samfunn er kultur og idrett del av den skapande grunnkapitalen. Her ligg ei tydeleg grunngeving for å etablere ein sterk regional kultur- og idrettspolitikk – som tek i vare alle innbyggjarane uavhengig av kven dei er, kvar dei bur og korleis dei prioriterer.

Den regionale politikken er breidspektra i sin natur og skal sikre eit godt kultur- og idrettstilbod både i mindre folkerike kommunar og i den tett busette bergensregionen. Her har Hordaland fylkeskommune eit omfattande kulturpolitisk utviklingsansvar, produserer regionale tenester og løyser lovheimla forvaltingsoppgåver. Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025 «PREMISS: KULTUR» er styrande for satsingar og økonomiske prioriteringar, og stat, regionale og lokale styresmakter sine verksemdar skal vere innretta for å nå måla i planen. Det gjeld også fylkeskommunen sitt budsjett som skal setje av ressursar til ei god utvikling av kultur- og idrettsområdet i økonomiplanperioden.

### Offentleg reform og samordning

2019 er det siste året før Hordaland og Sogn og Fjordane går saman om å skipe Vestland fylkeskommune. Budsjettet for 2019 førebur ein del av dei oppgåvene som den nye fylkeskommunen skal løyse. Den fylkeskommunale porteføljen gjeld likevel berre delar av eit stort og omfangsrikt samfunnsområde der mellom anna kultur, kunst, idrett og friluftsliv er hjørnesteinane og offentlege styresmakter og sivilsamfunnet saman tek ansvar for å byggje den totale innsatsen.

Det føreset god samordning og koordinering av mål og verkemiddel hos offentlege styresmakter. Berre slik kan nyskaping og kvalitet fremjast gjennom medviten prioritering og bruk av verkemiddel og støtteordningar i periodar med stram offentleg økonomi. Systematisk dialog skal styrkje samhandlinga med kultur- og idrettsaktørane, kommunane og staten.

### Ny geografi

Frå 2020 vil Vestland fylke ha ein utstrekning som er vesentleg større enn dagens Hordaland og med mange fleire kultur- og idrettsaktørar. Denne endringa understrekar behovet for at den framtidige fylkeskommunen tek medansvar for å utvikle bergensregionen som eit av dei kulturelle tyngdepunkta i Noreg, med ein solid struktur av institusjonar, organisasjonar og einskildaktørar. På same tid vil tilhøvet til utvikling av det profesjonelle kulturlivet i heile vestlandsfylket krevje sterk fylkeskommunal innsats i åra som kjem. Det er ei sentral oppgåve å sørge for ein tenleg infrastruktur, mellom anna ved realisering av naudsynte investeringar i kulturhus og i musea, og i utviklinga av gode anlegg for idrett og friluftsliv.

Mange kommunar utanfor byen har eit kultur- og idrettsliv som i særleg grad er tufta på lag og organisasjonar og friviljug arbeid. Den regionale politikken er innretta for å ta vare på og utvikle denne heilskapen, og godt samarbeid med kommunane er eit vilkår.

### Mål og strategiske prioriteringar

Kultur- og idrettsavdelinga arbeider for å realisere dei politiske måla som er vedtekne i Regional kulturplan. På grunnlag av strategiske prioriteringar skal ein i 2019 ha særleg merksemd på samanslåinga med Sogn og Fjordane fylkeskommune og utvikling av felles tenesteproduksjon. Den framtidige regionale forvaltninga skal vere dialogorientert, medverkande og ha eit samfunnsutviklarperspektiv. Med effektive samarbeidsrutinar, god forvaltningsskikk og høg etisk standard skal det arbeidast til beste for utviklinga av kultur- og idrettsfeltet i det framtidige Vestland.

### Ressurssituasjonen

Kultur- og idrettsføremål er ikkje unnateke dei stramme økonomiske rammene for den fylkeskommunale økonomien. Dette inneber krevjande utfordringar i 2019, mellom anna ved å finne god balanse mellom det etablerte og det nye som kjem til. Kulturlivet må bu seg på strenge prioriteringar. Det gjer også at fylkeskommunen vil leggje stor vekt på løysing av dei regionale oppgåvene og samordning i høve statlege eller kommunale ansvarsområde.

## OVERSYNSTABELL

Tall i tusen

1	Seksjon	Teneste	Inntekter og utgifter	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Endring %
<b>Fylkesarkivet</b>						
		Arkiv og dokumentcenter	Brutto driftsutgifter	12 111	11 674	-3,6 %
			Driftsinntekter	-	-	0,0 %
			Netto driftsutgifter	12 111	11 674	-3,6 %
<b>Fylkesbiblioteket</b>						
		Bibliotek	Brutto driftsutgifter	9 130	9 746	6,7 %
			Driftsinntekter	-1 230	-1 290	4,9 %
			Netto driftsutgifter	7 899	8 456	7,1 %
<b>Fylkeskonservatoren</b>						
		Kulturminnevern	Brutto driftsutgifter	50 294	60 178	19,7 %
			Driftsinntekter	-29 164	-37 260	27,8 %
			Netto driftsutgifter	21 130	22 881	8,3 %
		Museum	Brutto driftsutgifter	51 659	52 414	1,5 %
			Driftsinntekter	0	0	0,0 %
			Netto driftsutgifter	51 659	52 414	1,5 %
<b>Idrett og friluftsliv</b>						
		Friluftsliv	Brutto driftsutgifter	15 062	14 525	-3,6 %
			Driftsinntekter	-8 050	-7 600	-5,6 %
			Netto driftsutgifter	7 012	6 925	-1,2 %
		Idrett	Brutto driftsutgifter	139 947	142 482	1,8 %
			Driftsinntekter	-121 688	-123 817	1,7 %
			Netto driftsutgifter	18 259	18 665	2,2 %
<b>Kunst- og kulturformidling</b>						
		Kunstformidling	Brutto driftsutgifter	70 482	70 844	0,5 %
			Driftsinntekter	-22 271	-21 110	-5,2 %
			Netto driftsutgifter	48 211	49 734	3,2 %
		Kulturføremål	Brutto driftsutgifter	40 797	43 941	7,7 %
			Driftsinntekter	-3 000	-6 337	111,2 %
			Netto driftsutgifter	37 797	37 604	-0,5 %
<b>Stab/støtte</b>						
		Administrasjon	Brutto driftsutgifter	8 500	7 610	-10,5 %
			Driftsinntekter	0	0	0,0 %
			Netto driftsutgifter	8 500	-7 610	-10,5 %
			Sum brutto driftsutgifter	397 983	413 414	3,9 %
			Sum driftsinntekter	-185 403	-197 414	6,5 %
			Netto driftsutgifter	212 580	216 000	1,6 %
			Netto driftsutgifter i 2019-kroner	218 000	216 000	-0,9 %

## ENDRINGAR

Tal i tusen

1 Endringar frå 2018 til 2019	
Endring budsjettramme	-2 000
Tiltak og endringar for å nå balanse:	
Fylkesarkivet	-748
Fylkesbiblioteket	353
Kulturminnevern	1 205
Idrett og friluftsliv	-333
Kunstformidling	253
Kulturvernforemål	-1 168
Museumsløftet	-536
Administrasjon og støtte	-1 109
Andre endringar	199
<b>Sum</b>	<b>-2 000</b>

**Kommentarar til tabellen**

Reduksjonen på Fylkesarkivet skuldast oppretting av feilbudsjettering i 2018.

Auken på Fylkesbiblioteket er knytt til styrka tilbod for kompetanseutvikling og oppretting av tilskotsordning til interkommunale prosjekt.

Auken på Kulturminnevern gjeld retting av feilbudsjettering i 2018.

Reduksjon for idrett og friluftsliv skuldast redusert ramme som del av felles innsparing

Styrkinga av Kunstformidling gjeld i hovudsak auka driftstilskot til kunstinstusjonar med statleg driftsavtale.

Reduksjonen på Kulturføremål skuldast m.a. overføring av 1 mill. kr til Kunstformidling samt generelt nedtrekk i ramma. Administrasjon og støtte gjeld stabsfunksjonane der reduksjonen i hovudsak gjeld stillingsvakansar som er tekne bort. Andre endringar gjeld justeringar og nedtrekk på ulike postar i budsjettet.



## MÅL OG TILTAK

Mål	Tiltak	Resultatmål 2019	Resultatmål 2022
1. Kultur- og idrettsavdelinga skal gjennom brei samfunnsdialog legge grunnlag for kultur som premiss for utviklinga av alle samfunnsområde	Setje i verk handlingsprogram (Regional kulturplan) og rapportere	Følgje opp rullert handlingsprogram (2018) Harmonisering av mål og verkemiddel med SFFK i samband med etablering av Vestland fylkeskommune	Regional kulturplan Vestland
	Gjennomgå verkemiddel og oppgaveproduksjon	Harmoniserast med SFFK i samband med samanslåing	All tilskotsforvaltning, oppgaveproduksjon, tiltak og prosjekt innretta for å understøtte regional plan
	Arrangere kultur- og idrettskonferanse	Etablere kultur- og idrettskonferansen for Vestland fylke	Etablert Vestlandskonferanse kultur
	Dialogmøte	Etablere årlege dialogmøte kultur- og idrettssektoren i Vestland fylke	Held fram
2. Kultur- og idrettsavdelinga skal gjennom fagleg og økonomisk medverknad støtte opp under eit sterkt profesjonelt og frivillig kulturliv i Hordaland	Streng økonomisk prioritering, detaljert budsjettering og rapportering i verksemda	Målretta budsjettering i høve langsiktig økonomisk utvikling i Vestland fylkeskommune	Budsjett i balanse
	Effektivisere administrasjon	Vidareføre effektivisering av verksemda. Etablere måltal	Effektiv administrasjon, jf måltal
3. Kultur- og idrettsavdelinga skal vere ein samfunnsutviklar og arbeide for å sikre eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv med tilgang og deltaking for alle.	Auke bruk av digitale kommunikasjonsverktøy Tiltak for enkel, lett tilgjengeleg og god nettkommunikasjon	Auke bruk av Skype og videokonferanse, i samband med etableringa av nye Vestland fylkeskommune Redusert tal på møte og reiser (etablert måltal)	Redusere reisekostnader m.v.
	Publisere Kulturstatistikk for Vestland fylkeskommune. Auke bruk av digitale kommunikasjonsverktøy Tiltak for enkel, lett tilgjengeleg og god nettkommunikasjon	Utvikle metode i samråd med kommunane og kultur- og idrettsaktørane i nye Vestland fylkeskommune.	Statistikk for Vestland fylkeskommune viktig kjelde til forståing og utvikling av kultur- og idrettsfeltet i heile fylket



## PRIORITERINGAR I 2019

**Flytteprosess og regionaliseringsprosess**

Fylkeskommunen vil få ansvar for ei rekkje nye oppgåver i samband med regionreforma. For å vere budd på å løyse lovheimla oppgåver frå 01.01.2020 er det behov for styrking av kompetansen alt i 2019. Dette gjeld på områda kulturminne og friluftsliv.

Flytting frå Fylkeshuset og regionaliseringsprosess verkar sterkt inn på ressursprioriteringar og ressursbehov i 2019.

Fylkesarkivet vil ha særleg merksemd på å løyse lovpålagde oppgåver i dokumentforvaltninga.

For å vere budd på framtida vil administrasjonen i 2019 få auka reisekostnader i samband med fylkessamanslåing, digitalisering av forvaltninga og kompetansebygging i høve overføring av statlege oppgåver.



## FOLKEHELSE

Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025 :

«Grunntydninga av ordet kultur på latin er avleia av å dyrke, utdanne, oppdra og foredle. Kultur handlar om å vidareutvikle og foredle råstoff og ressursar, både menneskelege og dei ein finn i naturen og i samfunnet. Dermed handlar kulturpolitikken om vilkåra for utvikling for det enkelte mennesket, for menneska i samspel med kvarandre og for tilhøvet mellom menneska og ressursane. Kultur bør vere ein grunnleggande premis for alle sider ved samfunnsutviklinga og spenner frå danning og utdanning til næring, stadutvikling og miljø.»

Kultur- og idrettstilbodet er grunnleggjande for folk si helse og trivsel, og eit vilkår for å utvikle gode lokalsamfunn. Eit godt og variert kulturliv gjer samfunnet rikare, bidreg til livskvalitet, fellesskap og utvikling. Forsking viser at både tilskodarar og deltakarar i kulturlivet opplever at den generelle helsa vert påverka positivt. Kultur og idrett er slik ein av føresetnadene for ei god folkehelse.

Kultur skaper sosiale og økonomiske verdiar, men grunnlaget for Hordaland fylkeskommune sin politikk er likevel effektane på andre område. Regional kulturplan legg til

grunn at kultur og idrett har ein klar eigenverdi. Kultursatsinga skal først og fremst fremje utvikling og livsfremjande aktivitet hos det enkelte mennesket og i samfunnet.

Kulturpolitikken skal gje innbyggjarane i heile Hordaland tilgang på eit rikt og mangfaldig tilbod og fremje medverknad på tvers av geografiske, økonomiske og sosiale skilje. I Hordaland ser ein stor variasjon i folk si deltaking. Lange avstandar, svak infrastruktur og manglande tilbod skaper utfordringar. Det same gjer økonomiske hindringar, dårleg tilgjenge, låg grad av inkludering, fysiske og psykiske barrierar.

Hordaland fylkeskommune legg difor til rette for at alle skal kunne oppleve kvalitativt god kunst og kultur eller engasjere seg i eigenaktivitet. Slik er god folkehelse sett i samanheng med heile sektoren: friviljug og organisert aktivitet innan idrett og friluftsliv, kultur for og med barn, unge, vaksne og eldre, profesjonelle kunstnarar og kulturarbeidarar og profesjonelle kunst og kulturinstitusjonar. Budsjettframlegget er innretta i høve dette mangfaldet og med eit auge for dei ulike gruppene sine behov.



## STYRINGSDOKUMENT – REGIONALE PLANAR OG TEMAPLANAR

Følgjande planar har innverknad på kultur- og idrettsarbeidet.

Planansvar – kultur- og idrettsavdelinga			
Regionale planar	Vedtaksår	Utval	Revisjon
Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025	2014	KIRU	2019

Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025 «PREMISS: KULTUR» er styrande for satsingar og økonomisk

prioritering, og fylkeskommunen si verksemd skal vere innretta for å nå måla i planen.

## FYLKESARKIVET

Tal i tusen

2 Fylkesarkivet	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Endring %
Administrasjon depot	4 722	4 743	0,4 %
Administrasjon dokumentcenteret	7 237	6 894	-4,7 %
Tilskot Hordaland historielag	155	37	-76,1 %
Sum brutto driftsutgifter nominelt	12 114	11 674	-3,6 %
Netto driftsutgifter i 2019-kroner	12 422	11 674	-6,0 %

## Kommentarar til tabellen

Tilskot til historielag på kr 37 000 er årleg driftstilskot til fylkeslaget Hordaland sogelag. Reduksjonen frå 2018 til 2019 inneber at tilskotsordninga for historie- og sogelag i Hordaland vert avslutta. Ordninga har støtta opp under lokalhistorisk arbeid og realiseringa av prosjekt for frivillige lag med fokus på lokalhistorie og identitet.

Reduksjonen i administrasjon dokumentcenteret skuldast feilbudsjettering i 2018 som no er retta opp.

## Oppgåver

Fylkesarkivet har ansvar for å følgje opp Hordaland fylkeskommune sine lovpålagde oppgåver som arkivinstusjon og arkivmynde. Fylkesarkivet er systemeigar og systemadministrator for sak-/arkivsystemet. Til desse oppgåvene høyrer mellom anna oppfølging av digitaliseringsstrategi, opplæring av tilsette og utarbeiding av rutinar og retningslinjer.

## Tenesteproduksjon

- Rettleie i spørsmål knytt til informasjonsteknologi og digitalisering
- Opplæring og brukarstøtte i sak-/arkivsystemet, oppfølging av rutinar og retningslinjer
- Koordinere arbeidet med privatarkiv i Hordaland og utarbeide bevaringsplan for privatarkiv
- Utvikle lokalhistorisk arbeid
- Ha ein oppdatert arkivplan og gjere innhaldet kjent for dei tilsette i fylkeskommunen
- Rettleie og koordinere arbeid med ordning, avslutting og tilgjengeleggjing av papirarkiv og digitalt skapt arkiv
- Sakshandsaming knytt til innsynsforespurnader etter offentleg journal, rettigheitsdokumentasjon og historisk materiale.

## Særskilde tiltak 2019

*Flytting og samanslåing*

I 2019 vil flytting og samanslåing har stor innverknad på prioriteringane i Fylkesarkivet. Desse prosessane inneber avslutting av fagsystem og papirarkiv og planlegging av nye system og arkivorganisering. Dokumentasjon skal samlast inn, ordnast, bevarast og gjerast tilgjengeleg for sakshandsaming i nye lokale og i ny fylkeskommune. Dette er omfattande oppgåver som vil krevje ressursar ut over det som i dag er på Fylkesarkivet sitt budsjett. I 2018 har Hordaland fylkeskommune ved Fylkesarkivet hatt to revisjonar – ein forvaltingsrevisjon og eit tilsyn frå Arkivverket. Desse peiker på fleire utfordringar som må følgjast opp.

*Oppfølging og styrking av lovpålagde oppgåver*

Arbeidet med å implementere sak-/arkivsystemet ePhorte til dei ytre einingane i fylkeskommunen er organisert som eit 2-årig prosjekt. Prosjektperioden går ut 31. mars 2019. Fleire skular er på ePhorte, slik at ein no er i driftsfase. Dette inneber mellom anna brukarstøtte, kurs og opplæring, handtering av personopplysningar i ulike arbeidsflytprosesser. Når dei ytre einingane er fullt over på ePhorte, vil Dokumentcenteret starte med å etablere sentralt postmottak for fylkeskommunen.

*Innsamling, ordning og bevaring av papirarkiv*

For å sikre Hordaland fylkeskommunen sitt arkiv pr. 31. desember 2019, må papirmateriale samlast inn frå avdelingane, ordnast for sakshandsaming i den nye fylkeskommunen og bevaring for framtida. Oppgåva har samanheng med både flytteprosess og regionsprosess. Eksisterande magasin for papirarkiv skal tømmast og etablerast i nye magasin i samsvar med krav i arkivforskriftene.

*eDepot og innsyn i elektroniske arkiv*

Fylkesarkivet har etablert innsynsløysing for det gamle sak-/arkivsystemet Doculive. I samband med regionssamanslåing skal innhald i ulike fagsystem kartleggjast for å sikre arkivverdige materiale og innsyn for sakshandsamarar etter regionssamanslåing. Dette arbeidet vert sær

omfattande og vil involvere dei ulike avdelingane. Ein vil og vurdere nasjonal løysing for sikring og lagring av digitalt skapt materiale.

**Bevaringsplan for privatarkiv**

Hordaland fylkesarkiv koordinerer arbeidet med privatarkiv i Hordaland etter oppnemning frå Arkivverket og tilråding frå fylkesutvalet 22.06.2017. Arkiv frå privat sektor er dokumentasjon av vår kulturarv og identitet. For å sikre privatarkiv har Arkivverket utarbeidd ein strategi. Eit viktig tiltak er bevaringsplan for privatarkiv. Ein slik plan viser kva

som er tatt vare på allereie og kva for område/aktørar som bør prioriterast framover. Dette vil vere eit viktig bidrag for å sikre det som er Hordaland i dag si samfunns- og næringshistorie.

**Regionrefom**

Fylkesrådmannen har på budsjettkapittelet Fellesfunksjonar sett av ein sum til arbeidet med regionreforma innanfor ulike felt, m.a. arbeidet som gjeld arkivorganiseringa i ny fylkeskommune.

**FYLKESBIBLIOTEKET**

Tal i tusen

	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Endring %
Administrasjon fylkesbiblioteket	5 351	5 632	5,3 %
Bokbåten	1 508	1 535	1,8 %
Tenester til biblioteka	1 270	1 470	15,7 %
Bibliotekprosjekt	1 000	1 109	10,9 %
Sum brutto driftsutgifter	9 129	9 746	6,8 %
Sum brutto driftsinneker	-1 230	-1 290	4,9 %
Sum netto driftsutgifter nominelt	7 899	8 456	7,1 %
Netto driftsresultat i 2019-kroner	8 103	8 456	4,4 %

**Kommentarar til tabellen**

**Administrasjon fylkesbiblioteket**

Fylkesbiblioteket har 7,8 årsverk, inkludert 1 årsverk, som blir dekt av opplæringsavdelinga.

budsjettrammer. Sak om bokbåtenesta vert lagt fram til politisk handsaming våren 2019. Det er budsjettert med ordinær drift i 2019.

**Bokbåten**

Fylkesutvalet vedtok i mai 2018 å lengje drift av bokbåten i Hordaland frå 1.09.2018 til 31.08.2019 innanfor gjeldande

**Tenester til biblioteka**

I posten ligg 1 mill. kr til bibliotektransport og kr 300 000 til innkjøp av elektroniske ressursar til vidaregåande skular

og kommunane, utanom Bergen. I posten ligg også drift og utvikling av biblioteknettsider, støtte til turnear og innkjøp av klassesett. Auken på kr 200 000 skal nyttast til å betre fylkeskommunen sitt tilbod av kurs og turnear, og til å etablere ny tilskotsordning for organisasjonar og institusjonar som gjennomfører kurs og konferansar for bibliotektilsette i Hordaland.

#### **Bibliotekprosjekt**

Fylkesbiblioteket har fått støtte til utviklingsprosjekt som blir nytta til gjennomføring av tiltak i Regional kulturplan for Hordaland. I 2019 lyser Nasjonalbiblioteket ikkje ut midlar til utviklingsprosjekt, men til arrangement i samband med Bokåret 2019.

Fylkeskommunen nyttar prosjektmidlar til å stimulere biblioteksutvikling i kommunane. Budsjettet legg opp til auka tilskot til kommunane i 2019. Midlane skal nyttast til følgjande tiltak:

1. Modellbibliotekprogrammet har sidan 2015 omfatta 18 bibliotek i 17 kommunar og er finansiert av fylkeskommunen og Nasjonalbiblioteket. Fleire kommunar har gitt signal om at dei ønskjer å vere med i programmet. Fordi midlane frå Nasjonalbiblioteket er knytt til eit avslutta prosjekt, må løyving til kvart prosjekt aukast. Det blir utlyst to prosjekt med ei ramme på kr 350 000 i 2019.
2. Vidareføring av prosjekt «Nynorske lesegedarar» i samarbeid med fylkesbiblioteka i Sogn og Fjordane og Rogaland med budsjett på kr 60 000.
3. Vidareføring av integreringsprosjekt i folkebiblioteka i samarbeid med Det Felles Innvandrerråd og Bergen Off. Bibliotek.
4. Vidareføring av tilbod om arrangement til folkebiblioteka med støtte frå Klimaplanen, Folkeakademiet og Nasjonalbiblioteket.
5. Styrking av biblioteka ved hjelp av interkommunale prosjekt. Etablere ordning med utlysing av kr 200 000 til tiltak vedtatt i Regional kulturplan for Hordaland.

#### **Oppgåver:**

- Løse regionale bibliotekoppgåver og – utvikling, kompetansebygging, fagleg rettleiing og råd til kommunane, jf Biblioteklova.

- Samarbeide med opplæringsavdelinga om bibliotek i vidaregåande opplæring.

#### **Tenesteproduksjon:**

- Fagleg rådgiving til kommunar og biblioteka i vidaregåande opplæring.
- Kompetanseutvikling for bibliotektilsette i fylket og utvikling av dei fem regionale biblioteksamarbeida.
- Samarbeid med biblioteka om formidling av litteratur og andre media.
- Koordinering og delfinansiering av felles bibliotektransport med kommunane, Universitetet i Bergen, NHH og Høgskulen på Vestlandet.
- Rettleie og sikre kvalitet på statistikk frå folkebibliotek og skulebibliotek, som avleverast Nasjonalbiblioteket.
- Organisere fylkesdekkande avtaler og fellesløyvingar for å sikre innbyggjarane lik tilgang til digitale oppdaterte ressursar for litteratur, kunnskap og kultur.
- Koordinere og delfinansiere utlånssystem og felles samling med e-bøker for alle folkebiblioteka (utanom Bergen) og biblioteka i dei vidaregåande skulane.
- Drifte og utvikle bokbåttenesta.
- Utviklingsprosjekt i samarbeid med folkebiblioteka og biblioteka i dei vidaregåande skulane.
- Delta i planlegginga av nye og opprusting av eldre kommunale bibliotek og skulebibliotek.
- Utlån av klasse- og gruppesett til grunnskular og bibliotek i Hordaland utanfor Bergen.
- Organisere fylkesdekkande turnear for å fremje lesing og biblioteka som aktive formidlarar og arenaer for offentleg samtale og debatt.

#### **Særskilte tiltak i 2019:**

- Framhald av modellbibliotekprogrammet
- Etablere ordning med tilskot til organisasjonar og institusjonar som gjennomfører kurs og konferansar for bibliotektilsette i Hordaland og utlysing av midlar til interkommunale prosjekt.

## KULTURMINNEVERN

Tali tusen

2	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Endring %
Administrasjon kulturminnevern	11 834	17 566	48,4 %
Arkeologisk registrering	7 744	3 868	-50,0 %
Ålmenne kulturvernforemål	2 731	2 841	4,0 %
Kulturminneregistrering	102	102	0,0 %
Vern av kulturminne	27 884	35 800	28,4 %
Sum brutto driftsutgifter	50 295	60 178	19,7 %
Sum driftsinntekter	-29 164	-37 260	27,8 %
Netto driftsutgifter nominelt	21 131	22 881	8,3 %
Netto driftsutgifter i 2019-kroner	21 676	22 881	5,6 %

## Kommentarar til tabellen

*Administrasjon kulturminnevern/arkeologisk registrering*  
Veksten i posten skuldast i hovudsak at fylkesrådmannen har overført lønnskostnader for seks sakshandsamarar frå arkeologisk registrering til administrasjon kulturminnevern, for å få kostnadene rett postert i høve til KOSTRA. Arkeologisk registrering hadde også lågare etterspurnad i 2018. I tillegg til den budsjettekninske endringa skuldast auken også oppretting av feilbudsjettering i 2018.

I samband med regionreforma legg Ny forskrift etter kulturminnelova opp til at regional kulturminneforvaltning skal få overført ei rekkje nye ansvarsområde frå staten. Oppgåveoverføringa vert gjennomført etappevis og i samsvar med oppbygging av regional kapasitet og kompetanse. Ut frå eit konservativt estimat har fylkesrådmannen berekna at auka saksomfang for Hordaland vil krevje ei styrking med to nye fagstillingar, i hovudsak knytt til forvaltning av statlege, freda bygg og verna/freda fartøy.

For å sikre naudsynt kapasitet og kompetanse frå 1.1.2020 foreslår fylkesrådmannen frå august 2019 å tilsette i to fagstillingar innanfor eksisterande ramme.

Driftsinntektene har auka grunna vekst i statlege overføringar til vern av kulturminne, tilskot til freda kulturminne i privat eige og verdsarvstaden Bryggen. Ei direkte følgje av dette vert ei samla auke og vekst i driftsutgiftene parallelt med auken i driftsinntektene.

## Oppgåver

- Hordaland fylkeskommune er forvaltingsstyresmakt med mynde heimla i kulturminnelova, og tek i vare ei rekkje statlege og regionale oppgåver innanfor kulturminnevernet.

- Hordaland fylkeskommune har ansvar for å forme museumspolitikken i fylket og utvikle dei konsoliderte musea i Hordaland som sterke kunnskapsentra og organisasjonar, og profilerte samfunnsaktørar.

## Tenesteproduksjon

- Arkeologiske registreringar i arealplansaker i fylket
- Forvaltning av fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar (arkeologi, bygningsarv, fartøyvern og verdsarv)
- Rettleiing og råd til kommunar, organisasjonar og einskilde i saker om riving, vedlikehald eller ombygging av verneverdige bygningar
- Utforming og gjennomføring av den regionale museumspolitikken i samråd med stat, kommunar og musea

## Særskilte tiltak i 2019

- Sikre naudsynt regional kapasitet og kompetanse i samband med regionreforma og overtaking av statlege oppgåver på kulturminneområdet
- Etablere tilskotsordning retta mot frivillig sektor til drift og vedlikehald av regionalt og nasjonalt prioriterte kulturminne
- Styrking av drifta til Baroniet Rosendal, Sunnhordland museum og Bymuseet
- Styrking av Museum Vest for auka samhandling med frivillig fartøyvern, samt dokumentasjon og formidling av fartøyvernflåten.

## Almenne kulturvernforemål

Kroner

3	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Bullahuset, Osterøy	189 000	-
Espeland fangeleir, Bergen	311 000	-
Fjelberg gamle prestegard, Kvinnherad	233 000	-
Fortidsminneforening Hordaland	191 000	191 000
Kystpilegrimsleia	200 000	
Driftstilskot til regionale og nasjonale kulturminne	-	800 000
Verdiskaping på kulturminneområdet		200 000
Oselvarverkstaden	1 561 000	1 600 000
Kulturlandskapsprisen	50 000	50 000
Sum brutto driftsutgifter	2 735 000	2 841 000

## Kommentarar til tabellen

*Driftstilskot til regionale og nasjonale kulturminne*

I 2018 har tre eigarar av verna og freda bygningar motteke driftstilskot: Bullahuset (Osterøy), Espeland fangeleir (Bergen) og Fjelberg gamle prestegard (Kvinnherad). For å stø opp om det store arbeidet frivillige lag og organisasjonar tek på seg for å ta vare på regionen sin felles kulturarv, gjer fylkesrådmannen framlegg om å etablere ei ny tilskotsordning til drift og vedlikehald av regionalt og nasjonalt prioriterte kulturminne, i tråd med føringane i Regional kulturplan 2015–2025. Då ordninga vert utvida til å omfatte fleire aktuelle søkjarar, vil fylkesrådmannen auke posten til kr 800 000 i budsjettet for 2019.

*Verdiskaping på kulturminneområdet*

I 2018 vart Kystpilegrimsleia opna og første del av prosjektet er avslutta. På verdiskapingsområde vart det i Regional kulturplan sitt Handlingsprogram for 2018 prioritert etablering av ei reiserute med opplevingar i det vestnorske kraftlandskap. Dette vil vere eit vestlandsprosjekt som Riksantikvaren har oppmoda Hordaland fylkeskommune å vidareutvikle. For å utløyse statsmidlar til verdiskaping føreset dette regionale matchingsmidlar. Fylkesrådmannen tilrår å vidareføre løyvinga på kr 200 000 avsett til verdiskaping på kulturminneområdet.

## Kulturminneregistrering

Budsjettposten vert nytta til lovpålagte oppgåver og utgifter knytt til etterreformatoriske kulturminne, planlegging

og vitskapleg dokumentasjon for fastsetting av alder på bygningar eldre enn år 1650 (automatisk freda bygningar).

## Vern av kulturminne

Kroner

3	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Driftsutgifter		
Tilskot til skjøtsel og tilrettelegging av arkeologiske kulturminner	204 000	100 000
Tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy	1 000 000	1 000 000
Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap	12 000 000	16 000 000
Tilskot til verdsarven – Prosjekt Bryggen	11 000 000	15 000 000
Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy	1 680 000	1 700 000
Tilskot til verna kulturminne i Hordaland	2 000 000	2 000 000
<b>Sum driftsutgifter:</b>	<b>27 884 000</b>	<b>35 800 000</b>
Tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy	-500 000	-500 000
Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap	-12 000 000	-16 000 000
Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy	-840 000	-850 000
Prosjekt Bryggen – Bevaringsprogram for verdsarv	-11 000 000	-15 000 000
<b>Sum refusjonar</b>	<b>-24 340 000</b>	<b>-32 350 000</b>
<b>Netto</b>	<b>3 544 000</b>	<b>3 450 000</b>

## Kommentarar til tabellen

*Regionale tilskot til kulturminne i Hordaland*

For 2019 gjer fylkesrådmannen framlegg om ein reduksjon på om lag kr 100 000 til regionale tilskot til skjøtsel og tilrettelegging av arkeologiske kulturminner (BARK).

*Refusjonar*

Budsjettposten for vern av kulturminne gjeld ordningar med heil eller delvis statleg finansiering. For 2019 legg fylkesrådmannen til grunn eit samla statleg tilskot på kr 32 350 000.



## MUSEUM

Tal i tusen

	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Endring %
Sum brutto driftsutgifter museum	51 659	52 414	1,5 %
Sum driftsinntekter	-	0	0,0 %
Netto driftsutgifter nominelt	51 659	52 414	1,5 %
Netto driftsutgifter i 2019-kroner	52 992	52 414	-1,1 %

Kroner

3 Museum	Budsjett 2018	Budsjett 2019
1. Stiftinga Museumssenteret i Hordaland	9 545 000	9 794 000
2. Stiftelsen Bymuseet i Bergen	7 014 000	7 545 000
3. Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum	1 750 000	1 767 000
4. Stiftelsen Museum Vest	6 387 000	6 477 000
5. KODE – kunstmuseer og komponisthjem	3 692 000	3 740 000
6. Stiftinga Hardanger og Voss museum	11 845 000	12 020 000
7. Kraftmuseet – Norsk vasskraft- og industristadmuseum	1 335 000	1 346 000
8. Baroniet Rosendal	1 105 000	1 605 000
9. Stiftinga Sunnhordland museum	2 806 000	3 150 000
10. Nynorsk kultursentrum – Olav H. Hauge-senteret	791 000	803 000
Fartøy- og bygningsverntenesta ved musea	2 429 000	2 167 000
Museumsløft 2019	2 860 000	2 000 000
Primusbaser for musea i Hordaland	100 000	-
Sum brutto driftsutgifter	51 659 000	52 414 000

## Kommentarar til tabellen

## Generelt

Dei ti konsoliderte musea i Hordaland forvaltar store verdiar på vegner av fellesskapet og har utfordringar knytt til investering og drift. Fylkesrådmannen legg til grunn at både stat, vertskommunar og kommunar som mottek tenester frå musea i Hordaland medverkar til å styrke institusjonane, slik at ein nærmar seg ein fordelingsnøkkel på 60% statleg, 20% regional og 20% kommunal medfinansiering av musea. Fylkesrådmannen foreslår ei generell auke til musea med 1,5%.

## Styrking av drifta ved Baroniet Rosendal, Sunnhordland museum og Bymuseet

Det ordinære driftsgrunnlaget for Baroniet Rosendal har vore svakt og både Kulturdepartement og Kvinnherad kommune vil prioritere museet i 2019. Fylkesrådmannen foreslår å styrke Baroniet Rosendal og gjer framlegg om auke i budsjettet på kr 500 000. Sunnhordland museum vert foreslått styrka med kr 300 000. Driftssituasjonen ved Bymuseet er alvorleg. Bergen kommune har prioritert tilskot og fylkesrådmannen foreslår å styrke Bymuseet med kr 531 000. Deler av museumssatsingane er finansierte ved reduksjon av posten Museumsløft 2019.

**Fartøyvernkoordinator ved Museum Vest**

Museum Vest og Bergen Sjøfartsmuseum skal som konsolidert eining ta ein leiande posisjon nasjonalt i høve fagtema hav. For å styrke formidlinga av fartøyvernflåten og samhandlinga med frivillig sektor vil fylkesrådmannen foreslå kr 300 000 i driftstilskot til etablering av ei fartøyvernkoordinatorstilling ved Museum Vest. Fartøyvernkoordinatoren skal ha ein regional funksjon opp mot det frivillige fartøyvernet for å styrke samhandlinga og gje råd om istandsetting/drift av verneflåten. Fartøyvernkoordinatoren

skal vidare ha ansvar for nasjonale oppgåver knytt til dokumentasjon av verneflåten og formidling av denne i eit større samfunnsperspektiv. Tiltaket vert finansiert innafør ramma i posten fartøy- og bygningsvern ved musea.

**Primusbasis for musea i Hordaland**

Tilskot til primusbasis for musea i Hordaland vert overført til posten Stiftinga Museumssenteret i Hordaland, der avdelinga Bevaringstenestene har ansvaret for drifta av databasen.

## IDRETT OG FRILUFTSLIV

Tal i tusen

2	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Endring %
Administrasjon	4 411	4 480	1,6 %
Tilskot til idrettsarbeid	10 748	11 085	3,1 %
Tilskot til idrettsprosjekt	3 100	3 100	0,0 %
Tilskot spelemidlar	121 688	123 817	1,8 %
Tilskot til friluftsarbeid	15 062	14 525	-3,6 %
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>155 009</b>	<b>157 007</b>	<b>1,3 %</b>
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-129 738</b>	<b>-131 417</b>	<b>1,3 %</b>
<b>Netto driftsutgifter nominelt</b>	<b>25 271</b>	<b>25 590</b>	<b>1,3 %</b>
<b>Netto driftsutgifter i 2019-kroner</b>	<b>25 923</b>	<b>25 590</b>	<b>-1,3 %</b>

**Kommentarar til tabellen****Tilskot spelemidlar**

Fylkeskommunen har ei viktig rolle i høve analysar og vurderingar av anleggsbehov i regionen. For å kunne bruke tilgjengelege ressursar best mogleg, er det viktig å hjelpe kommunane og lag med å få betre kunnskapsgrunnlag når det gjeld anleggsbehov og til å sikre større spelemiddelandel til Hordaland Delen som skal gå til bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet vert fordelt til fylka etter følgjande modell: godkjendt søknadssum 50%, anleggsdekning 25% og tal innbyggjar 25%. I 2018 var det ei auke på 1,8% i tildelinga til Hordaland. Fylkesrådmannen legg til grunn desse tala for 2019.

**Oppgåver**

Friluftsløva definerer m.a. fylkeskommunane sine oppgåver i høve til å fremje allmenne friluftslivinteresser. Fylkeskommunen har jf. kongeleg resolusjon frå april 1987 fullmakt til å fordele spelemidlane for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet.

Oppgåvene innanfor fagområdet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er heimla i Regional kulturplan. I samsvar med visjonen Aktiv kvar dag skal ein gjennom forpliktande samarbeid mellom offentlege, frivillige og private aktørar arbeide for målet om at alle i Hordaland skal kunne vere aktive etter eigne ønskje og føresetnader på allment tilgjengelege område i naturen og i anlegg i nærleiken av der dei bur.

## Tenester

- Forvaltning av 15 statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar
- Driftstilskot til regionale samarbeidspartnarar
- Bidra til nasjonalt utviklingsarbeid innan fleire fagområde
- Kompetanseutvikling (m.a. konferansar, kurs, rettleiing og synfaringar i kommunane)
- Tilrettelegge aktivitetar for personar med særskilde behov i partnerskap med frivillige organisasjonar, kommunar og Helse Bergen
- Bidra til å utvikle toppidretten gjennom m.a.

støtte til større meisterskap, investeringstilskot til idrettsanlegg og utviklingsstipend

### Særskilte tiltak i 2019

- Styrka kapasitet og kompetanse innan friluftsliv. I samband med regionreforma får Vestland fylkeskommune overført nye oppgåver på friluftsområdet. Det er behov for å bygge kompetanse/ressursar for dette hausten 2019 slik at ein kan forvalte dei nye oppgåvene på ein tenleg måte frå 1.1. 2020. Hordaland sin del utgjer om lag eit halvt årsverk.

## Tilskot til idrettsarbeid

Kroner

3	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Aktiv skulekvardag		150 000
Berekraftig utvikling av kunstgrasbaner og fyllmateriale		200 000
Fylkeskommunalt investeringstilskot	2 000 000	2 000 000
Fylkespremiar	50 000	50 000
Hordaland idrettskrets	3 516 000	3 604 000
Idrettscampus Bergen	1 500 000	1 500 000
Lokal mobilisering mot doping	300 000	300 000
Medfinansiering fleirbrukshallar – kommunane	2 000 000	2 000 000
Olympiatoppen Vest	450 000	480 000
Utlån av gymsalar	200 000	200 000
Stiftinga Solhovden	142 000	146 000
Store meisterskap	410 000	275 000
Utviklingsstipend	180 000	180 000
Sum brutto driftsutgifter	10 748 000	11 085 000

### Kommentarar til tabellen

#### Aktiv skulekvardag

Ei satsing på 60 minutt fysisk aktivitet i skulen kvar dag m.a. ved å vidareutvikle attraktive skuleområde. Modellen baserer seg på gode erfaringar med tilsvarende arbeid frå Sogn og Fjordane og i Danmark. Fylkesrådmannen tilrår å løyve kr 150 000 til dette arbeidet for 2019.

#### Berekraftig utvikling av kunstgrasbaner og fyllmateriale

Fylkestinget har vedteke at det skal utarbeidast ein plaststrategi for Hordaland. Berekraftig utvikling av kunstgrasbaner og fyllmateriale bør vere eit av tiltaka. Hordaland fylkeskommune er invitert inn i fellesprosjekt med fylkeskommunane Trøndelag, Akershus, Østfold og Rogaland

der dette er tema. Fleire kommunar i Hordaland har sett tema på dagsorden m.a. Bergen, Askøy og Os. Hordaland fylkeskommune bør ta ei aktiv rolle i dette viktige arbeidet, og fylkesrådmannen tilrår at det vert sett av kr 400 000 for 2019.

#### *Hordaland idrettskrets*

Fylkesrådmannen foreslår å indeksregulere tilskotet til Hordaland idrettskrets. Kr 250 000 vert øyremerka idrett for funksjonshemma for å vidareføre det gode utviklingsarbeidet i samband med Landsturneringa 2018, og kr 50 000 til koordinering av integreringsprosjektet Aktiv saman og konferanse om integrering.

#### *Idrettscampus Bergen*

Sidan 2017 har Hordaland fylkeskommune utvikla Idretts-campus Bergen i samarbeid med Hordaland idrettskrets, Olympiatoppen Vest, SK Brann, Høgskolen på Vestlandet, Haukeland Universitetssjukehus, Universitetet i Bergen og Bergen kommune. Samhandlinga har iverksett mange ulike delprosjekt som finn løysingar på samfunnsutfordringar innan fagområda folkehelse, fysisk aktivitet og idrett.

Fylkesrådmannen foreslår å vidareføre løyvinga på same nivå som i 2018.

#### *Lokal mobilisering mot doping*

Arbeid med haldningsskapande arbeid i den vidaregåande skulen vert gjort i samarbeid med Antidoping Norge. Fylkesutvalet vedtok i august ein ny samarbeidsavtale for samarbeidet for skuleåra hausten 2018–våren 2020. Fylkesrådmannen tilrår å vidareføre løyvinga på kr 300 000 i 2019 gjeldande for skuleåret 2019/20 for å oppfylle fylkeskommunen sin del av avtalen (50% av finansieringa).

#### *Medfinansiering til idrettshallar*

I tilskotsordninga medfinansiering til kommunar som ikkje har idrettshall har kommunane Øygarden og Samnanger søkt om 1 mill. kr kvar. I tillegg har Jondal kommune søkt om 2 mill. kr. Fylkesrådmannen foreslår å vidareføre budsjettposten med 2 mill. kr i 2019 med ei fordeling med 1 mill. kr til kommunane Øygarden og Samnanger. Dette er ei oppfølging av budsjettvedtaket for 2018 der desse kommunane også fikk ein mill. kr kvar til dette føremålet.

### *Store meisterskap 2019*

Søkjjar	Arrangement	Søknadssum	Tilråing	Kommentar
Norges Friidrettsforbund	Europameisterskap i friidrett for ungdom u23 i Bergen i 2021	200 000 EURO	kr 100 000 i 2019 med føresetnad om at dei får tildelt arr. i november 2018.	Jf Norges Friidrettsforbund har laupande utgifter knytt til søknads- og planleggingsarbeidet og har behov for eit tilskot i 2019.
Hordaland Svømmekrets	Bergen Swim Festival, Vannsportsuken i Bergen og Bergen Open i stup	kr 500 000	Bergen Swim Festival med kr 50 000 og Bergen Open med kr 50 000	Vannsportuken er eit lokalt tiltak som fylkesrådmannen tilrår ikkje vert støtta i denne ordninga.
Eldar IL	NM på ski for damer og junior herrar	kr 50 000	kr 50 000	Voss kommune
Rubbestadneset idrettslag	Bømlø Open	kr 50 000	kr 25 000	Gjeld badmintonturnering med 150 deltakarar frå heile landet.
Wen Events AS	Ironman 70.3 Norway i Haugesund	kr 200 000	Avslag	Berre ein avgrensa del av arrangementet finn stad i Hordaland.Søkjjar er ei privat bedrift.
Sveio drilltropp	Vestnorsk meisterskap i drilldans	kr 74 000	Avslag	Regional uttaks-konkurranse til NM for solo og duett-kategoriar.

## Tilskot til idrettsprosjekt

Kroner

3	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Folkehelse	200 000	200 000
Folkehelse/Sysselvanar	500 000	500 000
Konferansar/kompetanse	160 000	160 000
Psykatri/rus	200 000	200 000
Lågterskel fysisk aktivitet for barn og unge	2 040 000	2 040 000

3	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Sum brutto driftsutgifter	3 100 000	3 100 000

**Kommentar til tabellen**

Lågterskel fysisk aktivitet for barn og unge og folkehelse/sysselvanar er søknadsbaserte tilskotsordningar. Disponering av midlar til folkehelse, konferansar/kompetanse og psykiatri/rus vert handsama i sak om fullmakter på kultur- og idrettsområdet i utval for kultur, idrett og regional utvikling i byrjinga av året.

## Tilskot til friluftsarbeid

Kroner

3	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Arboretet på Milde	200 000	205 000
Bergen og Hordaland turlag	786 000	806 000
Bergen og Omland friluftsråd	2 035 000	2 091 000
Forum for natur og friluftsliv Hordaland	125 000	130 000
Friluftslivets ferdselsårer		1 155 000
Friluftslivet sitt hus i Hordaland	125 000	140 000
Friluftsrådet Vest	588 000	603 000
Gradering og merking av turløyper	770 000	
Haugesund turistforening	25 000	25 000

Tabellen held fram på neste side.

3	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Kartlegging og verdsetting av friluftsområder	428 000	
Norges Jeger- og Fiskeforbund	100 000	100 000
Rallarvegen	50 000	-
Tilskot friluftslivstiltak	2 050 000	2 100 000
Tilskot i friluftsområder	6 000 000	5 500 000
Turistsatsing – sykkel Hellesøy–Fedje	150 000	-
Turløyper på Kvamskogen	100 000	100 000
Vestkystparken	1 530 000	1 570 000
Sum brutto driftsutgifter	15 062 000	14 525 000
Sum driftsinntekter	-8 050 000	-7 600 000
Sum netto driftsutgifter	7 012 000	6 925 000

### Kommentarar til tabellen

#### Friluftslivets ferdsselsårer

Friluftslivets ferdsselsårer er eit nytt nasjonalt prosjekt (2019–2023) som er forankra i Handlingsplan for friluftsliv (2018). Målet er å fremje planlegging, opparbeiding, skilting og merking av samanhengande nettverk av turstiar i kommunane. Friluftslivets ferdsselsårer er ei naturleg vidareføring av arbeidet i kommunane med kartlegging og verdisetting av friluftsområde (fullført i alle kommunane i Hordaland i 2019) og merking og gradering av turløyper. Fylkesrådmannen tilrår å finansiere arbeid med friluftslivets ferdsselsårer ved å slå saman budsjettpostane kartlegging og verdisetting av friluftsområde og merking og gradering av turløyper, totalt 1 155 000 kr.

Fylkesrådmannen foreslår ikkje løyving til Rallarvegen og Turistsatsing – sykkel Hellesøy – Fedje, ettersom aktørane ikkje har søkt.

#### Tilskot friluftstiltak og tilskot friluftsområde

Dette er statlege tilskotsordningar som fylkeskommunane forvaltar. I 2018 fekk Hordaland tildelt 2,1 mill. kr i tilskot til friluftstiltak og 5,5 mill. kr i tilskot til tilrettelegging av statleg sikre friluftsområde. Desse tala vert lagt til grunn i 2019.

#### Vestkystparken

Vestkystparken er eit regionalt partnerskap for strategisk, praktisk og økonomisk samarbeid om viktige friluftslivsområde langs kysten i Rogaland og Hordaland. Utfordringar knytt til maritim forsøpling har stort fokus, og det vert arbeidd med å skape ein berekraftig samhandlingsmodell for handtering av det eigarause avfallet. Det er avgjerande med ein føreseieleg økonomi i høve til å løyse denne samfunnsutfordringa. Hordaland fylkeskommune har no leiarskapet og sekretariatsansvaret for Vestkystparken (2018–2021). Vestlandsrådet har også engasjert seg på dette fagområdet

## KUNSTFORMIDLING

Tal i tusen

2	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Endring %
Administrasjon kunst- og kulturformidling	9 865	9 893	0,3 %
DKS spelemidlar/fylkesturnear	22 012	20 110	-8,6%
Den kulturelle spaserstokken	3 000	3 000	0,0 %

Tabellen held fram på neste side.

2

	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Endring %
Kunstinstitusjonar med statleg driftsavtale	17 002	18 262	7,4 %
Kunstføremål	18 603	19 578	5,0 %
Sum brutto driftsutgifter	70 482	70 844	0,5 %
Sum driftsinntekter	-22 271	-21 110	-5,2 %
Netto driftsutgifter nominelt	48 211	49 734	3,2 %
Netto driftsutgifter i 2019-kroner	49 455	49 708	0,6 %

## Kommentarar til tabellen

### DKS-spelemidlar

Hordaland fylkeskommune får overført spelemidlar til formidling av kunst og kultur i skulen. Spelemidlar kan ikkje brukast til administrasjon av tiltaket, men skal nyttast til konkrete kulturprosjekt retta mot elevar i grunnskulen og vidaregåande skule. Etter nedlegginga av skulekonsertordninga og innlemming av Rikskonsertane i Kulturtanken vert det ikkje lenger gjeve eige tilskot til dette. Midlane vert del av den samla tildelinga av DKS-spelemidlar.

### Oppgåver

- Ivareta oppgåver innan kunst- og kulturformidling heimla i delegasjon av statlege forvaltingsoppgåver
- Understøtte Hordaland fylkeskommune sin vedtekne regionale politikk for utvikling av eit sterkt, mangfaldig og ambisiøst kunst- og kulturliv i heile fylket, både innan amatørkultur og profesjonell kunst
- Formidle eit mangfald av kunst- og kulturuttrykk til alle elevar i grunnskulen og den vidaregåande skulen

### Tenesteproduksjon

- Ansvar for utvikling, produksjon, formidling og praktisk tilrettelegging av kunst- og kulturtilbodet til skulane i Hordaland. Arbeidet skjer i samarbeid med den statlege Kulturtanken – Den kulturelle skolesekken Norge
- Forvaltning av tilskot til andre og eigne produksjonseiningar. Mottakarane skal vere regionale verksemder som medverkar til kulturelt mangfald og kulturell utvikling i fylket
- Forvaltning av økonomiske tilskot (faste driftstilskot til organisasjonar og institusjonar, investeringstilskot og prosjektbasert støtte)
- Fylkesmusikarordninga

### Særskilde tiltak i 2019

Gjennom omprioriteringar har fylkesrådmannen i nokon grad styrkt og konsolidert felt der Hordaland fylkeskommune har eit særleg ansvar, og der det er stor trong for styrking.

- Hordaland teater har etablert ei nynorsk scene lokalisert i Bergen, på bakgrunn av vedtak i fylkestinget. Hordaland fylkeskommune har sett dette som ei viktig kulturpolitisk prioritering, og har følgd opp med styrking av drifta. Teateret har søkt om ei auke på 1 million kr for 2019, og fylkesrådmannen foreslår å auke budsjettet i samsvar med søknaden. Midlane skal særleg medverke til å kunne ivareta teateret sitt turneoppdrag samstundes som etableringa av nynorsk scene krev ressursar.
- Auke i driftsstøtte til Hordaland kunstsenter for å vidareføre satsinga på kompetanse og rådgjeving om kunst i offentleg rom. Denne tenesta gjev råd til kommunar og andre, og har vore eit vellukka KUP-prosjekt over tre år. Det er viktig å styrke og oppretthalde den regionale kompetansen på dette feltet, noko som og er ei satsing i Regional kulturplan. Senteret har avgrensa ressursar, og auken vil medverke til at senteret får høve til å ivareta dette, saman med andre sentrale oppgåver.
- Auke i driftsstøtte til Skrivekunstakademiet for å sikre at kvaliteten og aktivitetsnivået kan oppretthaldast. Det er trong for auke for at akademiet skal kunne halde tritt med auka utgiftsnivå på lærarkrefter og naudsynnte driftsoppgåver.
- Auke i kunstnarstipend. Dette er ein del av oppfølginga av regional plan for kultur, der tiltaket «Kunstløft» er prioritert. Det er stort tal kvalifiserte søkjarar i forhold til talet på tildelte stipend. Hordaland fylkeskommune har fått klåre tilbakemeldingar frå feltet om at stipend er eit viktig kunstpolitisk verkemiddel.
- Auke i driftstilskot til Teaterdrift (Cornerteateret) for å vidareføre ordninga med dagleg leiar. Denne stillinga er avgjerande for at føremålet med Cornerteateret (underbruk av Teaterdrift) skal kunne oppretthaldast.
- Auka støtta til UKM-arrangementet (Ung Kultur Møtast). Det er naudsynt å styrke arrangementet administrativt og fagleg.

## Kunstinstitusjonar med statleg driftsavtale

Kroner

3	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Bergen Nasjonale Opera	4 425 000	4 539 000
Hordaland teater	6 783 000	7 783 000
Carte Blanche	5 794 000	5 940 000
Sum brutto driftsutgifter	17 002 000	18 262 000
Bruk av fondsmidlar	0	-1 000 000
Netto driftsutgifter	17 002 000	17 262 000

## Kommentarar til tabellen

Bergen Nasjonale Opera, Carte Blanche og Hordaland Teater vert finansierte frå fleire kjelder. Desse institusjonane ligg på statsbudsjettet, og totalfinansieringa er fordelt prosentvis etter avtale mellom partane. Tabellen nedanfor syner korleis tilskota til den ein skilde institusjonen vert fordelte mellom tilskotspartane.

Hordaland teater har etablert ei nynorsk scene lokalisert i Bergen, på bakgrunn av vedtak i fylkestinget. Hordaland fylkeskommune har sett dette som ei viktig kulturpolitisk

prioritering, og har følgd opp med styrking av drifta. Fylkesrådmannen foreslår å auka tilskotet til Hordaland teater med 1 mill. kr i 2019. Midlane skal særleg medverke til å kunne ivareta teateret sitt turneoppdrag samstundes som etableringa av nynorsk scene krev ressursar. For å finansiere det auka tilskotet til Hordaland teater i 2019 foreslår fylkesrådmannen å nytte fondsmidlar. Innanfor ordninga med Kulturelt utviklingsprogram er 3 mill. kr brukt tidlegare år utan at avsetjinga som var tiltenkt desse midlane er nytta. Fylkesrådmannen foreslår difor å nytte desse midlane i budsjett 2019 fordelt med tilskot til Hordaland teater og til Sentralbadet, jf. seinare omtale.

3	Stat	Fylke	Kommune
Bergen Nasjonale Opera	70 %	15 %	15 %
Hordaland teater	70 %	30 %	
Carte Blanche	70 %	15 %	15 %

## Kunsthøremål

Kroner

3	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Ambrosiahuset gjesteatelier	60 000	62 000
Bergen Assembly/Bergenstriennalen AS	305 000	313 000
Bergen senter for elektronisk kunst	135 000	138 000
Bergens kunsthall/Bergen kunstforening	414 000	424 000
Festspillene i Bergen	4 793 000	4 900 000

Tabellen held fram på neste side.



3

	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Festspillene i Bergen – festspelsatelittar	200 000	200 000
Folkemusikkstipend	150 000	100 000
Hardingpuls	83 000	85 000
Hordaland kunstsenter	3 500 000	3 852 000
Internasjonalt gjesteatelier	239 000	239 000
Internasjonalt kultursamarbeid	185 000	180 000
Juleprosjekt Orknøyane og Edinburgh	180 000	180 000
Kraft Bergen AS	50 000	51 000
Kulturavtale Basse-Normandie	214 000	150 000
Kunstnarhuset Messen	152 000	156 000
Kunstnarstipend	380 000	580 000
Kunstnerverksteder CS55	51 000	52 000
Litteraturhuset i Bergen	839 000	860 000
Norsk Forfattersentrum Vestlandet	51 000	52 000
Proscen	176 000	180 000
Radøy kunstsenter	50 000	-
Samtidsmusikkensemblet BIT 20	782 000	802 000
Skrivekunstakademiet	2 741 000	3 100 000
Stiftelsen 3,14	1 573 000	1 612 000
Stiftelsen Fargespill	828 000	830 000
Stiftelsen kulturhuset USF / Visningsrommet USF	51 000	52 000
USF-Verftet driftstilskot – Stiftelsen kulturhuset USF	114 000	117 000
Vestlandsutstillinga	152 000	152 000
VISP – Produsentenhet for visuell kunst	155 000	159 000
Vestlandsutstillinga	150 000	152 000
VISP – Produsentenhet for visuell kunst	153 000	155 000
Sum brutto driftsutgifter	18 603 000	19 578 000

### Kommentarar til tabellen

#### Generelle omsyn

I Regional kulturplan 2015–2025 har Hordaland fylkeskommune forma ein regional politikk for det profesjonelle kunstfeltet, og gjennom denne varsla ei satsing på dette. Jamt over har institusjonane og organisasjonane innan kunstfeltet søkt om monaleg auke i driftstilskota. Det er likevel ikkje mogleg å imøtekome dette av omsyn til budsjettramma.

#### Hordaland kunstsenter

Institusjonen får all si offentlege driftsstøtte frå Hordaland fylkeskommune. Senteret har, med støtte frå KUP, gjennom nokre år satsa på tilby kompetanse for kommunar og andre innanfor feltet kunst i offentlege rom. Driftstilskotet er foreslått auka for å kunne vidareføre denne satsinga, jf. Regional kulturplan. Senteret har frå før tronge rammer og må styrkast for å kunne ivareta oppgåva.

**Internasjonalt kultursamarbeid**

Denne posten vert i hovudsak nytta til prosjekt i samarbeidsregionane og kan støtte særlege satsingar i desse, men kan og støtte opp anna internasjonalt kultursamarbeid.

**Juleprosjekt Orknøyane, Edinburgh**

Posten er nytta for å støtte dei tradisjonsrike adventsmarkeringane med juletretenning og vinterfestival. Det er stor merksemd om arrangementa i Kirkwall og Edinburgh. På Orknøyane legg kultur- og idrettsavdelinga opp turne i skulane, i tillegg til konsertar. Adventsmarkeringane vil gå som ordinært i 2019.

**Kulturavtale Basse Normandie**

Regionreform i Frankrike, har medført at Basse Normandie no er del av den nye regionen Normandie. Samarbeidsavtalen frå 2009 må difor reviderast. Det er aktuelt å gje stønad til at kunstnarar frå Hordaland kan delta i festivalen Les Boreales i november.

**Radøy kunstcenter**

Det er ikkje motteke søknad om driftsstøtte for 2019. Status for senteret er og noko uklår. Mellom anna er det endringar i samarbeidet med vertskommunen.

**Skrivekunstakademiet**

Skrivekunstakademiet mottok all si driftsstøtte frå

Hordaland fylkeskommune. Det er føreslege auke i driftsstøtta til Skrivekunstakademiet for å sikre at kvaliteten på tilbodet og aktiviteten kan oppretthaldast og utviklast. Det er trong for auke i tilskotet for at akademiet skal kunne halde tritt med auka utgiftsnivå på lærarkrefter og naudsynte driftsoppgåver.

**Stipend: Folkemusikkstipend**

I 2018 var det budsjettert med kr 150 000, men det vart berre delt ut stipend for kr 100 000.

Dei unytta midlane på kr 50 000 vert, etter vedtak i KIRU, avsett på fond og overført til 2019, slik at det samla vert kr 150 000 til føremålet.

**Stipend: Kunstnarstipend**

I samsvar med Regional kulturplan og det prioriterte satsingsfeltet «Kunstløft» er det lagt inn ei auke i posten på kr 200 000. Det er etablert prosedyrar for omfattande fagleg medverknad i arbeidet med tildeling av stipend. Fylkesrådmannen tek sikte på at kr 550 000 vert fordelte som stipend, og kr 30 000 vert nytta til vederlag for kunstnarar og andre som medverkar i vurderinga. Det er stor søknadsmengde til stipenda, med i hovudsak godt kvalifiserte søkjarar.

**KULTURFØREMÅL**

Tal i tusen

2	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Endring %
Barne- og ungdomsarbeid	2 450	2 370	-3,3 %
Vaksenopplæring	628	634	1,0 %
Kulturverksemder og kulturtiltak	18 486	18 494	1,0 %
Stønad etter vedtak	3 296	3 250	-1,4 %
Kulturelt utviklingsprogram	6 637	6 520	-1,8 %
Tilskot til kulturhus	9 300	12 673	36,3 %
Sum brutto driftsutgifter	40 797	43 941	7,7 %
Sum driftsinntekter	-3 000	-6 337	111,2%
Netto driftsutgifter nominelt	37 797	37 604	-0,5 %
Netto driftsutgifter i 2019-kroner	38 772	37 604	-3,0 %

## Barne- og ungdomsarbeid

Kroner

3	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Ung Vest (Hordaland barne- og ungdomsråd)	650 000	650 000
Tilskot barne- og ungdomsorg.	1 000 000	800 000
Ung Kultur Møtast (UKM)	800 000	920 000
Sum brutto driftsutgifter	2 450 000	2 370 000

## Kommentarar til tabellen

*Ung Vest*

Ung Vest (tidl. HBUR – Hordaland barne- og ungdomsråd) er ein nettverksorganisasjon for barne- og ungdomsorganisasjonar.

*Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar*

I tråd med Regional kulturplan er det tidlegare gjort ein gjennomgang av eksisterande stønadsordningar for å få dei i samsvar med behova på kulturfeltet. Denne driftsstønadsordninga har hatt ein nedgang i søkjartal sidan 2014; frå 35 søkjarar til 25 søkjarar i år. Det eksisterer ikkje ein driftsstønadsordning på dette feltet i Sogn og Fjordane fylkeskommune og fylkesrådmannen foreslår difor ein ny gjennomgang av denne ordninga i 2019.

*UKM – Ung Kultur Møtast*

Tidlegare «Ungdommens kulturmonstring» har dei siste åra hatt positiv utvikling. Gjennom dei fire siste åra har Hordaland fylkeskommune styrka arbeidet med UKM Hordaland og innført fleire nye satsingar for å vektleggje UKM som møteplass for ungdom. UKM-festivalen i Hordaland er ein omfattande heilskap av tilbod og opplevingar (framsyningar, konsertar, workshops, sosiale aktivitetar, overnatting osv). Ungdom er ein aktiv part i arbeidet med utviklinga av den årlege festivalen i samarbeid med Hordaland fylkeskommune og produsent. AKKS Bergen har sidan 2015 vore med i arbeidet med UKM-festivalen i Hordaland og for 2019 vil heile produksjonen av festivalen vere lagt til AKKS Bergen. Det er lagt inn auke i tilskotet for å ivareta denne satsinga.

## Vaksenopplæring

Kroner

3	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Tilskot til vaksenoppl.tiltak	400 000	400 000
Vaksenoppl.forb. i Hordaland	228 000	234 000
Sum brutto driftsutgifter	628 000	634 000

## Kommentarar til tabellen

I samsvar med reglane som fylkestinget har vedteke, skal kultur- og idrettsavdelinga administrere tilskot (grunntilskot og administrasjonstilskot) til organisasjonsverksemd for godkjende studieorganisasjonar. Hordaland fylkeskommune gjev og tilskot til paraplyorganisasjonen.

## Kulturverksemder og kulturtiltak

Kroner

3

Budsjett 2018

Budsjett 2019

## I. Fylkesfemnande organisasjonar

*Musikkorganisasjonar*

Hordaland folkemusikklag	69 000	70 000
Hordaland korforbund	196 000	200 000
Norges Musikkorpsforbund Hordaland	483 000	493 000
Norsk Musikkråd – Hordaland	221 000	226 000
Norsk Musikkråd – Hordaland: Fylkessekretariatet for song og musikkorg i Hordaland	209 000	209 000

*Interesseorganisasjonar*

Det felles innvandrerråd i Hordaland	650 000	660 000
Hordaland fylkeshusflidslag	371 000	380 000

## II. Kulturverksemder

*Musikk*

AKKS Bergen	46 000	47 000
Bergen Filharmoniske ungdomsorkester / Ung Symfoni	153 000	154 000
Brak (tidl. Brak – Bergen Rock Aktører)	355 000	363 000
Edvard Grieg kor ( tidlegare Kor Vest)	520 000	533 000
Kulturhuset Østre	104 000	106 000
Musica Nord	142 000	146 000
Ole Bull Akademiet	278 000	284 000
Orkesteret Fossegrimen	220 000	220 000
Stiftelsen prof. Jiri Hlinka klaverakademi	135 000	138 000
Stiftinga Fartein Valen	311 000	312 000
Vestnorsk Jazzsenter (Inkl. Bergen Big Band)	1 347 000	1 380 000

*Scenekunst*

Bergen Dansesenter	120 000	123 000
Bømlo Teater	345 000	353 000
Fyllingsdalen teater	305 000	312 000
Stiftelsen Bergen Internasjonale Teater	511 000	523 000
Teaterdrift Bergen AS – Cornerteateret	618 000	733 000
Vestlandske Teatersenter	412 000	422 000

Tabellen held fram på neste side.

3

	Budsjett 2018	Budsjett 2019
<i>Film</i>		
Cinematket	100 000	102 000
Vestnorsk filmsenter	1 209 000	1 239 000
<i>Formidlingsorganisasjonar</i>		
FN-sambandet Vest/Internasjonal uke	100 000	102 000
Hordaland Folkeakademi	440 000	440 000
Moster Kyrkehistoriske senter/Moster Amfi	920 000	940 000
Seglskipet "Statsraad Lehmkuhl"	1 740 000	1 783 000
Vestnorsk Kulturakademi	300 000	300 000
<b>III. Festivalar</b>		
<i>Musikk</i>		
Barnas Festspill	31 000	31 000
Bergen internasjonale filmfestival BIFF	334 000	342 000
Bergen Music Fest	100 000	100 000
Borealis-festivalen	203 000	208 000
Grieg intern. Korfestival/Nina Grieg barnekorfest.	100 000	100 000
Hardanger Musikkfest	333 000	341 000
Hardingtonar, Kvam	88 000	90 000
Nattjazzen i Bergen	160 000	164 000
Osa-festivalen, Voss	74 000	75 000
Vossa Jazz	348 000	361 000
Vossa Jazz-prisen	50 000	50 000
<i>Scenekunst</i>		
Barneteaterfestivalen på Stord / Falturiltu	400 000	400 000
Baroniet i Rosendal – kulturtilskipingar	100 000	102 000
Stiftelsen Bergen Internasjonale Teater – Oktoberdans/Meteor	50 000	51 000
<i>Andre kunstartar</i>		
Foreningen Ekko – Ekko-festivalen	109 000	109 000
Kystsogevekene	1 250 000	1 250 000
Odda kommune / Litteratursymposiet i Odda	213 000	218 000
Olav H. Hauge-senteret / Ulvik poesifestival	81 000	81 000

Tabellen held fram på neste side.

3

	Budsjett 2018	Budsjett 2019
<b>IV. Anna</b>		
1000-årsjubileet for Kristenretten 2024	100 000	100 000
Det Akademiske Kvarter	100 000	-
Distriktsmusikkgruppe	247 000	247 000
Hardingfela.no	300 000	300 000
Kirkelig dialogsenter	200 000	200 000
Tilskot til elitekorps	300 000	300 000
Sum brutto driftsutgifter	18 304 000	18 594 000
Fondsmidlar Fartein Valen senter		-100 000
Netto driftsutgifter	18 304 000	18 494 000

### Kommentarar til tabellen

#### *Vestnorsk Jazzsenter*

I løyvinga til Vestnorsk Jazzsenter på 1,38 mill. kr er det avsett kr 70 000 til drifta av Bergen Big Band.

#### *Teaterdrift Bergen AS – Cornerteateret*

Det er foreslått ei auke i tilskotet for å sikre funksjonen som dagleg leiar ved Cornerteateret. Stillinga er viktig for å lukkast med føremålet til Cornerteateret som eit profesjonelt tilbod til barn og unge, og til det frie scenekunstheltet.

#### *1000-års jubileet for Kristenretten 2024*

Bømlo kommune har teke initiativ til å setje i gang planlegging av jubileet for Kristenretten i 2024. Hordaland fylkeskommune løyvde kr 100 000 til forprosjektet i 2017 og 2018. Denne løyvinga er videreført i 2019. Fylkestinget vedtok i juni 2017 å støtte opp under arbeidet for eit riksjubileum i 2024 knytt til 1000-års markeringa av innføring av Kristenretten, med hovudbase for feiringa på

Moster i Bømlo kommune. Prosjektet bør vidareutviklast i åra fram mot jubileet. Markeringa er tenkt som ein sentral del i det nasjonale prosjektet Noreg gjennom 1000 år, som vil gå frå 2021–2030. Fylkesrådmannen foreslår å nytte den unytta fondsavsetjinga til Fartein Valen-senteret til dette prosjektet i perioden fram til 2024 med startløyving i budsjettet fro 2019.

#### *Det Akademiske Kvarter*

Etter ei samla vurdering finn ikkje fylkesrådmannen rom for å vidareføre driftstilskot til dette føremålet.

#### *Distriktsmusikkgrupper*

Tilskotet til Distriktsmusikkgrupper er basert på ein avtale mellom Hordaland fylkeskommune og Voss kommune. Avtalen med Stord kommune er avvikla. Avtalen med Voss kommune vert sett i samanheng med orkesteret Fossegripen og regionale oppgåver.

### Stønad etter vedtak

Kroner

3

	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Kulturtiltak barn og ungdom – amatør	510 000	510 000
Kunstprosjekt og kult.tiltak barn og ungdom – profesjonell	408 000	400 000
Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell	950 000	950 000

Tabellen held fram på neste side.

3

	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Større kulturprosjekt med regional verdi	1 020 000	1 000 000
Kulturtiltak – amatør	408 000	390 000
Sum brutto driftsutgifter	3 296 000	3 250 000

### Kommentarar til tabellen

Tilskota innanfor ordninga vart lagt om i 2016 som oppfølging av Regional kulturplan. Målsettinga var eit klårare skilje mellom amatørar og profesjonelle, og ei tydeleg

kunstpolitisk satsing. Dette har synt seg å vera ei vellukka omlegging. For å spisse ordningane er namna endra noko. Det vert foreslått ein mindre budsjettreduksjon i 2019.

### Kulturelt utviklingsprogram – KUP

KUP er eit verkemiddel for større satsingar i kulturlivet i Hordaland, og skal støtte nyskapande og målretta prosjekt initierte av kulturlivet. KUP er eit supplement til Hordaland fylkeskommune sin innsats på kulturområdet elles,

og til annan offentleg eller privat økonomisk medverknad. Erfaringar og resultat har vist at denne ordninga med frie midlar til utvikling og nye initiativ har vore svært vellukka.

### Tilskot til kulturhus

Tali tusen

3

Tilskot til kulturhus	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Tilskot til lokale kulturhus	3 000	3 000
Kulturbygg med regionale funksjonar	3 000	1 337
Sentralbadet scenekunsthuss		5 000
Griegghallen	3 300	3 336
Sum driftsutgifter	9 300	12 673
Driftsinntekter		
Tilskot til kulturhus (spelemidlar)	-3 000	-4 000
Bruk av fondsmidler		-2 000
Overført løyving frå 2018	0	-337
Sum driftsinntekter	-3 000	-6 337
Netto driftsutgifter	6 300	5 336

### Kommentarar til tabellen

Det er eit stort behov for arena innan kulturområdet både når det gjeld kunst, scene, museum m.v. Det er pr. i dag stort etterslep i Hordaland når det gjeld tilrettelegging, rehabilitering og utvikling av arenaer.

Når det gjeld overføring av statlege spelemidlar til kulturhus (desentralisert ordning), har løyvingane dei siste åra vorte sterkt reduserte. Dette har Regjeringa grunnjeve med at stadig nye tiltak, som tidligare har vore finansiert over statsbudsjettet, i staden skal finansierast av spelemidlane. I tillegg er det gjort endringar i spelemiddelnoykkelen.

Hordaland fylkeskommune har to ordningar til kulturhus: Tilskot til lokale kulturhus og Tilskot til kulturhus med regionale funksjonar.

#### Tilskot til kulturhus (spelemidlar)

I 2019 foreslår fylkesrådmannen 4 mill. kr i tilskot til kulturhus fordelt med 1 mill. kr lagt inn i ordninga Kulturbygg

med regionale funksjonar og 3 mill. kr innanfor i ordninga Lokale kulturhus. Desse midlane vert fordelt av KIRU i 2019.

#### Kulturbygg med regionale funksjonar (fylkeskommunale midlar)

For 2019 vert det fordelt 1 mill. kr av spelemidlane og kr 337 000 av ubrukte spelemidlar vert overført frå 2018 til kulturbygg med regionale funksjonar.

Det er motteke søknader for til saman knapt 50,2 mill. kr. Prosjekta det er søkt om, har ein samla kostnad på vel 329 mill. kr slik det går fram av oversynstabellen nedanfor. Tabellen viser og kva prosjekt som har fått tilskot og i kva grad prosjekta får tilskot frå kommune/stat. For 2019 er det midlar for 1,337 mill. kr til fordeling. Fylkesrådmannen foreslår slike tilskot innanfor ramma på kr 1 337 000: BEK – Bergen senter for elektronisk kunst kr 300 000 Bymuseet i Bergen kr 1 037 000.

Institusjon		Kostnad	Søknadssum	Tidlegare HFK tilskot	Tilskot frå kommune	Tilskot frå Staten	Tilrådd 2019
BEK – Bergen senter for elektronisk kunst	Oppgradere og tilpasse lokaler	2 076 000	300 000		300 000		300 000
Hardanger og Voss museum	Hardanger fartøyvernsenter – utviklingsprosjektet Tett på	100 000 000	12 000 000	1 900 000		1 200 000	
Hardanger og Voss museum	Voss folkemuseum - ny basisutstilling og oppgradering av bygg	5 500 000	3 000 000	500 000			
Sunnhordland museum	Nytt administrasjons, utstillings- og formidlingslokale		18 240 000	5 886 000			
Bergen Sjøfartsmuseum	Oppgradering og modernisering av Sjøfartsmuseets bygg	28 250 000	4 000 000	1 900 000			
Åsane kulturhus	Nytt bygg saman med vgs	161 000 000	6 450 000				
Sentralbadet Litteraturhus i Odda	Ventilasjonsanlegg	5 970 000	1 000 000	1 400 000	135 000		
Bymuseet i Bergen	Rehabilitering og bygningsmessig oppgradering Bryggens Museum	26 500 000	5 250 000				1 037 000
Samla							1 337 000

Tabell over søknader til kulturbygg med regionale funksjonar der fylkesrådmannen sitt forslag går fram av kolonna til høgre.

#### Griegghallen

Fylkestinget har vedteke årleg løyving i 20 år på om lag 3,3 mill. kr til opprustinga av Griegghallen. Summen er avhengig av rentenivået.

#### Sentralbadet Bergen

I samsvar med vedtak i fylkestinget i juni 2018, er det lagt inn 5 mill. kr for 2019. For å finansiere deler av tilskotet til

realisering av Sentralbadet scenekunsthuss, foreslår fylkesrådmannen å nytte 2 mill. kr i fondsmidlar. Innanfor ordninga med Kulturelt utviklingsprogram er 3 mill. kr brukt tidlegare år utan at avsetjinga er nytta. Fylkerådmannen foreslår difor å nytte desse midlane i budsjett 2019 fordelt mellom Hordaland teater og Sentralbadet scenekunsthuss.



## STAB / STØTTE

Tal i tusen

2	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Endring %
Sum brutto driftsutgifter	8 500	-7 610	-10,5 %
Netto driftsutgifter i 2019-kroner	8 719	-7 610	-12,7 %

**Kommentarar til tabellen**

Seksjonen er utførande eining på kultur- og idrettsavdelinga for ansvarsområdet. Det er 8 tilsette fordelt på 7,2 årsverk (inkl. fylkesdirektør). Løn utgjør størsteparten av budsjettet og i 2019 har fylkesrådmannen trekt inn vaksar på om lag 750 000 kr. I tillegg til løn er det sett av om lag 1,6 mill. kr til drift som er felles for heile avdelinga. Dette forklarar det meste av reduksjonen på 12,7%.

**Oppgåver og tenesteproduksjon**

Staben arbeider med funksjonar som er strategisk relaterte og som gir retning for organisasjonen sitt arbeid

med fellesoppgåver og som ikkje fell inn under dei enkelte fagseksjonane sitt fagområde.

Støttefunksjonane har som eit av hovudmåla å avlaste og forenkle drifta i linja. Døme på slike oppgåver er felles økonomistyring av rekneskap og budsjett, arkivtenester, støtte linjeleiarane i rekrutteringsprosessar, sjå til at aktuelle rutinar og regelverk vert ivareteke, syte for tilskotsoppfølging og sjå til at elektroniske verkty som t.d. personalportalen og personalarbeidet vert følgd opp i samsvar med gjeldande retningslinjer.





# Fellesfunksjonar

## FELLESFUNKSJONAR

### Kontingentar m.m.

Der er ført opp 10,1 mill. kr til kontingentar. KS-kontingen- ten er på 9,5 mill. kr. Andre kontingentar gjeld Conference of Peripheral Maritime Regions of Europe, Norsk Gass- forum, Bergen Næringsråd, Transparency International, Kraftfylkekongingent og Landssamanslutninga av nynorsk- kommunar.

Partane i kommunal sektor oppretta i 2002 ei "OU-ordning" (Opplæring- og utviklingsordning). KS administrerer ordnin- ga. Finansieringa er delt med 1/3 på arbeidstakar- og 2/3 på arbeidsgjevarsida. Fylkeskommunen (arbeidsgjevar) sin del av kostnaden er rekna å utgjere om lag 2,5 mill. kr.

Det er ført opp tilskot på 1,1 mill. kr til Vest Noregs Brus- selkontor.

Til bedriftsidrettslaget Hordane er det budsjettert med tilskot på kr 75 000.

### Ymse tilskot

Fylkeskommunen har gjeve tilskot til ymse lag og orga- nisasjonar som ikkje høyrer naturleg inn under dei ulike sektorane. I 2018 vart det fordelt følgjande tilskot:

	2018
Raftostiftelsen	360
Kirkens SOS	150
FFO	270
SAFO	60
Dysleksiforeningen i Bg.	10
Actis-Hordaland	100
FRI	300
Pensjonistforbundet	50
<b>Sum</b>	<b>1 300</b>

Fylkesutvalet vedtok i sak 64/2018 kriterium for tildeling av ymse tilskot. Det vart gjort slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet godkjenner at det vert oppretta ei søknadsordning til erstatning for budsjettposten «ymse tilskot».
2. Fylkesutvalet godkjenner ei ramme for søknadsordninga på 1,5 mill. kr.
3. Fylkesutvalet godkjenner tildelingskriterium og prosedyre slik det går fram av saksutgreiinga.

### Viktige kriteria var følgjande:

- Tilskotet går til tiltak som kjem hordaland- samfunnet til gode, og ligg innanfor kjerne- områda for fylkeskommunen si verksemd.
- Tilskotet går til tiltak som understøttar hovudmå- la som går fram av utviklingsplan for Hordaland.

Følgjande organisasjonar har søkt om tilskot for 2019:

	Tal i tusen
Raftostiftelsen	450
FFO / FI-senteret	400
SAFO Sørvest	90
Norges Handikapforbund Sørvest	70
Epilepsiforeningen i Bg. og omegn	20
Kirkens SOS	180
Pensjonistforbundet Hordaland	200

Raftostiftelsen gjev eit omfattande tilbod til vidaregåande skolar om undervisning innanfor emne som menneskeret- tar, diskriminering, demokrati m.m. Fylkesrådmannen gjer framlegg om eit tilskot på kr 375 000.

FFO er ein paraplyorganisasjon for funksjonshemmedes organisasjonar som representerer 62 medlemsorganisa- sjonar med til saman 30 000 medlemmer i fylket. Ei viktig oppgåve for FFO er å sørge for brukarmedverknad, m.a. for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Vidare arbeider FFO for å ivareta rettar, likeverd og likebehandling for menneske med nedsett funksjonsevne, skjulte lidingar og kronisk sjukdom. Fylkesrådmannen gjer framlegg om eit tilskot på kr 275 000.

SAFO Sørvest ei ein liknande organisasjon som FFO, men med færre medlemsorganisasjonar. Fylkesrådmannen gjer framlegg om eit tilskot på kr 60 000.

Norges Handikapforbund Sørvest er ein av medlemsor- ganisasjonane i SAFO Sørvest. Om fylkeskommunen gjev tilskot til «paraplyorganisasjonane», vil fylkesrådmannen ikkje rå til å gje tilskot til kvar av medlemsorganisa- sjonane. I så fall vil det etter kvart bli snakk om tilskot til fleire titals organisasjonar. Fylkesrådmannen ser det ikkje som realistisk med ei storstilt opptrapping av denne tilskots- ordninga.

Epilepsiforeningen i Bergen og omegn har søkt om kr 20 000 til kurs- og informasjonsarbeid. Epilepsiforen- ingen er ein av organisasjonane som høyrer til under FFO.

Fylkesrådmannen gjer same vurdering som ovanfor om Norges Handikapforbund Sørvest.

Det er vanskeleg å argumentere for at Kirkens SOS sin aktivitet «ligg innanfor kjerneområda for fylkeskommunen si verksemd.» På den andre sida vil tilbodet frå Kirkens SOS kunne vere heilt avgjerande for einskildmenneske. Det vil vere dramatisk for organisasjonen om fylkeskommunen brått kuttar tilskotet. Sidan det er rom innanfor den avsette ramma, foreslår fylkesrådmannen at ein viderefører eit tilskot på kr 150 000 i 2019.

Når det gjeld søknaden frå Pensjonistforbundet, vurderer fylkesrådmannen det slik at denne stiller noko svakt i høve til kriteria som er sett for tilskotsordninga. Det finst også andre tilsvarande organisasjonar som kan kome til å søkje. Eit av hovudmåla i Utviklingsplan for Hordaland er å arbeide for eit inkluderande samfunn. I høve til dette punktet kan Pensjonistforbundet ha ei rolle ved å medverke til at ikkje dei eldre fell utanfor. Fylkesrådmannen gjer framlegg om eit tilskot på kr 40 000.

*Oppsummering av fylkesrådmannen sitt forslag til tildelingar i 2019:*

	2019
Raftostiftelsen	375
FFO	275
SAFO	60
Kirkens SOS	150
Pensjonistforbundet	40
Sum	900
Udisponert ramme	600

Foreslåtte tilskot summerer seg til kr 900 000. Fylkesutvalet vedtok ei ramme på 1,5 mill. kr i sak 64/2018. Fylkesrådmannen legg inn 1,5 mill. kr i budsjettet. Ein har dermed ein reserve på kr 600 000 som kan disponerast seinare.

### Arbeidet med regionreform

Staten har løyvd 15 mill. kr til kvar av fylkeskommunane som slår seg saman. Vestland fylkeskommune har dermed 30 mill. kr frå staten til disposisjon. Fellesnemnda har vedteke fordelinga av desse midlane.

Summen frå staten har vore tilstrekkeleg til arbeidet så langt, men gjennomgang av arbeidet fram til 2020 viser at det vil vere behov for meir midlar. Overslag tyder på eit samla behov på 55 mill. kr utover summen på 30 mill. kr frå statleg hald. Fylkesrådmennene har drøfta deling mellom Hordaland og Sogn og Fjordane av summen på 55 mill. kr og foreslår deling i forholdet 60/40 slik at Hordaland sin del vert 33 mill. kr.

Ein stor del av summen gjeld IT-kostnader og vert dekkja innanfor summen som er budsjettert under IT-fellessystem på investeringsbudsjettet. Utover dette er det foreslått sett av 8 mill. kr som er budsjettert under området Fellesfunksjonar.

### Tilleggsøyvingskonto fylkesutvalet

Til tilleggsløyvingar er det i 2019 ført opp kr 3 914 000. I 2018 var tilleggsløyvingskontoen kr 1 734 000.

### Lønsavsetjing/premieavvik

Lønsbudsjetta for dei einskilde skular og einingar er utarbeidde i forventa lønsregulativ pr. 01.01.2019. Lønsavsetjinga skal dekkje venta lønsauke i 2019. I samsvar med statsbudsjettet sine føresetnader har ein lagt til grunn ein lønsvekst på 3,25 % frå 2018 til 2019. Til dette trengst det 72,7 mill. kr.

På neste side er det vist ei liste over amortisering av premieavvik frå tidlegare år. Premieavviket som vil oppstå i 2018 er enno ikkje kjent. Ein har berre prognosar. Ein set av 10,4 mill. kr til amortisering av forventa premieavvik som vil oppstå i 2018.

Prognosen frå Statens Pensjonskasse tilseier at kostnaden som skal rekneskapsførast vil bli om lag 33,7 mill. kr lågare enn betalt premie, altså eit positivt premieavvik.

For pensjonsordninga i KLP har ein gjennom fleire år budsjettert med ein premie på 14 %. Dette har vist seg å ligge i nærleiken av kostnaden ein endar opp med, etter å ha bokført eventuelle premieavvik. Prognosen for 2019 er at kostnaden inklusive arbeidsgjevaravgift, vil bli 12 mill. kr lågare enn budsjettert premie.

Til saman utgjer positive premieavvik i KLP og SPK 45,7 mill. kr. Ein fører denne summen opp som eit frådrag i, og endar då opp med ei avsetjing på 37,4 mill. kr.

*Dette kan oppsummerast slik:*

	Mill. kr
Lønsavsetjing for 2019	72,7
Amortisering av premieavvik frå 2018	10,4
Prognose premieavvik SPK 2019	-33,7
Prognose premieavvik KLP 2019	-12,0
Netto avsetjing	37,4

### Amortisering av premieavvik frå før 2018

I følgje rekneskapsreglane skal pensjonskostnad leggjast til grunn for rekneskapsføring av pensjonspremie. Avviket mellom betalt premie og pensjonskostnad vert kalla premieavvik. Premieavviket skal dekkast inn over ein fastsett periode. Perioden for inndekking er fleire gonger blitt korta ned.

Premieavvik som oppstod i perioden 2002–2010 skal dekkast inn over 15 år. Premieavvik frå 2011–2013 skal dekkast over 10 år. Premieavvik oppstått i 2014 og seinare skal dekkast over 7 år.

Storleiken på premieavviket for 2018 er enno ikkje kjent. Inndekking av premieavviket for 2018 er difor ikkje ført opp

på dette budsjettkapitlet, men vert dekkta av lønsavsettninga. Summen som er budsjettert for inndekking i 2019, er 1/15 av premieavviket for kvart av åra 2004–2010, 1/10 av premieavviket for 2011–2013 og 1/7 av premieavviket for 2014–2017.

Summen kjem fram slik:

År	kr 1 000
2004	2 928
2005	635
2006	1 936
2007	855
2008	3 011
2009	6 075
2010	6 078
2011	6 468
2012	4 928
2013	4 267
2014	6 071
2015	8 986
2016	3 641
2017	2 597
Sum	58 476

#### Overføring til investeringsbudsjettet

Fylkesrådmannen har ført opp 95 mill. kr av driftsmidlar til finansiering av investeringar. I 2018 vart det budsjettert med 70 mill. kr.

## RENTER OG AVDRAG

Tal i heile 1000 kr

		Budsjett 2018	Budsjett 2019	Endring %
Renter	Utgifter	234 400	241 700	3,1 %
	Inntekter	-31 900	-42 900	34,5 %
	Netto utgift	202 500	198 800	-1,8 %
Avdrag	Utgifter	575 000	650 000	13,0 %
Sum	Brutto utgifter	809 400	891 700	10,2 %
	Inntekter	-31 900	-42 900	34,5 %
	Netto utgifter	777 500	848 800	9,2 %

**Renter**

Renteutgiftene for 2019 er rekna til 241,7 mill. kr, ein auke på 7,3 mill. kr i høve til 2018. I utrekninga har fylkesrådmannen teke utgangspunkt i ein rentesats på 1,75 % for lån med flytande rente. Nokre lån har rente som vert fastsett ut frå 3 mnd. Nibor + ein fast margin. Den avtalte marginen kjem då i tillegg til budsjettrenta på 1,75 %.

Om lag halvparten av eksisterande lån har fast rente, og gjeldande rentesatsar blir nytta ut bindingsperioden. Gjennomsnittleg lånerente for heile låneporteføljen er i budsjettet for 2019 2,23 %.

Renteinntektene er budsjettert til 15,4 mill. kr.

Vidare vert det budsjettert med 27,5 mill. kr i rentekompensasjon frå staten på lån til skuleinvesteringar og veginvesteringar.

**Avdrag**

Det er budsjettert med 650 mill. kr i avdrag, ein auke på 75 mill. kr i høve til 2018. Raskare tilbakebetaling av lån er med på å bremse den sterke gjeldsveksten ein har sett dei siste åra.







# Frie inntekter og kraftinntekter

## FRIE INNTEKTER

Tal i heile 1000 kr

	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Endring %
Skatt	3 286 470	3 347 300	1,9 %
Rammetilskot	3 190 945	3 284 700	2,9 %
Sum	6 477 415	6 632 000	2,4 %
Sum i 2019-kroner	6 658 783	6 632 000	-0,4 %

Dei frie inntektene for fylkeskommunen omfattar fylkes- skatt og rammetilskot.

### Kommuneproposisjonen

I kommuneproposisjonen for 2019 varsla regjeringa at fylkeskommunane vil få ei utvikling i frie inntekter på mellom -0,1 og 0,1 mrd. kr. Den svake utviklinga vert grunnjeven med nedgang i demografiutgifter (først og fremst færre 16–18 åringar).

### Statsbudsjettet

I statsbudsjettet står det at «Fylkeskommunenes frie inntekter i 2019 holdes reelt uendret sammenliknet med 2018». Dette er som ein forventa i rammesaka i juni 2018.

Hordaland tapte på omlegginga av kostnadsnøklane i 2015. Tapet vert fasa inn gjennom ei overgangsordning over 5 år. Hordaland får ei nedtrapping i rammetilskotet på ca. 11 mill. kr kvart år til og med 2019.

I 2017 fekk Hordaland auka skjønstilskot for delvis å kompensere for eit stort tap som følgje av oppdaterte data

over innbyggjarar busett spreitt. Skjønstilskotet blir trappa ned igjen i 2018 og 2019, med ein reduksjon på 10 mill. kr i 2019.

På nokre av kriterieverdiane har Hordaland ei gunstigare utvikling enn landsgjennomsnittet. Dette gjeld først og fremst søkjarar til høgkostnads utdanningsprogram og talet på 16–18 åringar. Samla sett får dermed Hordaland same utvikling i frie inntekter som landsgjennomsnittet frå 2018 til 2019. Det vil seie uendra inntekter i høve til det regjeringa rekna med i mai 2018.

I statsbudsjettet er skatteoverslaget for kommunesektoren i 2018 auka med 2,4 mrd. kr. Samanlikna med dette nye nivået for 2018, vert det ein realnedgang på 0,5 % i 2019.

(Prosentsatsane ein finn i statsbudsjettet stemmer ikkje heilt med det ein ser i tabellen ovanfor. Dette skuldast at Hordaland ikkje har justert budsjetterte skatteinntekter i løpet av året i takt med at regjeringa har justert skatteoverslaget opp og ned.)

# KRAFTINNEKTER

Tal i heile 1000 kr

		Budsjett 2018	Budsjett 2019	Endring %
Konsesjonskraftinntekter	Brutto driftsutgifter	50 000	50 000	0,0 %
	Driftsinntekter	-105 000	-110 000	4,8 %
	Netto driftsinnt.	-55 000	-60 000	9,1 %
Eidfjordavtalen	Brutto driftsutgifter			
	Driftsinntekter	-21 500	-22 000	2,3 %
	Netto driftsinnt.	-21 500	-22 000	2,3 %
	Sum brutto driftsutgifter	50 000	50 000	0,0 %
	Sum driftsinntekter	-126 500	-132 000	4,3 %
	Sum netto driftsinntekter	-76 500	-82 000	7,2 %
	Netto driftsinnt. i 2019-kr	-77 840	-82 000	5,3 %

## KRAFTVOLUM

Hordaland fylkeskommune hadde i 2018 tilgang til om lag 402 GWh konsesjonskraft frå ulike kraftselskap i Hordaland. Krafta vert levert til sjølvkost og seld på kraftmarknaden.

Volumet fylkeskommunen har rett på vert justert årleg basert på utviklinga i forbruket til allmenn forsyning i kommunane. Det er forbruket i allmenn forsyning i den einskilde kommune som regulerer fordelinga av tilgjengeleg konsesjonskraft mellom kommunane og Hordaland fylkeskommune. Kommunen får eit volum som samsvarer med forbruket til allmenn forsyning i kommunen.

Ut frå det ein har kjennskap til i dag er det difor rimeleg å legge til grunn at Hordaland fylkeskommune sitt konsesjonskraftvolum ikkje vert vesentleg endra frå 2018 til 2019 og vil ligge på om lag 402 GWh. Som ledd i arbeidet med samanslåinga med Sogn og Fjordane fylkeskommune er det sett i gang arbeid med å lage eit oppdatert oversyn over dei kraftvolum konsesjonskraft som Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar kan ta ut frå dei ulike kraftselskapa. I dette arbeidet vert det henta inn

informasjon frå NVE om tildelt konsesjonskraftvolum og informasjon om forbruket innafor allmenn forsyning i dei aktuelle kommunane som har overskot av konsesjonskraft som dei to fylkeskommunane har rett til å få tildelt.

Vidare er det sett i gang arbeid med å gå gjennom porteføljen av konsesjonskraftavtalar med sikte på å revidere og oppdatere desse til dei standardar for slike avtalar som vert nytta mellom fylkeskommunar/kommunar og kraftprodusentar.

Konsesjonskrafta vert fastsett og tildelt av NVE. For mange kraftverk er faktisk produksjon vesentleg høgare enn det berekna kraftvolumet som er lagt til grunn. Årsaka kan t.d. vere at det er nytta eldre seriar for tilsig av vann til magasina som ikkje stemmer i høve til slik situasjonen er i dag. Fylkesrådmannen vil difor ta initiativ til eit arbeid der ein får revidert berekningane som dannar grunnlag for fastsetting av produksjonsvolum og konsesjonskraftvolum for dei ulike kraftanlegga. Dette arbeidet bør skje i regi av organisasjonen Kraftfylka og Landssamanslutninga av vasskraftkommunar.

## KRAFTPRIS

Hordaland fylkeskommune har gjennomført anbudsrunder på forvaltning av konsesjonskrafta og har profesjonell bistand i arbeidet med sal av konsesjonskrafta. Det er utarbeidd instruks for forvaltning i samarbeid med rådgjevar.

Fylkeskommunen sit att med differansen mellom konsesjonskraftprisen og salsprisen ein får i marknaden. Salsprisen blir påverka av mellom anna følgjande tilhøve:

- Pris på alternative energikjelder (kol, gass, olje)
- CO<sub>2</sub>-pris
- Magasinnyfylling
- Værtrend
- Overføring av kraft via kablar til utlandet
- Aktivitet i industrien
- Avvikling av kjernekraft
- Etterspørsel etter elektrisk energi
- Produksjon av elektrisk energi

Som det går fram av lista ovanfor er det mange tilhøve som påverkar prisen i kraftmarknaden. Dei råda fylkeskommunen har motteke den siste perioden legg til grunn at kraftprisen kjem til å gå opp i tida framover særleg pga stigande CO<sub>2</sub>-prisar og avvikling av kjernekraft. For 2019 budsjetterer ein difor med ei netto inntekt på 60 mill. kr, som er i tråd med dei sikringsavtalane som fylkeskommunen har inngått for forvaltninga av konsesjonskraftporteføljen.

### Strategi for sal

Hordaland fylkeskommune sin strategi har som mål å fordele 60 prosent av salet over ein sikringshorisont på tre år i terminmarknaden. Sikringsperioden er løpande frå 01.10. tre år før leveringsåret til 30.09. før leveringsåret. Gjennomsnittsprisen for leveringsåret dei siste tre åra vil vere verdien på denne andelen av porteføljen.

Restvolumet på 40 prosent som ikkje er sikra i terminmarknaden, vert levert i spotmarknaden. Denne delen av porteføljen vert selt til den daglege marknadsprisen gjennom leveringsåret.

Fylkeskommunen kan auke sikringsgraden med ytterlegare 25 prosent det einskilde år om marknadssituasjonen tilseier dette.

Alle kraftkontraktar vert omsett i Euro. Fylkeskommunen gjer desse om til NOK etter kvart slik at det ikkje ligg føre risiko knytt til utviklinga på valutamarknaden.

Det vert ikkje gjort finansielle sikringar som overstig det fysiske kraftvolumet som Hordaland fylkeskommune får tilgang på.

### Avtalar med Masfjorden og Modalen kommunar

Gjennom fornying og opprusting av kraftverket Matre H i Haugsdal-Matre vassdraget er sjølvkosten for kraftverket auka til om lag 25 øre/kWh.

Masfjorden kommune og Modalen kommune har gjennom konsesjonshandsaminga for perioden 2018–22 sikra seg rett til å få levert konsesjonskrafta til OED-pris på om lag 12 øre/kWh frå kraftverka Matre H og Vemundsbøtn i staden for den individuelle sjølvkosten som gjeld for desse kraftverka (gamal konsesjon) på om lag 25 øre/kWh.

Gjennom sine disposisjonar vil desse to kommunane kunne sikre at også Hordaland fylkeskommune får sin konsesjonskraft til den låge konsesjonsprisen. På denne bakgrunn har kommunane inngått avtale med Hordaland fylkeskommune om deling av den potensielle gevinsten som oppstår for fylkeskommunen som følge av kommunane sine disposisjonar.

### Eidfjordavtalen

Fylkeskommunen overlet på midten av 1980-talet sin eigardel på 35% i Eidfjord-nord til BKK/SKL. Som kompensasjon får ein frå og med 2005 utbetalt 1 øre pr. kWh. i 1985-prisnivå, rekna etter fastkraftproduksjonen. Beløpet vert årleg justert med auken i konsumprisindeksen. Ein fører opp 22 mill. kr i inntekt frå denne avtalen i 2019.

### Valen Kraftverk AS

Valen Kraftverk AS er 100% eigd av Hordaland fylkeskommune og vert drifta av Kvinnherad Energi AS etter avtale. Selskapet har Valen Kraftverk og retten til å bygge det konsesjonsgitte kraftverket Valedalen, samt ein fallrett i Handalandselva.

Valen Kraftverk, som vart totalrenovert i 2008, er pr. i dag det einaste operative kraftverket til selskapet. Normalårsproduksjon er på 19,3 GWh og installert kapasitet er på 3,8 MW. Valedalen kraftverk er ikkje bygd, men har fått konsesjon og har ein venta normalårsproduksjon på 5,5 GWh. Valen kraftverk AS har også rettar knytt til fall i Handalandselva, men eventuelle prosjekt her er førebels ikkje utgreidd.

Fylkeskommunens formål med eigarskapet er fastsett i «Eigarstrategi – overordna strategi for Hordaland fylkeskommunes eigarstyring» som var framlagt i Fylkestinget den 12.12.2017. Her står det at «Hordaland fylkeskommune sitt formål med eigarskapet er finansielt og strategien er å drive kraftomsetning og auke innteninga.»

I fylkestingsak fekk fylkesrådmannen i oppgåve å vurdere den framtidige eigarskapen til Valen Kraftverk AS, herunder sal av selskapet. Fylkesrådmannen engasjerte THEMA Consulting Group AS til å gjere ein gjennomgang og verdivurdering av selskapet. Som følgje av arbeidet med regionreforma har fylkesrådmannen ikkje vurdert det

som tenleg å gjere ytterlegare utgreiingar kring selskapet. Driftsavtalen med Kvinnherad Energi gjeld ut 2021 og fylkesrådmannen vil kome attende til spørsmålet om vidare eigarskap i samband med det arbeidet som no er starta knytt til eigarskapsstrategi for Vestland fylkeskommune.

## FRAMTIDIG KONSESJONSKRAFTFORVALTING

Vestland fylkeskommune vil samla få tilgang til om lag 800 GWh konsesjonskraft. Prosjektleiari vil i løpet av våren 2019 leggje fram forslag til strategi for forvaltning av konsesjonskrafta for fellesnemnda.

Sommaren 2018 vart det sett ned eit offentleg utval som skal greie ut framtidig system for kraftverksskattlegging og

konsesjonskraftordninga. Utgreiinga skal ifølgje mandatet leggast fram i oktober 2019. Det er venta stor merksemd rundt denne saka og organisasjonane Kraftfylka og LVK følgjer arbeidet tett på vegner av fylkeskommunane.





Ferja Fjøn som trafikkerer mellom Duesund og Masfjordenes



## ØKONOMIPLAN 2019–2022

# Uviss totaløkonomi krev måtehald, effektivisering og brems i investeringstakten

*Økonomiplanen for perioden 2019–2022 inneheld fleire uavklarte spørsmål som alt frå 2020 vil kunne utfordre økonomien til nye Vestland fylkeskommune. Kva innretting inntektssystemet får og nivået på dei frie inntektene framover er avgjerande for handlefridomen til den nye fylkeskommunen. Med utgangspunkt i den høge lånegjelda til Hordaland fylkeskommune og den sterke og varige veksten i årlege driftsutgifter som ventar, er det behov for ytterlegare effektivisering av drifta og brems i investeringstakt kombinert med tydelegare prioriteringar i driftsbudsjetta i åra framover.*

# ØKONOMIPLAN 2019–2022

## NY FYLKESKOMMUNE – UVISS TOTALØKONOMI

Budsjettet for 2019 er det siste for Hordaland fylkeskommune. Alle åra i økonomiplanperioden gjeld Vestland fylkeskommune. Dette gjer det uråd å ha eit detaljert økonomisk opplegg for perioden fram til og med 2022 på dette tidspunktet. Føreliggjande økonomiplan vert difor berre ein peikepinn på den komande økonomiske stoda for Vestland fylkeskommune.

Den samla utfordringa frå 2019 til 2020 er rekna til 335 mill. kr fordelt med 45 mill. kr i auke for renter og avdrag og auke på 290 mill. kr innanfor samferdselssektoren. Summen gjeld auka ferjekostnader og nye bussanbod. I tillegg er det rekna med vekst i inntektene slik at netto-summen er rekna til 290 mill. kr.

Fylkesrådmannen har i skisse til finansiering av driftsutfordringa vidareført opplegget som er i vedteken økonomiplanen med reduksjon på 35 mill. kr frå 2019 til 2020 for sektorane utanom for samferdsel. Hovudutfordringa ligg i samferdselsektoren og fylkesrådmannen meiner denne sektoren må ta sin del av driftstilpassinga. Utover det som er mogeleg å få til i denne sektoren, må ein leggje til grunn

at det vil vere behov for ytterlegare effektiviseringar i dei andre sektorane utover summen på 35 mill. kr som er nemnt over. Fylkesrådmannen kjem nærare inn på dette nedanfor.

Samanslåing av budsjett 2019 for Sogn og Fjordane og Hordaland vil vere utgangspunkt og grunnlag for utarbeiding av budsjett 2020 og økonomiplan for Vestland fylkeskommune.

I løpet av 2019 kjem ein annan sentral faktor på plass i og med at regjeringa legg fram Kommuneproposisjonen der inntektssystemet for dei 11 fylkeskommunane vert presentert. Dette skjer først i mai 2019. Kva utslag systemet vil få for Vestland fylkeskommune er difor enno ukjent. Først etter mai 2019 vil ein ha noko sikrere haldepunkt om totaløkonomien for Vestland fylkeskommune.

Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar skal gjennom 2019 samarbeide om utarbeiding av budsjettet for Vestland fylkeskommune for 2020. Dette er bakgrunnen for at økonomiplandelen denne gongen er korta ned og har meir preg av skisseform.

## INGEN INNTEKTSVEKST I ØKONOMIPLANPERIODEN ?

I statsbudsjettet for 2019 foreslår regjeringa ingen vekst i dei frie inntektene til fylkeskommunane. I kommuneproposisjonen var det varsla vekst i intervallet -100 mill. kr til +100 mill. kr. Med forslag om 0-vekst har ein lagt seg midt i mellom og i det minste unngått å foreslå reduksjon i nivået på dei frie inntektene.

På Finansdepartementet sin budsjettportal finn ein fylkesvise oversyn. Her finn ein m.a. oversyn over utviklinga i frie inntekter. For Hordaland fylkeskommune er den nominelle veksten frå 2018 til 2019 oppgitt til 2,3 %. Løns- og prisstigning er rekna til 2,8 %. Dvs. at det er venta realnedgang på 0,5 %.

For Sogn og Fjordane er det i statsbudsjettet lagt til grunn vekst frå 2018 til 2019 på 0,1 %, altså ein monaleg realnedgang. Bakgrunnen er den store endringa Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk som følge av nytt inntektssystem frå 2015. I perioden fram til 2019 vart inntektsramma tilpassa til det nye nivået i inntektssystemet. I 2019 har Sogn og Fjordane ein særskilt tapskompensasjon på grunn av

endringane i nytt inntektssystem frå 2015 på 106 mill. kr. I kva grad og korleis denne summen vert vidareført i det nye inntektssystemet, vil sjølvstøtt også påverke inntektsnivået ved oppstart av Vestland fylkeskommune.

Utviklinga i dei frie inntektene i økonomiplanperioden er alltid usikker, men denne gongen meir enn vanleg på grunn av dei usikre faktorane nemnde ovanfor, der nytt inntektssystem er ein avgjerande faktor.

Det ser ikkje ut til å vere grunn til å rekne med at ein frå sentralt hald vil gje dei nye fylkeskommunane økonomisk drahjelp frå oppstarten. Fylkesrådmannen har i økonomiplanarbeidet difor lagt til grunn at opplegget frå 2019 med ingen vekst i dei frie inntektene held fram for åra i økonomiplanperioden.

Med føresetnad om ingen vekst i dei frie inntektene og årleg vekst i kapitalutgiftene vert den økonomiske situasjonen pressa ytterlegare i økonomiplanperioden.




## HØG GJELD OG HØGE KAPITALUTGIFTER

Hordaland fylkeskommune har høg lånegjeld som følge av investeringsprogrammet som er gjennomført dei siste åra. Det har medført at lånegjelda er den høgste i landet rekna etter netto gjeldsgrad. Netto gjeldsgrad er definert som gjeld i høve til driftsinntekter.

I budsjettet for 2019 er gjeldsgraden for Hordaland fylkeskommune rekna til 113,6 %.

Fylkestinget har vedteke å setje tak på gjeldsgraden på 115%. Med investeringane det er lagt opp til i økonomiplanperioden, har ein lukkast med å halde seg innanfor denne grensa under føresetnad av at avdragsbetalinga vert oppretthalden.

Med denne føresetnaden er utviklinga slik:



## FINANSIERINGSALTERNATIV

Fylkesrådmannen går i dette avsnittet gjennom moglege måtar å finansiere driftsutfordringa i økonomiplanperioden. Aukende frå 2019 til 2020 er som nemnt på 335 mill. kr aukande til 365 mill. kr i 2021 og 375 mill. kr i 2022.

I og med at ein ikkje enno har oversyn over den samla økonomien til Vestland fylkeskommune, er desse tala førebelse og dei moglege alternative nedanfor må sjåast på som skisser for vidare arbeid med budsjettet for 2020.

Det kan stillast opp følgjande moglege alternativ:

- God vekst i dei frie inntektene som kombinert med effektivisering, langt på veg kan finansiere kostnadsauken
- Særskilt statstilskot til fylkeskommunar som er tidleg ute med å gjennomføre klimatiltak kombinert med driftseffektiviseringar

- Effektivisering av drifta med særleg fokus på samferdslektoren

Fylkesrådmannen vurderer nedanfor dei ulike alternativa:

Det er framanfor gjort greie for at det i statsbudsjettet for 2019 ikkje er varsla særleg vekst i kommunesektoren sine inntekter. For 2019 er kommunane tildelt heile veksten, så det er dermed lite sannsynleg at utfordringa ein står overfor i Vestland fylkeskommune kan løysast med vekst i frie inntekter.

Av klimabudsjettet til Hordaland fylkeskommune går det fram kva miljømessige effektar det grønne skiftet i ferjesektoren har. Klimabudsjettet viser at reduksjonane i CO<sub>2</sub>-utslippa er vesentlege, også i nasjonal samanheng. Det har frå statleg hald så langt ikkje vore vilje til å gå inn i problemstillinga med t.d. å vurdere eigne tilskotsordningar for å hjelpe til ved starten av omlegginga. Fylkestinget vedtok

på tingsetet i oktober 2018 ei fråsegn om slik tilskotsordning, så om fylkestinget sitt forslag får gjennomslag kan ein vone på noko drahjelp frå sentralt hald. Driftsutfor- dringa er likevel så stor at ein ikkje under nokon omstende kjem utanom driftseffektiviseringar.

Etter dette står ein att med det siste alternativet som det mest realistiske, effektivisering av drifta.

Ei mogleg skisse til korleis effektiviseringa kan fordelast går fram nedanfor:

- Effektivisering i vedteken økonomiplan 35 mill. kr
- Effektivisering i samferdselssektoren 50 mill. kr
- Ytterlegare effektivisering andre sektorar enn samferdsel 50 mill. kr
- Bruka av 50 mill. kr frå fond i året 2020

Med ein samla vekst i driftsramma på 335 mill. kr frå 2019 til 2020 manglar ein framleis 150 mill. kr som må dekkast inn i arbeidet med budsjettet for 2020 for Vestland fylkeskommune.

## FORDELING PÅ SEKTORANE

Fylkesrådmannen har ovanfor skissert moglege måtar å redusere driftsrammene på med ein samla reduksjon på 135 mill. kr.

Fylkestinget sitt vedtak i skulebruksplanen viser til moglege innsparingar i opplæringssektoren.

For dei andre sektorane legg fylkesrådmannen til grunn at effektiviseringstiltak og driftsreduksjonar kan gjennomførast som følgje av auka digitalisering og vidare arbeid

med spesialisering. Døme på slik spesialisering er samla ansvar for reinhaldet har vore gjennomført ved samlinga av ansvaret for reinhald er stikkord i denne samanhengen. Gevinstrealiseringar av nye system må også hentast ut som del av effektiviseringsarbeidet. Fylkesrådmannen vil kome attende til konkretisering av dette i budsjettarbeidet for 2020 og økonomiplanen.

Fylkesrådmannen går nedanfor nærare inn på dei to største sektorane opplæring og særleg samferdsel.

## OPPLÆRING

### Strukturendringar

Talet på vidaregåande skular er redusert frå 39 i 2016 til 33 i 2018. I økonomiplanperioden opnar nye Åsane vidaregåande skole i 2020 og det er planlagt oppstart for nybygg/ombygging fleire stader i økonomiplanperioden.

I 2018 vart fleire nybygg ferdigstilte og mange rehabiliteringar og ombyggingar var også klare til bruk ved skulestart 2018.

### Dimensjonering av skuletilbodet

Fylkesrådmannen legg i denne førebelse økonomiplanen opp til å følgje føringane som ligg i den vedtekte skulebruksplanen. Forslaget til investeringsbudsjett for opplæringssektoren er så langt i tråd med planvedtaket.

Ved dimensjoneringa av skuletilbodet i Hordaland må ein ta omsyn til m.a. utviklinga i elevtal, elevtal i private skular,

talet på lærlingar og kor stor del av elevkullet som vel yrkesfaglege studieretningar.

I økonomiplanen vert elevprognosen som vart utarbeidd til skulebruksplanen lagt til grunn. Dei fleste skulane rekrutterer elevar frå fleire kommunar både i og utanfor Hordaland. Med oppstart av Vestland fylkeskommune frå 2020 vil dette omlandet endre seg på same måte som elevprognosen.

Fylkesrådmannen finn det ikkje rett no å gå nærare inn på dette, men kjem attende til dette i prosessen med samanstillinga av budsjetta for Hordaland og Sogn og Fjordane som grunnlag og utgangspunkt for budsjettarbeidet for 2020 for Vestland fylkeskommune.

### Gjennomgang av opplæringsavdelinga

Dei siste åra har ein hatt gjennomgang av avdelingane i

fylkesadministrasjon med sikte på effektivisering og endring i arbeidsmåtar i prosjektet Førebudd på framtida.

På grunn av arbeidet med skulebruksplanen var ikkje opplæringsavdelinga omfatta av det nemnde prosjektet. Fylkesrådmannen vil no gjere tilsvarende gjennomgang av opplæringsavdelinga slik at ein også her får oversyn over

mogelege endringar. Pågåande digitaliseringsprosessar og flytteprosess – med seinare nybygg for fylkesadministrasjonen er faktorar som kan påverke arbeidsmåtene. Det same gjeld etableringa av Vestland fylkeskommune.

Fylkesrådmannen tek sikte på å gjennomføre kartlegginga i 1. halvår slik at eventuelle tiltak kan setjast i verk frå 2020.


## SAMFERDSEL

### Nye ferjeanbod

Fylkeskommunen har inngått seks nye kontraktar for alle ferjesambanda i fylkeskommunal regi. To samband starta opp i 2018, i 2019 startar sambandet Duesund–Masfjordnes. I løpet av 2020 vil resten av ferjesambanda starte opp. Alle sambanda vil bli drifta med heilelektrisk batteriløysing.

Dei nye ferjeanboda er bruttokontraktar og fylkeskommunen vil ha inntektsansvaret. Dei nye kontraktane gir vesentleg meirkostnad knytt til både drift og investeringar i komande økonomiplanperiode. Oppstartskostnader vil gje særleg kostnadsauke i 2020, men held seg på eit mykje høgare nivå samanlikna med 2019 i heile anbodsperioden.

Samla netto driftskostnader for alle rutepakkane er med det estimert til 620 mill. kr for år 2020. For den påfølgjande perioden 2021–2029 vil den årlege netto driftskostnaden i gjennomsnitt vere om lag 522 mill. kr (målt i 2019-kroner). Dette gir ein netto meirkostnad på om lag 285 mill. kr i 2020, og nærare 200 mill. kr i gjennomsnitt for perioden 2021–2029. Her må det understrekast at samanlikninga er på nettokostander slik at inntektsestimata påverkar kor stor auken vert. Overgangen frå netto til brutto kontraktar gjer at inntektsoverslaga er usikre i oppstartsfasen.



### Båtruter

Grunna den økonomiske situasjonen til fylkeskommunen, er det i 2019 foreslått å leggje ned båtsambandet Rekstern–Våge–Os, reduksjon i ruteproduksjonen på Sunnhordlandsruta og på Askøysambandet.

Innanfor kontraktperioden kan det gjennomførast mindre ruteendringar, medan meir omfattande tiltak må knytast til nye anbod. Dagens kontraktar, utanom Bybåtsambanda og

Turistbåt Hardanger, har utløp i 2023 med to pluss to års opsjon.

Turistbåt Hardanger går ut 31.12.2019, og i tråd med trafikplanen for båt vil det ikkje bli lyst ut nytt anbod for Turistbåt Hardanger.

Kontrakten for bybåtsambanda Knarvik–Frekhaug–Bergen og Kleppstø–Strandkaien går ut 31.12.2021. Då er eitt års

opsjon utløyst, og kontrakten gir høve til ytterlegare eitt års opsjon. Trafikkplan for båt, handsama i fylkesutvalet i oktober 2017 (PS 271/2017), tilrår auka kapasitet og løysing med elektrisk batteridrift på Askøysambandet.

Tiltaket inneber ei løysing med to båtar som vil gje auka frekvens og auka total kapasitet pr. time i høve til dagens tilbod. Pr. dags dato er det ingen elektrisk driven hurtigbåt i rute i Noreg med ein slik hastigheit som her er føresett. Tilgjengeleg utprøvd teknologi er såleis ein faktor som verkar inn, i tillegg til tilrettelegging av kai, anbodsførebuing og finansiering. Reguleringsplan for Kleppestømrådet er no vedteken i Askøy kommune, med m.a. plassering av kaianlegg for båtsambandet. Fylkesrådmannen har starta nærare utgreiing av naudsynt tilrettelegging for elektrisk drift, samt ansvarstilhøve og økonomi.

Miljøløysinga og kapasitetsauken vil medføre vesentleg auka kostnader både til drift og investeringar for sambandet. Estimert årleg meirkostnad er 20-25 mill. kr, eksklusiv støtte frå Enova, der kapasitetsauken utgjer rundt 15 mill. kr. Finansiering av tiltaka er ikkje på plass, og er ikkje prioritert inn i handlingsprogrammet for Miljøløftet 2019-2022.

### Nye bussanbod i Bergen

I 2019 og 2020 startar nye kontraktar i alle fire anbodsområda i bergensområdet. Nye kontraktar er inngått for Bergen sør og Vest, med oppstart juni og august i 2019. Nye kontraktsprisar gir ei total kostnadsauke på 24,8 mill. kr i 2019, med heilårsverknad frå 2020.

Anboda for Bergen nord og Bergen sentrum skal etter planen lysast ut i desember 2018, med oppstart hausten 2020. Total brutto driftskostnad for desse to kontraktsområda er 566 mill. kr i 2018-prisar. Eventuelle endringar i kontraktspris vil gi relativt store utslag i årlege driftskostnader.

I dei nye kontraktane vert BaaS (Bus as a Service) innført. Operatør får då ansvar for anskaffing og vedlikehald av ulike tekniske installasjonar som Skyss tidlegare har hatt ansvar for. Kostnadar som i dag ligg på investeringsbudsjettet for Skyss vil med dei nye kontraktane ligge i driftsbudsjettet, som del av den årlege kontraktsprisen.

### Null- og lågutsleppsbusar

Temaplan for låg- og nullutslepp vart vedteken i fylkestinget i oktober 2017, og har ambisjon om fossilfri busstrafikk i Bergen frå 2020. Planen legg opp til elektrisk drift i Bergen sentrum og Bergen sør, i tillegg til biodrivstoff. I kontraktsområda Vest og Bergen nord er det i planen lagt opp til bruk av biodrivstoff (biogass/biodiesel). Fylkestingsvedtaket legg til grunn at gjennomføring av tiltaka vert finansiert gjennom byvekstavtalen for Bergen, Miljøløftet (jf fylkestingsvedtak i sak PS 90/2017).

Føreseielege finansielle rammer for anbodskonkurransen har innverknad på prisen, ettersom tilbydarane kan konkurrere på definerte tiltak. I motsett fall vil tiltak måtte innførast etter ein på førehand fastsett måte på eit seinare

tidspunkt i kontraktsperioden. Denne løysinga har ein måtte velje for anbudet i Bergen sør.

For anbudet i Vest låg det inne opsjon for bruk av biogass. Kostnaden med å utløyse slik opsjon var rekna til 15,5 mill. kr årleg, og fylkesrådmannen har i tidlegare fylkesutvalsak (RS 98/2018) varsla om at denne ikkje vart løyst ut grunna den økonomiske situasjonen. Utan finansiering på plass før anbudsutlysing vil ein heller ikkje kunne stille spesifikke krav til låg- og nullutsleppsloysingar i dei to neste anboda for Bergen sentrum og Bergen nord, noko som vil gi høgare tiltakskostnader ved innføring av elektrisk drift undervegs i kontraktsperioden.

Estimerte infrastrukturkostnader knytt til elektriske busar i Bergen er om lag 80 mill. kr fordelt over 5 år, under føresetnad av støtte frå Enova. Meirkostnader til drift er estimert til om lag 16 mill. kr pr år.

Handlingsplan for Miljøløftet skal handsamast i fylkestinget parallelt med budsjetthandsaminga. I planforslaget ligg det inne 5 mill. kr i 2021 og 2022 til tiltak for null- og lågutsleppsbusar. Dette er ikkje tilstrekkeleg for å nå resultatmåla for temaplanen.

### Bybanen

Ny bybanestrekning til Fyllingsdalen skal etter planen stå klar til drift i 2022. Tilbodet for den nye bybanestrekninga er ikkje avklart, og det er difor vanskeleg å estimere kostnader og finansieringsbehov. Tidlegare estimat, basert på 10 min. frekvens gjev eit grovt overslag om årleg driftskostnad på 100 mill. kr, men dette er svært usikre tal.

Pr. i dag manglar finansiering av drift av banen. Bybanestrekninga erstattar i liten grad behovet for busar. I Fyllingsdalen vil tilbodet mot sentrum, Loddefjord og Ytrebygda i all hovudsak måtte bestå som i dag. Ein kan såleis ikkje leggje opp til å finansiere drift av Bybanen gjennom å redusere ruteproduksjonen på buss.

### Servicelinjene i Bergen

Det vert foreslått å leggje ned servicelinjene i Bergen frå juni 2020 når gjeldande avtale med operatøren går ut. Det er berre i Bergen at servicelinjer inngår i kollektivtilbodet i regi av Skyss, og det finst døme på at kommunane sjølve driftar denne type transporttenester. Dagens ordinære rutetilbod er i all hovudsak godt tilgjengeleg også for målgruppene som servicelinjene rettar seg mot.

### Inntekter i kollektivsektoren

Fylkesrådmannen legg til grunn takstauke i samsvar med den generelle prisstiginga i økonomiplanperioden. Dersom ein oppnår målet om 3,5% passasjervekst årleg, ligg det ei vesentleg oppside i inntektsbudsjettet.

Passasjervekstmålet er avhengig av mange faktorar som ligg utanom fylkeskommunen sin kontroll, og fylkesrådmannen finn det vanskeleg å ta til inntekt så vidt usikre postar fram i tid.

### Gjennomgang av samferdselsavdelinga med Skyss

Det som er nemnt framanfor om prosjektet Førebudd på framtida gjeld også for samferdselsavdelinga. Denne avdelinga var heller ikkje med på gjennomgangen som avdelingane i fylkesadministrasjon hadde for ei tid sidan. Siktemålet var som nemnt å sjå på effektiviseringstiltak og endring i arbeidsmåtar.

Fylkesrådmannen vil difor no gjere ein tilsvarande gjennomgang av samferdselsavdelinga irekna Skyss slik at ein også her får oversyn over kva endringar og effektiviseringar det kan vere mogeleg å få til. Kartlegginga skal gjennomførast i 1. halvår 2019 slik at eventuelle tiltak kan setjast i verk frå 2020.

Fylkestinget har vedteke å gjere Skyss om til eit mobilitetsselskap. I denne samanhengen er det naturleg å sjå på auka samarbeid med Bergen kommune. For tida pågår det ein prosess om i kva grad dette samarbeidet skal formaliserast. Fylkesrådmannen kjem nærare attende til dette.

### Fylkesveggar

Fylkestinget vedtok i 2016 Drifts- og vedlikehaldsstrategi for fylkesvegnettet i Hordaland fram mot 2029. Dei overordna måla for strategien er at:

- Ein skal styrke vedlikehaldet av dagens fylkesvegnett gjennom å sikre nok midlar til forsvarleg drift og vedlikehald av vegnettet
- Ein skal sikre at nivået på drift- og vedlikehaldsarbeidet er tilpassa endringar i klimaet

- Ein skal sikre god kontrakt- og økonomistyring, og god kvalitet i leveransane

Drift og vedlikehald av fylkesveggar har eit budsjett på 565 mill. kr i 2019. For å kunne oppretthalde vegkapitalen burde budsjettet vore styrka i heile planperioden. Fylkesrådmannen har ikkje funne rom for å auke posten til drift- og vedlikehald i økonomiplanperioden og viser til det som er nemnt ovanfor om dei samla utfordringane ein står overfor.

### Vestland fylkeskommune

Fylkesrådmannen har innleiingsvis gjort greie for innsporingstiltaka som må til for å makte veksten i driftskostnadene. Det er vist til ein usikker faktor som nytt inntektssystem der kriterieverdiane for kollektivtransport og vegvedlikehald kan få innverknad for korleis ein kjem ut.

Vestland fylkeskommune vert stor vegeigar med om lag 5 000 km fylkesveg samla. Dette er knapt halvparten av riksveglengda i landet. Med nullvekst i inntektsrammene og ikkje vesentlege positive utslag for vegsida i det nye inntektssystemet, vert det sjølvsagt krevjande å oppretthalde vegstandarden.

Det same gjeld for kollektivtransporten som er ein svært viktig faktor i bystrøk når det gjel buss og bybane, og ferje- og båtsektoren som er tilsvarande viktige også i distriktsområda. Utforminga av desse kriteria i inntektssystemet kan gje utslag på kva ein kan makte å få til i den nye fylkeskommunen.

## NYE OPPGÅVER

Regjeringa la 19. oktober fram Meld. St. 6 Oppgaver til nye regioner. I meldinga er det varsla nye oppgaver til fylkeskommune innanfor områda; næringsutvikling og næringsretta forskning, landbruk, samferdsel, kompetanse og integrering og folkehelse. I tillegg er det varsla eit større fylkeskommunalt ansvar for kulturoppgaver i kulturmeldinga som kjem seinare.

Fylkesrådmannen har særleg merka seg at regjeringa følgjer opp Stortinget sitt vedtak om overføring av fylkesdelen

av sams vegadministrasjon dei nye fylkeskommuneane. I første rekkje vil dette vere ei overføring av tilsette frå stat til fylkeskommune i og med at fylkeskommunane også før 2020 har det økonomiske ansvaret for fylkesvegane. Overføringa vil likevel styrke det fylkeskommunale ansvaret og vert ein viktig faktor i arbeidet framover. Fylkesrådmannen kjem attende til verknadene av dette, og dei andre oppgåveendringane, i arbeidet med budsjettet for 2020.

## RENTER OG AVDRAG

Løpande prisar kr 1 000

År	2019	2020	2021	2022
Renteutgifter	241 700	274 000	323 800	341 800
Avdrag	650 000	700 000	750 000	800 000
<b>Sum utgifter</b>	<b>891 700</b>	<b>974 000</b>	<b>1 073 800</b>	<b>1 141 800</b>
Rentekompensasjon	-27 500	-34 500	-40 000	-36 400
Renteinntekter	-15 400	-19 900	-24 400	-24 400
<b>Sum inntekter</b>	<b>-42 900</b>	<b>-54 400</b>	<b>-64 400</b>	<b>-60 800</b>
<b>Netto utgifter</b>	<b>848 800</b>	<b>919 600</b>	<b>1 009 400</b>	<b>1 081 000</b>

Ein gjer merksam på at tala i denne tabellen er i løpande prisar.

Det er lagt opp til ein monaleg auke i avdraga, for å bremse veksten i lånegjelda. Avdraga er foreslått auka frå 650 mill. kr i 2019 til 800 mill. kr i 2022. Dette medverkar til at ein greier å stoppe veksten i gjeldsgraden. Målt i kroner veks gjelda framleis. Frå 2019 til 2022 er likevel lånegjelda venta å auke med 1 033 mill. kr til ca. 12,3 mrd. kr.

Det er rekna med auke i rentenivået i økonomi- planperioden, om lag som signalisert i Noregs Bank sin rentebane. For lån med flytande rente er det lagt til grunn 1,75 % i 2019, 2,25 % i 2020, 2,75 % i 2021 og 2022.

## OVERFØRING TIL INVESTERINGSBUDSJETTET

Det er budsjettert med 95 mill. kr i driftsmidlar til finansiering av investeringar i 2019. Dei følgjande åra er summen sett ned til 75 mill. kr.

## SENSITIVITETSANALYSE

### Effekt på byggeprosjekter ved endra byggekost og/eller auka rente

Hordaland fylkeskommune planlegg i samsvar med skulebruksplanen store investeringar kvart år fram til 2030. I gjennomsnitt utgjer dei årlege investeringane i planen 500 mill. kr. Årleg kan desse 500 mill. kr bestå av alt frå eitt til mange prosjekt i ulik storleik og kompleksitet. Det er ulike risikofaktorar som kan påverke økonomien for slike byggeprosjekt på kort og lengre sikt. Slike faktorar kan vere auka rentesats, endringar i prosjektet undervegs eller auka kostnad som følgje av «feilkalkyle». For Hordaland fylkeskommune er alle desse faktorane relevante.

Det er viktig å vere klar over risikoen ein tek på seg ved slike prosjekt. For å vise effekten av endra rentesats og/eller auka byggekostnad (uavhengig av årsak), er det i tabellen under utarbeidd ei sensitivitetsanalyse som viser

kva som skjer i løpet av eitt år ved endring i ein eller begge faktorane. Av tabellen går det fram at ein ved renteauke på 1,5 %-poeng og opphavleg kalkulert byggekostnad, vil få ein kostnadsauke det året på 7,5 mill. kr. Det er verd å merke seg at dette er kostnaden for det eine året, men om rentenivået held seg dei påfølgande åra, vil kostnaden akkumulere seg.

Om ein har auke i rentesatsen på 1 %-poeng samstundes som byggekostnaden aukar med 8 % i høve til kalkulert kostnad, vil den årlege drifts- og investeringskostnaden auke med heile 46,2 mill. kr.

Sensitivitetsanalysen nedanfor viser også fleire mogelege utfall ved endringar i rentenivå og/eller byggjekostnad med utgangspunkt i ein investeringskostnad på 500 mill. kr og rentesats på 2%.

		Endra rentesats			
		0,00 %	0,50 %	1,00 %	1,50 %
Endra byggekost	0,00 %	"Kalkyle"	2 500	5 000	7 500
	4,00 %	20 400	23 000	25 600	28 200
	8,00 %	40 800	43 500	46 200	48 900
	12,00 %	61 200	64 000	66 800	69 600

Føresetnader: Investeringskostnad: 500 mill. kr. Rentesats kalkulert: 2 %.

### Effekt av endra rente

Utviklinga i rentenivået er usikker, og ein må vere budd på at renteføresetnadene må justerast ved seinare høve. I september 2018 auka Noregs Bank renta for første gong på 7 år og i siste analyse var prognosen at renta vil auke ytterlegare dei neste åra. I prognosen vert det i tillegg til styringsrenta vist ei «vifte» med ulike rentenivå ut frå

sannsynlege prognose. Så høg gjeld som Hordaland fylkeskommune har, er det er viktig å ha oversyn over verknadene av renteendringane ein kan vente.


Hordaland fylkeskommune legg Noregs Bank si styringsrente til grunn for økonomiplan 2019-2022.

Figuren under viser endra netto renteutgifter for Hordaland fylkeskommune ved endring som i den såkalla rentevifte. Det er også tabell som syner renta som Norges Bank har lagt til grunn for sin rentevifte.

Som ein vil sjå under kan det blir store endringar for Hordaland fylkeskommune ved endringar i rentenivået.

Netto effekt for Hordaland fylkeskommune ved endra rentenivå (mill. kr)

*Endring i netto renteutgift basert på Noregs Bank si rentevifte*



*Definisjon: Basert på Noregs Bank sin modell NEMO der det er estimert som 90% sannsynleg at styringsrenta vil ligge innanfor 90%-vifte, tilsvarande for 70% 50% og 30%*

*Det er føresett rentekompensasjon for prosjekt til og med 2017. Dette er i samsvar med ordninga i statsbudsjettet.*

*Utrekning av netto effekt: Brutto renteutgifter av låneportefølje – rentekompensasjon – renteinntekter. Døme 2019: 20,1 mill. kr – 7,2 mill. Kr – 3,5 mill. Kr = 9,4 mill. Kr.*



Utdrag frå Noregs Bank sin rentebane som er grunnlag for utrekningane ovanfor

	30.09.2018	31.12.2018	31.12.2019	31.12.2020	31.12.2021
Øvre 90 %		1,49	3,36	4,10	4,67
Øvre 70 %		1,25	2,66	3,21	3,79
Øvre 50 %		1,05	2,12	2,59	3,19
Øvre 30 %		0,90	1,67	2,08	2,65
<b>Styringsrenta</b>	<b>0,75</b>	<b>0,76</b>	<b>1,22</b>	<b>1,64</b>	<b>2,09</b>
Nedre 30 %		0,63	0,77	1,20	1,53
Nedre 50 %		0,48	0,32	0,69	0,99
Nedre 70 %		0,28	-0,22	0,07	0,39
Nedre 90 %		0,03	-0,92	-0,81	-0,49

## OPPSUMMERING – UTVIKLING I NØKKELTAL I ØKONOMIPLANPERIODEN

Oppstillinga nedanfor viser ulike nøkkeltal i 2019 første og i 2022 – siste året i økonomiplanperioden:

2019	NØKKELTAL ØKONOMIPLANPERIODEN	2022
------	-------------------------------	------

### OPPSUMMERING NØKKELTAL

Nøkkeltala er samla meint å gje oversikt over utviklinga i økonomien i planperioden frå 2019 til 2022. Samla sett viser dei innretninga på budsjettet. Målet er best mogleg økonomisk stilling på slutten av planperioden. Frå 2020 vil HFK vere del av Vestland fylkeskommune, og det vil vere uvisst korleis nøkkeltala for den samanslåtte kommunen vil vere. Denne tabellen viser nøkkeltal for HFK som sjølvstendig fylke. I denne planen vert lagt opp til årlege budsjett som bremsar auken i gjeldsgraden, som reduserer driftskostnadar og det vert framleis lagt opp til positive årlege driftsresultat.

### GJELDSGRAD

114 %	Stabilisering av gjeldsgraden til HFK har prioritet i planperioden fram til og med 2022. Framlegget krev sterk investeringsdisiplin. Dette vil stabilisera gjeldsgraden; gjeld delt på inntekter, på i underkant av 115 %.	115 %
-------	--	-------

### TOTALGJELD

11 255 mill. kr	Med skissert økonomiplan vil den totale gjelda til HFK i perioden auke tilsvarande løns- og prisstigninga. Omrekna til faste prisar vert auken berre 55 mill. kr. Den totale gjeldsbyrda er tyngande i seg sjølv, men kor mykje det påverkar økonomisituasjonen til HFK kjem an på fleire tilhøve; mellom anna inntektsvekst og rentenivå.	11 310 mill. kr
-----------------	--	-----------------

2019	NØKKELTAL ØKONOMIPLANPERIODEN	2022
<b>NETTO DRIFTSKOSTNADER</b>		
5 661 mill. kr.	Effektiv drift og kontroll på utvikling i driftskostnadane i planperioden er heilt nødvendig. Målet er reduserte driftskostnader, og framleis gode tenester og omstillingsevne. Frå 2019 til 2022 er det lagt opp til ein reduksjon av netto driftskostnader på 133 mill. kr.	5 528 mill. kr.
<b>RENTEUTGIFTER</b>		
242 mill. kr.	Det er lagt til grunn at renta vil stige i tråd med Norges Bank si rentebane. HFK har bunde renta på om lag halvparten av låneporteføljen. Likevel går renteutgiftene opp med 73 mill. kr i perioden (rekna i faste prisar).	315 mill. kr.
<b>AVDRAG</b>		
650 mill. kr.	Det er gjeve høg prioritet til nedbetaling av lån. Opptrappinga av avdragsbetaling i perioden er på 86 mill. kr frå 2019 til 2022 (rekna i faste prisar).	736 mill. kr.
<b>ÅRLEGE INVESTERINGAR</b>		
4 291 mill. kr.	Investeringsnivået er høgt, med godt over 4 mrd. kr dei to første åra, for så å falle noko dei siste åra i perioden. Samferdselsektoren har i perioden om lag 84 % av det totale investeringsnivået i HFK	2 544 mill. kr.
<b>LÅNEFINANSIERING</b>		
1 177 mill. kr.	Den delen av investeringane som vert finansiert med lån er betydeleg. Dette påverkar gjeldsgraden til HFK. I 2019 vert det lagt opp til 1 177 mill. kr i lånefinansiering. Dei følgjande åra er lånefinansieringa litt lågare, men kvart år over 1 mrd. kr.	1 019 mill. kr.
<b>FRIE INNTEKTER</b>		
6 632 mill. kr.	Dei frie inntektene for fylkeskommunen omfattar fylkesskatt og rammetilskot. Ein har ikkje lagt inn nokon vekst i perioden.	6 632 mill. kr.
<b>NETTO DRIFTSRESULTAT</b>		
0,75 %	Eit positivt årleg driftsresultat er ein viktig føresetnad for ein betra økonomisituasjon og eventuell eigenfinansiering av investeringar. Tilrådd mål for fylkeskommunane er 4 %. HFK er langt frå dette målet. I 2019 er det budsjettert med netto driftsresultat på 0,75 %. I 2020 kan ein bli nøydd til å bruke av fondsmidlar for å klare utgiftstoppen ved innføring av elektriske ferjer. Netto driftsresultat kan då bli om lag 0. Dei to siste åra er det lagt opp til netto driftsresultat på om lag 0,5 %.	0,50 %



# Investeringar

*Forutan eit miljøløft gjennom investeringar innan kollektiv gjer Hordaland fylkeskommune store investeringar i skulesektoren og på fylkesvegnettet. Det samla investeringsnivået i perioden er tilpassa målet om at veksten i lånegjelda vert bremsa, og på sikt redusert.*

## OVERSYN OVER INVESTERINGSBUDSJETTET

Tabellen gjev oversyn over forslaget til investeringsbudsjett for perioden 2019–2022. Tabellen er fordelt

på sektorar og budsjettal for 2018 er med for samanlikninga si skuld.

Tal i tusen

1	Tal i heile tusen	2018	2019	2020	2021	2022	2019–2022
	Opplæring	582 000	434 200	466 000	582 000	689 000	2 171 200
	Samferdsel	1 823 500	3 736 759	3 934 982	3 268 988	2 022 260	12 962 989
	Kultur	8 000	3 000	3 000	3 000	3 000	12 000
	Tannhelse	25 000	30 000	15 000	15 000	20 000	80 000
	Fellesfunksjonar	29 000	87 000	42 000	29 000	29 000	187 000
	Eigenkapitalinnskot KLP	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000	20 000
	Sum finansieringsbehov	2 472 500	4 295 959	4 465 982	3 902 988	2 768 260	15 433 189

Tabellen viser at brutto investeringsutgifter går frå 2,5 mrd. kr i 2018 til 4,3 mrd. kr i 2019. Deretter aukar utgiftene ytterlegare til 4,5 mrd. kr i 2020. Dei 2 siste åra i planperioden, 2021 og 2022, går investeringane ned; til 3,9 mrd. kr og deretter til 2,7 mrd. kr.

Vestland fylkeskommune startar opp frå 2020. Investeringbudsjettet for åra i økonomiplanperioden er difor berre retningsgjevande for deler av investeringane det vert lagt opp til.

Det er mange usikre faktorar som må avklarast fram mot 2020. Dette gjeld mellom anna:

- Nytt inntektssystem – påverknad på investeringsevne
- Overføring av oppgåver – særleg vegsektoren
- Samla lånegjeld i Vestland – gjeldsgradsgrense

Ved utarbeiding av investeringsbudsjettet for Vestland fylkeskommune vil avklaring av desse faktorane vere avgjerande for det investeringsnivået ein kan makte.

Investeringsforslaget som går fram av tabellen ovanfor er innanfor grensa for lånegjeld på 115% for alle åra i planperioden, og med det i samsvar med den grensa som fylkestinget har vedteke.

Det er enno ikkje teke avgjerd om korleis bygginga av nytt fylkeshus skal organiserast. Om ein kjem til at det skal skje i eigen regi og ikkje gjennom eit eige aksjeselskap, kjem denne investeringssummen i tillegg til tala i tabellen ovanfor. Når ein kjem til 2020 må investeringsprogram og -nivå gjennomgåast i den nye fylkeskommunen. Vurdering av nivå på gjeldsgrad må tilpassast inntektsnivået i Vestland fylkeskommune når dette vert kjent i budsjettprosessen for 2020.

## Finansiering av investeringsbudsjettet

Oversyn over finansieringa av investeringsbudsjettet går fram av følgjande oppstilling:

Tal i tusen

1	2019	2020	2021	2022	2019–2022
Lån	1 176 874	1 096 574	1 079 100	1 106 900	4 459 448
Momskompensasjon	377 000	367 000	370 000	403 000	1 517 000
Driftsmidlar	95 000	77 100	79 300	81 500	332 900
Tilskot	1 217 184	1 272 508	1 137 588	568 860	4 196 140
Bompengar	1 334 901	1 437 800	1 232 000	543 000	4 547 701
Eigedomssal	50 000	170 000	-	60 000	280 000
Fondsmidlar	45 000	45 000	5 000	5 000	110 000
Sum finansiering	4 295 959	4 465 982	3 902 988	2 768 260	15 433 189

Samla investeringsbudsjett er på 15,4 mrd. kr i perioden frå 2019–2022. Av dette vert 4,6 mrd. kr finansiert med lånemidlar. Dette tilsvarar 28,3 %. Momskompensasjon for investeringar utgjer 1,5 mrd. kr, og dette står for 9,7 % av finansieringa.

Når det gjeld fylkesvegane og bybaneutbygginga, inngår også bompengar, tilskot og forskoteringar frå stat, kommunar og private i finansieringa. 40 mill. kr i midlar frå Havbruksfondet vert i 2019 brukt til oppgraderingar av ferjekaiar i samband med elektrifisering av ferjedrifta. Oppgraderingane skjer i mange av kommunane som har havbrukslokalitetar.

Investeringsbudsjettet er særleg høgt i 2019 og 2020, og skuldast fleire store byggjeprojekt som er under arbeid. Dette i tillegg til investeringane i miljøvenlege ferjer. Høge investeringsutgifter medfører auka lånegjeld, sidan berre ein mindre del av investeringane vert finansiert med driftsmidlar i fylkesrådmannen sitt budsjettforslag.

Fylkesrådmannen meiner fylkeskommunen si lånegjeld er for høg og det er i budsjettforslaget lagt opp til å bremse veksten i lånegjelda. Dette er naudsynt om ein skal makte å bremse veksten i gjeldsgraden. Dette målalet ser på lånegjeld i høve til driftsinntekter.

Hordaland fylkeskommune er den fylkeskommunen i landet som ligg høgast rekna etter gjeldsgrad, og vesentleg over det nivået Riksrevisjonen har tilrådd.

### Opplæring

I opplæringssektoren foreslår fylkesrådmannen i kommande økonomiplanperiode å vidareføre siste års nivå på om

lag 0,6 mrd. kr i årlege investeringar. Dei største prosjekta i perioden gjeld bygging ved Åsane videregående skole, Askøy videregående skole, Stord videregående skule og Laksevåg videregående skole/fagskole og fagskule.

Mot slutten av perioden set ein i gang med nokre nye prosjekt; ved Slåtthaug vgs og Sotra vgs.

### Samferdsel

Samferdsleinvesteringane er høge i den komande økonomiplanperioden. Samla sett vert det, som tabellen over viser, investert om lag 3,7 mrd. kr i 2019, 4,0 mrd. kr i 2020, 3,3 mrd. kr i 2021 og 2,0 mrd. kr i 2022. I høve til 2018 som har eit justert budsjett på 1,9 mrd. kr, aukar altså investeringane nokså mykje. Hovudgrunnen til dette er bygginga av bybanen byggjetrinn 4 til Fyllingsdalen. Når det gjeld fylkesvegbudsjettet ligg investeringane i planperioden mellom 1,5 mrd. kr og 1,6 mrd. kr. Dette er omlag det same nivået som dei siste åra. HFK si eigenfinansiering av fylkesvegane endrar seg ein del i framlegget og går opp frå 755 mill. kr i 2018 til 949 mill. kr i 2019 og 902 mill. kr i 2020. Deretter går eigenfinansieringa noko ned igjen i 2021 og 2022; til høvesvis 879 mill. kr og 894 mill. kr.

Av større fylkesvegprosjekt i planperioden 2019–2022 kan nemnast:

- Nordhordlandspakken; 1005 mill. kr
- Askøypakken; 938 mill. kr
- Bømløpakken; 221 mill. kr
- Horsøy, Askøy; 95 mill. kr

For bybanen er det sett av 30mill. kr til prosjektavslutting

av byggjetrinn 3 som vart opna for trafikk i august 2016. Til byggjetrinn 4 frå Bergen sentrum til Fyllingsdalen er det samla sett av 5,7 mrd. kr i perioden 2019–2022. Det vert løyvd ein mindre sum i slutten av planperioden til oppstart av byggjetrinn 5 til Åsane. Summane er bruttoløyvingar der heile budsjettsummen vert finansiert med bompengar og statstilskot.

Eit viktig tiltak i investeringsbudsjettet dei neste åra, er satsinga på meir miljøvenleg ferjedrift. Det er sett av 316 mill. kr i 2019 og 422 mill. kr i 2020 til dette føremålet.

### Kultur

Til restaurering av verneverdige bygg og anlegg i fylkeskommunal eige er det sett av 3 mill. kr kvart år i økonomiplanperioden.

### Tannhelse

Til bygging av tannklinkkar er det sett av 25 mill. kr i 2019, og deretter 10 mill. kr i 2020 og 2021, og 15 mill. kr i 2022. Det er sett av 5 mill. kr årleg til investeringar i utstyr.

### Fellesfunksjonar

Under fellesfunksjonar er det sett av 51 mill. kr til nytt

fylkeshus. Kostnaden med nytt fylkeshus er rekna til 951 mill. kr (inkl. prisstigning og mva) med byggetid i perioden 2020–2022. I investeringsbudsjettet er det berre summen for planlegging og noko kostnadar i samband med flytting til Sandsli som er sett av. I fylkestingssak 40/18 vart ulike måtar å organisere bygginga på. Fylkestinget vedtok at det før byggestart skal avgjerast kor vidt bygginga skal skje gjennom eit aksjeselskap eller i fylkeskommunal regi. Fylkesrådmannen kjem attende til dette i budsjettet for 2020 for Vestland fylkeskommune.

Det er også sett av 2 mill. kr årleg til innkjøp av el-bilar. Dette tiltaket dreier seg om overgang til meir miljøvenlege tenestebilar. Til IT-investeringar er det sett av 27 mill. kr årleg i planperioden, der ein stor del av summen for 2019 er tenkt nytta til førebuing til etablering av Vestland fylkeskommune.

I tillegg til dei reine investeringane er det på investeringsbudsjettet for 2019–2022 ført opp eit årleg eigenkapitalinnskot til KLP på 5 mill. kr.

## OPPLÆRING

Tal i tusen

2	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
---	---------------	---------------	---------------	---------------	---------------

### Opplæring

Rehab. /ombygg/ mindre tilbygg	75 000	75 000	75 000	75 000	75 000
Auke læremiddel og utstyr/ Sykkelparkering	6 250	-	-	-	-
Skulebruksplan – planmidlar	3 000	3 000	3 000	3 000	3 000
Større undervisningsutstyr og IT-investeringar	30 000	30 000	30 000	30 000	30 000
Nye Voss gymnas	72 000	-	-	-	-
Åsane vgs	190 000	250 000	224 000	34 000	-
Tertnes vgs	100 000	-	-	-	-
Bergen Katedralskole – Tilbygg	42 000	-	-	-	-
Odda vgs	58 000	-	-	-	-

Tabellen held fram på neste side

2

	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Askøy vgs	6 000	29 000	80 000	200 000	160 000
Langhaugen vgs	-	3 000	3 000	54 000	25 000
Stord vgs	5 000	15 000	30 000	91 000	90 000
Bømlo vgs	1 000	1 000	11 000	17 000	13 000
Laksevåg vgs	-	10 000	10 000	60 000	260 000
Slåtthaug vgs	-	-	-	5 000	20 000
Sotra vgs	-	-	-	13 000	13 000
Hjeltnes Produksjonskule	-	18 200	-	-	-
<b>Sum sektor</b>	<b>582 000</b>	<b>434 200</b>	<b>466 000</b>	<b>582 000</b>	<b>689 000</b>

### Rehabilitering/ ombygging/ mindre tilbygg

I tillegg til dei større investeringsprosjekta i opplæringssektoren, gjer fylkesrådmannen framlegg om årlege løyvingar på 75 mill. kr til mindre ombyggingar, rehabiliteringar og mindre tilbygg. Dette for å sikre nødvendig kvalitet i fylkeskommunal bygningsmasse i høve til pålegg og godkjenningar, men og for å kunne gjere tilpassingar til endra behov i undervisninga.

Disponeringa av midlar frå samleposten vil skje gjennom eigne politiske saker, eller som del av tertialrapporteringa til fylkeskommunen.

Fylkestinget har vidare i sak 10/2018 gjort vedtak om ombygging ved Sandsli vgs. på 67 mill. kr, med ei startløyving på 34 mill. kr frå denne budsjettposten i 2018. Fylkesrådmannen legg opp til at dette prosjektet vert fullfinansiert med ytterlegare løyving frå denne budsjettposten.

### Skulebruksplan – planmidlar

Midlane er knytt opp mot gjennomføring av skulebruksplanen, og dei endringane som er vedteke der. Midla vert primært nytte i tidleg fase av prosjekta; då til planlegging, koordinering og utgreiingar. Det er sett av 3 mill. kr til føremålet kvart av åra i planperioden.

### Større undervisningsutstyr og IT-investeringar

Det har årleg vore sett av 30 mill. kr til større undervisningsutstyr. Desse midlane har vore brukt til mange gode føremål; blant anna til ei omfattande oppgradering av maskiner og utstyr innan yrkesfaga.

Posten større undervisningsutstyr vert frå og med 2019 delt i to; større undervisningsutstyr og IT-investeringar.

I 2019 vert det sett av 12 mill. kr til investering i IT-utstyr i opplæringssektoren. Resterande 18 mill. kr vert sett av til

større undervisningsutstyr i opplæringssektoren, og desse midlane kjem til fordeling i eiga politisk sak.

### Nye Åsane videregående skole – nybygg

Romprogrammet for Nye Åsane videregående skole vart vedteke i fylkestinget i juni 2016. Skulen skal ha idrettsfag, elektrofag, helse og oppvekst, teknikk og industriell produksjon, service og samferdsel, påbygg, innføringskurs for minoritetsspråklege og tilrettelagt opplæring. I tillegg skal skulen drive vaksenopplæring, opplæring innan kriminalomsorga og lærlingopplæring. Bygget skal og huse lokale for opplæringskontora og Åsane tannklinikk. I tillegg skal delar av bygget vere bydelskulturhus.

Bygget blir 26 738 m<sup>2</sup> og har ei justert total kostnadsramme på 880 mill. kr. Byggearbeida for nybygget starta opp i mai 2018. Prosjektet er planlagt fullført til skulestart hausten 2020. Kulturhusdelen av prosjektet er planlagt finansiert gjennom betaling frå Bergen kommune knytt til deira del av prosjektet.

Det vert sett av 250 mill. kr i 2019, 224 mill. kr i 2020 og 34 mill. kr i 2021.

### Askøy videregående skole – rehabilitering og tilbygg

Det er i skulebruksplanen lagt til grunn at arbeidet med rehabilitering og tilbygg på Askøy videregående skole skal starte opp i 2018.

Fylkestinget godkjente i sak 47/2018 rom- og funksjonsprogrammet for prosjektet. Her er omfang og løysingar for prosjektet justert, og kostnadsramma er rekna til 470 mill. kr. Det er med justeringane rekna inn eit auka elevtal, og rehabilitering av ein større del av dagens bygg.

I vedtaket i saka er det lagt føringar for det vidare arbeidet med Askøy kommune for å få til sambruk og samarbeid.

Det er no framforhandla ein avtale med Askøy kommune som parallelt med budsjettbehandlinga er til politisk behandling både i Askøy kommune og Hordaland fylkeskommune. Avtalen omfattar makebytte av tomt for å få til gode løysingar og ein god byggeperiode for begge paratar. I tillegg omfattar den avtale om at Hordaland fylkeskommune skal etablere lokale for vaksenopplæringa til Askøy kommune. Askøy kommune forpliktar seg på si side å etablere nødvendige idrettsareal i området til å dekkje behova den vidaregåande skulen har til gymnastikk. Meirinvesteringa til HFK vert på 68 mill eks mva (85 mill. kr inkl mva) som Askøy kommune skal betale om lag 5,6 mill. kr i årleg leige for. HFK skal på si side betale om lag 1.4 mill. kr for leige av idrettsareala i skuletida.

Det er sett av 29 mill. kr i 2019, 80 mill. kr i 2020, 200 mill. kr i 2021 og 160 mill. kr i 2022.

#### **Langhaugen vidaregåande skole – nybygg**

Fylkestinget sitt vedtak i skulebruksplanen medfører at arbeidet med etablering av nytt bygg for gymnastikk og musikk skal utførast i perioden 2019–2022. Totalkostnad er rekna til 84 mill. kr. Det er sett av 3 mill. kr i 2019, 3 mill. kr i 2020, 54 mill. kr i 2021 og 25 mill. kr i 2022.

#### **Stord vidaregåande skule – rehabilitering og tilbygg**

I samsvar med skulebruksplanen vart prosjekt med rehabilitering og eit nytt tilbygg sett i gang med ei løyving på 5 mill. kr i 2018. På initiativ frå Stord kommune er det no ein prosess knytt til eventuelt makebytte av tomt og bygg. Konklusjonen på denne prosessen vil påverke både omfang og framdrift for det nye bygget ved skulen. Det er noko usikkerheit rundt kostnadsramma for det endelege prosjektet, men det vert i økonomiplanperioden sett av 15 mill. kr i 2019, 30 mill. kr i 2020, 91 mill. kr i 2021 og 90 mill. kr i 2022.

#### **Bømlo vidaregåande skule – tilbygg**

Det er vedteke samlokalisering av dagens Bømlo vgs og Rubbestadnes vgs. Det skal byggast eit nybygg for yrkesfag ved Bømlo vgs, men prosjektet får ei noko seinare framdrift enn tidlegare lagt til grunn. Det vart løyvd 1 mill. kr til prosjektet i 2018, og det vert sett av 1 mill. kr i 2019, 11 mill. kr i 2020, 17 mill. kr i 2021, og 13 mill. kr i 2022.

#### **Laksevåg vidaregåande skole – ombygging**

Det er vedteke ein ny kombinert fagskule og vidaregåande skule på Laksevåg. Det er lagt til grunn at den nye

skulen skal stå klar i 2023. Dimensjoneringa av fagskulen var oppe som eiga sak til fylkestinget i juni 2018 (sak 42/2018). Her vart studenttalet auka monaleg. Planprosessen knytt til den vidaregåande opplæringa pågår framleis.

Endeleg kostnadsramme er enno usikker, men det vert sett av 10 mill. kr i 2019, 10 mill. kr i 2020, 60 mill. kr i 2021 og 260 mill. kr i 2022.

#### **Slåtthaug vidaregåande skole**

I samsvar med vedteken skulebruksplan er det planlagt å starte rehabilitering av Slåtthaug vgs. i 2021. I samsvar med dette vert det løyvd 5 mill. kr i 2021 og 20 mill. kr i 2022.

#### **Sotra vidaregåande skule – nybygg**

Det er lagt opp til ei samlokalisering av dei to vidaregåande skulelokasjonane på Sotra. Prosjektet skal vere ferdigstilt i 2025. Prosessen med val av tomt pågår, og det vart lagt fram eiga sak på dette til fylkestinget i oktober 2018. Her vart det vedteke at fylkesrådmannen får fullmakt til å forhandle fram avtale med Fjell kommune om kjøp av tomt ved Stovevatnet. Denne lokasjonen er sentral i høve til blant anna kollektivtilbod og senterfunksjonar.

I denne omgang vert det sett av 13 mill. kr både i 2021 og 2022. Dette er i samsvar med planlagd framdrift.

#### **Hjeltnes Produksjonsskule**

Hausten 2018 vart det ved tidlegare Hjeltnes vgs starta opp eit avgrensa tilbod knyt opp til fagskule og produksjonsskule. I samband med dette vart det gjennomført fleire mindre tiltak i høve til deler av bygningsmassen. Det kan verte behov for ytterlegare investeringar til dette tilbodet dei kommande åra, men førebels sett ein opp 18,2 mill. kr i 2019. Dette er i samsvar med vedtak i politisk sak 17/2018 i fylkestinget i mars 2018.

Fylkesrådmannen viser til at føresetnaden for permanent produksjonsskuletilbod er eit årleg statstilskot på 9 mill. kr. Denne føresetnaden er så langt ikkje innfridd og fylkesrådmannen vil difor nøye vurdere investeringane ved Hjeltnes produksjonsskule.



## SAMFERDSEL

Tal i tusen

2	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
---	---------------	---------------	---------------	---------------	---------------

**Samferdsel**

Kollektivtiltak	47 600	390 784	498 808	151 688	92 160
Bybanen	620 000	1 764 000	1 896 000	1 698 000	456 000
Fylkesvegar	1 155 900	1 581 975	1 540 174	1 419 300	1 474 100
<b>Sum brutto Samferdsel</b>	<b>1 823 500</b>	<b>3 736 759</b>	<b>3 934 982</b>	<b>3 268 988</b>	<b>2 022 260</b>
Sum investeringsinntekter	1 020 500	2 552 085	2 710 308	2 369 588	1 111 860
Sum netto / eigenfinansiering HFK	803 000	1 184 674	1 224 674	899 400	910 400

Samla sett er det budsjettert med investeringar i perioden 2019–2022 på samferdselsområdet på 13 mrd. kr. Samla investeringsinntekter er på 8,8 mrd. kr i planperioden, medan fylkeskommunen si eigenfinansiering er på om lag 4,2 mrd. kr.

I økonomiplanperioden vert det investert for 981,4 mill. kr i kollektivtiltak. Av dette er 508,4 mill. kr eigenfinansiert av HFK.

Utbygginga av bybanen skil seg ut i samferdselsbudsjettet ved å vere tilnærma fullt ut finansiert av bompengar og

statstilskot. I budsjettet for 2019 og økonomiplanperioden 2019–2022 er det sett av midlar til både byggjetrinn 3,4 og 5. Samla sett ligg det knapt 5,9 mrd. kr til utbygging av bybanen.

For fylkesvegområdet er det budsjettert samla sett med 6,0 mrd. kr for budsjettperioden 2019–2022. Desse er brukt på både strekningsvise fylkesvegar og på særskilde tiltak innanfor ulike område. For investeringar på fylkesvegane står inntekter i form av bompengar og tilskot for 39,6 %. Den resterande finansieringa, 60,4 %, er fylkeskommunal.

## KOLLEKTIVTILTAK

Tal i tusen

3

	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
<b>Kollektiv</b>					
Bussanlegg Askøy	-	1 000	1 000	1 000	1 000
Terminalbygg/ sjåførfasilitetar	6 000	8 000	8 000	8 000	8 000
Billetteringsutstyr	6 000	3 000	2 000	1 000	-
Ruteinformasjonssystem (Sanntid)	3 000	-	-	-	-
Bus as a service (BaaS)	-	6 000	3 000	3 000	3 000
Automatisk pasasjertelling	8 500	4 000	2 000	-	-
Trafikantinformasjon	3 500	3 000	3 000	3 000	3 000
Samarbeid om mobilbillett	6 000	2 000	2 000	2 000	2 000
Ferjekontraktar – infrastruktur, nett og kaiar	-	316 000	422 000	-	-
API'ar og datavarehus	-	3 000	2 000	2 000	2 000
Kompressorlegg for biogass	8 000	-	-	-	-
Bybanen i Bergen – Vognmateriell	6 600	44 784	53 808	131 688	73 160
<b>Sum brutto kollektivtiltak</b>	<b>47 600</b>	<b>390 784</b>	<b>498 808</b>	<b>151 688</b>	<b>92 160</b>
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>-</b>	<b>155 384</b>	<b>175 808</b>	<b>131 688</b>	<b>76 160</b>
<b>Sum netto / eigenfinansiering HFK</b>	<b>47 600</b>	<b>235 400</b>	<b>323 000</b>	<b>20 000</b>	<b>16 000</b>

Tabellen viser investeringar i kollektivtiltak. Dei aller fleste tiltaka vert eigenfinansiert av HFK. Unntaket er 2 former for tilskot; Enova-tilskot til elektrifisering av ferjer og statsstøtte til kjøp av bybanevogner. HFK sin del av finansieringa aukar frå 47,6 mill. kr i 2018 til heile 323 mill. kr i 2020. Dette skuldast HFK si delfinansiering av dei nye ferjekontraktane i 2019 og 2020; høvesvis 200 mill. kr og 300 mill. kr i eigenfinansiering desse åra. Under er dei ulike tiltaka på kollektivdelen av samferdselsområdet omtala.

**Bussanlegg Askøy**

Fylkeskommunen leiger i dag eit bussanlegg av Askøy kommune som vert nytte av operatøren for "Rutepakke Vest". Gjeldande leigeavtale går i utgangspunktet ut når dagens avtale med operatøren vert avslutta i 2019. Fylkeskommunen har tidlegare kjøpt tomt til bygging av nytt anlegg. Slik stoda er no kan planprosessen ta heile økonomiplanperioden. Difor er det aktuelt å forlenge dagens leigeavtale. Det vert difor sett av 1 mill. kr årleg i økonomiplanperioden.

**Terminalar/sjåførfasilitetar/kaiar**

Det er i gjeldande planar lagt til grunn etablering av 25 nye fasilitetar for sjåførar rundt om i fylket i løpet av økonomiplanperioden. Det er lagt opp til at fylkeskommunen har ansvar for etablering av dei ulike fasilitetane og vedlikehaldet av bygga. Operatørane som nyttar desse skal ha driftsansvaret. I 2018 vart arbeidet med både permanente og mobile einingar starta opp. Etableringa av dei mobile einingane har planlagt framdrift, men det vil ta lengre tid enn rekna med å få på plass dei permanente sjåførfasilitetane.

Det vert sett av 8 mill. kr årleg til dette føremålet i planperioden. Inkludert i dette er oppgradering av snøggåtkaiar; med ein årleg kostnad på 2 mill. kr år.

**Billetteringssystem**

Så lenge dagens billetteringssystem er i drift vil ein ha eit årleg investeringsbehov i nytt utstyr og oppgradering av eksisterande utstyr. Posten er redusert med 3 mill. kr frå 2018 til 2019. Desse kostnadane er lagt over på posten for

Bus as a Service (BaaS). Årsaka er at investering i billetteringsløyningar om bord gradvis vil verte flytta over på driftsbudsjettet. Dette igjen er grunna i at billettering vil verte del av tenesta som operatørane tilbyr.

### Bus as a Service

Digitalisering og ny teknologi legg føringar for utviklinga av kollektivområdet. HFK ved Skyss er med i eit samarbeid for å få etablert standardar og retningsliner for IT-arkitektur i kollektivtrafikken.

Med innføring av Bus as a Service i nye busskontraktar vil grensesnittet mellom Skyss og operatørselskapa verte vesentleg endra. I dag er det HFK ved Skyss som sjølve kjøper inn, installerer, driftar og held ved like alt teknisk utstyr i bussane. I dei nye kontraktane vil dette vere definert som ei teneste Skyss kjøper av operatørane. Difor vil også kostnadane etter kvart verte overførte til driftsbudsjettet, men i kommande planperiode vil det framleis vere behov for investeringar.

Det vert sett av 6 mill. kr i 2019 til dette føremålet, deretter 3 mill. kr årleg i 2020, 2021 og 2022.

### Automatisk passasjerteljing

Både for planleggings- og statistikkføremål er det naudsynt å investere i utstyr for automatisk passasjerteljing. Særskilt i område der dette ikkje finst, eller der ein i dag har dårleg dekning. Særleg er det behov for å montere slikt utstyr i fleire bybanevogner for å få betre tal enn ein har i dag.

I økonomiplanperioden vil investering i passasjerteljingsutstyr også gradvis verte flytta over på driftsbudsjettet. Ein vil likevel ha eit investeringsbehov i nytt utstyr i kommande år.

### Trafikantinformasjon

HFK ved Skyss har dei siste åra plassert ut mykje teknisk utstyr for trafikantinformasjon. Samstundes må ein framleis investere i nytt utstyr. Dette gjeld oppgradering av terminalar og haldeplassar og ikkje minst naudsynte tiltak for universell utforming.

Under denne posten ligg også investeringar i system for reise- og avviksinformasjon. Utvikling av ny reiseplanlegging på web, og vidareutvikling av reise-app er blant dei viktigaste prosjekta i denne porteføljen.

### Samarbeid om Mobilbillett

Fleire av dei store kollektivaktørane i Noreg har gått saman i eit samarbeid for å vidareutvikle ein felles billettløysing med utgangspunkt i Ruter sin mobil-app. I samarbeidet inngår også tilgang til felles rammeavtalar innanfor IT-området.

HFK ved Skyss har i 2018 meldt seg på i dette samarbeidet, der partane deler felleskostnader. Hovudinvesteringar i samarbeidet vert gjort i 2018, og i resten av økonomiplanperioden vil ein ha behov for 2 mill. kvart år til vidareutvikling.

### Nye ferjekontraktar – ladeinfrastruktur og oppgradering av straumnett

I 2018 starta dei to Austevoll-sambanda opp innanfor ny kontrakt. Kontrakten for sambandet Masfjordnes–Duesund startar opp i 2019, og i 2020 startar dei øvrige ferjekontraktane.

Det er varsla forseinkingar av ferdigstilling og testing av ladeinfrastrukturen. Samtlege investeringar som var planlagt og budsjettert for i 2018 kjem difor først i 2019. I tillegg kjem dei planlagde investeringane for 2019, ettersom operatørane vil starte opp med elektrisk drift frå anbudsstart. Ein vesentleg større del av dei samla investeringskostnadane som tidlegare har vore fordelt over dei tre åra 2018–2020 kjem såleis i budsjettåret 2019.

Samla investeringskostnad til ladeinfrastruktur og oppgradering av straumnett er på 671 mill. kr. Den økonomiske risikoen for investeringane i ladeinfrastruktur og nettoppgraderingar er fordelt mellom operatør og HFK som er oppdragsjever. HFK har ansvar for nett-opppgraderinga og den økonomiske risikoen kring dette.

Av samla investering utgjer investering i nett-opppgradering om lag 100 mill. kr. Slik det no ligg an vil ein for perioden 2019 og 2020 overskride budsjettet med totalt 45 mill. kr. Tilskot frå Enova vil kunne redusere ekstrakostnadane. Det vil enno gå eit halvt til eitt år før ein har betre indikasjonar på omfanget. Endelege tal vil først ligge føre når prosjekta er ferdige i løpet av 2020.

Fordeling av investeringskostnadar i 2019 og 2020 er vist i tabellen under. Tabellen viser og den estimerte ekstrakostnaden til nett-opppgradering på totalt 45 mill. kr. Det er og lagt inn kostnader til utviding av ferjebrauene i Jondal og Tørvikbygd med 22 mill. kr i 2019.

Inntekter i form av Enova tilskot og nettokostnaden som HFK har er, også vist i tabellen.

	mill. kr			
	2018	2019	2020	Totalt
Bruttoinvestering	-	289	382	671
Enova tilskot	-	-116	-122	-238
Nettoinvestering	-	173	260	433
Ekstra kostnader nett-opppgradering	-	5	40	45
Nye ferjebrauer i Jondal og Tørvikbygd	-	22	-	22
SUM totalt	-	200	300	500

### API'ar og datavarehus

Skyss har sett i gang arbeidet med å etablere ein ny tenesteorientert IT-arkitektur. Dette gjer det mogleg å integrere eksisterande datasystem på ein meir kostnadseffektiv måte, og sikre opne grensesnitt for leveranse av data ut

mot kundar og samarbeidspartnarar. Etableringa vil krevje investeringar i form av teknisk utstyr, prosjektering og fagleg støtte.

Frå ulike kjelder har Skyss store mengder data det er ønskeleg å samle og gjere tilgjengelege. Bygging av nytt datavarehus i Skyss er starta opp i 2018, men dette vil også krevje investeringar knytt til etablering i 2019. Deretter vil ein trenge investeringsmidlar for vidareutvikling og naudsynte oppgraderingar i resten av økonomiplanperioden.

### Bybanen – vognmateriell

Det er enno ikkje endeleg avgjort kor mange vogner ein treng ekstra til byggjetrin 4, og korleis desse skal kjøpast

inn. For å synleggjere omfanget i økonomiplanperioden er det lagt til grunn eit kjøp av 6 nye vogner. Ein vil då ha god dekning både til den daglege drifta og nok reservevogner. Ein vil med dette innkjøpet og ha kapasitet til å utvide tilbodet på line 1 fram til byggjetrinn 5 er ferdig. I innkjøpet legg ein opp til å nytte opsjonsavtale med Stadler. Summen i tabellen inkluderar Bybanen AS sine prosjektkostnader. Det vert lagt opp til at ein får inndecking for denne investeringa gjennom Miljøløftet.

I budsjettet for 2018 er det lagt inn 6,6 mill. kr til ombygging av førarrom på bybanevognene. I 2019 er det lagt inn 5,4 mill. kr til slutføring av denne ombygginga.

## BYBANEN

Tal i tusen

3	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
<b>Bybanen</b>				
Bybanen – Byggjetrinn 3	30 000	-	-	-
Bybanen – Byggjetrinn 4	1 734 000	1 896 000	1 678 000	436 000
Bybanen – Byggjetrinn 5	-	-	20 000	20 000
Sum investeringar Bybanen	1 764 000	1 896 000	1 698 000	456 000
Inntekter, bompengar	809 000	948 000	859 000	238 000
Inntekter, tilskot	955 000	948 000	839 000	218 000
Sum inntekter Bybanen	1 764 000	1 896 000	1 698 000	456 000
Sum netto/eigenfinansiering HFK	-	-	-	-

Tabellen viser utbygginga av bybanen i økonomiplanperioden. Samla sett er det budsjettet med 5,9 mrd. kr til utbygging av bybanen i planperioden. Halvparten av finansieringa kjem gjennom bompengar, og den andre halvparten vert betalt gjennom statstilskot som følgje av miljøløft-avtalen. Av tabellen kjem det fram at statstilskotet er ein del høgare enn bompengefinansieringa i 2019. Dette er grunna i at ein tek igjen eit etterslep på utbetalingane av statstilskot til bybaneutbygging.

### Byggjetrinn 3

Byggjetrinn 3 for bybanen vart opna for trafikk i august 2016. Siste etappe av byggjetrinn til Flesland vart opna i april 2017. Det er sett av 30 mill. kr i 2019 til sluttkostnader.

### Byggjetrinn 4

Forhandlingane om Byvekstavtalen, no Miljøløftet, vart slutførde i 1. halvår 2017. Her forplikta staten seg til å

finansiere 50% av kostnaden til bybanen byggjetrinn 4 til Fyllingsdalen.

Status for prosjektet er at det no pågår grunnerverv, prosjektering og førebuaende arbeid i Fløen, Kronstad, Kristianborg og Fyllingsdalen. Det pågår vidare forhandlingar på den kontrakten som gjeld arbeidet med tunnel gjennom Løvsstakken. For kontrakten som gjeld Mindemyren og Fløen-Kronstad er ein i gang med innhenting av tilbod.

Det vert budsjettert med 570 mill. kr i 2019, 1 350 mill. kr i 2019, 1 630 mill. kr i 2020 og 1 350 mill. kr i 2021.

### Byggjetrinn 5

For Byggjetrinn 5 frå Bergen sentrum til Åsane har Bergen kommune starta reguleringsplanprosessen. Slik planane ligg føre i dag er det mogleg at det vil vere naudsynt med midlar til planlegging- og grunnervervsarbeid i kommande økonomiplanperiode. Fylkesrådmannen fører difor opp 20 mill. kr til dette i 2021 og 2022.

## FYLKESVEGAR

Tal i tusen

3	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
<b>Fylkesveggar</b>					
Fylkesveg, strekningsvise prosjekt	509 700	858 475	823 400	721 300	768 600
Fylkesveg, tiltak på ulike område	646 200	723 500	716 774	698 000	705 500
<b>Sum investeringar fylkesveggar</b>	<b>1 155 900</b>	<b>1 581 975</b>	<b>1 540 174</b>	<b>1 419 300</b>	<b>1 474 100</b>
Inntekter, bompengar	317 500	525 901	489 800	373 000	305 000
Inntekter, tilskot	83 000	106 800	148 700	166 900	274 700
<b>Sum inntekter fylkesveggar</b>	<b>400 500</b>	<b>632 701</b>	<b>638 500</b>	<b>539 900</b>	<b>579 700</b>
<b>Sum netto/eigenfinansiering HFK</b>	<b>755 400</b>	<b>949 274</b>	<b>901 674</b>	<b>879 400</b>	<b>894 400</b>

Tabellen viser investeringane på fylkesveggar i planperioden. Brutto årlege investeringar i perioden ligg mellom 1,4 mrd. kr og 1,6 mrd. kr. Fylkeskommunal del av desse investeringane i planperioden ligg på om lag 60 % for alle åra. Den resterande finansieringa kjem frå bompengar og tilskot. Gjennom perioden ligg investeringsnivået og HFK sin del av finansiering av fylkesvegutbygging på grovt sett same nivå; på mellom 0,87 mrd. kr og 0,94 mrd. kr.

Fylkesveggbudsjettet er delt inn i to strekningsvise prosjekt og fylkesvegtiltak på ulike område. Strekningsvise prosjekt har igjen slik inndeling:

- Miljøloftet – prosjekt
- Prosjekt utanom Bergen
- Rassikring

Dei største prosjekta og bompengepakane er spesifisert i egne tabellar der finansieringa av desse kjem fram.

Fylkesvegtiltak innanfor ulike område har igjen slik inndeling:

- Miljøloftet – programområde
- Opprusting og fornying
- Rebudsjettering og avslutning
- Refusjonar fylkesvegprosjekt.

Tiltak kan til dømes dreie seg om tryggleik, betre framkomme mjuke trafikantar og kollektiv, utbetring av tunnelar, bruer, drenering, murar, kantar og punktvis oppgradering av standard.

## Fylkesveg, strekningsvise prosjekt

## Miljøløftet – Bergen kommune

Tal i tusen

	Budsjett 2019	Øk.plan 2020
Ringveg vest – Byggjetrinn 2	5 000	
Hjellestadvegen	35 000	8 000
Bygging, nye bompengesnitt	41 000	
Sum	84 000	8 000

*Ringveg Vest, byggjetrinn 2*

Tiltaka i dette prosjektet er i hovudsak ferdig, og det vert sett av 5 mill. kr til sluttoppgjjer i 2019.

*Hjellestadvegen*

I dette prosjektet skal det etablerast gang- og sykkelveg, og vegen vert rusta opp på strekninga frå Blomsterdalen til Ådland bru. Arbeidet på Hjellestadvegen starta i 2017 og er planlagt ferdigstilt i 2020. Fylkesrådmannen budsjetterer med 35 mill. kr i 2019 og 8 mill. kr til ferdigstilling og sluttoppgjjer i 2020.

*Etablering av nye bompengesnitt*

Etablering av nye bompengesnitt er ein føresetnad for finansiering av den nye bompengepakken, og realisering av miljøløftavtalen. Det skal etablerast 15 nye bompengesnitt, og dei 14 eksisterande bomstasjonane skal erstattast. Grunnarbeidet er venta ferdig i 2018. Nokre av stasjonane vil vere i drift først våren 2019. Utsifting av gamle bomstasjonar vil også verte ferdigstilt våren 2019. Fylkesrådmannen budsjetterer med 41 mill. kr til dette prosjektet.

Alle tre prosjekta vert fullfinansiert med bompengar.

## Prosjekt utanom Bergen

Tal i tusen

	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Askøypakken	173 000	255 000	255 000	255 000
Bømlopakken	171 000	49 600	-	-
Stord vestside	20 575	-	-	-
Kvammapakken	1 200	-	-	-
Nordhordlandspakken	270 000	342 000	235 000	158 000
Austevollbrua, ferjetilskot	10 400	10 500	10 700	10 800
Kollektivterminal på Voss	7 000	-	-	-
Horsøy, Askøy	5 000	22 000	45 000	23 000
Kollektivknutepunkt Odda	8 000	8 000	-	-
Fv.7 Øystese–Granvin	10 000	10 000	10 000	10 000
Strekningsvise prosjekt utanom Bergen	686 175	712 100	580 700	481 800

**Askøypakken (Askøy kommune)**

Tal i tusen

	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Askøypakken	173 000	255 000	255 000	255 000
Inntekter, bompengar	134 000	199 000	179 000	188 000
Sum netto / eigenfinansiering HFK	39 000	56 000	76 000	67 000

Askøypakken vart vedteken 5. desember 2013 i Prop. 197 S (2012–2013). Grunnlaget for pakken var delvis bompengefinansiering. Finansieringsplanen har eit totalt kostnadsoverslag på 1 540 mill. kr (2013–kr), der fylkeskommunen dekkjer 420 mill. kr og der bompengar utgjer 1 120 mill. kr. Førebels er det meldt om inntektssvikt slik at rammene i dag er lågare enn det som fyrst låg til grunn.

Askøy kommune arbeider med eit grunnlag for eit nytt stortingsvedtak for å kunne auke inntektene i bompengepakken. Hovudmålet med dette er å kunne realisere alle prosjekta. Prosjektet fv. 563 Strømsnes–Høp er under bygging, og fv. 212 Lindhaugen–Slettebrekka vart ferdig i 2018.

Følgjande prosjekt i pakken står att:

- Fv. 562 Lavik–Haugland
- Fv. 213 Skiftesvik–Marikoven
- Fv. 212 Slettebrekka–Hetlevik
- Fv. 562 Fromreide–Kjerrgarden
- Fv. 562 Fauskanger sør

I planperioden fører fylkesrådmannen opp 173 mill. kr i 2019, 255 mill. kr i 2020, 255 mill. kr i 2021 og 255 mill. kr i 2022.

**Bømlopakken (Bømlo kommune)**

Tal i tusen

	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Bømlopakken	171 000	49 600
Inntekter, bompengar	81 000	1 800
Sum netto / eigenfinansiering HFK	90 000	47 800

Bømlopakken er eit bompengeprojekt som tek sikte på å utbetre og trafikksikre delar av vegnettet i Bømlo kommune. Bompengeneinnkrevjinga starta opp 2. mai 2013 då Trekantsambandet vart nedbetalt. Innkrevjingsperioden er 15 år. Det står att nokre prosjekt som det ikkje er midlar til å realisere fullt ut innanfor Bømlopakken;

- Fv. 19 Rubbestadneset–Rølfesnes
- Fv 541 Sakseid–Hestaneset
- Fv 541 Ekornsæther–Sakseid
- Fv. 12 Sakseid–Grønnevik
- Fv. 542 Notland–Mosterhamn
- Fv 23 Tormodsæter–Gilje

Fylkesrådmannen set av 171 mill. kr til Bømlopakken i 2019 og 49,6 mill. kr i 2020.

**Stord vestside (Stord og Fitjar kommunar)**

Stord vestside vart vedteken i 2012 i Prop. 149 S; finansiering av fv. 545. Resterande midlar i pakken vert fordelt på to prosjekt;

- Fitjar sentrum
- Tiltak ved kommunegrensa

Fylkesrådmannen fører opp 20,575 mill. kr til prosjektet i 2019.

### Kvammapakken (Kvam herad)

Kvammapakken er eit bompengeprojekt med føremål å utbetre og trafikksikre delar av vegnettet i Kvam herad. Samla kostnadsramme for Kvammapakken er på 440 mill 2009-kr. Innkrevjingsperioden starta i 2010 og går fram til 2029. Det står att nokre prosjekt som det ikkje er nok midlar i bompengepakken til å realisere fullt ut;

- Fv. 7 Bosstippen
- Fv. 7 Steinestøberget
- Fv. 7 Kvamskogen
- Fv. 7 Øystese aust–Skarpassvingen

I tillegg står det og att mindre deler av fv. 49 Vikøy – Norheimsund som ikkje er bygd. Det er også nokre andre av dei planlagde mindre tiltaka som ikkje kan realiserast.

Fylkestinget vedtok i juni 2017 å nytte resterande midlar i pakken til å betre tilhøva langs strekninga fv. 7 Øystese aust – Skarpassvingen, ved Laupsa. Delar av dette prosjektet vert no bygd ut. Fylkeskommunen sette i 2017 av 12 mill. kr til dette prosjektet. I fylkestinget juni 2018 vart det sett av 9 mill. kr i bompengar til Kvammapakken. Det står att sluttarbeid som blir ferdigstilt i 2019

I 2019 fører fylkesrådmannen opp 1,2 mill. kr til sluttfinansiering.

### Nordhordlandspakken

Tal i tusen

	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Nordhordlandspakken	270 000	342 000	235 000	158 000
Inntekter, bompengar	224 000	281 000	194 000	117 000
Sum netto / eigenfinansiering HFK	46 000	61 000	41 000	41 000

Nordhordlandspakken vart vedteken i november 2017 i Prop. 164 S (2016–2017) med delvis bompengefinansiering. Finansieringsplanen har kostnadsoverslag på 1 500 mill. kr (2017–kr) der fylkeskommunen dekkjer 280 mill. kr, og der staten dekkjer 60 mill. kr. Bompengar utgjør 1 160 mill. kr.

Det pågår planarbeid i høve til fleire delprosjekt. Bygging av fv. 564 Undergang Holme startar snart, og fv. 565 Marås–Soltveit er klart til utlysing.

Fylkesrådmannen set opp 270 mill. kr i 2019, 342 mill. kr i 2020, 235 mill. kr i 2021 og 158 mill. kr i 2022.

### Åsen – Helleskaret (Os kommune)

Reguleringsplanen i samband med fylkesvegprosjekt mellom Åsen og Helleskaret er vedteken av Os kommune. Planen gjeld ei 1300 meter ny vegstrekning med to felt som vert tilkomstveg frå Søvika/ Helleskaret til den nye E39. Vegen vil og kunne binde saman bustadområda ved Lysefjorden og industriområdet i Endelausmarka. Planen inneheld separat gang- og sykkelveg, kryss og tilkomstveg med fortau til bustadområdet Hellebakkane. Vegen vil avlaste overande fv. 161 og fv. 163. Førebels legg ein opp til at kommunen er byggherre for prosjektet. Den vidare dialogen med kommunen er viktig i høve til planlagd

oppstart og trong for midlar. Prosjektet vert truleg ikkje sett i gang før 2021.

### Austevollbrua (Austevoll kommune) – innsparde ferjetilskot

I samband med Stortinget si handsaming av St. prp. Nr. 30 (2004–05) vart det gjort vedtak om at dette prosjektet i ein periode på 15 år skulle tilførast ein årleg sum på vel 9 mill. kr i innsparde ferjesubsidiar. Delar av tilskotet vert prisjustert med 1,5 % per år. Det vert difor budsjettert med 10,4 mill. kr i 2019, 10,5 mill. kr i 2020, 10,7 mill. kr i 2021 og 10,8 mill. kr i 2022.



**Horsøyvegen (Askøy kommune)**

Tal i tusen

	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Horsøyvegen	5 000	22 000	45 000	23 000
Inntekter, tilskot	3 000	15 000	30 000	17 000
Sum netto / eigenfinansiering HFK	2 000	7 000	15 000	6 000

Fv. 218 Horsøy skal utbetrast med ei øvre kostnadsramme på 100 mill. kr (2017-kr). Veggen skal utvidast med tofeltsveg og fortau. Tiltak skal finansierast med ei kostnadsdeling mellom Askøy kommune/Schlumberger og fylkeskommunen. Prosjekteringa vart sett i gang i 2017, og det vart i 2018 avdekkja dårlege grunnforhold. Utbygginga er

under utgreiing. Kva omfang utbygginga skal ha og behov for finansiering kan difor verte revidert.

I økonomiplanperioden set fylkesrådmannen av 5 mill. kr i 2019, 22 mill. kr i 2020, 45 mill. kr i 2021 og 23 mill. kr i 2022.

**Kollektivterminal Voss (Voss kommune)**

For bussterminalen er det lagt opp til at det skal vere kostnadsdeling 50/50 mellom riksveg (stat) og fylkesveg. Kostnaden er rekna til 46 mill. kr (2015-kr). Hordaland fylkeskommune har også inngått avtale om 50/50-delning med ROM Eiendom AS for venterom knytt til jernbanelområdet. Fylkeskommunen sin del av kostnadene med terminalbygg og venterom er rekna til 16 mill. kr. Terminalbygget vart ferdigstilt sommaren 2017. Bussterminalen er under bygging og vert ferdig i 2019. Fylkesrådmannen set av 7 mill. kr i 2019.

Odda er starta opp. Tiltaket er viktig for å utvikle Odda som regionsenter, og Odda kommune er byggherre for denne delen av prosjektet. HFK sitt bidrag er 50% finansiering av kostnadane knytt til kollektivknutepunktet. Fylkesrådmannen legg til grunn at Statens vegvesen finansierer dei restarande 50% som følge av praksis for etablering av kollektivknutepunkt langs riksveg. Det vert sett av 8 mill. kr i 2019 og 8 mill. kr i 2020 til dette prosjektet.

**Kollektivknutepunkt Odda (Odda kommune)**

Arbeid med å etablere eit nytt kollektivknutepunkt med tilknytning til Rv. 13 på den gamle Smelteverkstomta i

Odda kommune vil i samarbeid med fylkeskonservatoren og eigar av bygg arbeide vidare med eit konsept for etablering av venterom, turistinformasjon og andre fasilitetar i «Ovn 3». Det vert sett av midlar til prosjektering av dette i 2019. Fylkesrådmannen vil kome tilbake til ei samla finansieringsløyising for denne delen av knutepunktet

**Strekningvisse utgreiingar**

I 2015 utarbeidde SVV strekningvisse utgreiingar for investeringsbehov for det overordna fylkesvegnettet. I utgreiingane står ei liste over tilrådingar av strekningvisse utbetringar. Her er det lagt vekt på best mogleg måloppnåing i form av framkome, trafikksikring og skredsikring.

Tilrådingane er delt i tre kategoriar:

1. 10 årsperspektiv for mogleg gjennomføring
2. 10–20 årsperspektiv for mogleg gjennomføring
3. 20–40 årsperspektiv for mogleg gjennomføring

Fylkesrådmannen har merka seg dei strekningvisse utgreiingane som ligg føre. Dei viser det store behovet for opprusting av det overordna fylkesvegnettet.

Utgreiingane frå Statens Vegvesen frå 2015 viser eit stort økonomisk omfang av opprustingsarbeidet. Fylkesrådmannen vil vurdere i seinare økonomiplanar korleis ein skal gjennomføre opprustinga av det overordna fylkesvegnettet.

Skal ein nå i målsettinga i RTP om standard på det overordna fylkesvegnettet må nivået på løyvingane aukast. I investeringsprogrammet for fylkesvegar vert det difor

stipulert med at ein må trappe opp løyvingane til framtidige store strekningsvise prosjekt i perioden, men dei totale økonomiske rammene vil vere avgjerande i kva grad ein kan nå målsetjingane i RTP.

### Fv.7 Øystese–Granvin

Fv. 7 Øystese–Granvin er ein overordna fylkesveg og eit av aust-vest sambanda i Hordaland. Vegen er omkøyingsveg for E16 når denne er stengt mellom Voss og Trengereid. Mellom Øystese og Granvin er det mange smale parti, og vegen er ikkje dimensjonert for den ekstra trafikken slik stenging medfører. Ved stenging av E16 vert det behov for trafikkdirigering og kolonnekøyning, og med det forseinkingar.

Gjennom Kvammapakken har ein fått gjennomført breiddeutviding og fortau på det meste av strekninga frå Øystese til Laupsa. Rassikringsprosjekta Folkedalstunellen og Bjørgatunellen har også medført betre framkome. Det er likevel store behov for å fjerne mange flaskehalsar.

Fv. 7 er som nemnt ein viktig omkøyingsveg når E 16 er stengd og slik fylkesrådmannen ser det, vil det vere ei strekning det er naturleg å starte på ut frå utgreiingane av det overordna fylkesvegnettet. Fylkesrådmannen set difor av 10 mill. kr årleg i planperioden til denne strekninga.

## Rassikring – strekningsvise prosjekt

Tal i tusen

	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Furubergfossen bru (Kvinnherad kommune)	36 000	18 300	0	0
Andre rassikringstiltak	65 300	100 000	165 600	311 800
Sum investeringar rassikring	101 300	118 300	165 600	311 800
Inntekter, tilskot rassikring	83 800	97 700	136 900	257 700
Sum netto/eigenfinansiering HFK	17 500	20 600	28 700	54 100

Nasjonal transportplan legg opp til 12 mrd. kr til rassikring på fylkesvegane i planperioden 2018–2029. Endeleg fordeling mellom fylka kom fram i brev av 11.04.18 frå Vegdirektoratet til HFK, der fylkeskommunen fekk tildelt 834 mill. kr (2018-kr) for perioden 2018–2023. Fylkestinget kan prioritere midlane som vert tildelt Hordaland; dette så lenge desse midlane går til rassikringstiltak. Fylkeskommunen kan også leggje til eigne midlar for å få fullfinansiert prosjekt.

Når det gjeld rassikring av **Furebergfossen bru**, så er oppstart av tiltaket noko seinka i høve til det som tidlegare låg til grunn, men det er venta at prosjektet vert ferdig i løpet av 2020. Fylkesrådmannen foreslår løyving på 36 mill. kr i 2019 og 18,3 mill. kr i 2020 til dette prosjektet.

**Andre rassikringstiltak** ligg mindre og større sikringstiltak. Mindre tiltak kan stort sett gjennomførast utan reguleringsplan. I tillegg kan desse midlane brukast til ytterlegare sikring av fylkesveg etter at det har skjedd ras. Under andre rassikringstiltak vert desse prosjekta gjennomført og ferdigstilt i 2019:

- Fv. 7 Kattedalen – Veravikja aust, Granvin kommune
- Fv. 7 Lindehåla, Granvin kommune

- Fv. 550 Eitrheim v/ Fjellhall, Odda kommune
- Fv. 550 Eitrheim nord, Odda kommune
- Fv. 7 Ådlandslie, Samnanger kommune
- Fv. 103 Felevikja, Eidfjord kommune
- Fv. 344 Gullbrå, Vaksdal kommune
- Fv. 344 Langskredo, Vaksdal kommune

Til andre rassikringstiltak er det sett av 65,3 mill. kr i 2019, 100 mill. kr i 2020, 165,6 mill. kr i 2021 og 311,8 mill. kr i 2022.

### Tokagjelet og Krokarsellen

To store rassikringsprosjekt er i planleggingsfasen. Det er sett av midlar til prosjektering og byggjearbeid av desse prosjekta på slutten av planperioden. Dette dreier seg om Tokagjelet i Kvam herad og Fv. 551 Krokarsellen i Kvinnherad kommune. For Krokarsellen er det på noverande tidspunkt rekna ein kostnad på om lag 350 mill. kr. For Fv. 7 Tokagjelet er kostnaden avhengig av kva trase som vert bygd, men totalkostnaden av dette prosjektet vil vere så høg at rassikringsmidlar gjennom statstilskot ikkje vil vere tilstrekkeleg finansiering.

## Fylkesveg, tiltak ulike område

Tal i tusen

	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Programområda Miljøløftet	301 000	313 000	285 000	294 000
Opprusting og fornying	320 000	320 000	350 000	350 000
Rebudsjettering og avslutning	12 000	12 000	13 000	15 000
Refusjonar fylkesvegprosjekt	90 500	71 774	50 000	46 500
Sum brutto investeringar/ fylkesvegtiltak	723 500	716 774	698 000	705 500
Inntekter, tilskot	20 000	36 000	0	0
Sum netto/eigenfinansiering HFK	703 500	680 774	698 000	705 500

Løyvingane i tabellen er i hovudsak fullt ut finansiert med fylkeskommunale midlar. Dette forutan to private tilskot som er omtala under Infrastruktur – knutepunktutvikling nedanfor. Grunna dei eksterne bidraga, og momskompensasjon som følgje av høgare aktivitet, er dei totale årlege investeringane høgare enn det som er lagt til grunn før. HFK sitt bidrag, eigenfinansieringa, er i tråd med det som er avtala gjennom tidlegare Byvekstavtale – no Miljøløftet.

### Miljøløftet – programområde

